



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2016

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1670

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693

Innhald

Del I	Innleiing	9	Kap. 3020 Statsministerens kontor	34
1	Oversyn	11	Kap. 21 Statsrådet	34
1.1	Område	11	Kap. 3021 Statsrådet	35
1.2	Hovudoppgåver og organisering	11	Kap. 24 Regjeringsadvokaten	35
1.3	Oversyn over budsjettframlegget for Finansdepartementet	12	Kap. 3024 Regjeringsadvokaten	36
1.3.1	Samla utgifter og inntekter	12	<i>Programkategori 00.40</i>	
1.4	Krav om produktivitetsvekst	13	<i>Stortinget og underliggjande institusjonar</i>	37
2	Nokre viktige oppgåver i 2016	14	Kap. 41 Stortinget	37
2.1	Statens pensjonsfond	14	Kap. 3041 Stortinget	44
2.2	Skatte- og avgiftsforvaltninga	14	Kap. 42 Ombudsmannsnemnda for Forsvaret	44
2.2.1	Bakgrunn	14	Kap. 3042 Ombudsmannsnemnda for Forsvaret	45
2.2.2	Organisatoriske endringar og tiltak	15	Kap. 43 Stortingets ombudsmann for forvaltninga	45
2.3	Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet	19	Kap. 3043 Stortingets ombudsmann for forvaltninga	47
3	Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft	20	Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	47
4	Oppfølging av oppmodingsvedtak	21	Kap. 3044 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	48
4.1	Vedtak 1. desember 2014	21	Kap. 45 Nasjonal institusjon for menneskerettar	48
4.2	Vedtak 15. desember 2015	22	Kap. 51 Riksrevisjonen	49
4.3	Vedtak 5. februar 2015	22	Kap. 3051 Riksrevisjonen	50
4.4	Vedtak 26. mars 2015	22	Programområde 23	
4.5	Vedtak 28. april 2015	23	Finansadministrasjon	51
4.6	Vedtak 5. juni 2015	23	<i>Programkategori 23.10</i>	
4.7	Vedtak 19. juni 2015	24	<i>Finansadministrasjon</i>	51
5	Oversynstabellar for budsjettet	26	Kap. 1600 Finansdepartementet	51
5.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	29	Kap. 4600 Finansdepartementet	62
Del II	Budsjettframlegget for 2016 ...	31	Kap. 1602 Finanstilsynet	62
6	Nærare omtale av løyvingframlegga m.m.	33	Kap. 4602 Finanstilsynet	67
			Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet	67
			Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring ..	68
			Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring ..	73
			Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	73
Programområde 00	Konstitusjonelle institusjonar	33	<i>Programkategori 23.20</i>	
			<i>Skatte- og avgiftsadministrasjon</i>	75
<i>Programkategori 00.30</i>			Kap. 1610 Tolletaten	76
<i>Regjeringa</i>	33		Kap. 4610 Tolletaten	86
Kap. 20 Statsministerens kontor	34		Kap. 1618 Skatteetaten	87
			Kap. 4618 Skatteetaten	103

<i>Programkategori 23.30</i>			
<i>Offisiell statistikk</i>	106		
Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå	106		
Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå	113		
<i>Programkategori 23.40</i>			
<i>Andre føremål</i>	114		
Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift	114		
Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	115		
Kap. 1634 Statens innkrevjingssentral	115		
Kap. 4634 Statens innkrevjingssentral	119		
Kap. 1645 Statens finansfond	119		
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	120		
<i>Programkategori 24.1</i>			
<i>Statsgjeld, renter og avdrag m.m.</i>	120		
Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	121		
Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing	122		
<i>Programkategori 24.20</i>			
<i>Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	124		
Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken	124		
Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar	126		
Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank	126		
Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	127		
		Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investerings- banken	128
		Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	129
	Del III	Andre saker	131
	7	Likestilling og mangfald	133
	7.1	Finansdepartementet	133
	7.2	Etatane under Finansdepartementet	133
	7.3	Legemeldt sjukefråvær i Finansdepartementet og dei underliggjande etatane	136
	7.4	Programkategori 00.30 Regjeringa	137
	8	Omtale av klima- og miljørelevante saker	140
	8.1	Finansdepartementet	140
	8.2	Statistisk sentralbyrå	140
	8.3	Avsetning til tapsfond for miljølåneordninga i Den nordiske investerings- banken	141
		Forslag	143
	Vedlegg 1		
		Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak	151

Tabelloversikt

Tabell 6.1	Ressursbruk i Finanstilsynet, fordelt på tilsynsområde	63	Tabell 6.19	Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Målt i årsverk	108
Tabell 6.2	Innbetaling av skattar, avgifter og toll	76	Tabell 6.20	Prosentdel av oppgåvegjevarane som rapporterer elektronisk	109
Tabell 6.3	Tolletaten – statistikk frå grensekontrollen	77	Tabell 6.21	Statistikkpubliseringar	109
Tabell 6.4	Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	78	Tabell 6.22	Statens innkrevjingsssentral – registrerte krav og innkravd beløp per år	116
Tabell 6.5	Tolletaten – resultat for økonomisk kontroll – korrigert til føremon for staten	79	Tabell 6.23	Statens innkrevjingsssentral – innkrevjingseffektivitet (innbetalingsprosent)	117
Tabell 6.6	Tolletaten – økonomisk kontroll – kontrollstatistikk	80	Tabell 6.24	Statens innkrevjingsssentral – produktivitetsutvikling	117
Tabell 6.7	Tolletaten – inntekter og restansar	80	Tabell 6.25	Rett saksbehandling	117
Tabell 6.8	Fastsette skatter og avgifter – oversikt	88	Tabell 6.26	Statens innkrevjingsssentral – servicegrad	118
Tabell 6.9	Tal på behandla sjøvmeldingar m.m.	89	Tabell 6.27	Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2014	120
Tabell 6.10	Skatt og arbeidsgjevaravgift for inntektsåra 2011–2013	91	Tabell 6.28	Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken	125
Tabell 6.11	Meirverdiavgift for avgiftsåra 2011–2013	92	Tabell 7.1	Likestilling og mangfald i etatane under Finansdepartementet	134
Tabell 6.12	Skatteetaten – samla restanse ...	92	Tabell 7.2	Kvinner sin del av løna til menn i eit utval kodar	134
Tabell 6.13	Behandla meldingar i Skatteetaten – resultat	93	Tabell 7.3	Tilsette med innvandrarbakgrunn	135
Tabell 6.14	Tal på behandla klager på skattevedtak	94	Tabell 7.4	Legemeldt sjukefråvær – i alt	136
Tabell 6.15	Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu	105	Tabell 7.5	Legemeldt sjukefråvær – kvinner	136
Tabell 6.16	Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	107	Tabell 7.6	Legemeldt sjukefråvær – menn	137
Tabell 6.17	Publisering av statistikk – avvik frå varsla tidspunkt	108	Tabell 7.7	Legemeldt sjukefråvær i 2014 – etter aldersgrupper (tal for 2013 i parentes)	137
Tabell 6.18	Svarprosentar i undersøkingar frå SSB	108			

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementet sitt område i 2016	11	Figur 6.1	Arbeidet til skatte- og avgiftsadministrasjonen med fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter	75
Figur 2.1	Skatte- og avgiftsforvaltninga – ny organisering	15			



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2016

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1670

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693

*Tilråding frå Finansdepartementet 25. september 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Oversyn

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med framlegg om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadministrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvar for løyvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriene 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortinget sine egne institusjonar. Av praktiske grunnar vert desse programkategoriene førte opp i Finansdepartementet sin proposisjon, og beløpa er tekne med i oversyn over løyvingar på Finansdepartementet sitt område. Framlegg under programkategori 00.40 er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovudoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for m.a. å

- medverke til eit høveleg grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentlig og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på dei ovannemnde områda er omtalt i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016*, Prop. 1 S (2015–2016) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2016* og Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekkje forvaltninga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er eit oversyn over verksemdar på Finansdepartementet sitt område.



Figur 1.1 Verksemdar på Finansdepartementet sitt område i 2016

¹ Ansvarstilhøvet mellom Noregs Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert ved lov 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

³ Verksemd med eige styre.

1.3 Oversyn over budsjettframlegget for Finansdepartementet

1.3.1 Samla utgifter og inntekter

Programområde under departementet

Nemning	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 131 750	2 319 171	2 670 500	15,1
Programområde 23 Finansadministrasjon	29 518 457	36 050 973	37 201 300	3,2
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	28 354 249	74 351 367	10 760 900	-85,5
<i>Sum utgifter</i>	<i>60 004 456</i>	<i>112 721 511</i>	<i>50 632 700</i>	<i>-55,1</i>
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	166 899	25 800	24 600	-4,7
Programområde 23 Finansadministrasjon	105 746 234	2 705 036	2 771 200	2,4
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	2 702 555	13 558 600	17 009 600	25,5
<i>Sum inntekter</i>	<i>108 615 688</i>	<i>16 289 436</i>	<i>19 805 400</i>	<i>21,6</i>

Utgifter

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* omfattar regjeringa og Stortinget med underliggjande institusjonar. Framlegg til løyving for 2016 under dette programområdet utgjer 2 670,5 mill. kroner. Av auken på 351,3 mill. kroner frå saldert budsjett 2014 gjeld 337,8 mill. kroner kap. 41 *Stortinget*. Auken gjeld særleg utgifter til rehabilitering av Stortingets eigedom Prinsens gate 26.

Framlegget under programkategori 00.40 *Stortinget og underliggjande institusjonar* er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte- og avgiftsadministrasjon, offisiell statistikk, finansadministrasjon og nokre andre føremål. Det samla framlegget til løyving for 2016 under dette programområdet utgjer 37 201,3 mill. kroner. Det er ein auke på 1 150,3 mill. kroner frå saldert budsjett 2015. Av auken gjeld 422,5 mill.

kroner Skatteetatens overtaking av skatteoppkrevjinga frå kommunane, 350 mill. kroner meir til nettoordning for statleg betalt meirverdivgift og 220 mill. kroner auka meirverdiavgiftskompensasjon til kommunesektoren.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statsskassa sine krav. Departementet sine renter og avdrag på statsgjeld er budsjetterte til 10 740,9 mill. kroner. Hovudgrunnen til ein reduksjon her på 63 590,5 mill. kroner frå saldert budsjett 2015 er at eit stort obligasjonslån har forfall i 2015, medan det for 2016 ikkje er rekna med nokon avdrag.

Inntekter

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 19 805,4 mill. kroner. Av det er 17 009,3 mill. kroner utbyte og renteinntekter, m.a. 14 800 mill. kroner i overføring frå overføringsfondet i Noregs

Bank. Statens renteinntekter av foliokontoen i Noregs Bank og andre krav i 2016 er omtalte i kap. 5605 *Renter av kontantar i statskassa og andre*

fordringar. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*.

Utgifter fordelt på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
01-23	Driftsutgifter	10 767 010	15 634 311	16 623 800	6,3
30-49	Nybygg, anlegg m.m.	445 747	526 600	815 400	54,8
50-59	Overføringar til andre statsrekneskap		20 000	20 000	0,0
60-69	Overføringar til kommunar	18 505 442	20 200 000	20 350 000	0,7
70-89	Overføringar til private	13 080 257	14 921 600	12 823 500	-14,1
90-99	Utlån, avdrag m.m.	17 206 000	61 419 000		-100,0
	Sum under departementet	60 004 456	112 721 511	50 632 700	-55,1

1.4 Krav om produktivetsvekst

Regjeringa vil byggje sin politikk på ein effektiv bruk av dei ressursane som er i fellesskapet. Også i offentleg forvaltning er det eit potensial for effektivisering. Regjeringa har som føresetnad at alle statlege verksemdar kvart år gjennomfører tiltak for å auke produktivitet. For å gje insentiv til meir effektiv statleg drift og med dette skape rom for andre prioriteringar, har regjeringa difor sett i gang ein avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Delar av gevinstane frå mindre byråkrati og

meir effektiv pengebruk trekk ein inn for å kunne nytte til andre føremål. Denne innhentinga vert sette til 0,5 pst. av driftsutgiftene i verksemdene. Sidan dette kravet kjem kvart år, får verksemdene høve til å planleggje og gjennomføre naudsynte effektiviseringstiltak. For å gjere ordninga føreseieleg, er berekningsgrunnlaget saldert budsjett året før. For budsjettkapitla under Finansdepartementet, eksklusive kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift, utgjer innsparinga for 2016 om lag 41,2 mill. kroner.

2 Nokre viktige oppgaver i 2016

Nedanfor er det gjort greie for nokre av dei viktige oppgåvene Finansdepartementet i 2016 skal utføre i tillegg til å samordne den økonomiske politikken.

2.1 Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gjeve Finansdepartementet ansvaret for forvaltninga av fondet. Den operasjonelle forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tek hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegner for forvaltninga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet. Her er det gjort greie for referanseindeksar og rammer for forvaltninga, og ein finn føresegner om risikostyring, rapportering og ansvarleg investeringspraksis. Mandata er prinsippbaserte, og dei føreset at Noregs Bank og Folketrygdfondet fastset meir detaljerte interne reglar.

Den samla marknadsv verdien av Statens pensjonsfond var 7 093 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2015. Av dette var 6 897 mrd. kroner i SPU og 196 mrd. kroner i SPN. Langsiktig og god forvaltning av denne fellesformuen er ei viktig oppgave.

Målet med investeringane i Statens pensjonsfond er høgast mogleg avkastning innafor moderat risiko. Fondet skal vere ein ansvarleg investor innafor den overordna finansielle målsettinga.

Finansdepartementet fastset investeringsstrategien for fondet og følgjer opp forvaltninga.

Arbeidet med Statens pensjonsfond er nærare omtalt i Meld. St. 21 (2014–2015) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2014* og i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016*.

2.2 Skatte- og avgiftsforvaltninga

2.2.1 Bakgrunn

Dagens organisering av skatte- og avgiftsadministrasjonen er eit resultat av ei lang utvikling. Opp-

gåvefordelinga mellom etatane har ikkje i tilstrekkeleg grad vore sett i samanheng. Dette har ført til ei lite tenlig oppsplitting av arbeidsoppgåver som mellom anna hindrar fagleg samordning og heller ikkje fremjar rettstryggleik og effektivitet i saksbehandlinga. Lite einsarta oppgåver trekkjer merksemd og ressursar bort frå kjerneoppgåvene som ingen andre etatar kan eller skal utføre. Det har vorte gjennomført fleire utgreingar som har vist at betre samordning av dette området vil kunne frigjere ressursar, forbetre arbeidsprosesser og redusere kostnadane ved IKT-utvikling.

I statsbudsjettet for 2015 la regjeringa fram fleire forslag for å betre skatte- og avgiftsforvaltninga. Eit av tiltaka, å innlemme Statens innkrevjingsentral (SI) i Skatteetaten, vart gjennomført 1. januar 2015. Ved behandlinga av Prop. 120 LS (2014–2015) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollavgivinga*, vedtok Stortinget å overføre ansvaret for særavgifter for registrerte særavgiftspliktige verksemdar og motorvognavgiftene frå Toll- og avgiftsetaten til Skatteetaten. Fyrstnemnde skal frå 1. januar 2016 heite Tolletaten, og dette namnet og direktoratsnamnet Tolldirektoratet vert nytta i fortsettinga. Som ei naturleg følge av nemnde overføring er det i Prop. 1 LS (2015–2016) lagt fram forslag om å overføre også ansvaret for særavgifter for ikkje-registrerte og for meirverdiavgift ved innførsel. Det vert samstundes lagt fram forslag til ei ny ordning for meirverdiavgift ved innførsel, der avgifta ikkje lenger vert kravt inn ved grensa. I samband med behandlinga av overføring av skatteoppkrevjninga til Skatteetaten bad Stortinget regjeringa om å belyse ein del forhold betre. Regjeringa fremjar no forslag om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2016.

Skatteetaten har som oppgave å fastsetje og kontrollere skattar og å fastsetje, krevje inn og kontrollere innanlands meirverdiavgift. Frå 1. januar 2015 har Skatteetaten òg ansvaret for å handtere krav på vegne av 35 statlege oppdragsgjevarar. Frå 1. januar 2016 vert oppgåvene fastsetjing og innkrevjning av særavgifter og innførselsmeirverdiavgift overført frå Tolletaten til Skatteetaten. Då vil Skatteetaten ha eit meir heilskapleg ansvar

for skattar og avgifter. I 2016 vil Skatteetaten ha om lag 7 300 årsverk. Dette inkluderer om lag 350 årsverk frå Tolletaten og om lag 950 årsverk frå dei kommunale skatteoppkrevjarane. Dei kommunale skatteoppkrevjarane har i dag ansvar for å krevje inn skattane, føre skatterekneskapen og gjennomføre arbeidsgjevarkontroll, og dei nyttar om lag 1 400 årsverk til desse oppgåvene.

Erfaringane frå tidlegare reorganiseringar av Skatteetaten og vellukka utvikling av IKT-systema i etaten, har vist at større fagmiljø og auka spesialisering gjev meir effektiv ressursbruk i etaten. Samanlikna med tidlegare, utfører Skatteetaten i dag fleire oppgåver med færre tilsette, har betre resultat, og det har vorte enklare for skattytarane. Dette syner at tiltaka som er gjennomførte i Skatteetaten dei seinare åra, har hatt effekt. Teknologien og det at Skatteetaten har landsdekkjande vedtaksmyndigheit gjer saksbehandlninga uavhengig av stad. Dette legg til rette for sterke kompetansmiljø også utanom dei største byane. Skatteetaten har allereie positive røynsler med ei slik organisering, mellom anna gjennom at dei fleste sjølvmeldingar frå Oslo vert behandla i Skatt nord. Dette er nyttige røynsler å ta med i utviklinga av skatte- og avgiftsforvaltninga.

Utviklinga dei seinare åra peiker ut fleire kriterium og føringar som er viktige i vurderinga av ei


ny organisering av skatte- og avgiftsforvaltninga. Dei er mellom anna:

- rettstryggleik – betre kvalitet i oppgåveløysinga, medrekna auka likebehandling
- så enkle løysingar som råd er, for innbyggjarar og næringsliv
- betre kompetansmiljø gjennom større einingar
- stadsuavhengig organisering der det er mogleg – auka spesialisering
- best mogleg samordning av innkrevjinga av skatte- og avgiftskrav
- meir samordna arbeid mot økonomisk kriminalitet, mellom anna i kontrollarbeidet
- best mogleg utnytting av ressursane, også på IKT-området

2.2.2 Organisasjonelle endringar og tiltak

Det vert no gjennomført ei rekkje endringar i dei etatane som handterer skatt, avgift, toll og innkrevjing, og i oppgåvefordelinga mellom dei. Hovudmåla i arbeidet med ei betre skatte- og avgiftsforvaltning er:

- styrking av arbeidet mot svart økonomi
- betre grensekontroll
- forenkling for innbyggjarar og næringsliv
- redusert ressursbruk



Figur 2.1 Skatte- og avgiftsforvaltninga – ny organisering

Endringane inneber ei reindyrking av oppgåvene til både Skatteetaten og Tolletaten.

Toll- og avgiftsetaten skal frå 1. januar 2016 heite Tolletaten. Etaten skal reindyrkast som grenseetat og styrkjast for å utnytte den strategiske posisjonen han har på grensa til å drive effektiv grensekontroll og vareførselsadministrasjon.

Skatteetaten vil med desse tiltaka få heilskap i sitt ansvar for skattar og avgifter. Etaten vil i den nye organiseringa få det samla ansvaret for at rett skatt og avgift vert fastsett, innkravd og kontrollert, gjennom å overta ansvaret for fastsetjing og innkrevjing av særavgifter og innførselsmeirverdiavgift frå Tolletaten, overta ansvaret for dokumentavgifta frå Kartverket, overta ansvaret for skatteinnkrevjinga frå dei kommunale skatteoppkrevjarane og gjennom at Statens innkrevjingssentral har vorte lagt inn i Skatteetaten.

Ved å reindyrke fagområda og samle ansvaret og kompetansen på skatt og avgift i sterke einingar, skal det utviklast ei meir kompetent skatte- og avgiftsforvaltning. Oppgåvene skal løysast meir heilskapleg, betre og meir effektivt og samtidig gje meir eins behandling og rettstryggleik. Skattytarane vil med dette få berre ein etat å ha kontakt med i skatte- og avgiftssaker.

Vidare er det eit klart behov for ei større IKT-samordning på området. Betre og meir utveksling av informasjon kan gje meir heilskap i forvaltninga av skatt og avgift og redusere kostnadene til drift og utvikling av system. Skatteetaten skal i perioden 2015–2018 utvikle eit nytt system for særavgifter (SAFIR). SAFIR skal handtere forvaltninga av særavgiftene, som vert overført frå Toll-etaten til Skatteetaten frå 1. januar 2016.

Skatteetaten har greidd ut to alternative løysingar for reskontro i SAFIR: Å bruke Statens innkrevjingssentral eksisterande løysing eller å utvikle ei ny. Utgreiinga viste at begge løysingane er mogleg å realisere og vil dekkje dei funksjonelle krava. Etaten har valt å gå vidare med den eksisterande løysinga til SI som vert nytta til både reskontro, rekneskap og inndriving. Dette viser at Skatteetaten allereie har begynt å hauste viktige synergjar av innlemminga av SI i etaten.

Behovet for modernisering av Tolletatens andre IT-system har ikkje direkte noko med avgiftsforvaltninga å gjere og er heller ikkje nokon føresetnad for overføring av oppgåver frå Tolletaten til Skatteetaten. Ev. investeringar for å løyse desse behova er difor heller ikkje naudsynt for innføringa av SAFIR eller for at særavgiftene kan flyttast til Skatteetaten. Ei ev. utvikling her må vurderast på lik line med alle andre utviklingsopp-

gåver i Tolletaten. Vidare utvikling av IT-funksjonalitet i Tolletaten må òg sjåast i lys av utviklinga elles i etaten, mellom anna oppfølginga av rapporten om styrkt grensekontroll og etaten si endra oppgåveportefølje. Tolletaten og Skatteetaten kjem til å samarbeide svært tett framover, og det vert no utreda i kva for utstrekning Tolletatens behov for kunderegister og kontrollsystem kan løysast betre i Skatteetatens system.

Særavgiftsforvaltning

Provenyet frå særavgiftene utgjer om lag 97 mrd. kroner. Av dette kjem om lag 31 mrd. kroner frå motorvognavgiftene. Avgiftene kan administrativt grovt grupperast i følgjande fire hovudkategoriar etter korleis dei er bygde opp, og kva som skapar avgiftsplikt: 1) vareavgifter der avgiftsplikta i utgangspunktet oppstår ved innførsel og innanlandsk produksjon, som til dømes avgift på alkohol, tobakk, sukker, sjokolade og bensin, 2) utskrivningsavgifter til eigarar av køyretøy, som til dømes årsavgift og vektårsavgift, 3) registreringsavgifter som til dømes eingongsavgift, omregistreringsavgift og dokumentavgift, 4) utsleppsavgifter, som avgift på sluttbehandling av avfall og avgifta på utslepp av NO_x. Særavgiftsforvaltninga omfattar fastsetjing, innkrevjing, kontroll, klagebehandling, regelverksutvikling og drift av IT-løysingar. Tolletaten vil framleis innhente informasjon om varer som vert innførte, inkludert særavgiftspliktige varer, og ha ansvaret for grensekontrollen.

Overføring av særavgiftsforvaltninga til Skatteetaten er ein naudsynt og naturleg del av å gje denne etaten eit heilskapleg ansvar for alle skattetypar. Overføringa vil bidra til ei meir eins forvaltning av alle skatte- og avgiftstypar i ein etat. Tiltaket skal etter kvart gjere det enklare for næringsdrivande, mellom anna ved samordning av rapportering, innbetaling og kontroll.

Uavhengig av overføringa må det utviklast nye IT-løysingar for handtering av særavgifter, jf. omtale over. Systemstøtta til dagens teknologiske plattform i Tolletaten vil ta slutt ved utgangen av 2018. Å flytte oppgåva og systema til Skatteetaten vil gjere utviklinga av ny IT-løysing billigare, sidan eit nytt særavgiftssystem vil ha om lag dei same grunnelementane som dei skatte- og avgiftssystema Skatteetaten allereie forvaltar. Sjå særskild omtale under kap. 1618 Skatteetaten.

Meirverdiavgift ved innførsel

I dag vert meirverdiavgift betalt til Tolletaten ved innførsel av alle varer. Dette gjeld både nærings-

drivande og privatpersonar. Meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande kan frådragsføre avgifta i si omsetningsoppgåve til Skatteetaten, dersom varen er til bruk i avgiftspliktig verksemd. Meirverdiavgift ved innanlands omsetnad vert allereie i dag administrert av Skatteetaten, og ved å overføre ansvaret for meirverdiavgift ved innførsel til Skatteetaten vil han få ansvaret for heile meirverdiavgiftsforvaltninga.

Skattedirektoratet og Tolldirektoratet har saman greia ut korleis overføringa av meirverdiavgift ved innførsel kan gjennomførast. Finansdepartementet har hatt på høyring eit forslag til ny ordning for meirverdiavgift ved innførsel. Det er foreslått at næringsdrivande som er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret og som innfører varer, skal gje opp og berekne meirverdiavgifta i den innanlandske omsetningsoppgåva i staden for til Tolletaten. For dei som ikkje er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret vil det i praksis ikkje verte vesentlege endringar. Departementet har gått gjennom høyringsinnspela, og forslag til ny ordning vert fremja i Prop. 1 LS (2015–2016).

Som følgje av behov for tid til tilpassingar av IT-system skal overføringa gjelde frå 1. januar 2017.

Frå årsavgift til avgift på trafikksikringar

Finansdepartementet har sett i gang eit arbeid med sikte på å erstatte årsavgifta med ei avgift som vert pålagt forsikringsselskapa ved sal av obligatoriske ansvarsforsikringar på køyretøy. Ei slik endring vil gje mange fordelar, mellom anna større fleksibilitet for bileigarane, til dømes ved kjøp av ny bil, eigarskifte, avregistrering og liknande, og ved at bileigaren vert belasta for avgifta berre for den tida køyretøyet er forsikra. Samstundes vil endringa gje meir effektiv ressursbruk. Den nye avgifta vil ha same struktur og nivå som dagens årsavgift, og den økonomiske belastninga på bileigarane vil verte om lag som i dag. Finansdepartementet hadde saka på høyring våren 2015. Basert på ein førebels gjennomgang av høyringsfråsegna legg Finansdepartementet opp til at innfasinga av den nye ordninga fyrst vil starte frå 1. januar 2017, slik at 2018 vert fyrste år der det ikkje skal betalast årsavgift. Grunnen er at forsikringsselskapa treng tid til å gjere tilpassingar i sine IT-system. Det vidare arbeidet med utforminga av ordninga vil skje i tett samarbeid med forsikringsbransjen. Det same gjeld informasjon til bileigarane, slik at dei skal være godt budd på den nye ordninga.

Finansdepartementet skal samtidig vurdere moglegheitene for etablering av ein TFF-ordning i Noreg. Dette er ei særskilt ordning for innkrevjing av trafikksikringspremie og trafikksikringsavgift for påregistrerte køyretøy utan forsikring. Omlegginga til trafikksikringsavgift er ikkje avhengig av ei TFF-ordning på anna måte enn at den vil gi auka inntekter frå avgifta. Vidare vil ei TFF-ordning truleg redusere talet på uforsikra køyretøy på vegane, noko som i seg sjølv er positivt. Høyringsinstansane er svært positive til eit slikt tiltak.

Styrking av grensekontrollen

Grensekontrollen til Tolletaten er viktig for å trygge samfunnet. Etaten skal effektivt kontrollere gods, reisande og transportmiddel. I tillegg utfører etaten oppgåver på vegner av meir enn 20 andre etatar. Vareførselskontrollen omfattar legale varer, varer det er restriksjonar på å innføre som kjemikalier og legemiddel, og illegale varer som narkotika. Etaten skal òg motverke import av piratkopierte varer. Dette vernar forbrukarane og gjev større produkttryggleik og jamnare konkurransevilkår i næringslivet, og er såleis eit viktig tilskot i kampen mot svart økonomi. Etaten oppdagar òg personar som vert mistenkt for å reise inn eller ut av landet i strid med utlendingslova.

Grensetrafikken har dei seinare åra auka monaleg. Stadig meir av den alvorlege smuglinga skjer i regi av kriminelle nettverk. Ein må difor vurdere tiltak som kan styrkje Tolletatens grensekontroll. Kontrolloppgåvene til etaten har auka i omfang og i kompleksitet. Det har vorte vanlegare med smugling inni kroppen, og kamufleringa av narkotiske stoff har vorte meir sofistikert. Smuglarar bruker òg avanserte kontraspaningstiltak for å unngå Tolletatens kontrollar. Ein aukande bruk av Internett for omsetjing og import av illegale varar, som til dømes syntetiske narkotiske stoff, er med på å gjere grensekontrollen meir innfløkt enn før.

Eit av hovudmåla med flyttinga av oppgåver frå Tolletaten til Skatteetaten er å leggje til rette for ein betre grensekontroll. Med overføring av forvaltninga av særavgift og meirverdiavgift ved innførsel til Skatteetaten kan Tolletaten reindyrkast som grenseetat. Ei mindre og meir eins oppgåveportefølje vil gje etaten moglegheit for auka merksemd mot grenseoppgåvene.

Regjeringa føreslår i statsbudsjettet for 2016 at Tolletatens grensekontroll skal styrkjast gjennom tre satsingsområde: elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar, auka bemanning, inkludert døgnbemanning på dei største lande-

vegs grenseovergangane, og betre etterretnings- og analysekapasitet. Forslaget inneber at bemaninga i grensekontrollen vert auka med om lag 120 årsverk. For 2016 foreslår departementet å løyve 91,5 mill. kroner til styrking av Tolletatens grensekontroll. Forslaget betyr at etaten får fleire tollarar på grensa, betre utstyr og fleire verkemiddel. Forslaget er ein del av oppfølginga av rapporten om styrking av grensekontrollen som Tolldirektoratet leverte i november 2014. Arbeidet med oppfølginga av denne rapporten vil halde fram i 2016. Som ei første oppfølging av Tolldirektoratets tilrådingar har regjeringa allereie gjeve etaten høve til permanent og landsdekkjande bruk av utrykningsstatus og blålys i grensekontrollen, jf. omtale i Prop. 119 S (2014–2015) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2015*.

Dokumentavgift

Det faglege ansvaret for dokumentavgifta og all saksbehandling vert overført frå Tolldirektoratet til Skatteetaten frå 1. januar 2016. Finansdepartementets kompetanse til å behandle klagesaker som gjeld dispensasjonar og tilleggsavgift, vil samstundes verte delegert til Skatteetaten. Finansdepartementet vil i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurdere nærare ei mogleg overføring av Kartverkets oppgåver som gjeld dokumentavgifta til Skatteetaten. Sjå nærare omtale i Prop. 120 LS (2014–2015), s. 46.

Flytting av skatteoppkrevjinga

Ansvaret for skatteoppkrevjinga er i dag delt mellom Skatteetaten, som har det faglege ansvaret, og kommunane, som har det administrative ansvaret. Ein god del kommunar har skipa interkommunale einingar, og det er i dag 275 kommunale skatteoppkrevjarkontor som nyttar om lag 1 400 årsverk på skatteoppkrevjarfunksjonen. I tillegg til skatteinnkrevjing driv kontora arbeidsgjevarkontroll og fører skatterekneskapen. Skatteoppkrevjing vert brukt som ei sams nemning om dei samla oppgåvene som ligg til skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten på si side nyttar om lag 70 årsverk til å følgje opp skatteoppkrevjarane.

Dagens organisering av skatteoppkrevjinga er ikkje føremålstenleg, korkje når det gjeld fag, styring eller ressurs-handtering. Spørsmålet om å flytte skatteoppkrevjinga til Skatteetaten er utgreidd fleire gonger, seinast i 2004 (NOU 2004: 12 *Bedre skatteoppkrevjing*) og i 2007 (NOU 2007: 12 *Offentlig innkreving*). Fleirtalet i desse

utvala tilrådde overføring av oppgåva. Skatteoppkrevjarfunksjonen er i dag ved lov lagt til kommunane. Denne organiseringa er historisk og ikkje fagleg underbygd i dag. Skatteoppkrevjing er ikkje ei naturleg kommunal oppgåve der lokalpolitiske forhold har innverknad, men ei regelstyrt oppgåve som vert utført på vegner av skattekreditorane staten, fylkeskommunen og kommunane. Desse oppgåvene er i liten grad prega av skjøn, og behovet for nærleik til publikum er difor lite. I behandlinga av Prop. 95 S (2013–2014) slutta Stortinget seg til at eit av kriteria for vurderinga av oppgåvefordelinga mellom stat og kommune er at «oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar».

I dag har skatteoppkrevjinga mange svært små einingar. Fleire fagmiljø er kritisk små, og over 60 pst. av kontora nyttar to eller færre årsverk. Regjeringa vil overføre dei kommunale skatteoppkrevjaranes oppgåver til Skatteetaten. Oppgåvene som skatteoppkrevjarkontora gjer for kommunane, medrekna innkrevjing og rekneskapsføring av kommunale krav og kommunal inkasso, skal ikkje flyttast.

Tiltaket vil gje større og betre fagmiljø, auka grad av likebehandling av skattyttarar og betre rettstryggleik. For dei skatte- og avgiftspliktige vil tiltaket gje ei forenkling i og med at dei no berre treng å ha kontakt med ein etat med hele ansvaret for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter.

Overføringa inneber at Skatteetaten må styrkast med om lag 950 årsverk. Til saman skal Skatteetaten nytte 1 015 årsverk på skatteoppkrevjinga. Inkludert i desse tala er ei styrking av arbeidsgjevarkontrollen med 50 årsverk samanlikna med ressursbruken i kommunane i dag. Som følgje av overføringa må budsjettet til Skatteetaten styrkast med 422,5 mill. kroner i 2016. Ramma til kommunane vert redusert med til saman 630 mill. kroner. Gevinsten av overføringa i 2016 vert då 207,5 mill. kroner. Med heilårsverknad vert gevinsten 356 mill. kroner årleg.

I Prop. 120 LS (2014–2015) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollavgivinga* vart det foreslått å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten frå 1. januar 2016. Ved Stortingets behandling av forslaget vart det ikkje fleirtall for overføring per 1. januar. Komitefleirtalet bad regjeringa om å belyse enkelte forhold betre.

Spørsmålet om verksemdsoverføring har vore særleg viktig for kommunane og fagforeningane.

Finansdepartementet har etter ei konkret vurdering kome til at det vil vere riktig å tilby at oppgåveoverføringa vert handtert etter arbeidsmiljølovens reglar om verksemdsoverføring for alle kommunar. Då vil alle medarbeidarar som saka angår, verte behandla likt i så måte.

Ved Stortingets behandling av forslaget viste komitehindretalet i si merknad til at sentraliseringseffekten vert forsterka når det både vert foreslått endra kontorstruktur i Skatteetaten og overføring av skatteoppkrevjing frå kommunane. Regjeringa vil ikkje gjennomføre ein omfattande reduksjon i talet på kontoreiningar parallelt med at skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført – sjå nærare omtale nedanfor.

Sjå Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016* for ei grundigare omtale av regjeringas vurderingar og framlegg. Det vert lagt opp til ei overføring frå 1. juni 2016.

Ny kontorstruktur i Skatteetaten

I Prop. 1 S (2014–2015) vart det varsla ein gjennomgang av kontorstrukturen i Skatteetaten. Meininga med gjennomgangen var å leggje til rette for at etaten kan løyse oppgåvene sine på ein betre og meir effektiv måte. Overføringa av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane vil gje ei endring i oppgåveportefølja. Skatteetaten har allereie ansvaret for fagleg styring og oppfølging av skatteoppkrevjinga. Overføringa er difor ein av dei sentrale premissa for vurderingane av korleis kontorstrukturen i etaten bør vere i framtida, jf. òg omtale av finanskomiteens merknad om sentraliseringseffektar over. Regjeringa vil ikkje gjennomføre ein omfattande reduksjon i talet på kontoreiningar parallelt med at skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført.

2.3 Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet har det gjennom mange år vore arbeidd mykje med å utvikle og

tilpasse rammevilkåra for finansnæringa gjennom føremålstenlege lover og forskrifter. Regelverket skal medverke til at finansmarknadane og finansinstitusjonane er effektive. Samtidig skal det fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i finansmarknaden. Det er lagt stor vekt på at den samla reguleringa skjer på ein konsistent måte for dei ulike typar finansinstitusjonar, med lik regulering av lik type risiko, uavhengig av kva slags finansinstitusjon som tek risikoen. Kundane sine interesser skal òg takast vare på når ein fastset reglar. Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet speglar i stor mon arbeidet med nye reglar i EU/EØS, i tillegg til enkelte nasjonalt initierte prosessar. Rapportering av gjennomførte regelverksoppgåver og gjennomgang av prioriterte regelverksoppgåver er omtalte i del II av proposisjonen under kap. 1600 Finansdepartementet.

Arbeidet med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Finanstilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet arbeider særleg med rammevilkåra for finanssektoren. Ein omtale av dette området og av stoda i dei internasjonale finansmarknadene er gjeven i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016* og i den årlege finansmarknadsmeldinga som har meir utførleg informasjon om utviklinga i finansmarknadene, utsiktene for finansiell stabilitet og omtale av finansmarknadsreguleringa. Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014* vart framlagd i april 2015 og drøfta då Stortinget behandla Innst. 292 S (2014–2015). Som følge av den internasjonale finanskrisa i 2008–2009 er det sett i gang omfattande internasjonale prosessar for å få på plass nye og betre reguleringar av finansmarknadene, jf. arbeidet til G 20, Baselkomiteen og EU. Mellom anna har EU i ei årrekke arbeidd med nye og meir risikokjenslege soliditetskrav for forsikringsføretak. Reglar er tekne inn i det såkalla Solvens II-direktivet. Solvens II skal tre i kraft 1. januar 2016 i EU. Krava er gjennomførte i Noreg med den nye finansføretakslova og vil tre i kraft 1. januar 2016.

3 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Etatane under Finansdepartementet har omfattande kontakt med næringsliv, organisasjonar og publikum. Nokre av dei forvaltar kompliserte og omfattande regelverk. Alle vert dei møtte med store forventningar til service, enkelheit, tilgjengelegheit og informasjon. Enklare og ofte IT-baserte prosedyrar, samordning og automatisering kjem mange slike forventningar i møte. Dette er nokre av tiltaka på Finansdepartementets område som er eller vil verte gjennomførte:

- I januar 2015 vart det innført ei ny sams ordning for rapportering av tilsetjings- og inntekts høve m.m. frå arbeidsgjevarar til Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og Statistisk sentralbyrå, den såkalla a-ordninga. Ordninga forenkler rapporteringa til det offentlege og bidreg til eit oppdatert, sams grunnlag for skatt, yttingar og statistikk.
- I 2016 held Skatteetaten og Tolletaten fram med å følgje opp dei vedtatte endringane i oppgåvefordelinga mellom dei, jf. omtale i kap. 2.2 foran. Hovudmåla for arbeidet med ei betre skatte- og avgiftsforvaltning er: Styrking av arbeidet mot svart økonomi, betre grensekontroll, forenkling for innbyggjarar og næringsliv, auka rettstryggleik og redusert ressursbruk.
- Ei korrekt oppføring i Folkeregisteret er ein viktig føresetnad for dei rettane og pliktane den einskilde borgar har i samfunnet. I 2016 skal Skatteetaten starte moderniseringa av folkeregisteret. Moderniseringa er eit viktig tiltak for mellom anna auka digitalisering av offentleg sektor, betre personvern og meir påliteleg identitetsforvaltning.
- Ei ny forenkla sjølvmelding for næringsdrivande med enkle skatteforhold vert utvikla for lansering i 2016. Ein tredel av alle næringsdrivande kan nytte den forenkla meldinga og vil truleg få monaleg lågare administrative kostnader.
- Tolletaten er i gang med tre ulike prosjekt for å effektivisere prosessane for vareførsel. Forventa resultat er m.a. raskare grensepasseringar og endå meir målretta kontrollar.
- Finanstilsynet arbeider med å auke bruken av Altinn i samband med søknadshandsaming og rapportering.
- Finanstilsynet og Finansdepartementet arbeider saman om å forenkle ymse regelverk slik at rapporteringsprosessar kan verte meir automatiserte.
- Statistisk sentralbyrå (SSB) prioriterer arbeid som gjev meir effektiv drift av verksemda og betre statistikk. Talet på årsverk vart redusert med 22 frå 2013 til 2014, etter nedgang òg dei føregåande tre åra, utan at det har redusert den samla produksjonen.
- SSB vil også i 2016 arbeide med å etablere nye datafangstløysingar i Altinn. Elektronisk samhandling gjennom nye rapporteringsløysingar, elektronisk meldingsteneste og meir effektive utval er viktige verkemiddel for å halde oppgåvebøra for næringslivet låg, samstundes som ein kan oppretthalde høg kvalitet i dei data som kjem inn frå oppgåvegjevarane.
- Direktoratet for økonomistyring (DFØ) tilbyr økonomitenester på friviljug basis til verksemdar i statsforvaltinga. Med verknad frå 2016 vil DFØ ha redusert antallet kontorstader frå åtte til tre. Dette gjer det mogleg å hente ut ein varig effektiviseringsgevinst for staten på 20 mill. kroner. Parallelt med denne omstillinga tilbyr DFØ betre tenester enn før. Til dømes vil DFØ i 2016 tilby kundane registrering av arbeidstid, reiserekningar og refusjonskrav på mobile plattformer. DFØ vil òg vidareutvikle rapportar frå statsrekneskapen og løns- og rekneskapssystema som vil gje leiinga betre oversyn og kontroll med ressursbruken. Det er allereie utvikla ei digital løysing for å følgje opp sjukefråvær.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet arbeider i fellesskap med å revidere krava til utgreiing av grunnlag for statlege tiltak (utredningsinstruksen). Arbeidet er del av program for betre styring og leiing i staten, og føremålet er å gje forvaltninga eit best mogleg grunnlag for statlege tiltak.

4 Oppfølging av oppmodingsvedtak

4.1 Vedtak 1. desember 2014

Ved behandlinga av Meld. St. 1 (2014–2015), Prop. 1 S (2014–2015), Prop. 1 S Tillegg 1–3 (2014–2015), Innst. 2 S (2014–2015) og Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015) 1. desember 2014 gjorde Stortinget m.a. oppmodingsvedtak nr. 40, 42, 54, 56, 57, 59, 62 og 63 som er kommenterte nedanfor.

Vedtak nr. 40 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en helhetlig næringspolitikk for finansnæringen som en del av finansmarkedsmeldingen.»

Som følge av Stortingets vedtak vart det i Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014* teke inn eit eige kapittel om «Ein heilskapeleg politikk for finansmarknaden». I kapitlet vert det gjort greie for viktige trekk ved politikken for den norske finansmarknaden. Kapitlet handlar mellom anna om verkemidla styresmaktene tek i bruk for å sikre god handsaming av risiko og eit godt kundevern på finansmarknaden, korleis finanssektoren medverkar til effektiv ressursbruk i økonomien, og føresetnadane for produksjon av finansielle tenester i Noreg. Regjeringa vil kome attende til ulike sider av temaet i seinare finansmarknadsmeldingar.

Vedtak nr. 42 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen i fremtidige nasjonalbudsjett vidareutvikle omtalen av bærekraftig utvikling med vekt på grønn vekst.»

Oppmodinga er teke omsyn til i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016*, kap. 3.

Vedtak nr. 54 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen utrede en modell for formuesskatt der arbeidende kapital fritas for beskatning.»

Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – en skattereform for omstilling og vekst*, inneheld ein kort omtale av arbeidande kapital. Regjeringa vil kome attende med ei nærare vurdering av lettar i formueskatten som er målretta næringsrelatert kapital.

Vedtak nr. 56 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen vurdere en avgift på plast basert på fossilt CO₂-innhold, og samtidig unnta bioplast fra avgiften. Regjeringen bes om å vurdere om en slik avgift kan erstatte dagens grunnavgift på engangsemballasje»

Regjeringa gjer greie for oppfølging av vedtaket i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, kap. 9 *Særavgifter*.

Vedtak nr. 57 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen vurdere en modell for avgiftsendringer eller en incentivordning som vil bidra til økt lønnsomhet for fly som går på biodrivstoff»

Vedtaket er omtalt i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016*, kap. 3 *Skatt på inntekt*.

Vedtak nr. 59 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan avgiften på elektrisk kraft bør avgrensnes med redusert sats i lys av det etableres ny energintensiv virksomhet utenfor tradisjonell industri, bl.a. datasentre, og legge fram forslag i statsbudsjettet for 2016.»

Regjeringa gjer greie for oppfølging av vedtaket i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, kap. 9 *Særavgifter*.

Vedtak nr. 62 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å frita biodiesel fra veibruksavgift og innføre halv veibruksavgift på bioetanol i revidert nasjonalbudsjett 2015. Det bes særlig om at det tas hensyn til de avgiftstekniske, EØS-rettslige, miljømessige og økonomiske konsekvenser av endringene»

Vedtaket er omtalt i Prop. 120 LS (2014–2015), kap. 5. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedtok Stortinget å avgrense vegbruksavgifta på drivstoff til å gjelde mineraloljebasert autodiesel, bensin og biodrivstoff som er omfatta av omsetningspåbødet for biodrivstoff – sjå Innst. 360 S (2014–2015), kap. 3.2.1.

Vedtak nr. 63 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med arbeidet med mer gunstige avskrivninger på vindkraftanlegg også vurdere avskrivningsregler for vindkraft med 40 prosent meravskrivninger over de fire første år.»

Regjeringa har gjort greie for sitt syn i Prop. 120 LS (2014–2015), kap. 10.

4.2 Vedtak 15. desember 2015

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 1 LS (2014–2015) og Innst. 3 S (2014–2015) 15. desember 2014 gjorde Stortinget m.a. oppmødingsvedtak nr. 305 og 306 som er kommenterte nedanfor.

Vedtak nr. 305 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen med virkning fra 1. januar 2015 om å øke grensen for avgiftsfri import til 350 kroner og fastsette at transport- og forsikringskostnader skal medregnes ved fastsettelsen av varens verdi».

Frå 1. januar 2015 endra Finansdepartementet tollforskrifta i tråd med vedtaket.

Vedtak nr. 306 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen øke fradraget i vektavgiftsgrunnlaget i engangsavgiften til 26 pst. for ladbare hybridbiler med virkning fra 1. januar 2015.»

Oppmødingsvedtaket vart fulgt opp gjennom forskrift 17. desember 2014 nr. 1769 om endring av forskrift om engangsavgift på motorvogner som tok til å gjelde 1. januar 2015.

4.3 Vedtak 5. februar 2015

Ved behandlinga av Meld. St. 27 (2014–2015) og Innst. 140 S (2014–2015) 5. februar 2015 gjorde Stortinget m.a. oppmødingsvedtak nr. 398 og 399 som er kommenterte nedanfor.

Vedtak nr. 398 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen vurdere virkemidler for å styrke insentivene til ansattes medeierskap og fremme dette for Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, del 4 *Omtalesaker*.

Vedtak nr. 399 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen utrede modeller, deriblant KLAS (Konti for Langsiktig Aksjesparing), slik at det blir enklere for folk flest å investere i aksjer og eierskap i norske bedrifter.»

Vedtaket er omtalt i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, del 4 *Omtalesaker*.

4.4 Vedtak 26. mars 2015

Ved behandlinga av Dokument 8:93 S (2014–2015) og Innst. 148 S (2014–2015) 26. mars 2015 gjorde Stortinget m.a. oppmødingsvedtak nr. 482 og 483 som er kommenterte nedanfor

Vedtak nr. 482 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte legge til rette for at alle selskaper som driver transportvirksomhet i Norge, svarer merverdiavgift til den norske staten etter norske regler»

Vedtaket er omtalt i del II under kap. 1600 Finansdepartementet, avsnittet Budsjett 2016.

Vedtak nr. 483 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte legge til rette for at skattemyndighetene intensiverer kontrollen med transportnæringen for å hindre skatteunndragelser og ytterligere konkurransevridning til fordel for utenlandske transportører.»

Finansdepartementet vil innansfor sitt ansvarsområde, i samarbeid med Skatteetaten, fortsette arbeidet med å finne løysingar for å betre kontrollen med transportnæringa, i tråd med Stortinget sitt oppmodingsvedtak. Med grunnlag i rapporten «Kabotasje på veg i Norge» som vart levert til samferdselsministeren i mars 2014, er det sett ned ei samarbeidsgruppe som er leia av Vegdirektoratet og har deltakarar frå Politiet, Arbeidstilsynet, Tolldirektoratet og Skattedirektoratet. I denne samanheng vil det òg kunne vere aktuelt for Finansdepartementet, i samråd med Samferdselsdepartementet, å gje denne gruppa i oppdrag å vurdere ulike tiltak som kan bidra til å intensivere kontrollen av transportnæringa. Departementet vil kome attende til oppfølging av vedtaket.

4.5 Vedtak 28. april 2015

Ved behandlinga av Dokument 8:7 S (2014–2015) og Innst. 218 S (2014–2015) 26. mars 2015 gjorde Stortinget m.a. oppmodingsvedtak nr. 513-514 og 517 som er kommenterte nedanfor.

Vedtak nr. 513 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen utrede om Skatteetaten kan få bedre muligheter til å innhente relevant informasjon og sikre bevis, blant annet gjennom beslag.»

Vedtak nr. 514 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag som kan gi Skatteetaten bedre mulighet til å dele informasjon, som for eksempel illeggelse av skjerpert tilleggsskatt og manglende levering av selvangivelse, med andre offentlige etater, for å bekjempe svart virksomhet.»

Vedtak nr. 515 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen utrede om systemet med skatteattest kan bedres, slik at skatteattestene blir gyldige i sanntid og dermed blir et bedre virkemiddel i arbeidet mot svart virksomhet.»

Finansdepartementet vil hausten 2015 etablere ei arbeidsgruppe som skal greie ut dei foreslåtte tiltaka i vedtak 513, 514 og 515.

Vedtak nr. 517 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre holdningsskapende tiltak som kan bevisstgjøre forbrukerne på at kjøp av svarte varer og tjenester er ulovlig og innebærer støtte til kriminell virksomhet.»

Finansdepartementet vil fylgje opp vedtaket overfor Skatteetaten. Saman med KS, LO, NHO, Unio og YS tek Skatteetaten del i Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ). SMSØ arbeider førebyggjande og holdningsendrande mot svart økonomi. Mellom anna gjennomfører SMSØ tiltak for å bevisstgjere innbyggjarane om deira ansvar for å handle kvitt. Dette arbeidet held fram i 2016 òg.

4.6 Vedtak 5. juni 2015

a. Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2014–2015) og Innst. 290 S (2014–2015) 5. juni 2015 gjorde Stortinget dette oppmodingsvedtaket:

Vedtak nr. 595 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen be Norges Bank vurdere om det kan igangsettes en utarbeidelse av forventningsdokument for menneskerettigheter, og hvilke områder innen menneske-

rettigheter det er mulig å inkludere i et slikt dokument.»

Vedtaket er omtalt i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016*. Regjeringa vil gjere greie for oppfølging av vedtaket i meldinga om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2015 som kjem våren 2016.

b. Ved behandlinga av Dokument 8:57 S (2014–2015) og Innst. 298 S (2014–2015) 5. juni 2015 gjorde Stortinget dette oppmodingsvedtaket:

Vedtak nr. 602 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et norsk offentlig eierskapsregister for å sikre åpenhet om eierskap i norske selskap og styrke innsatsen mot skattekriminalitet, korrupsjon og hvitvasking. Et slikt register må følge opp Financial Action Task Forces tilrådingar fra 2012 om internasjonale standarder for bekjempelse av hvitvasking og bekjempelse av terrorfinansiering og spredning, og registeret må også følge opp EU-reguleringen på dette området.»

Finansdepartementet viser til at Stortinget ved behandlinga av Prop. 94 LS (2013–2014) fatta følgjande oppmodingsvedtak: «Stortinget ber regjeringen etablere en offentlig løsning med informasjon om eiere av aksjeselskaper som sikrer større åpenhet, med etablering i løpet av 2015.» I Meld. St. 4 (2014–2015) vart det varsla at Nærings- og fiskeridepartementet har starta arbeidet med å etablere ei offentlig løysing med informasjon om eigarar av aksjeselskap som sikrar betre tilgang til informasjon, og at arbeidet skjer i samråd med Finansdepartementet. Som eit ledd i arbeidet har Brønnøysundregistra greidd ut ei løysing som opnar for etablering av elektronisk aksjeeigarbok i Altinn. I brev 9. april 2015 frå finansministeren vart finanskomiteen informert om at Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet er i dialog om korleis offentlig informasjon om aksjeeigarskap best kan sikrast, og at det vert vurdert alternative løysingar til forslaget frå Brønnøysundregistra. Det vart vidare vist til at regjeringa 6. februar 2015 sette ned eit kvitvaskingslovutval som har fått i mandat å vurdere endringar i kvitvaskingsregelverket for å følgje opp tilrådingar frå FATF og komande EØS-reglar som svarer til det fjerde kvitvaskingsdirektivet i EU. Ei vurde-

ring av korleis informasjon om reelt eigarskap skal gjerast tilgjengeleg i eit offentlig register, inngår i utvalet si andre delutgreiing som skal leverast i august 2016. Utgreiinga vil sendast på allmenn høyring.

I Innst. 298 S (2014–2015) viser finanskomiteen til at Tax Justice Norway i samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar greier ut alternative måtar å etablere ei norsk eigarregistrering på. Komiteen legg til grunn at regjeringa i arbeidet sitt vil avvente denne utgreiinga og vurdere dei løysingane som kjem fram i dette arbeidet på linje med alternativet frå Brønnøysundregistrene. Etter det opplyste vil rapporten frå Tax Justice Norway leggjast fram i løpet av hausten 2015. Nærings- og fiskeridepartementet og Finansdepartementet arbeider med eit høyringsnotat med alternative løysingar for å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak. Utgreiinga frå Tax Justice Norway vil vurderast som ledd i dette arbeidet. Ein tek sikte på å sende notatet på allmenn høyring i 2015. Løysinga bør vere slik at ho seinare kan tilpassast arbeidet som vert gjort i kvitvaskingslovutvalet for å følgje opp krava i tilrådingane frå FATF og det fjerde kvitvaskingsdirektivet om offentliggjerjing av informasjon om endeleg reelt eigarskap i selskap.

4.7 Vedtak 19. juni 2015

Ved behandlinga av Meld. St. 2 (2014–2015), Prop. 119 S (2014–2015) og Prop. 120 LS (2014–2015) og Innst. 360 S (2014–2015) 19. juni 2015 gjorde Stortinget m.a. oppmodingsvedtak nr. 790 og 792 som er kommenterte nedanfor.

Vedtak nr. 790 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2016 legge frem en plan for implementering av skattefradrag for ENØK i husholdningene.»

Regjeringa gjer framlegg om slikt skattefradrag for ENØK-tiltak i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, kap. 5 *Personskatt for øvrig*.

Vedtak nr. 792 (2014–2015)

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå effekten av forskriften for LLR-rapportering målt mot Stortingets målsetting om å synliggjøre

uønsket skattetilpasning og sikre at relevante opplysninger knyttet til LLR-rapporteringen fra datterselskaper og støttefunksjoner i tredjeland fremkommer i regnskapet. Stortinget ber regjeringen også vurdere hvordan det kan etableres et tilsyn med rapporteringspliktige etter LLR-regelverket.»

Finansdepartementet viser til at nye regler om «land-for-land-rapportering» («LLR») vart vedtekne av Stortinget 10. desember 2013, med oppmoding om at det i LLR-regelverket vert innarbeidd mål om å synleggjere uynskt skattetilpassing. Oppmodinga vart fulgt opp i LLR-forskrifta som vert fastsett av Finansdepartementet 20.

desember 2014. Regjeringa vil søkje å få målt effekten av LLR-forskrifta, målt opp mot Stortingets målsetting om å synleggjere uynskt skattetilpassing, i samanheng med den evalueringa som vart varsla i Prop. 1 LS (2013–2014). Regjeringa meiner evalueringa bør basere seg på LLR-rapportar frå minst to rekneskapsår, dvs. for rekneskapsåra 2014 og 2015, og bør kunne ferdigstillast seinast våren 2017. Vidare vil regjeringa få utgreidd korleis relevante opplysningar knytte til LLR-rapporteringa frå dotterselskap og støttefunksjonar i tredjeland, skal kome fram i rekneskapen, samt moglege tilsynsordningar, med sikte på framlegg til naudsynte regelendringar i løpet av 2016.

5 Oversynstabellar for budsjettet

Statens innkrevjingsssentral er frå 1. januar 2015 ein del av Skatteetaten. I tabellane nedanfor er Sta-

tens innkrevjingsssentral ikkje med i 2014-tala for kap. 1618 Skatteetaten og kap. 4618 Skatteetaten.

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Regjeringa					
20	Statsministerens kontor	101 068	99 502	100 300	0,8
21	Statsrådet	160 905	154 549	159 600	3,3
24	Regjeringsadvokaten	84 118	76 920	84 600	10,0
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>346 091</i>	<i>330 971</i>	<i>344 500</i>	<i>4,1</i>
Stortinget og underliggjande institusjonar					
41	Stortinget	1 243 627	1 413 300	1 712 800	21,2
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 895	6 800	7 000	2,9
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	63 311	64 300	74 100	15,2
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	12 137	13 000	14 300	10,0
45	Nasjonal institusjon for menneskerettar		9 300	9 700	4,3
51	Riksrevisjonen	459 689	481 500	508 100	5,5
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>1 785 659</i>	<i>1 988 200</i>	<i>2 326 000</i>	<i>17,0</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>2 131 750</i>	<i>2 319 171</i>	<i>2 670 500</i>	<i>15,1</i>
Finansadministrasjon					
1600	Finansdepartementet	393 460	385 629	407 900	5,8
1602	Finanstilsynet	349 718	338 372	351 600	3,9
1605	Direktoratet for økonomistyring	400 064	352 154	350 800	-0,4
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	16 579	17 383	15 700	-9,7
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>1 159 821</i>	<i>1 093 538</i>	<i>1 126 000</i>	<i>3,0</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Skatte- og avgiftsadministrasjon					
1610	Tolletaten	1 654 836	1 583 392	1 370 600	-13,4
1618	Skatteetaten	5 337 756	5 461 776	6 221 300	13,9
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>6 992 592</i>	<i>7 045 168</i>	<i>7 591 900</i>	<i>7,8</i>
Offisiell statistikk					
1620	Statistisk sentralbyrå	772 062	742 267	743 400	0,2
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>772 062</i>	<i>742 267</i>	<i>743 400</i>	<i>0,2</i>
Andre føremål					
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	20 268 493	22 020 000	22 240 000	1,0
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		5 150 000	5 500 000	6,8
1634	Statens innkrevjingssentral	324 167			
1645	Statens finansfond	1 322			
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>20 593 982</i>	<i>27 170 000</i>	<i>27 740 000</i>	<i>2,1</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>29 518 457</i>	<i>36 050 973</i>	<i>37 201 300</i>	<i>3,2</i>
Statsgjeld, renter og avdrag m.m.					
1650	Statsgjeld, renter m.m.	11 148 249	12 912 367	10 740 900	-16,8
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyising	17 206 000	61 419 000		-100,0
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>28 354 249</i>	<i>74 331 367</i>	<i>10 740 900</i>	<i>-85,5</i>
Statlege fordringar, avsetningar m.m.					
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken		20 000	20 000	0,0
	<i>Sum kategori 24.20</i>		<i>20 000</i>	<i>20 000</i>	<i>0,0</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>28 354 249</i>	<i>74 351 367</i>	<i>10 760 900</i>	<i>-85,5</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>60 004 456</i>	<i>112 721 511</i>	<i>50 632 700</i>	<i>-55,1</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
Regjeringa					
3020	Statsministerens kontor	809			
3021	Statsrådet	1 104	300		-100,0
3024	Regjeringsadvokaten	17 911	14 400	14 800	2,8
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>19 824</i>	<i>14 700</i>	<i>14 800</i>	<i>0,7</i>
Stortinget og underliggjende institusjonar					
3041	Stortinget	130 599	8 500	7 400	-12,9
3042	Ombudsmannsnemnda for Forsvaret	2			
3043	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	1 653			
3044	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste	330			
3051	Riksrevisjonen	14 491	2 600	2 400	-7,7
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>147 075</i>	<i>11 100</i>	<i>9 800</i>	<i>-11,7</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>166 899</i>	<i>25 800</i>	<i>24 600</i>	<i>-4,7</i>
Finansadministrasjon					
4600	Finansdepartementet	52 342 211	499	700	40,3
4602	Finanstilsynet	27 220	10 490	10 700	2,0
4605	Direktoratet for økonomistyring	64 535	48 954	41 900	-14,4
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	308 693	335 900	341 000	1,5
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>52 742 659</i>	<i>395 843</i>	<i>394 300</i>	<i>-0,4</i>
Skatte- og avgiftsadministrasjon					
4610	Tolletaten	79 605	76 068	44 700	-41,2
4618	Skatteetaten	280 328	2 008 933	2 097 800	4,4
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>359 933</i>	<i>2 085 001</i>	<i>2 142 500</i>	<i>2,8</i>
Offisiell statistikk					
4620	Statistisk sentralbyrå	262 080	224 192	234 400	4,6
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>262 080</i>	<i>224 192</i>	<i>234 400</i>	<i>4,6</i>
Andre føremål					
4634	Statens innkrevjingssentral	2 381 562			
4645	Statens finansfond	50 000 000			
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>52 381 562</i>			
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>105 746 234</i>	<i>2 705 036</i>	<i>2 771 200</i>	<i>2,4</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
	Statlege fordringar, avsetningar m.m.				
5341	Avdrag på uteståande fordringar	686	8 000 300	300	-100,0
5351	Overføring frå Noregs Bank		3 000 000	14 800 000	393,3
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	2 618 439	2 474 100	2 119 600	-14,3
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	82 270	82 700	88 300	6,8
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	1 160	1 500	1 400	-6,7
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>2 702 555</i>	<i>13 558 600</i>	<i>17 009 600</i>	<i>25,5</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>2 702 555</i>	<i>13 558 600</i>	<i>17 009 600</i>	<i>25,5</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>108 615 688</i>	<i>16 289 436</i>	<i>19 805 400</i>	<i>21,6</i>

5.1 Bruk av stikkordet «kan overførast»

(i 1 000 kr)					
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2015	Framlegg 2016	
1600	21	Spesielle driftsutgifter	17 238	61 600	
1605	21	Spesielle driftsutgifter	1 686	0	
1608	21	Spesielle driftsutgifter	3 514	15 700	
1618	22	Større IT-prosjekt	207 304	302 300	
1620	21	Spesielle driftsutgifter	55 272	216 100	

Overførbare løyvingar på Finansdepartementets område er knytte til prosjekt og ordningar som går over fleire år, og der det kan vera noko uvisse

om framdrifta. Oversynet gjeld ikkje postgruppa 30–49 *Nybygg, anlegg m.m.*

Del II
Budsjettframlegget for 2016

6 Nærare omtale av løyvingframlegga m.m.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
20	Statsministerens kontor	101 068	99 502	100 300	0,8
21	Statsrådet	160 905	154 549	159 600	3,3
24	Regjeringsadvokaten	84 118	76 920	84 600	10,0
	Sum kategori 00.30	346 091	330 971	344 500	4,1

Om Statsministerens kontor, Statsrådet og Regjeringsadvokaten

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor støtter statsministeren med leiing og samordning av arbeidet til regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker vert behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes framlegg til nye lover, budsjettframlegg og andre framlegg til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp Statsrådet sine møter hos Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemmane si deltaking i debattar og spørjetimar på Stortinget. Kontoret skal òg stø statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret løns- og arbeidsgjeverfunksjonar for regjeringsmedlemmane og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell avdeling, innanriksavdelinga og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon. Regjeringa si bilteneste

høyrrer inn under administrativ og konstitusjonell avdeling.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre sivile rettssaker på vegne av staten og gje fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattjenester på ein god måte, og slik at dei tildeelte ressursane vert utnytta best mogleg sett under eitt. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlninga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemdene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, trygd, konsesjonar, ekspropriasjon m.m.), skadebotsaker, eigeidomsaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	101 068	99 502	100 300
	Sum kap. 0020	101 068	99 502	100 300

Rapport 2014**Post 01 Driftsutgifter**

Statsministerens kontor har støtta statsministeren med å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane. Om lag 70 pst. av utgiftene i 2014 var løn og godtgjersler til tilsette. Andre større utgifter var husleige og reiseutgifter.

Budsjett 2016**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 20 *Statsministerens kontor* dekkjer vanlege driftsutgifter for kontoret. Departementet føreslår at ramma for 2015 vert ført vidare reelt uendra i 2016.

Kap. 3020 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
16	Refusjon av foreldrepengar	758		
18	Refusjon av sjukepengar	51		
	Sum kap. 3020	809		

Kap. 21 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	160 905	154 549	159 600
	Sum kap. 0021	160 905	154 549	159 600

Post 01 Driftsutgifter**Rapport 2014**

Regjeringsskiftet i oktober 2013 førte til auka utgifter i 2014. Det gjaldt spesielt utgifter til tryggingstiltak for regjeringa og utbetalingar av slutt-tyting til politikarane som gjekk av. Andre større utgifter har blant anna vore lønn til regjeringa og dei politiske tilsette i departementa, investeringar i Regjeringa si biltene, reiseutgifter og husleige for pendlarbustader.

Budsjett 2016

Løyvinga under kap. 21 Statsrådet skal dekkje lønsutgifter for regjeringsmedlemmane, statssekretæranne og dei politiske rådgjevarane og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga i departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser og besøksreiser for familie, diett ved utgifter til dobbelt hushald og barnehagetilbod for den politiske leiinga.

Løyvinga dekkjer dessutan generelle driftsutgifter for den politiske leiinga i departementa, irekna utgifter til tenestereiser og alle driftsutgifter knytt til Regjeringa si bilteneste.

Nærare reglar om kva for ytingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «Reglement om arbeidsvilkår for politisk ledelse», fastsett ved kgl.res. 28. mars 2003. Reglementet er supplert og utfyllt i «Håndbok for politisk ledelse», som vert gjeve ut av Statsministerens kontor.

Framlegget inneber ein budsjettramme på 159,6 mill. kroner.

Fullmakt til overskriding

I samråd med politiet set Statsministerens kontor i verk visse tryggingstiltak for regjeringa. Det er vanskeleg å budsjettere behova, og behova kan endre seg i løpet av budsjettåret. Difor gjer departementet framlegg om samtykkje til at Statsministerens kontor i 2016 kan overskride løyvinga på kap. 21 *Statsrådet*, post 01 *Driftsutgifter* for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa, jf. framlegg til romartalsvedtak III.

Kap. 3021 Statsrådet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Leigeinntekter	187	300	
16	Refusjon av foreldrepengear	917		
	Sum kap. 3021	1 104	300	

Post 01 Leigeinntekter

Posten omfattar inntekter ved framleige av ledige pendlarbustader. Det er ikkje venta leigeinntekter i 2016.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	62 921	62 538	63 000
21	Spesielle driftsutgifter	21 197	14 382	21 600
	Sum kap. 0024	84 118	76 920	84 600

Rapport 2014

I 2014 kom det inn 1 106 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein auke på 14 pst. i høve til 2013. Det var særleg fleire utlendingssaker. Vidare er sakene ofte meir komplekse enn før og krev stadig meir ressursar til førebuing og gjennomføring.

Utviklinga går òg i retning av at både fråsegnsaker og rettssaker vert større og meir kompliserte. Det har særleg samanheng med at rettskjeldematerialet er meir omfattande og samansett, og

at sakene oftare har eit internasjonalt tilsnitt. Difor aukar behovet for spesialkompetanse innan menneskerettar, EØS-rett og allmenn folkerett.

Av dei nemnde sakene er 916 rettssaker (766 i 2013), 108 rådgjevande fråsegner (104 i 2013) og 82 høyringar (103 i 2013). Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del, og auka i rettssaker har fyrst og fremst vist seg innan dessa områda.

Utlendingssakane viser ei ytterlegare auke til 244 saker frå toppåret 2013 (172 saker). Også for

psykisk helsevernsakene er det ein toppnotering med 234 saker, ein gjennomsnittleg auke med 26 pst. frå dei to siste årene. Talet på trygdesaker auka frå 88 saker i 2013 til 101 i 2014.

Arbeidsmengda for dei tilsette hos Regjeringsadvokaten er aukande. Noko vert løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenprosedyre i etatane. Sakene som vert sett ut til private advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Dei fleste krevjande saker og ankesaker må behandlast av Regjeringsadvokaten.

Budsjett 2016

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal fyrst og fremst dekkje løns- og driftsutgifter hos Regjeringsadvokaten. For å sikre eit kvalifisert advokatkorps i ei tid der sakene stadig vert meir innfløkte, er Regjeringsadvokaten meir enn før nøydd til å halde på dei mest røynde advokatane, særleg dei som har møterett for Høgsterett. Embetet har arbeidd for, og greidd, å halde på mange av desse advokatane. Sidan advokatar kjem i ein høgare lønskategori når dei får møteretten, har dette fylgjer for dei samla lønsutgiftene.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	16 199	14 400	14 800
16	Refusjon av foreldrepengar	717		
18	Refusjon av sjukepengar	995		
	Sum kap. 3024	17 911	14 400	14 800

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Inntektsframlegget dekkjer inntekter som følgjer av at staten vert tilkjend sakskostnader i sivile

Departementet føreslår at ramma for 2015 vert ført vidare i 2016.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar, til dømes utlendings- og trygdesaker, er tyngjande fordi det er så mange einskildsaker.

Det er avgjerande for den samla behandlinga av utlendingsområdet at rettssakene kan behandlast raskt. Tala på nye rettssaker er uvisse. Dei siste åra har Regjeringsadvokaten hatt ein klart aukande tendens i talet på utlendingssaker. Frå 2013 til 2014 auka utlendingssakene med 42 pst. I perioden 2010–2014 har talet på utlendingssaker auka med 86 pst. Per juni 2015 er talet på nye saker nesten like høgt som i 2014, og trygdesakene ligg på same nivå som tidlegare.

På bakgrunn av den auka saksmengda gjer regjeringa framlegg om at ramma for 2016 for post 21, på same vis som i revidert budsjett for 2015, vert auka med reelt 6,8 mill. kroner, samanlikna med saldert budsjett 2015. Framlegget inneber ei budsjetttramme på 21,6 mill. kroner.

saker der Regjeringsadvokaten har vore prosessfullmektig. Departementet føreslår at ramma for 2015 vert ført vidare reelt uendra i 2016.

Programkategori 00.40 Stortinget og underliggjende institusjoner

Utgifter under programkategori 00.40, fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
41	Stortinget	1 243 627	1 413 300	1 712 800	21,2
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret	6 895	6 800	7 000	2,9
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga	63 311	64 300	74 100	15,2
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	12 137	13 000	14 300	10,0
45	Nasjonale institusjon for menneskerettar		9 300	9 700	4,3
51	Riksrevisjonen	459 689	481 500	508 100	5,5
	Sum kategori 00.40	1 785 659	1 988 200	2 326 000	17,0

Kap. 41 Stortinget

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	851 616	875 000	935 800
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>			15 000
32	Kjøp av leilegheiter, <i>kan overførast</i>	32		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	209 120	346 300	565 000
70	Tilskot til partigruppene	167 156	174 000	178 000
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstittets bibliotek	1 500	1 500	1 500
73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	11 919	13 000	14 000
74	Reisetilskot til skular	2 284	3 500	3 500
	Sum kap. 0041	1 243 627	1 413 300	1 712 800

Hovudoppgåver og organisasjon

Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelte i Grunnlova, lover, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stortingets konstitusjonelle hovudoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjering og forvaltning.

Stortingets administrasjon skal organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og leggje til rette for at representantane skal kunne skjøtte verva sine på ein god måte.

Stortingets administrasjon skal formidle kunnskap om arbeidet til Stortinget og folkestyret.

Stortingets administrasjon skal drifte og modernisere Stortingets bygningar og system på ein måte som tek vare på dei historiske verdiane.

Det administrative arbeidet skal utførast slik at det sikrar omdømet til Stortinget på best mogleg måte. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell, effektiv og samfunnsmedviten av stortingsrepresentantane og andre målgrupper. Stortingets administrasjon skal ha ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Direktøren er den øvste administrative leiaren for Stortinget og står direkte under Stortingets presidentskap. Administrasjonen er organisert i sju avdelingar: konstitusjonell avdeling, eigedoms-, sikkerheit og serviceavdelinga, kunnskap og dokumentasjonsavdelinga, forvaltningsavdelinga, internasjonal avdeling, kommunikasjonsavdelinga og IKT-avdelinga. I tillegg ligg bedriftshelse-tenesta og leiingssekretariatet under direktøren.

Rapport 2014

Grunnlovsjubileet

Stortinget hadde det overordna ansvaret for feiringa av 200-årsjubileum til Grunnlova i 2014 der hovudmålet for jubileet var å auke kunnskapen om hendingane i 1814 og Grunnlova, å skape debatt om hovudutfordringane til folkestyret i framtida og å gjennomføre ei brei og inkluderande feiring i alle kommunane i landet.

Det blei gjennomført ca. 200 offisielle arrangement som fordelte seg på alle fylka. Offisielle myndigheitspersonar har delteke på mange av desse arrangementa. Det gjeld særleg medlemene i Stortingets presidentskap, som har vore til stades på arrangement og halde taler.

Stortingets hovudarrangement i 2014

Stortinget hadde ansvaret for dei tre nasjonale hovudarrangementa i jubileumsåret. Det var jubileumsopninga på Eidsvoll i februar 2014, jubileumsmøte i Stortinget og folkefest på Eidsvolls plass 15. mai 2014 og festførestilling på Eidsvoll 17. mai. Hovudformålet med arrangementa til Stortinget var å skape nasjonal interesse for jubileet og formidle verdiane som er knytte til Grunnlova og utviklinga av folkestyret gjennom 200 år.

18. mai blei monumentet over Christian Frederik avduka på Eidsvolls plass utanfor Stortinget. H.M. Dronning Margrethe av Danmark stod for avdukinga. Kong Harald og Dronning Sonja og H.K.H. Prinsgemal Henrik av Danmark var til stades. Stortingspresidenten og statsministeren var vertskap for arrangementet. Monumentet var ei gåve frå regjeringa til Stortinget i samband med grunnlovsjubileet.

Stortinget har også gjennom eigne arrangement markert dei historiske merkedagane 7. oktober 1814 og 4. november 1814. Det første Stortinget kom saman 7. oktober 1814 og vedtok 4. november 1814 ei revidert grunnlov som opna for unionen med Sverige.

Det siste arrangementet til Stortinget i jubileumsåret blei avvikla på Eidsvolls plass 1. desember. 19 juletre blei tente for å markere kvart av dei 19 fylka og valdistrikta som er berande i det norske representative demokratiet. Publikum blei også inviterte på utandørs fotoutstilling om historia til Stortinget og på omvising i stortingsbygningen.

Det har utan tvil vore svært stor interesse for grunnlovsjubileet i heile landet og gjennom heile jubileumsåret. Ein medieanalyse som Retriever har utført for Stortinget, viser desse hovudfunna:

- Grunnlovsjubileet var i 2014 omtalt i 24 756 medieoppslag. Analysen viser brei dekning av jubileet i alle landets fylke gjennom heile jubileumsåret. Det var eit naturleg høgdepunkt i mai 2014.
- Medieomtalen av grunnlovsjubileet var så massiv at jubileet blei den sjuande mest omtalte nyheitssaka i 2014.
- Medieanalysen viser at grunnlovsjubileet var den nyheitssaka i 2014 som gjorde flest glade og færrest triste eller opprørte. Publikum var også svært godt fornøgd med mediedekninga av jubileet.

Grunnlovsjubileet internasjonalt

Stortinget arbeidde tett med Utanriksdepartementet i planlegginga og gjennomføringa av grunnlovsjubileet. Jubileet var eit godt høve til å fremje viktige budskap med større tyngde internasjonalt. I utanrikstenesta var det eit mål at stasjonane skulle bruke jubileet til å fremje tema i norsk politikk som konstitusjon og folkestyre, rettsstat og likestilling. Det blei valt ut fem land som det skulle satsast spesielt på: Danmark, Sverige, Tyskland, Frankrike og USA.

Stortingets formidlingstiltak

Stortinget gjennomførte fleire formidlingstiltak i jubileumsåret. Mange av desse var i digitale versjonar og som digitale verktøy på nettsidene til jubileet. Hovudmålgruppa for tiltaka har vore barn og unge. Det har vore særleg stor interesse for faksimileutgåver av Grunnlova og ulike konkurransar knytte til Grunnlova. Vedtaka i Stortinget i mai 2014 om å reformere språket i Grunnlova og styrkje menneskerettane førte til auka interesse for Grunnlova.

Internasjonalt arbeid

Europarådets parlamentspresidentkonferanse

Europarådets konferanse for parlamentspresidentar gjekk føre seg i Oslo i september 2014. Deltakinga var høg og prega av omfattande møteaktivitet deltakarane imellom også utanom fellesmøta. Konferansen er ein arena for diskusjon om ei rekke politiske spørsmål.

Arktisk parlamentarisk konferanse i Canada

Stortingets delegasjon for arktisk parlamentarisk samarbeid representerte Stortinget på den 11. arktiske parlamentariskkonferansen i Whitehorse, Canada, i september 2014. Konferansen vedtok ei visjonær sluttfråsegn som er retta til Arktisk råd, regjeringane i dei arktiske landa og EUs institusjonar. Sluttfråsegna reflekterer dei ulike hovudtema på konferansen: utvikling av infrastruktur, utdanning og økonomisk utvikling, styring av Arktis og miljøutfordringar.

Europarådets organisasjon mot korrupsjon, GRECO

Europarådets organisasjon mot korrupsjon, GRECO, har i sin fjerde evalueringsrunde evaluert dei korrupsjonsførebyggjande tiltaka til Stortinget. Stortinget blei rådd til å utvikle vidare dei

etiske retningslinene for representantane og få ei større openheit om moglege interessekonfliktar. Dessutan rådde GRECO til at ein skal oppgje meir detaljerte opplysningar til register for verva og dei økonomiske interessene til stortingsrepresentantane. Vidare blei det rådd til at det blei sett i verk passande tiltak for å sikre kontroll og handheving av registreringsplikta og andre etiske standardar. På initiativ frå presidentskapet er det sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå partigruppene som skal vurdere korleis Stortinget kan følge opp tilrådingane frå GRECO. Stortinget skal rapportere tilbake til GRECO om oppfølginga innan utgangen av 2015.

Parlamentarisk arbeid

I mai 2014 gjennomførte Stortinget to store grunnlovsreformer. Den første reforma gjekk ut på å fornye grunnlovsspråket – samtidig som Grunnlova også blei vedteken i ein likestilt nynorsk versjon. Eit grunnleggjande premiss for reforma var at dei språklege endringane ikkje skulle endre meiningsinnhaldet i Grunnlova.

Den andre reforma var ei styrking av stillinga til menneskerettane i Grunnlova. Fleire nye lovparagrafar om menneskerettar blei grunnlovsfestet, og i alt blei Grunnlova utvida frå 112 til 121 paragrafar. Dei nye paragrafane blei samla i eitt kapittel – kapittel E. Menneskerettar.

Markeringar og demonstrasjonar på Eidsvolls plass

I 2014 var det ca. 343 markeringar og demonstrasjonar på Eidsvolls plass. Markeringane og demonstrasjonane er av ulike kategoriar, alt frå små markeringar med 2–3 personar til stades og opptil store markeringar med fleire hundre deltakarar. Det er også eit stort spenn i tema for markeringane.

Fleire nasjonalitetar har markert seg med aktivitetar på Eidsvolls plass. I 2014 gjeld det Kurdistan, Tibet, Irak, Biafra, Etiopia, Ukraina, Palestina, Iran og Tsjetsjenia. Det har også vore markeringar av politisk, humanitær og religiøs karakter i tillegg til tema som helse, miljø og norsk matkultur.

Stortinget som politisk debattarena

Stortinget heldt i 2014 fram med å halde opne seminar om politiske, historiske og faglege tema. Ved lanseringa av forskings- og bokprosjektet «Stortingets historie 1964–2014» blei Stortingets rolle og virke dei siste 50 åra debattert i lagtings-

salen, med deltaking frå forskingsinstitusjonar, stortingsrepresentantar, politiske kommentatorar og Stortingets administrasjon.

Lagtingssalen har i aukande grad blitt nytta til seminar for å auke interessa rundt aktuelle tema. Eksempel på dette er seminarrekkeja «Grunnlova og deg» og seminar ved markeringa av ulike historiske hendingar, slik som seminaret ved opninga av jubileumsutstillinga til Stortinget, «Skjebneåret 1814». Stortinget har også arrangert andre fagseminar med historisk forankring, som t.d. stortingsarkivets seminar «Spor etter 1. verdenskrig i arkivene» i samband med Arkivdagen 2014 og markeringa av krigsutbrotet i 1914.

Tilgjengeleggjing av informasjon på digitale plattformer

Dei elektroniske løysingane som blir brukte i den parlamentariske saksbehandlinga, er utvikla vidare for å bli meir brukarvennlege og gje betre informasjon for alle brukarar. Det har blant anna blitt utvikla ein salapp til bruk på mobiltelefon og nettbrett. I tillegg har systemet Storbud blitt utvikla vidare. Dette er eit viktig elektronisk system til arbeidet med statsbudsjettet.

Intranettet, Løveporten, blei lansert i ein heilt ny versjon i april 2014. Representantar, tilsette i gruppesekretariata og tilsette i administrasjonen er brukarar av Løveporten.

Det nye intranettet legg til rette for god informasjonsflyt og samhandling gjennom deling av dokument. Intranettet er integrert med eit dagleg dokumentlager med portalar for einingane i administrasjonen, komité- og partiportalar og arbeidsrom for prosjekt og innkjøp.

Omvisingar og publikumsarrangement

I 2014 har Stortingets administrasjon sett ut i livet fleire nye publikumstilbod og vidareutvikla og utvida fleire av dei tradisjonelle tilboda. Det har vore eit stort engasjement for Grunnlova både blant publikum og tilsette. Stortinget har omvisingar i stortingsbygningen gjennom heile året. Skuleklassar og andre besøkjande får eit grundig innblikk i historia og arbeidet til Stortinget med stortingssalen som eit høgdepunkt. I 2014 har alle omvisingsgrupper besøkt jubileumsutstillinga «Skjebneåret 1814 – Fire dokument som forma Noreg», der det er lagt særleg vekt på 1814 og Grunnlova.

Kulturnatt

For tiande gong opna Stortinget dørene for publikum under Oslo kulturnatt i september 2014. Dei besøkjande fekk vandre i trappehallen, historisk sal, vandrehallen, stortingssalen, lagtingssalen og Eidsvollsgalleriet.

Opne dagar: Kom og sjå Grunnlova!

I april og mai 2014 fekk publikum kome inn i Stortinget og oppleve bygningen på eiga hand. Det var stor interesse for Grunnlova som var utstilt i jubileumsutstillinga i historisk sal, og dei besøkjande fekk også høve til å sjå stortingssalen, trappehallen og vandrehallen.

Kurs i stortingskunnskap for lærarar

To gonger i året arrangerer Stortinget kurs i stortingskunnskap for samfunnsfag- og historielærarar. I 2014 hadde kursa stor pågang av deltakarar og svært profilerte foredragshaldarar som Jonas Gahr Støre, Siv Jensen, Torbjørn Røe Isaksen og Kåre Willoch. Foredragshaldarane presenterte oppgåvene og samfunnsrolla til Stortinget. På kurset var det også paneldebatt med medlemmer frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen. Til saman deltok over 140 lærarar frå heile landet på kursa.

Aktivitetar med barn og unge som målgruppe

Klassens grunnlov

Alle landets ungdomsskular blei i 2014 inviterte til å delta i konkurransen «Klassens grunnlov». Det kom inn bidrag frå ungdomsskuleklassar over heile landet, og engasjementet var stort.

Barneboka «Mina og Løva»

Barn og unge var den viktigaste målgruppa under grunnlovsjubileet. I februar fekk alle landets førsteklassingar boka » Mina og Løva». Dette er første gongen Stortinget vender seg til ei så ung målgruppe. Boka gjev på ein lettfatteleg måte ein spennande introduksjon til Stortinget og demokratiet. Saman med boka fekk skulane eit brev med pedagogiske tips til korleis boka kan brukast. I tillegg fekk alle biblioteka i barneskulen eit classesett av boka, slik at ho kan brukast på heile barnetrinnet.

Stortingets teiknekonkurranse for 1.–4. klasse

Med «Mina og Løva» følgde ein invitasjon til ein teiknekonkurranse for småskuletrinnet (1.–4. trinn). Barna blei i dette prosjektet oppfordra til å lage ei framside som illustrerte Grunnlova, slik dei meinte ho burde sjå ut.

MiniTinget

MiniTinget er eit interaktivt politisk rollespel der elevane får innblikk i den hektiske kvardagen på Stortinget. Gjennom arbeid i parti og fagkomitear hentar elevane inn informasjon om ulike saker og lærer om saksgangen i Stortinget, frå lovforslag til vedtak. Stortinget ønskjer med MiniTinget å auke det demokratiske engasjementet og inspirere til politisk debatt og diskusjon. Vi ønskjer å gje førstegongsveljarar ei grunnleggjande forståing for arbeidsordninga til Stortinget, maktfordelingsprinsippet og dei ulike påverknadskanalane. Dette samsvarar med sentrale læringsmål i læreplanen for samfunnsfag i vidaregåande opplæring. I 2014 deltok 229 grupper med til saman 6 213 deltakarar.

«Valet er ditt»

Ungdomsskuleelevar gjer i «2050 – Valet er ditt» sine egne prioriteringar for kva som er viktig for landet vårt i framtida. Elevane jobbar i parti og lagar sine egne partiprogram. På denne måten får dei ei innføring i politisk og demokratisk tankegang. Dei må ta val og prioritere, før dei må forsvare verdiane sine i ein valkamp. Det heile blir avslutta med val. Spelet blir kombinert med ei omvising i stortingssalen.

1. september 2014 blei jubileumsversjonen av «Valet er ditt» lansert. I «2014 – Valet er ditt» prioriterer ungdomsskuleelevar mellom viktige konstitusjonelle og politiske kategoriar, og lagar på denne måten si eiga grunnlov. Vidare skal grunnlovene presenterast og diskuterast, og elevane får gjere seg opp ei meining om kva for ei grunnlov dei meiner er den beste. I spelet inngår også ei omvising i jubileumsutstillinga. I 2014 deltok 143 grupper med til saman 3 121 deltakarar.

Reisetilskot

Skuleklassar med lang reiseveg som skal besøkje MiniTinget eller «2050 – Valet er ditt», kan søkje om reisestøtte. Ein fann det ønskjeleg å endre ordninga frå ei støtteordning til ei tilskotsordning.

Ordninga blei sett i kraft frå 1.1.2014. Etter dialog med Finansdepartementet blei det utvikla retningslinjer for ei tilskotsordning. Budsjettet for 2014 var på 2,5 mill. kroner. Basert på dette fekk 73 klassar innvilga reisetilskot for å besøkje MiniTinget og «2050 – Valet er ditt».

Sikkerheit og beredskap

I 2014 sette Stortinget saman med Oslo kommune i gang eit arbeid for å sjå på perimetersikring av bygningsmassen til Stortinget. Dette arbeidet er ein heilskapleg sikringsplan og er ei mogleighetsstudie som har vurdert tryggingstiltak innanfor utvalde område.

Stortingets administrasjon har dette året sett søkjelyset på inngangskontrollen. Kontrollen har vore gjennomført med auka bruk av førehandsinnmelding av besøkjande, både gjennom inngangar og garasje. Ein ny døgnbemanna resepsjon gjev betre kontroll av inn- og utpasseringar i og utanfor opningstida.

Rehabilitering av Prinsens gate 26 (P26) og tilkomstkulvert

I mai skreiv Stortingets administrasjon under kontrakt med entreprenør for å rehabilitere Prinsens gate 26 og etablere nytt post- og varemottak under Wessels plass. Sommaren 2014 starta byggearbeida knytte til prosjektet. Wessels plass er no byggeplass, noko som vil prege bybiletet i fleire år framover. Det er gjort tiltak for å pynte området, og det er etablert god dialog og informasjonsflyt med naboane for å prøve å redusere dei ulemene som prosjektet påfører dei.

Nytt post- og varemottak vil stå ferdig samtidig med Prinsens gate 26. I 2014 er det gjort førebuaende arbeid knytt til denne delen av prosjektet. Sjølve utgravinga startar i 2015.

Mål og budsjett 2016

Stortingets strategi for 2014–2018 er lagd til grunn for mål og tiltak i 2016. Strategien inneheld fire hovudsatsingsområde som blir konkretiserte gjennom årlege verksemdsplanar. Tiltaka under kvart satsingsområde er såleis aktivitetar som må gjennomførast i 2016 for at Stortinget skal oppnå hovudmåla sine innan 2018.

Kjerneoppgåva til Stortingets administrasjon er å leggje til rette for det parlamentariske arbeidet og samtidig ha ansvaret for å formidle kunnskap og informasjon om demokratiet og å ta vare på og modernisere Stortingets bygningar.

Eit vitalt parlamentarisk arbeid

Administrasjonen skal sikre god kvalitet og kontinuitet i støtta til presidentskapet og representantane gjennom hjelp under saksbehandlinga i plenum, komitear og internasjonalt arbeid.

Administrasjonen vidarefører arbeidet med tiltak frå IKT-strategien som støttar målet til verksemda om å vareta parlamentariske prosessar gjennom moderne digitale kommunikasjonsløysingar og arbeidsprosessar. I tillegg skal verksemda etablere arkitekturrammeverk og oppgradere IKT-løysingar som støttar dei parlamentariske prosessane.

Stortingets parlamentariske saksbehandlingsverktøy blir gradvis fornya for å gje eit betre brukarsnitt og ei modernisert teknisk løysing.

I strategiperioden fram til 2018 arbeider administrasjonen for å utvikle tenestene, slik at produksjonen av dokument knytte til den parlamentariske prosessen i Stortinget blir meir effektiv. I 2016 tek administrasjonen i bruk nye, strukturerte malar for innstillingar og referat.

Administrasjonen utviklar nye kunnskaps-tenester for det parlamentariske arbeidet basert på kunnskap om brukarane og deira behov og tilgjengeleg teknologi.

Aktuell kunnskapsformidling om folkestyret

Stortingets kommunikasjon med omverda skal vere relevant og god og bidra til eit godt omdøme. Han skal også gje befolkninga eit godt grunnlag for å delta i dei demokratiske prosessane og opne for samhandling mellom veljarane og dei folkevalde.

Stortingets administrasjon skal førebu formidlinga av folkestyret i framtida, og tiltak i tråd med kommunikasjonsstrategien vil bli følgde opp vidare i 2016.

Det er eit mål at stortinget.no og dei ulike kommunikasjonstenestene til nettstaden er dei føretrekte interaktive kanalane for kunnskap om folkestyret. Administrasjonen skal utvikle og forvalte IKT-løysingar som gjer aktiv kunnskapsformidling mogleg. Det vil spesielt bli lagt vekt på stabile og sikre løysingar for portalar, både for allmenn tilgang til informasjon og intern informasjonsutveksling.

I 2016 skal omvisingstilbodet vere i samsvar med prioriterte målgrupper i kommunikasjonsstrategien. Det skal utviklast eit tilbod til barnetrinet og til minoritetsspråklege grupper. Lærings-spelet «MiniTinget», som er retta mot elevar i den vidaregåande skulen, skal oppgraderast.

Administrasjonen skal gjennomføre ulike arrangement i samband med at stortingsbygningen er 150 år. Eit bokverk skal ferdigstillast og kome ut våren 2016.

Smart representantservice

Stortingstorget opna 1. oktober 2014 med sentrale tenester og felles møteplass for representantar og administrasjonen. Stortingstorget har vore i stadig utvikling sidan oppstartinga.

Administrasjonen planlegg å vidareutvikle stortingstorget slik at fleire relevante tenester kan leggjast dit. Torget skal utviklast til å bli ein felles møteplass for representantar og administrasjonen, gje tilgang til «alle» relevante tenester og vere ein stad for ulike arrangement.

Administrasjonen vil utvikle søkbare tenester på intranettet, blant anna for å gjere regelverket for den parlamentariske saksbehandlinga meir tilgjengeleg for brukarane. Dei elektroniske systema som støttar den parlamentariske prosessen, vil bli vidareutvikla i 2016 og tilpassa ulike elektroniske plattformer.

I 2014 har ein sett i gang eit arbeid med målsetjing om å etablere eit elektronisk oppslagsverk over dei lover og reglar som regulerer dei administrative tilhøva for representantane. Arbeidet held fram i 2015 og blir implementert i 2016. Etableringa vil også vere eit nyttig verktøy for leiarar og tilsette i administrasjonen. Arbeidet med å forbetre administrative støttefunksjonar og representantordningar som reiseoppgjjer vil halde fram i 2016.

Profesjonell drift og utvikling av bygningane

Stortingets administrasjon skal forvalte, drifte og utvikle eigedommane til Stortinget, slik at dei gjev trygge og gode rammer for det parlamentariske arbeidet. Samtidig skal ein vareta dei funksjonelle behova og syte for at stortingsbygningen blir teken godt vare på.

Dei siste åra har ein sett i gang store prosjekt innan byggutvikling og utskifting av tekniske anlegg for å vareta dagens krav til funksjonelle og kvalitetsmessige standardar. I tillegg er det løpande ombyggingar i dei noverande lokala for å imøtekome nye krav til funksjonalitet og sikkerheit, samtidig som dei historiske verdiane blir verna.

I 2016 vil det bli lagt størst vekt på å gjennomføre byggutviklingsprosjekta for Prinsens gate 26, nytt post- og varemottak og ekstra garasjenedkøyring i tillegg til gjennomføring av sikringstiltak.

Ein vil også gjennomføre ordinært vedlikehald av bygningsmassen og tekniske anlegg.

Ombyggingsarbeida i Prinsensgate 26, nytt post- og varemottak og ny underjordisk innkøyringstrasé (kulvert) har ei estimert total kostnadsramme på ca 1,45 mrd. kroner per 1. januar 2015, og er planlagde ferdigstilt i 2018. «Byggjekostnadsindeks for bustader» til Statistisk sentralbyrå blir lagt til grunn for indeksjustering i perioden 2015–2018. Auken frå Prop. 1 S (2014–2015) er knytt til utfordringar når det gjeld ferdigstilling av arbeidsunderlag frå prosjekterande, uventa forhold i grunnen i tillegg til nødvendig omprosjektering. Fordi det kan trengast avtalar som går utover budsjettåret, ber ein om fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor kostnadsramma, jf. framlegg til romartalsvedtak V.1.

Med basis i risikovurderingar blei det i 2015 sett i gang sikringstiltak både utvendig og innvendig. Arbeid med å betre sikringa av eigedommane til Stortinget held fram i 2016. Det er også eit mål å utvikle og styrkje eigen kompetanse innan planlegging, analyse og forvaltning innan sikring.

Ein vil også i 2016 gjennomføre arbeid med å oppgradere interiør og uttrykk, basert på den heilskaplege planen for stortingsbygningen som starta i 2014. Her vil både møblering og lyssetjing vere viktige element i ei modernisering, samtidig som ein tek omsyn til verneverdige element.

Attraktiv, kompetent organisasjon med godt arbeidsmiljø

Stortingets administrasjon skal ha ein kultur der dei etiske retningslinene og verdigrunnlag skal speglast av i haldningane og framferda til den enkelte. Internkommunikasjonen skal vere god og effektiv. Stortingets administrasjon skal ha ein felles kultur basert på verdiane hjelpsam, ansvarleg, påliteleg og open.

Stortingets administrasjon skal strekkje seg mot å vere ei føregangsverksemd i heilskapleg leiarskap, medrekna god styring og medarbeidarutvikling. Når det gjeld leiing, betyr dette å leggje vekt på tydeleg målstyring og prioritering av ressursar med god forankring i den overordna strategien.

Den interne styringa skal vere enkel og heilskapleg, med tydelege roller og ansvar og god økonomistyring og verksemdsstyring. Leiarane i administrasjonen skal ha tilgang på god og relevant styringsinformasjon når dei treng det. System for verksemdstyring «Styringsportalen» blir implementert i 2015 og er planlagt vidareutvikla i 2016. Samtidig vil administrasjonen halde fram med arbeidet med å utvikle og implementere eit heilskapleg system for internkontroll.

Stortingets administrasjon arbeider i 2015 med å vidareutvikle innkjøpsfunksjonen. Målet er å oppnå betre kvalitet på innkjøpa og vere ein meir profesjonell aktør i marknaden i 2016.

Stortingets administrasjon skal arbeide kontinuerleg med målretta kompetanseutvikling med riktig kompetanse på rett stad. Ein vil leggje vekt på å nytte eigne tilsette til vedvarande oppgåver, slik at kompetansen blir verande i verksemda. I 2015 er det etablert ein HR-strategi, som vil bli følgd opp i 2016.

Vidare har ein i 2016 planlagt å implementere e-læringsverktøy i samband med introduksjonen av nye medarbeidarar og leiarar. Administrasjonen vil i 2016 halde fram med arbeidet med leiarutvikling gjennom eit revidert og oppdatert leiarutviklingsprogram.

For å kunne levere kvalitetsmessige og effektive servicetenester i samsvar med behovet er det i 2015 starta eit arbeid med å kartlegge tenesteforholdet og utvikle servicetenestene. Arbeidet vil halde fram i 2016. Når det er nødvendig, vil ein tilpasse servicetenestene for dermed stå fram einskapleg i førstelina og gjennomføre leveransar i samsvar med servicenivået som er avtalt.

Stortinget vedtok 12. mai 2015 å nemne opp ein uavhengig granskingskommissjon som skal granska brannen på ferja MS «Scandinavian Star» i 1990. Føremålet med granskingskommissjonen skal vera å vurdere om dei faktiske tilhøva det er gjort greie for under den tidlegare handsaminga av saka i Stortinget, gjev eit korrekt og fullnøyande bilete av saka i ljøs av den informasjonen som seinare er komen fram. Kommisjonen skal òg vurdere korleis offentlege styremakter fylgde opp saka og tok vare på overlevande og pårørande. Utgiftene til kommisjonen blir løyvd over ny post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 3041 Stortinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
01	Salsinntekter	9 203	7 600	6 500
03	Leigeinntekter	1 263	900	900
40	Sal av leilegheiter	120 133		
	Sum kap. 3041	130 599	8 500	7 400

Kap. 42 Ombodsmannsnemnda for Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
01	Driftsutgifter	6 895	6 800	7 000
	Sum kap. 0042	6 895	6 800	7 000

Hovudoppgåver

Ombodsmannsnemnda skal arbeide for å sikre dei allmenne menneskelege rettane for personellet i Forsvaret. Gjennom arbeidet sitt skal nemnda medverke til å effektivisere Forsvaret. Leiaren i nemnda har tittelen Ombodsmannen for Forsvaret. Han er årsløna og leier Ombodsmannens administrasjon.

Vernepliktige mannskap, befal og sivilt tilsette i Forsvaret kan leggje fram alle typar saker for Ombodsmannen, dersom dei meiner seg urettkomen, urimeleg eller urettferdig behandla av dei ordinære forvaltningsorganane i Forsvaret. Ombodsmannen får inn mange saker, og dei fleste blir løyste med dialog og på eit så lågt nivå som mogleg.

Ombodsmannen besøker ei rekkje militære avdelingar og tenestestader, og underviser blant anna på kurs for tillitsvalte. Ombodsmannen får ei rekkje spørsmål og saker frå tenestemannsorganisasjonar, forsvarsrelaterte frivillige organisasjonar, veteranorganisasjonar, veteranar og deira familiar, etterlatne og pårørande, og står til teneste for personell i eller etter teneste i fleire samanhengar og saker.

Saker som enten er av prinsipiell karakter eller som har særleg allmenn interesse, blir lagde fram for nemnda etter at dei er førebudde av Ombodsmannen. Ombodsmannsnemnda utfører rutine-

messige inspeksjonar (synfaringar) til avdelingar, garnisonar og fartøy som ledd i tilsyn og kontroll av tenestetilhøva i Forsvaret. Stortinget, Forsvarsministeren og Forsvarssjefen kan leggje fram saker for Ombodsmannen og Ombodsmannsnemnda til uttale.

Ombodsmannen er med i eit internasjonalt arbeid i regi av Geneva Centre for the Democratic Control of Armed Forces (DCAF) og deltek i eit internasjonalt samarbeidsforum for ombodsmenn innan hovudsakleg NATO/OSSE.

Melding til Stortinget

Ombodsmannsnemnda sender årleg melding om arbeidet sitt til Stortinget (Dok 5 (2014–2015)). Gjenpart av meldinga blir sendt til Forsvarsdepartementet og Forsvarets organ og avdelingar. Ombodsmannen og nemnda kan også, når dei finn det ønskeleg, sende melding til Stortinget om enkeltsaker elles i året.

Det går fram av meldinga for 2014–2015 at det samla talet på klager held seg stabilt. Dei fleste spørsmåla og sakene blir løyste gjennom rettleiing og råd ved besøk av Ombodsmannen ved avdelinga eller pr. telefon/samtale. Desse sakene blir ikkje registrerte som klagesaker.

Meldinga inneheld dessutan ei rekkje faste årlege rapportar som blant anna gjeld Tillitsmannsordninga, HMS, Forsvarets Sanitet, Verne-

pliktsverket, Bustad- og Velferdstenesta, Vaksenopplæringa, Generaladvokaten i tillegg til arbeidet og saker hos Ombodsmannen

Klagesakene hos Ombodsmannen knyter seg blant anna til spørsmål om utsetjing av førstegongsteneste, utsetjing av øvingar, sikkerheits-

klarering, økonomiske ytingar som bustøtte, sosial stønad, økonomisk erstatning, medisinske vedtak, rettane til tilsette, forbigåing, yringsfridom, disiplinærsaker, teneste i internasjonale operasjonar, tenestefråsegner, ferie, fritid m.v.

Kap. 3042 Ombudsmannsnemnda for Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
18	Refusjon av sjukepengar	2		
	Sum kap. 3042	2		

Kap. 43 Stortingets ombudsmann for forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	63 311	64 300	74 100
	Sum kap. 0043	63 311	64 300	74 100

Hovudoppgåver og organisering

Formålet og oppgåvene til Sivilombodsmannen følgjer av lov om Stortingets ombudsmann for forvaltninga av 22. juni 1962, og Stortingets instruks for ombodsmannen av 19. februar 1980. Sivilombodsmannen er vald av Stortinget for ein periode på fire år.

Som Stortingets tillitsmann skal Sivilombodsmannen føre kontroll med at det ikkje blir gjort urett eller feil mot den enkelte borgar i den offentlege forvaltninga. Ombodsmannen skal også medverke til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene tek han hand om først og fremst gjennom undersøkingar og behandling av klager frå enkeltpersonar, organisasjonar og selskap. Ombodsmannen står fritt til å ta opp dei spørsmåla han meiner er av interesse, og kan setje i verk saker på eige initiativ. Slike undersøkingar er i hovudsak baserte på kjennskap til tilhøve i forvaltninga som det kan vere grunn til å ta opp særskilt. Ombodsmannen er også nasjonal førebyggjande mekanisme for å førebyggje tortur og annan gruffull, umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff. Vidare arbeider ombodsmannen for å hindre urett gjennom ulike

kommunikasjonstiltak, som t.d. foredragsverksemd og presseoppslag. Gjennom meldingane sine til Stortinget gjev Sivilombodsmannen informasjon om korleis Grunnlova, lover og stortingsvedtak i praksis blir brukte i forvaltninga, og om arbeidet som følgjer av førebyggingsmandatet.

Ombodsmannens kontor er organisert i fem avdelingar som behandlar klagesaker innan ulike rettsområde, ei avdeling for førebygging av tortur, og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2014

Ombudsmannens årsmelding for 2014 blei overlevert Stortinget i mars 2015, og er teken inn i Dok. 4 (2014–2015). Meldinga gjev greie for hovudinntrykk frå klagesaksbehandlinga i 2014, og omtaler også enkelte utviklingstrekk i forvaltninga basert på meir generelle erfaringar til ombodsmannen.

Klagesaksbehandling

Dei siste fire åra har sakstilfanget vore stabilt på rundt 3 000 saker i året. Det kom inn 3 109 saker i 2014 mot 2 942 året før. I 2014 blei 35 saker tekne opp på eige initiativ, mot 45 saker i 2013. Nedgan-

gen har samanheng med at besøk til forvaltninga tidlegare år har blitt rekna som saker på eige initiativ. Samla tilgang på saker var dermed 3 144 i 2014 mot 2 987 året før. Talet på avslutta saker var 3 211 i 2014 mot 3 076 året før. Om lag 46 prosent av sakene blei realitetsbehandla, og 54 prosent blei avviste. Fordelinga mellom realitetsbehandla og avviste saker har vore relativt stabil gjennom fleire år.

Saksbehandlingstida gjekk ned både i 2013 og i 2014. Saksbehandlingstida er avhengig både av intern ressursbruk, kompleksiteten til sakene og kor raskt forvaltninga responderer på førelegg frå ombodsmannen. Særleg har behandlingstida gått ned for saker som blei avslutta etter å ha vore tekne opp med forvaltninga.

Sivilombodsmannens førebyggingsarbeid

Førebyggingseininga mot tortur og umenneskeleg behandling ved fridomsrøving blei oppretta ved Sivilombodsmannens kontor våren 2014, som følgje av at Noreg ratifiserte tilleggsprotokollen til FN's torturkonvensjon (OPCAT) i 2013. Førebyggingseininga har høve til å besøkje alle stader der personar er fråtekne fridomen sin, for å førebygge tortur og annan grufull, umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff. Besøka kan gjerast både med og utan førehandsvarsel. Førebyggingseininga behandlar ikkje enkeltklager, men leverer ein rapport med tilrådingar etter besøka. Den første halvdelen av 2014 blei brukt til å førebu og etablere førebyggingseininga, medan den siste halvdelen blei brukt til å gjennomføre besøk. Det blei gjennomført totalt fem besøk til fire stader for fridomsrøving. Årsmeldinga for førebyggingsarbeidet, Dok. 4.1 (2014–2015), blei levert i mars 2015 og gjev ei nærmare omtale av dette arbeidet i 2014.

Menneskerettsarbeid

Sivilombodsmannen arrangerte i samarbeid med Utanriksdepartementet ein menneskerettskonferanse 28. oktober 2014. Konferansen blei avvikla på engelsk, og tema var «The Effects of International Monitoring Mechanisms to Prevent Torture and Ill-Treatment of Persons Deprived of their Liberty». Konferansen markerte også 25-årsjubileet til Europarådets torturovervakingskomité (CPT).

Dessutan går menneskerettslege problemstillinger også inn i den ordinære klagesaksbehand-

linga. I ei utgreiing i ombodsmannens årsmelding for 2014, Dok. nr. 4 (2014–2015), går ein nærmare inn på saker der dei menneskerettslege forpliktingane til Noreg i 2014 var særleg involverte.

Mål og budsjett for 2016

Ein stor del av arbeidet til ombodsmannen går ut på å undersøkje og vurdere rettsleg utvalde spørsmål. Undersøkingane og vurderingane skal gjerast på ein formålstenleg, effektiv og rasjonell måte. I den overordna strategien for 2015–2019 som blei vedteken i 2015, er det eit mål at ombodsmannen skal prioritere arbeidsinnsatsen der det får størst innverknad. Det inneber blant anna at i 2016 vil ombodsmannen vidareføre bruken av prioriteringskriterium når han vurderer kva for klager som gjev tilstrekkeleg grunn til behandling og nærmare undersøkingar. Det vil bli lagt vekt på å behandle saker som er svært viktige for rettstryggleiken, klager frå sårbare eller ressursvake grupper, prinsipielle saker, saker der ombodsmannen er einaste klageinstans og hastesaker knytte til innsyn og partsinnsyn. Visse typar saker vil det som hovudregel leggjast mindre arbeid i, sjølv om sakene kan tenkjast å innehalde element av urett. Vidare skal ein auke ressursbruken til saker som blir tekne opp på eige initiativ, blant anna systematiske undersøkingar.

Det er vidare eit mål å arbeide for å ha tillit hos borgarane og å få gjennomslag i forvaltninga. Det skal ein oppnå blant anna ved å halde høg kvalitet i faglege spørsmål og følgje opp kritikk av forvaltninga. Kommunikasjonsarbeidet vil bli vesentleg styrkt i 2016, og ein vil leggje vekt på tiltak som kan hjelpe til å gjere ombodsmannsordninga betre kjent.

For å oppnå desse eksterne effektane vil ombodsmannskontoret arbeide internt for å ha ei tydeleg leiing og sikre at arbeidsprosessane er effektive og gode. Dette skal ein få til blant anna ved å tilpasse dei interne arbeidsprosessane til kor høg risiko og kor vesentlege oppgåvene er, og å setje og følgje opp interne saksbehandlingsfristar. Det er eit mål at arbeidsmiljøet skal vere fagleg stimulerande og sosialt inkluderande.

Funksjonen som nasjonal førebyggjande mekanisme blir vidareutvikla i 2016. I samband med det vil ein besøkje fleire stader der menneske er frårøvd fridomen, blant anna fengsel, politiarrestar, psykiatriske institusjonar og barnevernsinstitusjonar.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester til Sivilombodsmannen.

Budsjettveksten for 2016 er i hovudsak knytt til ei styrking av ressursane til førebygging av tortur og umenneskeleg behandling. I tillegg kjem satsing innan kommunikasjonsarbeid og IT-støtte.

Kap. 3043 Stortingets ombodsmann for forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
16	Refusjon av foreldrepengar	965		
18	Refusjon av sjukepengar	688		
	Sum kap. 3043	1 653		

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	12 137	13 000	14 300
	Sum kap. 0044	12 137	13 000	14 300

Rapport for 2014

Utvalet har i 2014 gjennomført 25 inspeksjonar. PST er inspisert 10 gonger, E-tenesta 5 gonger, NSM 4 gonger og FSA 3 gonger. Etterretningsbataljonen, personellsikkerheitstenesta i Justis- og beredskapsdepartementet og personellsikkerheitstenesta i Forsvarsbygg er inspisert éin gong kvar.

Utvalet oppretta 39 saker på eige initiativ i 2014, mot 26 saker i 2013.

Utvalet undersøker klager frå enkeltpersonar og organisasjonar. Det kom inn 26 klager til utvalet i 2014 mot 47 klager i 2013. Sjølv om talet på klagesaker har gått ned frå 2014 til 2013, har utvalet brukt svært mykje meir ressursar på klagesaksbehandling enn tidlegare år. Dette har særleg bakgrunn i kompleksiteten og omfanget i klagegene. Utvalet har på formelt grunnlag avvist 4 klagesaker, blant anna under tilvising til at saka fell utanfor kontrollområdet til utvalet.

Utvalet meiner at ressursbruken har vore effektiv i 2014, både med tanke på kva ressursane er brukte til, og korleis dei er nytta.

Samla sett er utvalet fornøgd med resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2014.

Nærmare opplysningar om arbeidet finn ein i årsmeldinga til utvalet for 2014 (Dokument 7:1 (2014–2015)).

Mål for 2016

Hovudoppgåva til utvalet er å føre fortløpande kontroll med EOS-tenestene. Kontrollen blir utført med inspeksjonar, behandling av klagesaker og behandling av saker som blir tekne opp på eige initiativ. Det faglege arbeidet til utvalet blir i hovudsak styrt av kva som kjem fram gjennom inspeksjonane og i klagesakene, i tillegg til dei signala Stortinget gjev ved behandlinga av årsmeldingane til utvalet. I tillegg tek utvalet opp saker på bakgrunn av opplysningar som kjem opp i den offentlege debatten.

Rammene for arbeidet til utvalet er fastsette i lov og instruks om kontroll med etterretnings-, overvakings og tryggingsteneste. Etter kontrollinstruksen § 11 nr. 2 skal det årlege tilsynsarbeidet til utvalet minst omfatte halvårlege inspeksjonar av E-tenesta sentralt, kvartalsvise inspeksjonar i Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM), seks inspeksjonar av PST sentralt og tre inspek-

sjonar av Forsvarets sikkerhetsavdeling. I tillegg skal utvalet inspisere PST-einingar i minst fire politidistrikt, minst to av E-tenestas stasjonar og / eller trygging- og etterretningsfunksjonar ved militære stabar og avdelingar, og av personelltryggingstenesta ved minst to departement eller etatar utanfor NSM.

EOS-utvalet arbeider kontinuerleg for å betre kontrollen innanfor rammene til verksemda. I 2014 har fleire sider ved kontrollmetodikken blitt forbetra, samtidig med at sekretariatet til utvalet er styrkt. I 2016 tek utvalet sikte på å styrkje tilhøvet til og opprette kontakt med eksterne relasjonar, både nasjonalt og internasjonalt. Dette vil blant anna føre til at utvalet i større grad enn tidlegare vil arrangere og delta på eksterne møte og

konferansar, noko som igjen vil gjere utvalet meir kjent i samfunnet og innan akademiske miljø. Arbeidet med å utvikle kontrollmetodikken, kvaliteten og gjere utvalet meir synleg vil halde fram i 2016.

I 2014 blei det også sett i gang ei ekstern evaluering av arbeidet og rammevilkåra til EOS-utvalet. Evalueringsutvalet skal blant anna undersøkje om den etablerte kontrollmodellen har fungert slik at måla er oppnådde, og kome med forslag til endringar som kan auke kvaliteten og/eller effektiviteten til arbeidet til EOS-utvalet. Evalueringsutvalet skal leggje fram arbeidet sitt for Stortingets presidentskap innan 15. desember 2015. EOS-utvalet vil i 2016 følgje opp rapporten til evalueringsutvalet.

Kap. 3044 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	Saldert budsjett 2015	
16	Refusjon av foreldrepengar	330		
	Sum kap. 3044	330		

Kap. 45 Nasjonal institusjon for menneskerettar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	Saldert budsjett 2015	
01	Driftsutgifter		9 300	9 700
	Sum kap. 0045		9 300	9 700

Stortinget vedtok 19. juni 2014 å opprette ein ny nasjonal institusjon for menneskerettar med hovudoppgåve å styrkje gjennomføringa av menneskerettane i Noreg. Institusjonen er organisatorisk lagt under Stortinget og er administrativt knytt til og samlokalisert med Sivilombodsmannen. Lov og instruks for institusjonen blei gjeldande frå 1. juli 2015. Samtidig blei verksemda

ved tidlegare nasjonal institusjon ved Senter for menneskerettar, Universitetet i Oslo, overført til Stortingets administrasjon. Den overordna leiinga av nasjonal institusjon for menneskerettar er lagt til eit styre valt av Stortinget, og Stortinget vil hausten 2015 oppnemne direktør som skal ha det daglege ansvaret.

Kap. 51 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	459 689	460 000	486 200
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk		21 500	21 900
	Sum kap. 0051	459 689	481 500	508 100

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester til Riksrevisjonen. Lønsutviklinga i Riksrevisjonen er venta å følgje lønsutviklinga elles i staten.

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leia av eit kollegium som er sett saman av fem riksrevisorar valde av Stortinget for ein periode på fire år. Formålet, oppgåvene og rammevilkåra til Riksrevisjonen følgjer av lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens verksemd av 11. mars 2004. Riksrevisjonen skal med revisjon, kontroll og rettleiing medverke til at inntektene til staten blir innbetalte etter føresetnaden, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte, og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen kan også etter avtale ta på seg revisjons-, kontroll- eller bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan påleggje Riksrevisjonen å setje i gang særlege undersøkingar. Oppgåvene er nærmare presiserte i instruksjonen om Riksrevisjonens arbeid.

Ved inngangen til ny strategisk planperiode gjennomførte Riksrevisjonen ei omorganisering og etablerte ei eiga avdeling for metodestøtte og -utvikling. Riksrevisjonen er no organisert i sju avdelingar. Av desse er tre rekneskapsrevisjonsavdelingar, to forvaltningsrevisjonsavdelingar, ei avdeling for metodestøtte og utvikling i tillegg til ei administrasjonsavdeling og ein stabsseksjon direkte knytt til revisjonsråden.

Rapport 2014

I 2014 gjekk Riksrevisjonen inn i ein ny fireårig strategisk planperiode. Visjonen for planperioden

frå 1. mai 2014 til 30. april 2018 er å bidra til betre offentleg ressursbruk. Det er definert tre strategiske mål for perioden:

- Aktuell og samfunnsnyttig revisjon
- Profesjonell revisjon og kontroll
- God leiing og effektiv ressursbruk

Rapporteringa for 2014 syner at vi har tilfredsstillande måloppnåing eitt år inn i ny strategisk periode, og at revisjonen i hovudsak er gjennomført i tråd med planen. Men uventa hendingar fører alltid til at det er nødvendig med enkelte omprioriteringar av ressursane. Omprioriteringane er baserte på ei vurdering av kor vesentleg hendinga er, og kor stor risikoen er for feil og manglar.

I 2014 blei 67 prosent av personalressursane brukte på revisjonsfaglege aktivitetar, 4 prosent på internasjonale aktivitetar, 6 prosent på kompetanseutvikling og 23 prosent på administrasjon og andre støttefunksjonar, som IKT, økonomi, personal, arkiv, bibliotek, reinhald, resepsjon og sentralbord. Fordelinga er tilnærma uendra samanlikna med fjoråret.

Riksrevisjonen har i samband med bistand til institusjonsutvikling av andre riksrevisjonar innrapportert 12,5 mill. kroner som bistandsmidlar (DAC-midlar) til OECD via Norad i 2014. I 2013 var dette talet 11,2 mill. kroner.

Ei detaljert orientering om arbeidet i 2014 blei lagt fram for Stortinget i Dokument 2 (2014–2015).

Mål og budsjett for 2016

Riksrevisjonen utfører arbeidet sitt i tråd med den overordna visjonen og overordna målsettingar i den noverande strategiplan som gjeld fram til 2018. Det er ikkje planlagt større endringar i oppgåveløysing eller ressursbruk samanlikna med tidlegare år

Arbeidet med å leggje til rette for å utnytte eigne ressursar best mogleg vil likevel bli ført

vidare også i 2016, både innanfor revisjon og administrasjon. Ein vil derfor arbeide kontinuerleg med å forbetre revisjonsprosessane, kompetanse og kompetanseutviklingsprosessane, i tillegg til leing og leiingsutviklingsprosessar. Frå inngangen av 2014 og fram til 2016 er det i budsjettet lagt til grunn ein bemanningsreduksjon på meir enn 30 tilsette.

Utviklingssamarbeidet med riksrevisjonar i andre land vil bli ført vidare i 2016, og Riksrevisjonen vil framleis samarbeide tett med IDI (INTOSAI Development Initiative), spesielt når det gjeld å bidra til å styrkje regionale INTOSAI-organisasjonar.

I 2016 går leigeavtalen for Riksrevisjonens hovudkontor i Pilestredet 42 ut. Det er inngått avtale om leige av nye lokale sentralt i Oslo med flytting hausten 2016. Flyttinga vil føre med seg ein eingongskostnad på over 25 mill. kroner (eksklusive meirverdiavgift) til investeringar i inventar og utstyr, klargjering og overlevering av gamle

lokale og andre kostnader som kjem i tillegg i samband med gjennomføringa av flytteprosessen. Flytting til nye lokale vil også føre til at leigekostnadene til Riksrevisjonens blir om lag 5 mill. kroner høgare enn i 2015. Full effekt av husleigeauken vil ein sjå i 2017.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Budsjettposten gjeld drifta av INTOSAI Development Initiative (IDI). Eit mål med arbeidet til IDI er å styrkje offentleg revisjon i utviklingsland, og gjennom dette medverke til godt styresett, utvikling og tiltak mot fattigdom. Over 140 riksrevisjonar i utviklingsland er med i utviklingsprogram som blir gjennomførte av IDI. Riksrevisjonen overtok ansvaret for IDI i 2001. Overtakinga var godkjend av Stortinget, jf. Dokument 3:14 (1997–98) og Innst. S. nr. 8.

Kap. 3051 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Refusjon innland	1 774	1 800	1 800
02	Refusjon utland	706	800	600
16	Refusjon av foreldrepengar	4 855		
18	Refusjon av sjukepengar	7 156		
	Sum kap. 3051	14 491	2 600	2 400

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programkategori 23.10 Finansadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.10, fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1600	Finansdepartementet	393 460	385 629	407 900	5,8
1602	Finanstilsynet	349 718	338 372	351 600	3,9
1605	Direktoratet for økonomistyring	400 064	352 154	350 800	-0,4
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring	16 579	17 383	15 700	-9,7
Sum kategori 23.10		1 159 821	1 093 538	1 126 000	3,0

Kap. 1600 Finansdepartementet

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	
01	Driftsutgifter	325 201	321 084	332 900	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	55 659	51 545	61 600	
70	Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden	12 600	13 000	13 400	
Sum kap. 1600		393 460	385 629	407 900	

Hovudoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovudområde:

1. Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga
 - finanspolitikk
 - penge- og valutakurspolitikk
 - inntekts- og fordelingspolitikk
 - strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene

- samordning av regjeringa sitt arbeid med berekraftig utvikling
 - internasjonalt økonomisk samarbeid
 - offisiell statistikk, irekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå
2. Arbeidet med formues- og gjeldsforvaltning, som omfattar
 - investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg
 - oppfølging og vidareutvikling av rammeverket for forvaltninga av Statens pensjonsfond, herunder rammeverket for ansvarleg forvaltning
 - statleg gjeldsforvaltning

3. Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei einskilde fagdepartementa
 - effektivitet og ressursbruk i statsforvaltninga, økonomiske og administrative verknader av offentlege utgifter og ordningane for kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjekt
 - forvaltning og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltninga, tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for økonomistyring
 - saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - skatte- og avgiftsframlegg som ledd i den samla finanspolitikken
 - utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssystema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - styring av Skatteetaten og Tolletaten
 - internasjonalt samarbeid på skatte-, toll- og avgiftsområdet
5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - finansinstitusjonane (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - verdipapirmarknaden og infrastrukturforetaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister m.m.)
 - eigedomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - finansiell stabilitet

Rapport

Økonomisk politikk og forvaltning av statsgjelda

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa er ei av hovudoppgåvene til Finansdepartementet, jf. nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. Sjå nærare i Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016* for ein nærare omtale av stoda i landets økonomi og utsiktene framover. I den årlege finansmarknadsmeldinga framgår departementets vurdering av korleis pengepolitikken vert utøvt.

Forvaltninga av statsgjelda har tidlegare vore omtalt i den årlege lånefullmaktsproposisjonen. For 2016 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2015–2016) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2016 (Gul bok)*. Meld. St. 1 (2015–2016) *Nasjonalbudsjettet 2016* inneheld ein generell omtale av gjeldsforvaltninga.

I Prop. 1 S (2014–2015) vart det varsla at departementet skulle sjå nærare på arbeidsdelinga mellom Noregs Bank og Finansdepartementet på statsgjeldområdet med sikte på å rein dyrke departementet si rolle som overordna, styrande eining og Noregs Banks rolle som utøvande eining innanfor ramma av eit mandat. Resultatet av dette er at departementet frå og med 2015 overførte alle dei operative oppgåvene på statsgjeldområdet til Noregs Bank. Banken skal utføre oppgåvene etter et mandat gitt av Finansdepartementet. Mandatet gjev banken i oppdrag å dekkje statens lånebehov slik dette er definert av departementet, samt forvalte uteståande statsgjeld.

Formuesforvaltning

Departementet rapporterte om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2014 i Meld. St. 21 (2014–2015) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2014*.

Meldinga drøfta fleire sider ved strategien, mellom anna ein brei gjennomgang av Folketrygdfondets forvaltning av SPN og SPU sine investeringar i kol- og petroleumsselskap. Vidare vart det vist til at departementet legg opp til å kome tilbake med ei vurdering av unoterte investeringar i eigedom og infrastruktur for SPU og SPN i meldinga om Statens pensjonsfond våren 2016. I meldinga vart det for SPU lagt opp til auke ramma for avvik frå referanseindeksen, målt ved forventta relativ volatilitet, frå 1 til 1,25 prosentening. Det vart òg lagt opp til å auke ramma for dei miljørelaterte investeringsmandata i SPU frå 30–50 mrd. kroner til 30–60 mrd. kroner. Meldinga inneheldt dessutan analysar av resultatata i forvaltninga for 2014 og ein brei omtale av arbeidet med ansvarleg forvaltning. Stortinget hadde meldinga oppe 5. juni 2014.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet har eit ansvar for effektiv ressursbruk i statsforvaltninga. Dette vert ivare-

teke mellom anna ved å fastsetje og forvalte sams prinsipp og normer for økonomistyring i staten (økonomiregelverket m.m.) og ved ulike tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i statlege verksemdar.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) har fullmakt til å forvalte hovuddelen av økonomiregelverket, med unntak for fagområdet etatsstyring, som framleis ligg til departementet. Finansdepartementet og DFØ legg til rette for fagleg utvikling og overføring av kompetanse om god verksemds- og økonomistyring i staten.

Finansdepartementet varsla i kap. 9 i Gul bok 2014 (Prop. 1 S (2013–2014)) at departementet ville utrede bruk av internrevisjon i statlege verksemdar. Etter ein omfattande høyringsrunde fastsette departementet i mai 2015 nye reglar på dette området. Med dei nye krava vil Finansdepartementet etablere meir forutseielege rammer og samstundes leggje til rette for auka bruk av internrevisjon i staten. Alle verksemdar med samla utgifter eller inntekter på meir enn 300 mill. kroner som ikkje allereie har ein internrevisjon, skal med jamne mellomrom vurdere om dei har behov for ein slik funksjon. Ein internrevisjon i staten skal følgje anerkjente standarder. Det overordna departementet skal ha tilgjenge til rapportane frå internrevisjonen.

Så langt har om lag ei av tre verksemdar i staten valt å føre verksemdsrekneskapene etter periodiseringsprinsippet. Standardene for periodiserte rekneskap i staten (SRS) er dynamiske og må verte regelmessig oppdaterte. I Gul bok 2015 kap. 7.6 vart Stortinget orientert om arbeidet med oppdatering av dei tilrådde standardene. Erfaringane frå innføring av ny standard kontoplan i staten har vore ei viktig kjelde i arbeidet. Eit forslag til endringar har vore på høyring, og Finansdepartementet har hausten 2015 fastsett oppdaterte standardar.

For verksemdar som veljer å føre periodisert rekneskap, har det til no vore tilrådd å følge SRS, jf. bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 3.4.2. Med verknad frå 1. januar 2016 er desse standardene fastsette som obligatoriske å følgje for alle som fører periodisert verksemdsrekneskap. Dette vil gjere slike rekneskap enklare å samanlikne. Sams standarder på dette området vil òg løyse dei utfordringane for revisjonen som Riksrevisjonen har peika på i Dokument 1 (2014–2015).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Finansdepartementet arbeider i fellesskap med å revidere krava til utgreiing av grunnlag

for statlege tiltak (utredningsinstruksen). Arbeidet er del av program for betre styring og leiing i staten, og føremålet er å gje forvaltninga eit best mogleg grunnlag for statlege tiltak. Ein revidert og forenkla utredningsinstruks med tilhøyrande rettleiar skal etter planen liggje føre i løpet av 2015. Instruksen skal vere enklare og meir konkret enn før, og det er sett fast minstekrav til utgreiing. Det vert stilt tydelege krav til at utgreiinga skal stå i forhold til kor omfattande tiltaket er, og kor mange som er berørt. Samfunnsøkonomisk analyse skal verte nytta i fleire saker enn før.

Skatte- og avgiftsområdet

Oppfølging av Skatteutvalet

Selskapsskatten i Noreg er høg i internasjonal samanheng. Eit ekspertutval leia av dåverande administrerande direktør i Statistisk sentralbyrå, Hans Henrik Scheel, vart bedt om å vurdere korleis selskapsskatten bør tilpassast den internasjonale utviklinga. Skatteutvalet la fram si utgreiing 2. desember 2014, jf. NOU 2014: 13 *Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi*. Utvalets konklusjon er at selskapsskattesatsen bør reduserast for at Noreg framleis skal vere eit attraktivt land for investeringar og næringsverksemd i ein internasjonal marknad. Utgreiinga var på 3 månaders høyring med frist 5. april 2015. Finansdepartementet følgjer opp utvalet i Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – en skattereform for omstilling og vekst*.

Høyring om endringar i eigeomsskattelova

Finansdepartementet sende 18. juni 2015 framlegg om fritak for eigeomsskatt på arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk på høyring. Høyringsfristen var 18. september 2015. Regjeringa vil vurdere innspela frå høyringa før ein tek endeleg stilling. Eit eventuelt framlegg til lovendring kan verte fremja våren 2016. Endringane vil då kunne få verknad frå og med skatteåret 2017.

Arbeidet med ny folkeregisterlov

Finansdepartementet sende 27. mars 2015 på høyring framlegg om ny folkeregisterlov. Høyringsfristen var 26. juni 2015. Framlegget om ny folkeregisterlov tek sikte på ein teknisk revisjon og fornying av gjeldande folkeregisterlov. Det har kome mange høyringsfråsegn, og forslaget er no til behandling i departementet.

Skatteforvaltningsprosjektet

Finansdepartementet sende 21. november 2014 framlegg om nye reglar for skatteforvaltning på høyring. Høyringsfristen var 2. mars 2015. Målet er å harmonisere og samordne skatteforvaltningsreglane i ei uttømmmande skatteforvaltningslov. I arbeidet med eit felles regelverk er det lagt vekt på at løysingane skal gje skattytarane betre rettstryggleik. Dei viktigaste endringsforslaga er i fastsettingsmodellen for formues- og inntektsskatt mv., moglegheit til å klage på bindande førehandsfråsegner, nye fristar for endring av fastsetjing og nye reglar om administrative reaksjonar (tilleggsskatt mv.). Departementet arbeider vidare med forslaget med sikte på å fremje proposisjon for Stortinget så snart som mogleg.

Opplysningsplikt om finansiell informasjon på skatteområdet

Departementet sende 27. mars 2015 på høyring eit notat om opplysningsplikt om finansiell informasjon på skatteområdet. Høyringsfristen var 26. juni 2015. Framlegg til lovendringar er fremja i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*. Opplysningsplikt for tredjepartar om finansiell informasjon på skatteområdet er regulert i fleire ulike føresegn i likningslova. Departementet foreslår at reglane vert samla i ei føresegn i likningslova kapittel 5 om opplysningsplikt for tredjepart. Det vert òg foreslått endringar som følgje av at Noreg har forplikta seg til å gjennomføre OECD sin nye internasjonale standard for automatisk utveksling av finansielle kontoopplysningar på skatteområdet, kjend som «the Common Reporting Standard» (CRS).

Nytt regelverk for kassasystem

Stortinget har ved lov 19. juni 2015 vedteke regjeringa sitt forslag i Prop. 120 LS (2014–2015) om eit nytt regelverk for kassasystem. Det nye regelverket skal bidra til å motverke skatte- og avgiftsundraging ved manipulasjon av kassasystem. Det vil òg betre konkurransevilkåra for lovlydige verksemder. Lov om krav til kassasystem (kassasystemlova), med verknad for leverandørar av kassasystem, tek til å gjelde frå 1. januar 2017, medan endringar i bokføringsføresegna med verknad for bokføringspliktige brukarar av kassasystem tek til å gjelde 1. januar 2019.

Ny klagenemndsordning på skatte- og avgiftsområdet – Skatteklagenemnda

Regjeringa føreslo i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015* ei samla klagenemndsordning for skatt og meirverdiavgift. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt framlegg. Føremålet med den nye skatteklagenemnda er å styrkje klageordninga på skatteområdet, betre rettstryggleiken og å styrkje dei skatte- og avgiftspliktige si tillit til at klagesakene vert behandla på ein god måte. Regjeringa tek sikte på at endringane skal gjelde frå 1. januar 2016 og at den nye skatteklagenemnda vert etablert 1. juli 2016.

Sjå kap. 1618 for ein nærare omtale av den nye ordninga.

Betre skatt- og avgiftsforvaltning

Regjeringa har sett i gang ei rekkje endringar i dei etatane som handterer skatt, avgift, toll og innkrevjing, og i oppgåvefordelinga mellom dei. Dette arbeidet er nærare omtalt under del I, kap. 2.2.

Forholdsmessig innbetaling av eingongsavgift

Frå 1. januar 2015 vart det innført ei ordning med refusjon av eingongsavgift når eit køyretøy vert eksportert. EFTAs overvakingorgan, ESA, har informert Finansdepartementet om at det etter ei førebels vurdering meiner at regelverket om eingongsavgift burde gjere det mogleg for personar busette i Noreg å betale inn ein forholdsmessig del av eingongsavgifta ved import. Departementet vil difor greie ut ytterlegare moglege endringar i regelverket – sjå omtale i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, punkt 9.4.2.

Høyring – meirverdiavgift – endringar i representantordninga

Finansdepartementet sende 30. juni 2015 på høyring eit framlegg om endringar i representantordninga i meirverdiavgiftslova. Eit avgiftssubjekt som ikkje har forretningsstad eller heimstad i meirverdiavgiftsområdet, skal registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret ved representant. Departementet gjer framlegg om å oppheve kravet til representant viss den næringsdrivande høyrer heime i ein stat som Noreg har avtale med om utveksling av informasjon og innkrevjing av meirverdiavgift. Endringane inneber ei modernisering av regelverket slik at det vert enklare å praktisere

for dei utanlandske næringsdrivande. Forslaget krev endringar i meirverdiavgiftslova.

Høyringsfristen var 30. september 2015. Departementet vil kome attende til Stortinget med ein lovproposisjon.

Nøytral merverdiavgift i helseforetaka

Eit framlegg om å innføre ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift i helseforetaka er sendt på høyring. Grunnlaget for framlegget er at meirverdiavgifta skapar ei konkurransevridning når helseforetaka kan produsere tenester med eigne tilsette utan meirverdiavgift, men vert belasta meirverdiavgift om tilsvarande tenester vert kjøpt frå private verksender. Avgifta kan difor oppmuntre til eigenproduksjon framfor kjøp av tenestene frå private tilbydarar.

I høyringsnotatet gjer ein framlegg om ei generell kompensasjonsordning som famnar investeringar. Det er òg skissert eit alternativ der investeringar ikkje er omfatta. Ein legg opp til at ordninga skal omfatte helseforetaka samt tolv private institusjonar med langsiktige driftsavtalar. For dei øvrige private leverandørane av helsetenester gjer ein framlegg om at kostnadsulempa på grunn av inngående meirverdiavgift vert nøytralisert ved at helseforetaka mottek ein sjablongmessig kompensasjon når dei kjøper helsetenester frå private leverandørar. Sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2015–2016), *Skatter, avgifter og toll 2016*, punkt 31.1.

Forslaget vart sent på høyring 1. juli 2015 med tre månaders høyringsfrist. Departementet vil kome attende til Stortinget om saka.

Fritak for meirverdiavgift for elbilar

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2014 vart det vedteke å fritta leasing av elbilar og omsetnad av batteri til elbilar for meirverdiavgift. Gjeldande fritak for omsetnad av elbilar og den vedtekne utvidinga til leasing av elbilar og omsetnad av elbilbatteri, vart notifisert til EFTA sitt overvakingsorgan, ESA, som 21. april 2015 godkjende fritaket. Fritaket vart satt i verk frå 1. juli 2015.

Fritak for meirverdiavgift for e-nyheter

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2015 ba Stortinget om at regjeringa notifiserte både eit fritak for meirverdiavgift (null-sats) og en låg sats på 8 pst. for e-aviser til EFTA sitt overvakingsorgan, ESA. I Revidert nasjonalbudsjett 2015 la regjeringa til grunn at den vil notifisere null-sats for alle nyheits- og aktualitetstenester som tekst, lyd og

bilete. I samråd med Kulturdepartementet arbeider Finansdepartementet med notifikasjonen med sikte på å sende den i 2015. Innføring av null-sats krev endringar i meirverdiavgiftslova – sjå Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*, punkt 8.3.

Grøn skattekommisjon

Grøn skattekommisjon vart satt ned for å vurdere om og korleis ein kan bruke avgiftsinsentiv med sikte på mindre utslepp av klimagassar, eit betre miljø og ei god økonomisk utvikling. Utvalet skal levere si innstilling innan 1. desember 2015.

Forsikringsavgift

Årsavgift for motorkøyretøy vert i dag forvalta av Tolletaten og Statens innkrevjingssentral. Av alle særavgifter er det årsavgifta som har dei største administrative kostnadene, fordi krava vert sende til eigarane av kvar einskild motorvogn. Finansdepartementet har sett i gang eit arbeid med sikte på at årsavgifta skal erstattast med ei avgift som vert pålagd forsikringsselskapa ved sal av obligatoriske ansvarsforsikringar på køyretøy. Ei slik endring vil gje mange fordelar, mellom anna meir effektiv ressursbruk. Samstundes vil endringa gje større fleksibilitet for bileigarane, til dømes ved kjøp av ny bil, eigarskifte, avregistrering og liknande, ved at bileigaren vert belasta for avgifta berre for den tida køyretøyet er forsikra. Den nye avgifta vil ha same struktur og nivå som dagens årsavgift, og den økonomiske belastninga på bileigarane vert truleg om lag som i dag. Saka har vore på høyring med frist 19. mars 2015. Basert på ein førebels gjennomgang av høyringsfråsegna legg Finansdepartementet opp til at innfasinga av den nye ordninga fyrst vil starte frå 1. januar 2017, slik at 2018 vert første året der det ikkje skal betalast årsavgift. Årsaka er at forsikringsselskapa treng tid til å gjere tilpassingar i sine IT-system.

Samla gjennomgang av køyretøy- og drivstoffavgiftene

Regjeringa har tidlegare varsla ein samla gjennomgang av bilavgiftene. Føremålet er å få på plass eit system som vil stimulere til ein nyare, sikrare og meir miljøvenleg bilpark. I budsjettavtala med Kristeleg Folkeparti og Venstre om 2015-budsjettet vart det avtalt at «partia i fellesskap skulle legge fram en omforent avtale om framtidens bil- og drivstoffavgifter». Resultata av

denne gjennomgangen vart lagt fram i Revidert nasjonalbudsjett for 2015, sjå Meld. St. 2 (2014–2015), kap. 4.2.

Finansmarknadsområdet

Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet har i stortingssesjonen 2014–2015 resultert i desse lovendringane og lovframleggane:

Stortinget vedtok 7. april 2015, etter framlegg i Prop. 125 L (2013–2014), *lov 10. april 2015 om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova)*. Lova inneheld reglar om løyve, organisatoriske reglar, generelle verksemdsreglar, reglar om sikringsordningar og soliditetssvikt og sanksjonsreglar for bankar, forsikringsselskap og andre finansforetak. Samenlikna med gjeldande rett inneheld lova nye kapitalkrav for forsikringsforetak (Solvens II), vidareføring av kapitalkrava for bankane, modernisering og utbygging av reglane om samarbeidsavtaler utanfor konsernforhold, regulering av namnebruk hos finansforetak, plikt for bankane til å handtere kontantar, og andre materielle endringar. Lova skal gjelde frå 1. januar 2016.

Stortinget vedtok 5. mai 2015, etter framlegg i Prop. 42 L (2014–2015) *Endringer i tjenstepensjonsloven mv. (uførepensjon)*, endringar i tenestepensjonslova. Lova inneheld rammer og reglar for skattefaviserte kollektive uførepensjonsordningar i privat sektor som er tilpassa hovudprinsippa i ny uføretrygd i folketrygda. Finansdepartementet arbeider no med utfyllande forskrifter til lova.

Stortinget vedtok 8. juni 2015, etter framlegg i Prop. 90 L (2014–2015), lov 15. juni 2015 nr. 45 *Endringer i sentralbankloven (organiseringen av Norges Bank)*. Lovendringa inneber at talet på visesentralbanksjefar vert auka frå ein til to, og talet på hovudstyremedlemmar vert auka frå sju til åtte. Lova inneber at ordninga med personlege varamedlemmer for medlemmer av representantskapet utgår, og at Stortinget skal oppnemne to faste varamedlemmer. Endelig inneber lova at hovudstyret får myndighet til å beslutte oppretting av dotterselskap som ledd i forvaltninga av SPU. Representantskapet sitt ansvar for å føre tilsyn med desse selskapa vert ikkje endra som følge av dette. Lova trer i kraft 1. januar 2016.

Finansdepartementet la 19. juni 2015 fram Prop. 142 L (2014–2015) *Lov om fastsettelse av referanserenter og lov om endringer i finanslovgivingen mv.* I lovproposisjonen vert det foreslått nye lovreglar om fastsetjing av såkalla referanserenter, teke inn i ei eiga ny lov om fastsetjing av

referanserenter. Det vert òg lagt fram forslag til endringar i fleire lover på finansmarknadsområdet. Mellom anna vert det foreslått ein lovheimel i finansforetakslova som gjev Finansdepartementet høve til å fastsetje forskrift med krav om lenke til nettbaserte prisportalar, så som Finansportalen, for finansinstitusjonar. Det vert òg foreslått endringar i verdipapirfondlova om høve til å kombinere ulike plasseringer overfor ein utsteder, og ein heimel til å gje reglar i forskrift om bruk av teknikkar for porteføljeforvaltning. Finanstilsynslova § 9 om utlikning av Finanstilsynets utgifter vert foreslått forenkla ved at graden av skjønn ved utlikning på dei institusjonane som er underlagde tilsyn, vert mindre. I tillegg la departementet fram forslag om ein forskriftsheimel i verdipapirhandellova for departementet til å fastsetje utfyllande reglar om tillegg til prospekt, og enkelte andre endringar i lover på finansmarknadsområdet. Proposisjonen er til handsaming i Stortinget.

Budsjett 2016

I kap. 2, del I av denne proposisjonen er det omtalt fleire prioriterte oppgåver for Finansdepartementet i 2016. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalte der, krev oppfølging i seinare år.

Økonomisk politikk

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa vil vere ei hovudoppgåve for Finansdepartementet også i 2015. Politikken og dei analysane han byggjer på, vil få ein brei omtale i dei løpande budsjett dokumenta til Stortinget. Sjå nærare omtale i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2015*.

Formuesforvaltning

Departementet sitt arbeid med fondet går ut på å utvikle den langsiktige investeringsstrategien til fondet, fastsetje og følgje opp retningslinjer for forvaltninga, herunder fondet si rolle som ansvarleg investor. I tillegg til eigne ressursar nyttar departementet eksterne fagmiljø i inn- og utland.

Arbeidet med å utvikle investeringsstrategien for fondet i 2016 tek utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 21 (2014–2015) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2014*. Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2014–2015) *Nasjonalbudsjettet 2016*.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Frå 2014 rapporterer statlege verksemder om utgiftene og inntektene sine etter kostnadsart, noko som gjev mykje meir detaljert informasjon enn berre kapittel og post. Finansdepartementet arbeider no saman med DFØ om å utvikle ei løysing for å presentere og formidle informasjon om staten sitt ressursbruk, henta frå statsrekneskapen. Det vert vist til omtale i Gul bok 2016 kap. 7.

Verksemdene i staten kan spare monalege beløp ved å ta i bruk administrative fellestenester i staten. DFØ sitt tilbod om friviljuge tenester på lønsområdet vert i dag brukt av om lag fire av fem statlege verksemder, medan to av tre verksemder får rekneskapstenester levert frå DFØ. Nye kunder hos DFØ betaler for seg med ei eingongsoverføring til DFØ, svarande til DFØs kostnader med å tilby tenestene. Finansdepartementet vil i 2016 be DFØ utvikle ein metodikk som verksemder som ikkje er kunder av DFØ, kan bruke til å samanlikne eigne administrative kostnader til løn og rekneskapsarbeid med kva ein ville spare på å bruke staten sine fellesløysingar.

I samarbeid med Institutt for statsvitenskap ved Universitetet i Oslo har Finansdepartementet utvikla eit eiga emne om etatsstyring på mastergradsnivå. Kurset er ein del av regjeringa sitt Program for betre styring og leiing i staten, og vil verte gjennomført i 2015/2016. Det samlingsbaserte kurset er innretta mot tilsette med ansvar for etatsstyring i departement og etatar, og vart raskt fullteikna.

Finansdepartementet si Faggruppe for etatsstyring legg grunnlaget for utveksling av løpande informasjon og bygging av kompetanse om styring av underliggjande verksemder på tvers i departementsfellesskapet. Gruppa har fire til seks møter i året, og samler leiingar med ansvar for etatsstyring frå alle departementa.

Finansdepartementet vil følgje opp arbeidet med å kvalitetssikre større statlege investeringsprosjekt, jf. omtale under kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring.

Skatte- og avgiftsområdet

Det generelle skattefritaket for offentlege innretningar
EFTA sitt overvakingsorgan, ESA har førebels vurdert at det generelle skattefritaket for staten, kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og Innovasjon Norge inneber statsstønad i strid med EØS-avtalen og at ei endring av skattelova kan løyse dette problemet. Sjå òg omtale av saka i

Prop. 121 S (2014–2015) *Kommuneproposisjonen 2016*. I tillegg har ESA stilt spørsmål om offentlege aktørar mottar ulovlege økonomiske føremøner i form av uavgrensa offentlege garantiar.

Saka er omfattande og arbeidskrevjande, mellom anna fordi EU/EØS-retten er dynamisk og såleis ikkje klår på kva type offentlege aktivitetar som må skattleggjast og kva som framleis kan drivast skattefritt innanfor kommunar, fylkeskommunar, staten og helseføretak. Norske styresmakter er i ein dialog med ESA om saka.

Meirverdiavgift og internasjonal transport

Oppmodingsvedtak nr. 482 (2014–2015) vart gjort av Stortinget 26. mars 2015 ved behandlinga av Dokument 8:93 S (2014–2015) og Innst. 148 S (2014–2015). Vedtaket lyd slik: «*Stortinget ber regjeringa på egnet måte legge til rette for at alle selskaper som driver transportvirksomhet i Norge, svarer merverdiavgift til den norske staten etter norske regler.*»

Etter gjeldande meirverdiavgiftsreglar er både innanlandsk person- og godstransport avgiftspliktig verksemd utan omsyn til om han vert utøvt av norske eller utanlandske transportørar. Det norske regelverket har som følgje at ein skal berekne utgåande meirverdiavgift av omsetnaden, medan verksemdene får frådrag for inngåande meirverdiavgift på kjøp av til dømes køyretøy og drivstoff. Andre land i EØS-området har tilsvarende reglar.

Omsetnad av transporttenester som finn stad i norsk meirverdiavgiftsområde, er friteke for meirverdiavgift når transporten skjer direkte til eller frå stader utanfor meirverdiavgiftsområdet. Fritaket omfattar både vare- og persontransport og er utforma etter dei same prinsippa som regelverket hos våre viktigaste handelspartnerar i EU. Med grunnlag i internasjonale avtaler er det på nærare vilkår fastsett av vegstyresmaktane at det er høve til å utføre kabotasje i Noreg. Oppdrag som vert utført som mellombels kabotasje, er ikkje omfatta av fritaket.

Etter Finansdepartementets vurdering er meirverdiavgiftsreglane i utgangspunktet nøytrale ved at norske og utanlandske transportørar må følgje dei same reglane, ved både innanlandsk og internasjonal transport. Gjeldande meirverdiavgiftsreglar bør difor vere godt tilpassa utviklinga i transportbransjen. Etter gjeldande meirverdiavgiftsregelverk må avgiftssubjekt som ikkje er etablert i Noreg, vere registrert med representant i det norske meirverdiavgiftsregisteret. Departementet hadde i 3. kvartal i 2015 på høyring eit forslag om at kravet om representant vert

oppeveha for avgiftssubjekt som er etablerte i ein EØS-stat som Noreg har inngått avtale med om utveksling av opplysningar og gjensidig hjelp med innkrevjing av meirverdiavgift. Desse avgiftssubjekta kan etter forslaget velje å verte direkte registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret. Dette vil gjere det enklare for denne gruppa å registrere seg i Meirverdiavgiftsregisteret. Saka vert fremja for Stortinget så raskt som mogleg.

Finansdepartementet meiner at utfordringane i transportnæringa fyrst og fremst er knytt til anna regelverk enn det som gjeld for meirverdiavgifta. Departementet vil likevel undersøkje nærare om det òg måtte finnast andre eigna måtar ein kan utvikle meirverdiavgiftsregelverket på. Departementet vil kome attende til saka når det er gjort nærare utgreiingar. Departementet ser òg at det kan vere behov for å finne løysingar for å betre kontrollen av transportnæringa. Vi viser her òg til omtalen av oppmodingsvedtak nr. 483 – kontroll med transportnæringa for å hindre skatteunndragingar – i proposisjonens del I, pkt. 4.4.

Finansmarknadsområdet

I 2016 vil mellom anna desse lovsakene krevje særleg innsats på finansmarknadsområdet:

Rettsakter frå EU

I EU er det dei siste årane vedteke ei rekkje EØS-relevante rettsakter på finansmarknadsområdet, mellom anna det nye kapitalkravsverket for bankar m.m., eit nytt krisehandteringsdirektiv, eit nytt innskotsgarantidirektiv, eit nytt solvensregelverk for forsikringsverksemd, eit konsolidert rekneskapsdirektiv, endringar i revisjonsdirektivet og ei ny forordning om revisjon av allmennyttige føretak. På verdipapirområdet er det mellom anna vedteke eit revidert direktiv og ei forordning om marknader for finansielle instrument (MiFID og MiFIR), rapporteringsdirektiv og marknadsmisbruksdirektiv. EU har òg vedteke eit nytt kvitvaskingsdirektiv. På betalingsområdet er det vedteke ei ny forordning om interbankgebyrer for kortbaserte betalingstransaksjonar, medan det for eit revidert direktiv om betalingstenester berre gjenstår formelt vedtak i Coreper (Committee of Permanent Representatives i Rådet) og publisering i EU Official Journal før endeleg direktiv føreligg.

Finansdepartementet vil også i 2016 arbeide med å gjennomføre EØS-relevante rettsakter i norsk rett. Det er mellom anna nedsett fleire lovutval som skal vurdere og kome med fremlegg om nye reglar i norsk rett for fastsetjing av kom-

mande EØS-reglar om rekneskap, kvitvasking, verdipapirar og revisorar.

Ein viktig del av EØS-arbeidet er den såkalla tilsynsbyråsaka. EU etablerte med verknad frå 1. januar 2011 ein ny sams tilsynsstruktur med eit «makrotilsyn» og tre «mikrotilsyn» på finansmarknadsområdet. I oktober 2014 vart det oppnått politisk einigheit mellom EU-landa og dei tre EØS-EFTA-landa om prinsippa for EØS-tilpassingar til rettsaktene som etablerer og gir kompetanse til tilsynsbyråa. EU-sida og dei tre EØS-EFTA-landa arbeider no saman med å utforme konkrete EØS-tilpassingar slik at desse forordningane kan takast inn i EØS-avtala. Det vil òg opne for at om lag 125 andre rettsaktar, som mellom anna refererer til tilsynsbyråa, kan verte innlemma i EØS-avtala.

Endringar i verdipapirfondlova som følgje av UCITS V-direktivet

Direktiv 2014/91/EU (UCITS V) vart vedteke i EU i juli 2014. Direktivet endrar direktiv 2009/65/EF (UCITS IV) om samordning av lover og forskrifter om føretak for kollektiv investering i omsettelege verdipapir. Endringane gjeld depotmottakarfunksjonar, godtgjering og sanksjonar m.m. EU-landa har frist til 18. mars 2016 med å fastsetje nasjonale reglar i tråd med direktivet. UCITS V-direktivet er enno ikkje teke inn i EØS-avtalen. I brev 25. november 2014 gav Finansdepartementet Finanstilsynet i oppdrag å lage eit høyringsnotat med forslag til regelendringar innan 1. september 2015. Finansdepartementet tek sikte på å sende høyringsnotatet på høyring på vanleg måte.

Nye reglar om handtering av kriser i finansinstitusjonar

I EU vart det i mai 2014 vedteke eit nytt direktiv om handtering av økonomiske problem i finansinstitusjonar, jf. direktiv 2014/59/EU. Målet med direktivet for krisehandtering er at ein betre skal kunne handtere kriser som oppstår, mellom anna slik at både små og store institusjonar skal kunne avviklast utan at det skaper finansiell ustabilitet, og utan å tyngje offentlege budsjett, jf. òg omtale i boks 3.6 i Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014*. Direktivet er enno ikkje teke inn i EØS-avtalen. Dette må ein sjå i samheng med arbeidet med å finne ei EØS-tilpassing til EUs nye finanstilsynsstruktur.

Det norske systemet for handtering av finansinstitusjonar som hamnar i økonomiske vanskar, er nedfelt i banksikringslova. Det er venta at Banklovkommisjonens utgreiing om banksik-

ringslova vert lagt fram om lag ved årsskiftet 2015/2016. Finansdepartementet tek sikte på å sende utgreiinga på høyring på vanleg måte.

Innskotsgaranti

I april 2014 vedtok EU eit nytt innskotsgaranti-direktiv, jf. direktiv 2014/49/EU. Banklovkommissjonens utgreiing om revisjon av banksikringslova vil òg inneholde framlegg til reglar om gjennomføring av EØS-reglar som svarer til innskotsgarantidirektivet.

Nye solvensreglar for forsikring (Solvens II)

Eit nytt solvensregelverk for forsikringsverksemd, Solvens II, vart vedteke i EU i 2009, jf. direktiv 2009/138/EF. Eit av måla med det nye regelverket er at forsikringsselskapa skal verte underlagde krav om avsetjingar og soliditet som speglar risikoen i forsikringsselskapa betre enn dei noverande reglane. Det har vore behov for å utvikle direktivet på fleire viktige punkt, mellom anna for å tilpasse regelverket til EU sin nye tilsynsstruktur og til nye reglar om langsiktige garantiar. Endringane vert gjort med direktiv 2014/51/EU, det såkalla Omnibus II-direktivet. Reglane skal i utgangspunktet og i hovudsak tre i kraft 1. januar 2016 i EU, men det er omfattande og langvarige overgangsreglar.

Solvens II-direktivet er teke inn i EØS-avtala, og hovudreglane i direktivet er gjennomført i den nye finansføretakslova, jf. Prop. 125 L (2013–2014). Lovreglane trer i kraft 1. januar 2016. Finansdepartementet fastsette 25. august 2015 nærare forskriftsreglar for å gjennomføre overgangsreglar og meir detaljerte direktivreglar. Forskriftsreglane er baserte på utkast frå Finanstilsynet, som var på høyring fram til mars 2015. Forskriftsreglane trer i kraft samtidig med lovreglane, det vil seie 1. januar 2016.

Forskrifter til finansføretakslova

Finansføretakslova inneheld ei rekkje forskriftsheimlar. Finansdepartementet har lagt til grunn at store delar av gjeldande forskriftsverk til finansieringsverksemdslova mv. inntil vidare kan vidareførast, jf. mellom anna finansføretakslova § 23-2. Det vil likevel vere behov for tilpassingar av forskriftene til den nye lova, og det vil på nokre område òg kunne vere behov for å fastsetje bl.a. overgangsreglar og andre utfyllande føresegner i forskrift. Finansdepartementet sende 3. juli 2015 på høyring eit høyringsnotat frå Finanstilsynet

med utkast til overgangsreglar mv. Finanstilsynet gjennomgår no det resterande forskriftsverk i medhald av lover som vert oppheva når finansføretakslova trer i kraft, og foreslår korleis desse bør vidareførast med heimel i finansføretakslova. Høyringsnotatet frå Finanstilsynet med utkast til forskriftsreglar mv. er venta innan 1. februar 2016. Finansdepartementet tek sikte på å sende forskriftsutkasta på høyring på vanleg måte.

Samfunnstryggleik og beredskap

På ansvarsområdet til Finansdepartementet skal det arbeidast systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapen for å kunne handtere ekstraordinære hendingar skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane har eit beredskapsplanverk for å kunne handtera uynskte hendingar.

Finansdepartementet har inngått ein utvida avtale for utflytting av verksemda i tilfelle departementet må evakuere G-blokka i regjeringskvartalet. Avtalen sikrar departementet kontor plassar og tilgang til fellesareal. Med denne avtalen er departementet betre i stand til å ta hand om avgjerande funksjonar etter ei evakuering. Alle viktige beredskapsplanar og varslingslistar vert oppdaterte jamleg.

Ei hovudutfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga ved lag slik at samfunnet får dekt behovet for betalingstenester. Finanssektoren vert meir og meir sårbar for svikt i drifta av IKT-system og i tilgangen på telekommunikasjon og straum, jf. skildringa i avsnitt 2.3.5 i Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014*. Dei seinare åra har det vorte arbeidd med å effektivisere og tilpasse beredskapen i finanssektoren med tanke på kor sårbart eit moderne betalingsystem er. I 2000 vart det såleis skipa eit eige beredskapsutval for finanssektoren (BFI). BFI skal sikre ei best mogleg samordning av beredskapsarbeidet i den finansielle infrastrukturen, og utvalet vurderer m.a. driftsstabilitet, risiko og sårbarheit. Utvalet skal kome fram til og samordne tiltak for å førebyggje og løyse krisesituasjonar og andre situasjonar som kan gje store forstyrringar i den finansielle infrastrukturen. Medlemmene i utvalet representerer dei mest sentrale aktørane i den norske finansinfrastrukturen. Finanstilsynet har ansvaret for leiing og sekretariat. Finansdepartementet er observatør på møta.

I fyrste halvdel av 2015 var det to ordinære møter i BFI, og eit til er planlagt seinare i 2015. Det er òg planlagt ei øving i utvalet i 2015, slik som i tidlegare år. Det er planlagt minst like stor aktivitet i 2016.

Finansdepartementet, Noregs Bank og Finanstilsynet arbeider jamleg med overvaking og regelverksutvikling for å medverke til finansiell stabilitet.

Finansdepartementet har dei seinare åra rapportert til Stortinget om utsiktene for finansiell stabilitet: i finansmarknadsmeldinga (som kjem i april/mai), i nasjonalbudsjettet (som kjem i oktober) og i revidert nasjonalbudsjett (som kjem i mai). Mange av tiltaka på dette området skjer gjennom regelverksutviklinga. I den siste finansmarknadsmeldinga, Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014*, er det i kapittel 5 gjort greie for regelverksendringar i 2014. Kapittel 3 i meldinga handlar om ein heilskapleg politikk for finansmarknaden og gjev mellom anna eit oversyn over nokre av dei verkemidla styresmaktene tek i bruk for å sikre god handsaming av risiko og eit godt kundevern på finansmarknaden. Avsnitt 3.2.5 handlar om sikring av elektroniske system. Finansdepartementet har gjort greie for utsiktene og arbeidet for finansiell stabilitet i kapittel 2 i meldinga.

Også Noregs Bank og Finanstilsynet publiserer jamleg rapportar om utsiktene for finansiell stabilitet og om risikotilhøva i finanssystemet. Noregs Bank legg fram «Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet» fire gonger i året, og rapportane «Finansiell stabilitet» og «Finansiell infrastruktur» ein gong i året. Finanstilsynet legg fram to årlege rapportar om utsiktene for finansiell stabilitet, kalla «Finansielt utsyn» og «Finansielle utviklingstrekk», og ein årleg rapport om arbeidet med IKT-tryggleik i finanssektoren («Risiko- og sårbarhetsanalyse»).

Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandlar store informasjonsmengder, inkludert folkeregisteret som er eit sentralt grunndataregister for personinformasjon. Regjeringa gjer framlegg om at Skatteetaten i 2016 startar ei modernisering av folkeregisteret, sjå eigen omtale under kap. 1618 Skatteetaten. Moderniseringa skal mellom anna gje betre informasjonstryggleik. Moderniseringsarbeidet er venta å ta om lag fire år, men tryggleiken i det noverande registeret vert løpande vurdert etter det trugselbiletet som gjeld.

Skatte- og avgiftsforvaltninga behandlar store deler av staten sine inntektsstraumar. Omfattande og langvarige brot i betalingsformidlinga vil kunne ha store konsekvensar. Finansdepartementet har i 2015 følgd opp Skatteetatens beredskap på dette området særskild.

Eit av hovudmåla med flyttinga av oppgåver frå Tolletaten til Skatteetaten er å leggje til rette for ein betre grensekontroll. Regjeringa gjer framlegg om at Tolletatens grensekontroll skal styrkjast gjennom tre satsingsområde: elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar, auka bemanning, inkludert døgnbemanning på to av dei største landevegs grenseovergangane, og styrkt etterretnings- og analysekapasitet. Denne styrkinga vil auke etatens bidrag til samfunns-tryggleiken.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. Finansdepartementet hadde per 31. desember 2014 ei bemanning som svarer til 290 årsverk. Lønsutgifter m.m. utgjer om lag 76 pst. av budsjettet. Av andre driftsutgifter utgjer lokalleige den største einskildposten. For 2016 føreslår departementet ei løyving på 332,9 mill. kroner. Utgiftene til Etikkrådet vil auke ein del i 2016, jf. nærare omtale under post 21 nedanfor, og det er òg behov for IKT-fornyingar. Utover dette er det lagt opp til om lag same aktivitetsnivå som i 2015

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar hovudsakleg utgifter til forskingsoppdrag, utgreiingsarbeid og ein del særlege innkjøp. Forskingsmidlane vert særleg brukte til program i regi av Noregs forskingsråd, m.a. knytte til skatteøkonomi.

Løyvinga dekkjer òg utgifter til kjøp av utviklingstenester frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Ei viktig oppgåve som SSB utfører for departementet, er å halde ved like det økonomiske modellapparatet som vert brukt i arbeidet med den økonomiske politikken. Med verknad frå 2016 av vert godtgjersla her handsama likt med andre oppdrag, ved at det vert lagt til eit tillegg for indirekte kostnader.

Midlane på posten vert òg brukte til ei rekkje særskilte utgreiingsoppgåver, m.a. kjøp av eksterne konsulenttenester i samband med departementet si oppfølging av Statens pensjonsfond. Etikkrådet er administrativt ein del av Finansdepartementet. Det gjev råd til Noregs Bank om utelukking og observasjon av verksemder. På grunnlag av Stortingets handsaming av Meld. St. 21 (2014–2015) *Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2014*, vil utgiftene til Etikkrådet auke mona-

leg fordi ein skal ta i bruk to nye kriterium for observasjon og utelukking.

For 2016 føreslår departementet ei løyving på 61,6 mill. kroner. Det er rekna med større utgifter til Etikkrådet og til kjøp av tenester frå SSB enn i 2015.

Finansdepartementet får refusjonar frå andre offentlege verksemdar som departementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1600, post 21 *Spesielle driftsutgifter* med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 70 Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden

I samband med statsbudsjettet for 2002 vart det vedteke å bruke ein del av provenyet frå omdanning og sal av Oslo Børs til å skipe eit finansmarknadsfond med ei fondsavsetning på 90 mill. kroner (Finansmarknadsfondet). Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verkemåten til finansmarknadene, mellom anna regulering av marknader og marknadsaktørar, og å fremje innsikt og auke medvitet om etikk på finansmarknadsområdet. Fondet skal medverke til forskning, utdanning og allmenn opplysning om finansmarknadsspørsmål.

Fram til utgangen av 2012 var kapitalen i Finansmarknadsfondet plassert som kontolån til staten. Fondsutbyttet vart ført som inntekt i statsbudsjettet og gav grunnlag for ei utgiftsløyving til dei nemnde føremåla. Utbyttet frå fondskapitalen året før vart ført som inntekt i statsbudsjettet året etter.

I samband med statsbudsjettet for 2013 vart det vedteke å skipe ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet, slik at sjølve fondet vart avvikla 1. januar 2013. Fondskapitalen vart tilført statskassa og erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013, sjå side 48–50 i Prop. 1 S (2012–2013) for Finansdepartementet. Med den nye løyvingmodellen legg ein opp til å halda tildelingane om lag like store som dei var under den tidlegare modellen, målt i faste prisar. For 2012, siste gongen med den tidlegare modellen, vart det løyvd 11,8 mill. kroner.

For 2016 føreslår departementet i samsvar med modellen ei løyving på 13,4 mill. kroner på kap. 1600, post 70.

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane vert ikkje opplåra endå det er gjort mykje for å finna ut kva dei kjem av. Det hender òg at beløp vert tilviste og posterte feil i statsrekneskapen, og at feilen fyrst vert funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett postering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at den rekneskapen òg vert galen. Slik Finansdepartementet ser det, er det mest korrekt at uopplåra differansar og andre feil vert retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuvingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingerekneskapen det året rettinga vert gjort. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å opplåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98), å gje Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjett dokumenta kvart år sidan. Departementet gjer framlegg om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2016, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.

Arv til frivillig verksemd – postering av inntekter

Staten har inntekter frå dødsbo der avdøde ikkje har arvingar («herrelaus arv»). Fram til no har inntektene frå slik arv vorte inntektsført på kap. 5506 *Avgift av arv og gaver*, post 70 *Avgift*. Frå 2016 vert det etablert ei ny tilskottsordning under Kulturdepartementet som inneber at arven skal tilkome frivillig verksemd. Det vert vist til nærare omtale i Prop. 1 S (2015–2016) for Kulturdepartementet. I samband med den nye tilskottsordninga vert det lagt opp til at inntektene frå slik arv i vert inntektsført på nytt kap. 5502 *Arv til frivillig virksomhet*, post 70 *Arv til frivillig virksomhet*, frå og med 2016. Inntektene varierer mykje frå år til år, og det vert ikkje no foreslått ei løyving på posten for 2016. Posten vert oppretta i statsrekneskapen når det kjem inntekter.

Kap. 4600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
02	Diverse refusjonar	2 560	499	700
16	Refusjon av foreldrepengar	4 446		
18	Refusjon av sjukepengar	2 630		
95	Fondskapital	52 332 575		
	Sum kap. 4600	52 342 211	499	700

Post 02 Diverse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemdar som Finansdepartementet samarbeider med.

Kap. 1602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	337 833	328 172	333 100
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	11 885	10 200	18 500
	Sum kap. 1602	349 718	338 372	351 600

Føremål og hovudoppgåver

Oppgåvene til Finanstilsynet er fastlagde i lov 7. desember 1956 nr. 1 om tilsyn med finansinstitusjoner mv. (finanstilsynslova), og dei ulike særlovene for områda under tilsyn. Finanstilsynslova § 1 slår fast kva for institusjonar det skal førast tilsyn med, og i § 3 er det gitt nokre overordna føresegner om verksemda til Finanstilsynet:

«Tilsynet skal se til at de institusjoner det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for institusjonens opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at institusjonene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»

Finanstilsynet vedtok i desember 2014 ein overordna strategi for perioden 2015–2018. Hovudmåla til Finanstilsynet etter denne strategien er «... å bidra til finansiell stabilitet og velfungerende markeder ...». I strategien er dette konkretisert i dei følgjande delmåla:

- Solide og likvide finansinstitusjonar
- Robust infrastruktur
- Investorvern
- Forbrukarvern
- Effektiv krisehandtering

For å nå måla for verksemda bruker tilsynet ei rekkje verkemiddel, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Verkemidla er:

- Tilsyn, overvaking og kontroll
- Forvaltning
- Regelverksutvikling
- Informasjon og kommunikasjon

Det er ein nær samanheng mellom finansiell stabilitet og velfungerande marknader, og dei er naudsynte for å sikre tillit til det finansielle systemet, ei stabil økonomisk utvikling og for å verne brukarane av finansielle tenester. Finansiell stabilitet inneber at det finansielle systemet kan handtere uro og uventa sjokk, og utføre funksjonane sine slik at det ikkje oppstår store negative konsekvensar for resten av økonomien. Velfungerande marknader bidreg til effektiv allokering og prising av kapital og risiko, og av finansielle tenester.

Finanstilsynets viktigaste verkemiddel for å bidra til finansiell stabilitet er tilsynet med at institusjonane, og særleg bankane, er robuste. Dette arbeidet må prioriterast høgt. Omsynet til forbrukarane sine interesser skal stå sentralt i planlegging og gjennomføring av tilsyn, og ved utarbeiding av regelverk. Det skal leggjast særleg vekt på å følgje opp krav til god forretningsskikk. Godt forbrukarvern er viktig for den einskilde forbrukar og for tilliten til finansinstitusjonane. Både gjennom endring i føremålsparagrafen i finansstil-

synslova i 2012 og i nytt europeisk regelverk er det ein klår trend at forbrukarvern får auka betydning. Finanstilsynet skal difor prioritere arbeidet med forbrukarvern høgt. Med dette som utgangspunkt og basert på utviklingstrekka i finansmarknadene, set Finansdepartementet nærare mål for verksemda i kvart enkelt år gjennom tildelingsbrev, som er gjeve på bakgrunn av budsjett dokumenta og føringar frå Stortinget.

Finanstilsynet er leia av eit styre på fem medlemmar, supplert med to representantar frå dei tilsette ved behandling av administrative saker. Medlemmane og varamedlemmane vert peika ut av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Per 31. desember 2014 hadde verksemda ei bemanning tilsvarande 263 årsverk.

Rapport 2014

Nedanfor følgjer ei nærare omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2014.

Tabell 6.1 Ressursbruk i Finanstilsynet, fordelt på tilsynsområde

Tilsynsområde	Rekneskap 2013		Rekneskap 2014		Plantal 2015	
	Årsverk	Prosent	Årsverk	Prosent	Årsverk	Prosent
Bankar	66,0	25,4	69,4	26,5	67,4	26,2
Finansieringsselskap	3,6	1,4	3,7	1,4	2,7	1
Betalingsføretak	2,7	1,0	-	-	2,6	1
Kredittføretak	3,5	1,3	3,9	1,5	3,2	1,2
Prospektkontroll	10,5	4,0	10,5	4,0	10,2	4
Forsikringselskap	47,0	18,1	48,7	18,6	44,2	17,2
Holdingselskap	2,1	0,8	2,4	0,9	2,6	1
Pensjonskasser og -fond	9,8	3,8	9,9	3,8	8,1	3,2
Verdipapirmarknaden	57,0	21,9	52,9	20,2	57,7	22,5
Eigedomsmekling	9,6	3,7	9,4	3,6	8,6	3,4
Inkassoføretak	4,1	1,6	3,1	1,2	3,4	1,3
Revisorar	16,9	6,5	17,7	6,8	16,9	6,6
Rekneskap generelt	-	-	-	-	0	0
Rekneskapsførarar	14,5	5,6	13,6	5,2	13,8	5,4
Rekneskapskontrollen	10,7	4,1	12,2	4,7	13,6	5,3
Andre	2,3	0,9	4,5	1,7	1,9	0,7
Sum	260,3	100	261,9	100	259,9	100

Allment

Summen av årsverk i Finanstilsynet har gått noko ned i 2014, jf. tabell 6.1. Bruken av ressursar i prosent på dei fleste tilsynsgruppene var likevel tilnærma uendra frå 2013 til 2014, med unntak av bankar, som hadde ein liten oppgang, og forsikringsselskap, som hadde ein liten nedgang i ressursbruken.

Dyktige og kompetente medarbeidarar er den viktigaste ressursen til Finanstilsynet, og det er avgjerande for godt tilsyn. God leiing, effektiv organisering av arbeidet, målretta rekruttering og kompetanseutvikling må ha høg prioritet. I tillegg prioriterer tilsynet utvikling av tekniske løysingar for å auke effektiviteten og betre grunnlaget for tilsynsarbeidet.

Finanstilsynet har sett opp konkrete mål for saksbehandlingstida for eit utval forvaltningssaker og for tilsynsrapportar og -merknader. For dei fleste forvaltningssakene er målet at 90 prosent skal vere ferdig behandla innan 30 dagar. For enkelte kompliserte sakstypar er det sett lengre fristar. Fristen for tilsynsrapportar og -merknader varierer noko mellom dei ulike tilsynsområda.

Finanstilsynet legg vekt på at det har eit ansvar for å stille strenge krav til tryggleik og kontroll i føretak under tilsyn og å halde god kriseberedskap. Dette gjeld i eigen organisasjon og for andre som tilsynet samarbeider med. Arbeid med tryggleik og beredskap er difor ein integrert del av verksemda.

Finanstilsynet gjennomfører regelmessige brukarundersøkingar blant føretak under tilsyn. Siste undersøking vart gjort i 2013.

For å følgje utviklinga og avdekkje problem tidleg, gjennomfører Finanstilsynet forskjellige stresstestar, analysar og inspeksjonar. Tematilsyn, dokumentbasert tilsyn og stadlege tilsyn er viktige verkemiddel. Til dømes gjennomførte Finanstilsynet i 2014 213 stadlege tilsyn, inkludert 22 IT-tilsyn, medan talet i 2013 var 252.

Nedanfor følgjer ei kort oversikt over aktiviteten i 2014 ut frå delmåla i strategien som gjaldt i perioden 2010–2014. Ein meir detaljert gjennomgang finst i Meld. St. 21 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014*.

Solide og likvide finansinstitusjonar

Finanstilsynet gjer årleg ei vurdering av risikonivået til utvalde bankar og av samla kapitalbehov. I vurderingane av soliditeten til bankane i 2014 vart det gitt tilbakemeldingar til større og til risikoutsette institusjonar om behov for ytterlegare

soliditetsbygging for å møte nye minstekrav og bufferkrav med god margin. Likviditetsrisikonivået har vorte peikt på i rapportar etter inspeksjonar i institusjonar som har hatt indikasjonar på høg likviditetsrisiko. Retningslinene for bustadlån vart følgde opp som ein del av ordinære tilsyn. For enkelte bankar vart det påpeikt eit potensial for betre etterleving av retningslinjer for lån til bustader.

Finanstilsynet la i januar 2014 fram forslag til tilpassingar i kapitalkravsregelverket til det nye europeiske kapitalregelverket, CRD IV/CRR. Forskriftsendringane vart vedtekne med effekt frå tredje kvartal 2014.

Oppfølging av planar for opptrapping, bruk av kundeoverskot m.m. for livsforsikringsselskap og pensjonskassar som følgje av ny dødelegheitstareff, er ein integrert del av tilsynets verksemd. Alle forsikringsselskapa har sendt inn eigenvurdering av risiko og solvens. Vidare utvikling av tilsynsmetodar og førebuingane til nytt soliditetsregelverk (Solvens II) held fram, og dette omfattar òg førehandsdialog om interne modellar og vurdering av korleis ein skal følgje opp tekniske avsetningar. I andre halvår 2014 fekk Finansdepartementet forslag til forskrift om gjennomføring av Solvens II med overgangsreglar.

Kapitaldekning, risikoforhold og økonomisk utvikling i verdipapirføretak og forvaltningsselskap vart følgde opp kvart kvartal. Fleire mindre føretak på verdipapiriområdet vart varsla om tilbakekall av løyve etter brot på reglane, men i alle tilfella vart forholda retta opp.

Nye regelverk (CRD IV, Solvens II, AIFM m.m.) medfører eit betydeleg arbeid, med store krav til ressursbruk og kompetanse. Førebuingane til ny rapportering er omfattande og teknisk utfordrande. I 2014 var innføring av ny CRD IV-rapportering spesielt krevjande.

Gjennomføringa av IMF sitt Financial Sector Assessment Program (FSAP) i andre halvår 2014 (og inn i 2015) var ressurskrevjande og medførte noko redusert kapasitet til andre oppgåver. Internasjonal deltaking i utviklinga av nytt regelverk, nordisk samarbeid og leiing/deltaking i tilsynsamarbeid gjennom tilsynskollegium vart gjennomført som planlagt.

God overvaking av risiko i økonomi og marknader

Vurderingar av utsikter til moglege finansielle stabilitetsproblem vart lagde fram i rapporten *Finansielt utsyn* i fyrste halvår og i *Finansielle utviklingstrekk* i andre halvår.

Marknadsdata på aggregert nivå om emisjonar og handel i aksjar og obligasjonar vert samanlikna

kvart kvartal. Kvartalsrapportane gjev eit bilete av utviklinga over tid og vert utarbeidd for interne føremål.

Soliditeten til bankane er styrkt, men Finanstilsynet har gjeve uttrykk for at norske bankar må auke eigenkapitalen ytterlegare for å møte økonomisk usikre tider og komande regulatoriske krav.

Det er gjennomført ei kartlegging av obligasjonsmarknaden med særleg vekt på high yield-segmentet (høgrenteobligasjonar). Denne vil vere grunnlag for vidare oppfølging. Auka grad av finansiering i obligasjonsmarknaden er eit av utviklingstrekk som Finanstilsynet vil følgje nøye framover.

Forbrukarvern gjennom god informasjon og rådgjeving

Analysar av usikra forbruksgjeld og oppfølging av etterleving av regelverk for produktpakkar er gjennomført. Det er gjort ei undersøking blant alle kredittytarane for å få oversyn over oppfølginga av retningslinjene for fakturering av kredittkortgjeld.

Krava til rådgjeving og informasjon ved frivillig overgang til investeringsval for fripolisar vart følgde opp. Det er vidare gjennomført ei kartlegging av returprovisjonar i kapitalforvaltninga i forsikringsselskap.

Det er gjennomført ti stadlege tilsyn i verdipapirføretak. Undersøkingane vart primært retta mot sals- og rådgjevingssjems. Det er fatta eitt vedtak om tilbakekall av løyve grunna lovbrøt. To føretak har levert tilbake løyva sine etter stadlege tilsyn.

I tilsynet med eigedomsmeklarane vart det lagt vekt på etterleving av reglar som er særleg viktige for forbrukarane, som klientmiddelforvaltning, formidling av nybygg og bodprosess.

Skikka leiing og tilfredsstillande verksemdstyring i føretaka

Vurderingar av leiande tilsette vert gjort løpande ved behandling av konsesjonssøknader og ved meldingar om endringar i leiinga.

Føretaka si verksemdstyring og tiltak for å sikre etterleving av lovgivinga er vigd særleg merksemd under dei stadlege tilsyna på alle tilsynsområda. Omfanget av stadlege tilsyn ligg stabilt som i tidlegare år.

Finanstilsynet brukte i 2014 ressursar på FATF sin gjennomgang av det norske regelverket og praksis for oppfølging av tiltak mot kvitvasking. Svak etterleving av kvitvaskingsregelverket er

påpeikt overfor fleire av bankane som hadde tilsyn i 2014.

I arbeidet med forsikringsselskapa er det gjennomført ei dokumentbasert kartlegging av 15 av selskapa si etterleving av kvitvaskingsregelverket.

Lov om forvaltning av alternative investeringsfond (AIF) tredde i kraft 1. juli 2014. Før årsskiftet vart det gjeve 15 løyve etter AIF-lova.

Robust infrastruktur som sikrar trygge betalningar, handel og oppgjjer

Finanstilsynets årlege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) oppsummerer arbeidet med IKT-tryggleik i finanssektoren i det føregåande året og korleis enkeltføretak og bransjen etterlever regelverket.

Finanstilsynet observerer at fleire store finansføretak gjennomfører, eller vil gjennomføre, omfattande endringar i IT-verksemda si, både på system- og driftssida. Generelt kan slike endringar føre til auka operasjonell risiko.

Finanstilsynet har ein løpande oppfølging av rapporteringa av hendingar, slik at tiltak mot svikt i betalingssystema raskt kan vurderast og setjast i verk. Risikostyring og beredskap i samband med IKT er følgde opp gjennom IT-tilsyn.

Det har vore kontaktmøte og tilsyn i fleire delar av infrastrukturen på verdipapiriområdet for å følgje utviklinga og endringane i rammevilkåra for føretaka.

Tilstrekkeleg og påliteleg informasjon

Aktiviteten på prospektområdet har vore høg i perioden, med 53 kontrollerte aksjeprospekt, av desse 24 nynoteringar, og 194 obligasjonsprospekt. 65 årsrekneskapar og 24 halvårsrekneskapar vart kontrollerte.

Det er gjennomført fleire tilsyn med dei største revisjonsselskapa, to av dei i samarbeid med amerikanske tilsynsmyndigheiter. Ei viktig prinsipp sak kva for eit ansvar konsernrevisor har for gjennomgang av revisjonen av eit vesentleg dotterselskap, er avgjort.

God marknadsåtferd

Basert på signal og innrapporteringar frå marknadsplassar og verdipapirføretak har Finanstilsynet undersøkt moglege brot på åtfersreglar, så som innsidhandel og marknadsmanipulasjon. Fleire saker der undersøkingane har gjeve grunn til mistanke om straffbare forhold, er sende til påtalemyndigheiten. I tillegg er mange

flagge- og meldepliktsaker følgde opp og sanksjonerte.

Forslag til utforming av ei offentlegrettsleg regulering av Nibor og vurdering av referanserenter i Noreg vart sendt departementet i mars 2014. Forslaget omfatta lovkrav til forsvarleg organisering av fastsetjing av allment brukte referanserenter og påleggskompetanse til Finanstilsynet ved brot på kravet om forsvarleg organisering.

Effektiv krisehandtering

Det har vore arbeidd med gjenopprettingsplanar og avviklingsplanar for dei største bankane i tilsynskollegium. Finanstilsynet deltek i Banklovkommisjonen sitt arbeid med nye reglar for krisehandtering, og tilsynet følgjer arbeidet i EBA, EIOPA og ESMA på dette området.

Finanstilsynet har testa bankane sine evner til å tilfredsstille krava frå Bankenes sikringsfond om rask tilgang på informasjon om bankanes kundansvar i ein krisesituasjon.

Arbeidet i Beredskapsutvalget for finansiell infrastruktur (BFI) og rapportering om hendingar legg til rette for effektiv behandling av svikt i infrastrukturen. Handsaming av slik svikt er øvt på i beredskapsøvingar.

Budsjett 2016

Finanstilsynet må til kvar tid, innanfor gjeldande budsjettamme, prioritere oppgåver som bidreg til å nå hovudmåla finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

For å sikre den finansielle stabiliteten, skal Finanstilsynet mellom anna peike på utviklingstrekk i økonomi, marknader og institusjonar som kan truge den finansielle stabiliteten, og rapportere jamleg om utviklinga til allmenta og Finansdepartementet. Stadlege og dokumentbaserte tilsyn med institusjonane som òg leiar til konkrete tilbakemeldingar til institusjonane, er viktige verkemiddel for å nå hovudmåla. Finanstilsynet skal òg på eige initiativ setje i verk tiltak overfor enkeltinstitusjonar der det er naudsynt og i tråd med regelverket som Finanstilsynet forvaltar.

Finansdepartementet vil i tildelingsbrevet for 2016 stille opp mål for dei einskilde oppgåvene tilsynet har.

Den føreslåtte løyvinga skal brukast i samsvar med strategien og oppgåvene til tilsynet. Departementet føreslår å setje budsjettamma til Finanstilsynet for 2016 til 351,6 mill. kroner. Reelt er driftsbudsjettamma om lag som for 2015. Finanstilsynet må prioritere strengt innanfor ramma for å følgje opp dei ulike tilsynsområda som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2016 føreslår departementet å løyve 333,1 mill. kroner. Finanstilsynet får stadig nye og endra oppgåver. Den internasjonale finanskrisa har ført til eit nytt og komplekst rammeverk for finansnæringa, som krev ein betydeleg ressursinnsats frå Finanstilsynet. Dette vil påverke utføringa av dei løypande oppgåvene til tilsynet i det norske finansmarknaden, og medføre nye oppgåver som følgje av internasjonalt regelverk og nasjonale tilhøve. Tilsynet må til kvar tid kunne løyse aktuelle oppgåver innanfor løyvingsramma. Finanstilsynet må òg arbeide for å sikre rasjonell og effektiv drift. I framlegget er det òg teke høgd for eit mogleg arbeid med nye løysningar for handsaming av finansstatistikken og arbeidsdelinga for denne.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema i Finanstilsynet. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar og utvikling av IT-system som støtte for tilsynsarbeidet. For 2016 gjeld det mellom anna vidare arbeid med å tilfredsstille europeiske rapporteringskrav og leggje til rette for naudsynt analyse. Finanstilsynet vil, forutan å fortsetje arbeidet med rapporteringskrav som gjeld CRD IV og Solvens II, arbeide for å delta i eit sams nordisk utviklingssamarbeid for innrapporteringsløyving på verdipapiriområdet.

For 2016 gjer departementet framlegg om å løyve 18,5 mill. kroner, mot 10,2 mill. kroner i saldert budsjett 2015. I samband med nokre av prosjekta som er nemnde over, kan det vere behov for å tinge meir enn det som er løyvd. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 10 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak V.

Kap. 4602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
03	Prospektkontrollgebyr	7 878	9 990	10 200
16	Refusjon av foreldrepengar	3 291		
18	Refusjon av sjukepengar	3 088		
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	12 963	500	500
	Sum kap. 4602	27 220	10 490	10 700

Post 03 Prospektkontrollgebyr

Posten omfattar gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. Kostnadene som Finanstilsynet har til prospektkontrollen, vert dekte ved at utskrivaren betaler eit gebyr til Finanstilsynet.

Finanstilsynet skal sjå til at gebyr i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved prospektkontrollen, og at inntektene så langt mogleg kjem same året som kostnadene. I 2014 var likevel kostnadene om lag 14,2 mill. kroner, medan inntektene berre utgjorde om lag 7,9 mill. kroner.

Eventuelle avvik mellom dei ilagde gebyra og Finanstilsynets kostnader, vert fordelte året etter på dei noterte utskrivarføretaka, anten som ei tilleggsutlikning eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter. Slike etterut-

rekningar vert av praktiske årsaker førde på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet*, *tilskot frå tilsynseiningane*.

Post 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.

Posten omfattar inntekter frå vinningsavståing for brot på verdipapirhandelleva. Her vert det dessutan ført inntekter frå gebyr som er ilagde ved for sein innlevering av rekneskap eller brot på føresegnene om melde- og flaggeplikt i verdipapirhandelleva. Dessutan kan ein her føre ein del andre regelbrotsgebyr som Finanstilsynet har lovfesta rett til å ileggje. Inntekter som vert førde på denne posten, kan ikkje disponerast av Finanstilsynet.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	308 693	335 900	341 000
	Sum kap. 5580	308 693	335 900	341 000

Utgiftene til Finanstilsynet vert fullt ut dekte av institusjonane som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Inndeckninga er heimla i finanstilsynslova § 9. Det samla tilskotet frå tilsynseiningane i 2016 er budsjettert til 341 mill. kroner. Utrekninga og betalinga av tilskotet frå kvar tilsynseining skjer etterskotsvis. Grunnen er at det samla utlikningsbeløpet

ikkje vil vere klart før årsrekneskapen ligg føre, og at oversynet over kva for einingar som det skal utliknast på, fyrst ligg føre når året er omme.

Framlegget for kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet, post 70 Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane, er basert på dei utgiftene som ein reknar med at tilsynet vil ha i 2015.

Dette omfattar både utgiftene over kap. 1602 *Finanstilsynet* og Finanstilsynets del av posterin-gane på kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meir-*

verdiavgift. Til frådrag kjem inntektene på kap. 4602 *Finanstilsynet*, post 03 Prospektkontroll-gebyr.

Kap. 1605 Direktoratet for økonomistyring

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	368 775	336 254	326 100
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	9 215		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	22 074	15 900	24 700
	Sum kap. 1605	400 064	352 154	350 800

Føremål, hovudmål og organisering

Direktoratet for økonomistyring (DFØ) er statens ekspertorgan for økonomi- og verksemdsstyring i staten. Med utgangspunkt i Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten (økonomiregelverket) skal DFØ leggje til rette for god styring. DFØ skal syte for ei heilskapleg tilnærming på området.

Visjonen til direktoratet er effektiv ressursbruk i staten.

Hovudmåla for DFØ er å leggje til rette for føremålstenlege fellesløysingar og god styring i statlege verksemdar. DFØ skal:

- forvalte økonomiregelverket i staten (så nær som føresegnene om departementa si styring av underliggjande verksemdar, etatsstyring); vurdere og eventuelt føreslå endringar for Finansdepartementet slik at regelverket er oppdatert og relevant
- forvalte og formidle kunnskap om korleis verksemdene skal etterleve økonomiregelverket i staten; syte for at statlege verksemdar får eit godt tilbod om kompetansebygging og røynsleoverføring på fagområdet til direktoratet
- forvalte konsernsystema for statsrekneskapen og statens konsernkontoordning
- levere fellestenester på økonomiområdet som gjev synergjar og stordriftsføremøner for staten; vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar mot behovet for spesialtilpassa løysingar for statlege ein-skildverksemdar eller grupper av verksemdar
- gjennomføre analysar og utgreiingar som grunnlag for utvikling av statleg styring

Dette er måla for DFØ:

- DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse.
- DFØs fellestenester er korrekte, rettidige og nyttige.
- DFØs tenester gjev synergjar og stordriftsføremøner.

I tildelingsbrevet for 2014 fekk DFØ fullmakt til å gjennomføre ei omorganisering slik at DFØ frå 1. januar 2016 har kontorstader i Oslo, Stavanger og Trondheim. I tillegg er elektronisk fakturabehandling sentralisert til Hamar, og skal vidareførast på Hamar fram til DFØ ser det som føremålstenleg å samlokalisere funksjonen med rekneskapsavdelinga i Trondheim. DFØ hadde per 31. desember 2014 ei bemanning tilsvarende 366 årsverk.

Mål og resultat 2014

Mål 1: DFØs kompetanseoverføring representerer beste praksis innanfor styring og samfunnsøkonomisk analyse

DFØ tilbyr kompetansetiltak, metodeutvikling, rettleiing og rådgjeving i tillegg til analyse og informasjonsformidling innanfor sitt ansvarsområde. Det omfattar mellom anna:

- regelverket for økonomistyring i staten
- mål- og resultatstyring, resultatmålingar og resultatinformasjon
- verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll
- budsjettarbeid
- tilskotsforvaltning
- evalueringar på styringsområdet

- samfunnsøkonomiske analysar
- statsrekneskap og verksemdsrekneskap
- årsrapport og oppstilling av årsrekneskapen
- statleg betalingsformidling

DFØ har levert tenester på alle desse områda i 2014. Tenestene er tilgjengelege for alle statlege verksemdar og skal vera til hjelp i arbeidet med betre verksemds- og økonomistyring.

DFØs metodar og kompetansetiltak byggjer på prinsippa og standardane i økonomiregelverket. I 2014 arbeidde DFØ med nye rettleiingar, rapportar, presentasjonar, kurs, seminar, faglege nettverk og nye rådgjevingsoppdrag. Samansettinga av desse verkemidla vil variere frå år til år, avhengig av kva som krev merksemd.

Gjennom 2014 har det vore særskilt merksemd på områder der det er nye regelverkskrav, områder som er sette på den politiske dagsorden og områder der DFØ har utarbeidd nye rettleiingar.

Fleire reformer i den statlege økonomistyringa trådde i kraft i 2014. Standard kontoplan vart obligatorisk, og økonomiregelverket vart revidert med nye krav til årsrapportar og oppstillingar av årsrekneskapen for verksemdene. DFØ har utvikla rettleiingsmateriale, tilbode kurs og gjeve råd til statlege verksemdar på desse områda.

DFØ har deltatt i Finansdepartementets arbeid med å greie ut, etablere og vidareutvikle system for internrevisjon. Forvaltingsoppgåva for eventuelle nye krav til internrevisjon er lagd til DFØ. Dette vil omfatte utarbeiding av regelverkstekst, fortolking og formidling av regelverket, i tillegg til kompetansetiltak.

Ei oppdatert rettleiing i gevinstrealisering vart lansert på nett i 2014. Ei stor forbetring er mellom anna at den no er samkøyrd med Difis «Prosjektveivisaren», slik at det no er enklare å bruke desse to verktya parallelt.

Ei ny rettleiing i samfunnsøkonomisk analyse vart òg lansert i 2014. DFØ undersøkte same år i kva omfang samfunnsøkonomiske analysar vart brukt som avgjerdsgrunnlag i statsforvaltninga i 2013. Resultata vert no nytta i eit tverrfagleg arbeid i samband med Kommunal- og moderniseringsdepartementets revisjon av Utredningsinstruksen. DFØ er med i dette arbeidet og skal òg utarbeide rettleiingstekst til instruksen.

For å inspirere til praktisk bruk av rettleiinga i internkontroll, etablerte DFØ i 2014 eit samarbeidsforum for departement og statlege verksemdar. Målet var å bidra til å vidareutvikle internkontrollen hjå deltakarverksemdene og leggje til rette for samarbeid, læring og deling.

Mål 2: DFØs fellestenester er korrekte, rettidige og nyttige

DFØs løns- og rekneskapstenester

DFØ tilbyr økonomitenester på friviljug basis til verksemdar i statsforvaltninga. I 2014 leverte DFØ tenester innan løn og rekneskap som møtte dei krava til kvalitet som Finansdepartementet har satt. Kundane er samla sett om lag like nøgde som tidligare år, og rundt 77 prosent seier dei alt i alt er nøgde med DFØ som leverandør.

Omfanget av tenester har auka i 2014, og fleire verksemdar har kome til som kundar. Den elektroniske fakturabehandlinga aukar framleis. DFØ si satsing på elektronisk fakturabehandling i statlege verksemdar har gjeve administrative innsparringar og betre økonomistyring hos kundane. Påbodet om elektronisk faktura i nye avtalar med staten og DFØs samarbeid med Difi om å informere om ordninga ser ut til å verke, og andelen elektroniske fakturaer auka til 32,3 prosent ved utgangen av 2014.

DFØ har utvikla ei e-handelsløysing som integrerer heile innkjøpsprosessen frå ordre til godkjend faktura. Løysinga samhandlar med e-handelsplattforma til Difi og er ein integrert, men friviljug del av DFØs tenester på rekneskapsområdet. Ved utgangen av 2014 hadde tolv verksemdar teke løysinga i bruk. Utviklinga går sakte. Dette heng mellom anna saman med at e-handel stiller krav til korleis verksemdene organiserer innkjøpa sine. Samstundes har den teknologiske utviklinga på området tatt lengre tid enn venta.

Det er sett i gang fleire prosjekt som lèt DFØ tilby kundane oppgraderte og moderne løysingar. Nye løysingar kan førebyggje unødige bruk av tid. Døme på dette er ei løysing der DFØ går over til ein ny plattform for tilgangsstyring og identitetshandtering, og ei løysing for forenkla pålogging for sluttbrukarar. I 2014 vart det enklare for 14 000 statlege brukarar å logge seg på DFØs system. Arbeidet med å gjere løysinga tilgjengeleg for alle brukarar vert vidareført i 2015.

Ved utgangen av 2014 er det utvikla og teke i bruk nye e-skjema hos alle kundar av DFØ. E-skjema erstattar papirblankettar. Dei gjev meir effektive prosessar i lønssystemet av di ein slepp dobbeltregistreringar og ein fangar data så nær kjelda som mogleg. Prosesstida vert òg redusert. Samstundes minkar feilkjeldene i registreringsprosessane. Til dømes kan honorarlønna medarbeidarar no logge seg på sjølvbetjeningsportalen via ID-porten frå ei kvar digital eining og fyller ut e-skjema for reise- og utgiftsrefusjon og honorar, og sjølv følgje opp eigne data. Eit anna døme er a-ord-

ninga. Det er ei ny, samordna løysing for å rapportere inn løns- og tilsettingsforhold til Skatteetaten, Nav og Statistisk sentralbyrå. DFØ har utvikla ei felles løysing for å rapportere inn skatteopplysningar for kundane, og har sjølv vore pilot. Dette er ein del av DFØs arbeid med å tilby gode fellesløysingar og medverke til å nå regjeringa sitt mål om auka digitalisering i offentleg sektor.

Statsrekneskapan, konserntenestene og regelverksforvaltninga

DFØ har ansvaret for å forvalte økonomiregelverket, med unntak av fagansvaret for etatsstyring, som ligg til Finansdepartementet.

DFØ har ansvaret for forvaltning og drift av statsrekneskapan. I 2014 var 99,3 prosent av rapportane frå verksemdene til statsrekneskapan fullstendige og kom inn før fristen. Det er litt lågare enn i 2013.

DFØ forvaltar rammeavtalar med bankar om betalingstenester i staten. Kvar statlege verksemd får tilgang til tenestene ved å tinge dei frå ein av leverandørane som DFØ har inngått rammeavtale med. Statlege verksemdar må bruke avtalane. Ei ny avtale vart skriven i juni 2014 med Alliansesamarbeidet Sparebank 1 DA, DNB Bank ASA og Nordea Bank Norge ASA.

I 2010 vedtok Finansdepartementet å innføre ein sams standard kontoplan for statlege verksemdar. Kontoplanen vart innført som ei friviljug ordning frå 1. januar 2011 og vart obligatorisk frå 1. januar 2014. Alle kundane til DFØ har teke i bruk standard kontoplan, medan 58 òg bruker SRS (statlege rekneskapsstandardar) som eit tillegg.

DFØ har i 2014 arbeidd vidare med å utvikle rekneskap i staten. Statsrekneskapsløysinga er lagt til rette slik at dei delane av statsrekneskapan der standard kontoplan inngår, kan gjerast tilgjengeleg for brukarane. DFØ har innarbeidd standard kontoplan som ei spesifisering til kapittel og post i rapporteringa til departementa.

Mål 3: DFØs tenester gjev synergjar og stordriftsføremoner

DFØ skal oppnå stordriftsføremoner for staten ved å tilby standardiserte tenester innanfor budsjett og rekneskap og løns- og personaladministrasjon. Over 80 000 tilsette og fleire enn 76 000 honorarlønna medarbeidarar i statlege verksemdar vart lønte med DFØs lønstenester i 2014, og det vart utarbeidd over 180 000 løns- og trekkoppgåver.

Voluma til DFØ aukar også i 2014, både fordi sysselsetjinga i staten aukar, men òg fordi stadig fleire verksemdar vel å bruke tenestene til DFØ. Mange av kundane er små og mellomstore verksemdar. Ved utgangen av 2014 leverte DFØ lønstenester til 184 statlege verksemdar og rekneskapstenester til 139 statlege verksemdar. DFØ er blant dei største aktørane i landet innanfor løns- og rekneskapstenester, også når ein reknar med privat sektor. Talet på løns- og/eller rekneskapskundar hos DFØ aukar jamt og omfattar no om lag fire av fem statlege verksemdar.

DFØs visjon er «effektiv ressursbruk i staten». Direktoratet hjelper verksemdene med å styrkje kompetansen på god styring og leverer fellestenester i store volum, noko som er meir effektivt enn om dei statlege verksemdene skulle utføre oppgåvene kvar for seg. Tenesteproduksjonen til DFØ kjem godt ut i samanlikningar av effektivitet i tenesteproduksjonen med tilsvarende verksemdar i Noreg og i andre land. Med ei friviljug løysing har ein såleis fått til viktige stordriftsvinstar i staten.

Den viktigaste synergieffekten av tenestene er betre kvalitet. Med store volum på løns- og rekneskapstenestene kan DFØ samle eit større fagmiljø på dette området enn det ein kan i dei fleste andre statlege verksemdar. Store fagmiljø kan gje betre høve til faglege diskusjonar, raskare avklaring av problemstillingar og meir og betre utvikling av tenestene. Dei store voluma gjer òg at DFØ kan gjere investeringar i løns- og rekneskapsystem som ei statleg verksemd åleine ikkje kan forsvare.

I arbeidet med å formidle og overføre kompetanse innanfor statleg økonomistyring, legg direktoratet vekt på å utvikle og tilby tenester som kan nå mange. Det kjem mellom anna til uttrykk i DFØs kurs og rettleiingar. Desse utgjer grunnstammen i kompetansetilbodet frå direktoratet.

Det vert lagt stor vekt på at alle tenestene til direktoratet har brukargrensesnitt, funksjonar og prosessar som er intuitive og lett forståelege for den som skal bruke dei, utan omsyn til rolle og kompetanse. Målet med dette er å gje betre produktivitet, redusere behovet for opplæring og redusere feil.

Utfordringar

Omstilling og effektivisering

Ein stadig betre og meir effektiv måte å levere tenester på er blant DFØ sine viktigaste bidrag til å løyse verksemda sitt samfunnsoppdrag. DFØ starta difor i 2012 å greie ut og vurdere ein ny organisasjonsstruktur som møter krav i framtida

til ein kostnadseffektiv leverandør av fellestenester. Med si rolle, sin visjon og sine ansvarsområde må direktoratet gå føre i slike prosessar. Nye rammevilkår for organisering av direktoratet vart omtalte i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014). I tildelingsbrevet frå Finansdepartementet for 2014 fekk DFØ fullmakt til å omorganisere verksemda. Av tidlegare åtte kontorstader vil DFØ ha tre kontor igjen etter omstillinga, i Oslo, Trondheim og Stavanger. Hovuddelen av omstillinga i direktoratet vil verte avslutta i 2015. Kontoret på Hamar vil verte avvikla når DFØ finn det føremålstenleg.

DFØ har ansvar for å levere stabile og gode tenester. Omstillingsarbeidet inneber framleis noko risiko for leveringa av tenestene. Arbeidet med vidareutvikling av tenestene har i heile omstillingsperioden difor vorte prioritert ned til fordel for driftstryggleik og opplæring. Frå 2016 vil utviklingsarbeidet gradvis kome attende til eit normalt nivå.

Omstillingar føregår fleire stader i staten og fører til auka behov for fellestenester frå DFØ. Direktoratet må difor vere budd på å ta opp fleire kundar og gje støtte til omstilling av lønns- og rekneskapstenestene hos dei eksisterande kundane som følgje av dette. DFØ må òg i tida framover arbeide systematisk med å redusere og handtere risiko knytt til desse oppgåvene.

Med den nye kontorstrukturen vil DFØ kunne levere dei same tenestene til ein lågare kostnad og med auka driftstryggleik. Over tid reknar ein med at ei betre organisert verksemd vil gje betre tenester til kundane.

DFØ sin eigen drift skal vere så kostnadseffektiv som mogleg. Årleg gevinst etter omstillinga (frå 2017) er rekna til om lag 20 mill. kroner. Dette er ei varig innsparing for staten av di løyvinga til DFØ vert redusert med dette beløpet.

Rekneskap i staten

DFØ forvaltar og gjev råd om forbetring av økonomiregelverket i staten og staten sine konsernsystem. Direktoratet forvaltar og vidareutviklar òg rekneskapsfunksjonen i staten. Verksemda har gjennom fleire år hatt ei sentral rolle i utviklingsarbeidet med rekneskap i staten. DFØ vil prioritere tiltak for å vidareutvikle ei heilskapleg tilnærming til fagområdet. Dette er eit viktig bidrag for å oppnå målet om god styring i staten.

Alle statlege verksemdar kan, i samråd med overordna departement, velje å føre rekneskapen etter dei fastsette standardane for føring av periodisert verksemdsrekneskap i staten. Desse standardane har vore friviljuge, men tilrådde fram til

no. I samband med at standardane vart reviderte i 2015 vart dei òg fastsette som obligatoriske for statlege, periodiserte verksemdsrekneskapar frå 1. januar 2016. Alle verksemdar i staten, også dei som fører periodisert verksemdsrekneskap, skal rapportere til statsrekneskapen etter kontantprinsippet.

Føremålet med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) er å leggje til rette for eit meir omfattande og standardisert informasjonsgrunnlag for styring i statlege verksemdar. Frå 2014 vart det fastsett ein ny sams og overordna mal for årsrapportar frå statlege verksemdar, med krav om publisering på verksemda si nettside. Årsrapportar og -rekneskapar gjev oversyn over korleis verksemdene har nytta budsjettet sitt og kva resultat dei har nådd i året som er gått. Dei er eit viktig grunnlag for departementa si styring av verksemdene. Desse dokumenta kan òg vere gode informasjonskjelder for publikum.

Den samla rekneskapen for staten vert kvart år lagt fram i Meld. St. 3 *Statsrekneskapen*. DFØ har ei sentral rolle i å støtte Finansdepartementet i utviklingsarbeidet med samanstilling av rekneskapsdata og publisering frå statsrekneskapen. Innan nokre få år vil dette mellom anna gje betre grunnlag for å samanlikne rekneskapsinformasjon mellom statlege verksemdar og over tid, og eit betre grunnlag for å analysere og samanstillje tal for staten sett under eitt. Ein vil òg få tilgang til brukarvenlege rapportar som kan gje betre grunnlag for avgjerder i staten og meir innsyn i statsrekneskapen.

DFØ skal i 2016 utvikle ei løysing for publisering av statsrekneskapen som gjer fleire brukarar betre tilgong til meir data.

I tillegg til auka transparens når det gjeld offentleg ressursbruk, vil meir standardisering og automatisering av prosessane knytt til rekneskapsdata i staten redusere kostnadene og betre kvaliteten i det tekniske arbeidet med statsrekneskapen. Den nye informasjonen som vert stilt til rådvelde, vil òg gje betre støtte til etatsstyringa i departementa.

Samfunnsøkonomiske analysar

Avgjerder om ressursbruk må byggje på gode analysar. DFØ har ansvar for kompetansetiltak, metodeutvikling, rettleiing og rådgjeving om samfunnsøkonomisk analyse i staten. Etter tilråding i NOU 2012: 16 fastsette Finansdepartementet i 2014 prinsipp og krav som skal følgjast i samfunnsøkonomiske analysar som skal leggjast til grunn for staten sine avgjerder. DFØ utforma

same år ei ny rettleiing i samfunnsøkonomisk analyse.

Styring og leiing i staten

Gjennom sitt ansvar for å forvalte økonomiregelverket har DFØ ei sentral rolle innanfor fagområdet styring i staten. Dette fagområdet rommer mellom anna mål- og resultatstyring, risikostyring, internkontroll, verksemdsstyring, tilskot, samfunnsøkonomiske analysar og evaluering. DFØ syter for ulike kompetansetiltak i statsforvaltninga, metodeutvikling, tilbod om praktiske verkty for ei heilskapleg styring, samt rettleiings- og rådgjevingsarbeid. DFØ skal dei neste åra utvikle kompetansetilbodet retta mot å styrkje styringsdialogen mellom departement og verksemder.

Tryggleik, styring og internkontroll

DFØ forvaltar informasjon om ei stor mengd brukarar. Direktoratet yter òg kritiske fellestenester til dei fleste verksemdene i staten. Finansdepartementet legg stor vekt på informasjonstryggleiken i dei underliggjande etatane. Spørsmål som gjeld informasjonstryggleik er eit fast tema i styringsmøta som departementet har med DFØ gjennom året.

Direktoratet har styrkt arbeidet med internkontroll og beredskapsplanverk. Mellom anna er det gjennomført nye risikovurderingar av handsaming av personopplysningar og økonomisk utruskap, og det er gjennomført ei heildags kriseøving.

DFØ vil arbeide vidare med å utvikle IT-tryggleiken i 2016. Dette gjeld mellom anna periodiske utskiftingar og oppgraderingar i infrastruktur og system som understøtter tenestene.

Mål og budsjett 2016

Sjå òg omtale av DFØ sine mål ovanfor.

Den underliggjande målstrukturen og dei kvalitative og kvantitative resultatmåla er fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og DFØ. Direktoratet vil i 2016 fortsette arbeidet med å vidareutvikle styringsparameterane. Dei tilsikta resultatata i 2016 skal jamt over vera like gode som resultatata i 2014, jf. rapportomtalen ovanfor.

Løyvinga skal brukast i samsvar med dei føremåla og hovudoppgåvene som er omtalte ovanfor. Departementet gjer framlegg om å setje budsjett-ramma til DFØ for 2016 til 350,8 mill. kroner.

DFØ skal gjennomføre endringa i kontorstrukturen innanfor denne budsjett-ramma.

Årleg gevinst etter omstillinga (frå 2017) er rekna til om lag 20 mill. kroner. Dette er ei varig innsparing for staten av di løyvinga til DFØ vert redusert med dette beløpet. Delar av denne gevinsten vert realisert allereie frå 2016. Den største gevinsten av omstillinga gjeld reduserte lønsutgifter. Dette kjem av at ein no kan realisere stor-driftsføremoner og at omstillinga gjev høve til å effektivisere arbeidsprosessar. I tillegg gjev omstillinga lågare administrasjons- og reiseutgifter enn før.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, drift og innkjøp av kontorutstyr og drift og innkjøp av IKT-utstyr m.m. Beløpet omfattar dessutan direkte utgifter til lønskøyring for andre statlege verksemder hos ein ekstern leverandør, i tillegg til utgifter til vidareutvikling av tenestene. Det vert gjort framlegg om å løyva 326,1 mill. kroner under post 01.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemder. Sidan det er uvisst kor store inntektene vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 Driftsutgifter med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4605, post 01 Økonomitenester, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for systema og infrastrukturen til DFØ på IKT-området, medrekna naudsynte oppgraderingar, vidareutvikling av systemløysingar og forprosjekt m.m. Posten omfattar dessutan utgifter til ei e-handelsløysing for DFØ sine kundar. Det vert gjort framlegg om å løyve 24,7 mill. kroner under post 45.

Kap. 4605 Direktoratet for økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Økonomitjenester	55 851	48 954	41 900
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	5		
16	Refusjon av foreldrepengar	3 623		
17	Refusjon lærlingar	69		
18	Refusjon av sjukepengar	4 987		
	Sum kap. 4605	64 535	48 954	41 900

Post 01 Økonomitjenester

Posten omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer utgifter i samband med elektronisk fakturabehandling, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet. Reduk-

sjonen frå saldert budsjett 2015 kjem særleg av at vidarefakturering skal vere utan meirverdiavgift – sjå nærare om praksis her i Prop. 119 S (2014–2015) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2015*.

Kap. 1608 Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	16 579	17 383	15 700
	Sum kap. 1608	16 579	17 383	15 700

Løyvinga under kap. 1608 vert delt om lag likt mellom tiltak for å styrkje økonomistyringa i staten og forskning og vidare utvikling innanfor styring av store statlege investeringsprosjekt.

Økonomistyring

Finansdepartementets arbeid med statleg økonomistyring omfattar mellom anna å fastsetje og forvalte reglement for økonomistyringa i staten og andre sams prinsipp og normer for god økonomistyring, og ulike tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i statlege verksemdar. Føremålet med tiltaka er å betre rekneskapsføringa og økonomistyringa i verksemdene og leggje til rette for best mogleg utnytting av ressursane.

I 2014 vart løyvinga mellom anna brukt til meir hjelp frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ) til arbeidet i verksemdene med å ta i bruk ny standard kontoplan i staten og rapportere rekneskaps-

informasjon etter ny sams standard som gjeld frå og med årsrekneskapa 2014, jf. omtale i Gul bok 2014.

I 2015 vil Finansdepartementet og DFØ setje i gang eit prosjekt for å gjere desse nye rekneskapsstala tilgjengelege for brukarane på ein høveleg måte. Dette vil gje ålmenta eit betre grunnlag for å gjere seg opp ei meining om kva staten bruker pengar på, og kva ein får igjen for pengebruket.

Prosjektstyring

I 2000 vart det innført ei ordning med kvalitetssikring av kostnadsoverslaget og styringsunderlaget for alle statlege investeringsprosjekt utanom SDØE med ein kostnad rekna til over 500 mill. kroner. Frå 1. januar 2003 vart det i tillegg gjort unntak for helseføretaka. Terskelverd er frå 2011 auka til 750 mill. kroner. Dette er likevel ikkje til

hinder for at kvalitetssikringa kan gjennomførast for prosjekt med lågare kostnadsoverslag. Kvalitetssikringa vert utført i to steg:

- kvalitetssikring av konseptvalet når forstudien er fullført (KS 1)
- kvalitetssikring av kostnadsoverslag og styringsunderlag når forprosjektet er fullført, eller i detaljprosjekteringsfasen for einskilde prosjekt (KS 2)

Kvalitetssikringa skal utførast av særleg kvalifiserte private verksemdar som etter konkurranse har fått ein rammeavtale med Finansdepartementet. Det vart inngått ny rammeavtale i september 2015 med seks ulike føretakskonstellasjonar. Rammeavtalen gjeld fram til september 2019 (2 år med opsjon på forlenging i 2 år).

Det kan gjerast unntak frå KS 1 for prosjekt som ikkje har viktige konseptuelle sider, medan KS 2 er obligatorisk. Prosjekt på fylkesvegnettet som ligg over terskelverdet, og som heilt eller delvis skal finansierast med bompengar, skal kvalitetssikrast i dette regimet.

Under rammeavtala for perioden 2011–2014 vart det gjennomført 122 KS-oppdrag. Nær 75 prosent av desse var innanfor ansvarsområda til Samferdsels-, Forsvars- og Kunnskapsdepartementet, og til saman hadde 11 av departementa prosjekt som vart kvalitetssikra i avtaleperioden.

Investeringsprosjekta og kvalitetssikringsarbeidet har sidan 2002 vore følgt opp av eit eige tverrfagleg forskingsprogram: Concept-programmet. Programmet er organisatorisk forankra ved NTNU, og tilhøvet mellom institusjonen og Finansdepartementet er formalisert i ein samarbeidsavtale. I brev om gjennomføring kvart år stiller departementet til rådvelde løyvingar til Concept-programmet over kap. 1608.

Concept-programmet arbeider med følgjeforskning på store offentlege investeringar. Det inneber å trekkje ut røynsler frå tilrettelegginga og kvalitetssikringa av prosjekta og forska på pro-

blemstillingar som er relevante for å betre dette arbeidet. Målet er å oppnå større samfunnsøkonomisk nytte av investeringane. Dette arbeidet vert vidareført i 2016.

Etter kvart som tidlegare kvalitetssikra prosjekt vert fullførte, samlar ein røynsledata som kan samanliknast på tvers av prosjekt og sektorar for å gje kunnskap og råd til dei som skal ta avgjerder og stå for kvalitetssikring. Dei fyrste resultatane frå arbeidet med etterhandsevalueringar er samla i Concept-rapport nr. 30, *Etterevaluering av statlige investeringsprosjekter. Konklusjoner, erfaringer og råd basert på pilotevaluering av fire prosjekter* (Volden og Samset, 2013). I tida som kjem vil ein leggje meir vekt på å gjennomføre etterhandsevalueringar sett både i eit KS 1- og eit KS 2-perspektiv. Concept-programmet har utvikla evalueringsformatet og prøvd det ut slik at ein kan evaluere effektane etter kvart som prosjekta vert ferdigstilte og har vore i drift ei stund.

Evaluering av KS 1 gjeld verknadene av prosjekta. Her skal ein sjå i kva mon samfunns- og effektmåla vart nådde, og om den samfunnsøkonomiske nytta er verkeleggjort etter føresetnadene. Det skal takast omsyn til seinare drifts-, vedlikehalds- og oppgraderingskostnader etter at prosjekta er ferdigstilte, endringar i nyttebiletet og kor levedyktig investeringa er sett under eitt.

I eit KS 2-perspektiv skal ein sjå om resultatmåla vart nådde, dvs. om innhaldet i prosjektet vart som føresett og om leveransen skjedde innanfor budsjett- og tidsrammene.

Forskningsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege, og ein kan laste dei ned frå nettsidene til programmet.

Systematiske prosjektevalueringar kjem til å krevje auka innsats i åra som kjem. Samstundes skal følgjeforskning, arbeid med kompetansebygging, undervisning og rettleiing av studentar, røynsleutveksling nasjonalt og internasjonalt og forskingsformidling vidareførast.

Programkategori 23.20 Skatte- og avgiftsadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.20, fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1610	Tolletaten	1 654 836	1 583 392	1 370 600	-13,4
1618	Skatteetaten	5 337 756	5 461 776	6 221 300	13,9
	Sum kategori 23.20	6 992 592	7 045 168	7 591 900	7,8


Statens innkrevingsentral er ikkje med i kap. 1618-tala for rekneskap 2014.

Organisering og ansvarsområde

Finansdepartementet har ansvaret for å forvalte skatte- og avgiftssystema. Det omfattar arbeidet med skatte- og avgiftslovgjevinga og styringa av den statlege delen av skatte-, avgifts- og tolladministrasjonen (Skatteetaten og Toll- og avgiftsetaten, som frå 1. januar 2016 skal heite Tolletaten). Finansdepartementet har òg hatt ansvar for å styre Statens innkrevingsentral (SI), men frå 1. januar 2015 vart SI innlemma i Skatteetaten – sjå nærare omtale i del I kap. 2.2. Skatteoppkrevjarane høyrer administrativt til kommunane, men dei er underlagde fagleg instruksjon frå Finans-

departementet og Skatteetaten når det gjeld kontroll av arbeidsgjevarane og innkrevjing av skatt og folketrygdavgifter. Skatteetaten har ansvaret for statens kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, medan Riksrevisjonen utfører revisjonen. Regjeringa tek sikte på å flytte skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten, jf. omtale i del I kap. 2.2.

Finansdepartementet og skatte- og avgiftsadministrasjonen elles skal mellom anna arbeide for at regelverket for skattar, avgifter og toll vert følgt. Etatane har som hovudoppgåver å fastsetje, krevje inn og kontrollere. Ved sida av regelverksutvikling, informasjon og rettleiing er verdikjeda i skatte- og avgiftsadministrasjonen slik det er vist i figur 6.1.



Figur 6.1 Arbeidet til skatte- og avgiftsadministrasjonen med fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter

Målet for etatane er å leggje til rette for inntekter til fellesskapet og ei rettferdig fordeling gjennom rett fastsetjing og rettidig innbetaling av skattar, avgifter og toll. I tillegg skal Tolletaten motverke ulovleg inn- og utførsel av varer. Skatteetaten skal dessutan arbeide for eit korrekt og oppdatert

folkeregister. Ein nærare omtale av hovudmåla og resultata til etatane m.m. finst under kap. 1610 Tolletaten og kap. 1618 Skatteetaten.

For åra 2011–2014 fordelte skatte- og avgifts-inntektene seg slik det er vist i tabell 6.2.

Tabell 6.2 Innbetaling av skattar, avgifter og toll

	Rekneskapstal (mill. kroner)		
	2012 ¹	2013 ²	2014 ³
Skatt på inntekt og formue	235 232	245 608	240 865
Arbeidsgjevaravgift	147 537	148 589	154 392
Trygdeavgift	104 279	120 841	129 559
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	232 707	206 436	176 164
Meirverdiavgift	220 713	233 874	242 571
Andre avgifter	96 584	97 024	97 563
Tollinntekter, medrekna sal av tollkvotar	3 070	3 111	3 205
Sum skatte-, avgifts- og tollinntekter over statsbudsjettet	1 040 122	1 055 483	1 044 319
Kommune- og fylkeskommuneskatt på inntekt og formue ⁴	145 178	153 398	156 673
Samla skatte-, avgifts- og tollinntekter	1 185 300	1 208 881	1 200 992

¹ Jf. Meld. St. 3 (2012–2013)

² Jf. Meld. St. 3 (2013–2014)

³ Jf. Meld. St. 3 (2014–2015)

⁴ Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Innbetalingsprosenten har dei siste åra vore jamn og høg for dei viktigaste skattane og avgiftene.

Dette vert omtalt nærare under kap. 1610 Tolletaten og kap. 1618 Skatteetaten.

Kap. 1610 Tolletaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	1 605 838	1 542 392	1 292 600
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	48 998	41 000	78 000
	Sum kap. 1610	1 654 836	1 583 392	1 370 600

Føremål, hovudoppgåver og organisering

Toll- og avgiftsetaten skal frå 1. januar 2016 heite Tolletaten. I den vidare omtalen vil berre det nye namnet verte brukt.

Etaten skal motverke ulovleg inn- og utførsel av varer og leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer. Hovudoppgåvene er å

- kontrollere gods, reisande og transportmiddel inn og ut av landet

- forvalte regelverket, mellom anna ved å informere og rettleie brukarane
- forvalte og kontrollere grunnlaget for toll og avgifter ved innførsel av varer

Etaten skal òg yte god servise til brukerne og vidareutvikle organisasjonen for stadig meir effektiv oppgåveløsing.

Overføring av oppgåver til Skatteetaten er nærare omtalt i del I, kap. 2.2. Overføringa av oppgåver vil skje frå 1. januar 2016. Forvaltinga av meirverdiavgift ved innførsel og særavgifter for ikkje-registrerte avgiftspliktige vert overført frå 1. januar 2017.

Etaten består av eit sentralt direktorat og seks underliggjande tollregionar. Regiontollstaden er det administrative senteret i kvar tollregion. Regiontollstadene er i Fredrikstad, Oslo, Kristiansand, Bergen, Trondheim og Tromsø. Tolletaten er òg lokalisert 30 andre stader i landet. I tillegg utfører svenske og finske tollstader på grensa oppgåver for norske tollstyresmakter. Per 31. desember

2014 hadde etaten ei bemanning tilsvarende 1 722 årsverk.

Mål og resultat 2014

Tolletatens driftsresultat i 2014 vert vurderte ut frå dei fire hovudmåla for verksemda dette året, jf. nedanfor. Måla var dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgde for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tole.

Hovudmål 1: Motverke ulovleg inn- og utførsel av varer

Etaten byggjer i stor grad grensekontrollen på risikoanalysar og etterretning for å avdekkje alvorlege lovbrøt og profittmotivert smugling. Beslaga varierer frå år til år, og einskildbeslag kan gjere store utslag på årsresultatet.

Tabell 6.3 Tolletaten – statistikk frå grensekontrollen

År	2012	2013	2014
Kontrollerte objekt	216 947	212 385	214 894
Tal på treff	26 187	26 461	25 572
Treffprosent	12,1	12,5	11,9
Treffprosent i kontroll av reisande	13,4	13,4	12,7
Treffprosent i godskontrollen	6,7	8,0	8,6
Tal på beslag (eitt treff kan omfatte fleire beslag)	35 879	35 729	34 570
Tal på lovbrøt melde til politiet	6 889	8 007	8 181
Tal på alvorlege lovbrøt melde til politiet	750	785	688
Tal på skanna objekt	9 445	8 743	9 631
Tal på treff på skanna objekt	667	696	642

Kontrollverksemda til Tolletaten har i 2014 halde seg på om lag same nivå som dei siste åra. Talet på kontrollerte objekt i 2014 var om lag 215 000, med ein treffprosent på 11,9. Treffprosenten er høgast i kontrollen av reisande og transportmiddel. Fleire av beslaga i godskontrollen er store.

I 2014 vart meir enn 8 000 saker melde til politiet. 688 av desse gjaldt alvorlege lovbrøt. Beslaga gjeld profittmotivert smugling, og aktørane er ofte profesjonelle i organiserte nettverk. Det vart òg skrive ut 16 800 forenkla førelegg i 2014. Det er ein nedgang på om lag 5,1 pst. frå 2013.

Frå 2012 til 2013 auka talet på beslag av narkotika med 32,5 pst. I 2014 var tala om lag som i 2013.

Tal på beslag av syntetisk narkotika tinga over Internett, og som vert sendt i post- og kurersendingar, var om lag uendra frå 2013 til 2014.

Beslag av vin låg i 2014 på om lag same nivå som i 2013, medan beslag av øl auka. Mykje av varene vart beslaglagde ved grensa til Sverige og var meint for vidaresal.

Tabell 6.4 Tolletaten – grensek kontroll – beslagsstatistikk

År	2012	2013	2014
Tal på narkotikabeslag	2 959	3 905	3 957
Cannabis (i kg)	1 253,0	866,3	895,1
Heroin (i kg)	35,8	35,2	33,7
Amfetamin (i kg)	110,3	235,0	104,4
Kokain (i kg)	20,7	147,8	131,6
Ecstasy (i stk. tabl.)	4 031	10 727	42 246
Dopingmiddel (einingar) ¹	316 497	209 806	167 438
Brennevin ² (i liter)	50 027	49 756	62 477
Sprit ³ (i liter)	5 869	205	358
Vin (i liter)	49 435	49 519	49 056
Øl (i liter)	401 288	395 589	507 738
Sigarettar (stk.)	10 149 568	8 902 887	9 761 871
Skytevåpen (stk.)	4	19	14
Valuta NOK ⁴	8 804 142	7 375 121	11 849 808

¹ Frå 2014 vart òg dopingmiddel i gram teke med i berekninga av einingar, difor er tala i 2012 og 2013 endra

² Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.

³ Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol

⁴ Valuta som er beslaglagd pga. mistanke om straffbare tilhøve

Etaten disponerte i 2014 fire skannarar. Av dei er tre mobile, medan ein er fast plassert på Svinesund. Etaten fekk ein ny mobil skannar i 2014. Den erstatta den gamle mobile skannaren til Tollregion Aust-Noreg.

Med skannarane kan ein undersøkje om det er andre varer i lasta enn det som er opplyst. Dei er difor eit effektivt verktøy for å velje ut kontrollobjekt. Næringslivet har òg stor nytte av desse skannarane, sidan kontrollane kan gjennomførast raskare og smidigare.

I 2014 avdekte etaten brot på deklarasjonsplikta for betalingsmiddel tilsvarande ein verdi på 51 mill. kroner, fordelt på om lag 800 høve. Tala for 2013 var 50,5 mill. kroner og 976 høve. I 2014 vart det skriva ut gebyr for manglande deklarasjon i 738 saker, og det vart kravd inn slike gebyr for 7,9 mill. kroner. Dei alvorlegaste sakene, der Tolletaten har mistanke om at betalingsmidla er knytte til straffbare tilhøve, vart melde til politiet. I 2014 vart 77 saker melde til politiet og om lag 11,8 mill. kroner beslaglagde etter mistanke om straffbare tilhøve.

Hovudmål 2: Rett fastsetjing av avgifter og toll

For at Noreg skal halde lovnadene som er gjevne i internasjonale avtalar, behandlar og kontrollerer etaten den grensekryssande varetraumen med tilhøyrande vareinformasjon og inn- og utførselsdeklarasjonar. Deklarasjonane er grunnlaget for det meste av statsinntektene som kjem av innførsel av varer til Noreg. Deklarasjonane vert òg brukt i statistikken for norsk utanrikshandel, og dei utgjør behandlings- og avgjerdsgrunnlag for andre etatar som Mattilsynet, Statens landbruksforvaltning, Miljødirektoratet og Statistisk sentralbyrå.

I 2014 tok Tolletaten imot om lag 7,2 mill. inn- og utførselsdeklarasjonar, mot 6,8 mill. i 2013. I 2012 var talet 6,4 mill. deklarasjonar, jf. tabell 6.6. Alle deklarasjonane vert behandla elektronisk i TVINN (TollVesenet's INformasjonssystem med Næringslivet). 163 800 deklarasjonar vart tekne ut til dokumentkontroll i 2014, mot 169 300 i 2013 og 177 100 i 2012, jf. tabell 6.6.

Fysisk kontroll av dei deklarererte varene vart utført i 9 600 høve, mot 9 900 i 2013 og 10 500 i 2012. Ved kontrollane vart informasjonen i dekla-

rasjonane halden opp mot underliggjande dokumentasjon eller den fysiske vara. Kontrollane i 2014 medførte korrigeringar med 224 mill. kroner til føremon for statskassa, mot 389 mill. kroner i 2013. Nedgangen har truleg si årsak i betre og tettare oppfølging av deklarrantar som har gjort mykje feil. Resultata av deklarasjonskontrollen kan òg føre til grundigare etterkontrollar i det økonomiske kontrollarbeidet.

I 2014 gjennomførte etaten til saman 1 279 kontrollar i toll- og avgiftsrekneskapane til verksemder, kontrollar retta mot ulovleg disponering av motorkøyretøy og innførsel av kapitalvarer. Talet for 2013 var 1 270 kontrollar. Dette førte til at det vart etterrekna 812 mill. kroner i toll, særavgifter og meirverdiavgift, mot 443 mill. kroner i 2013 og 745 mill. kroner i 2012.

Frå 2013 til 2014 auka talet på særavgiftsoppgåver med om lag 10 pst. I 2014 vart det behandla

rundt 13 500 særavgiftsoppgåver, og om lag 4 pst. av oppgåvene vart kontrollerte. Som ei følge av dette vart det i 2014 korrigert 10 mill. kroner til føremon for staten, mot 3,5 mill. kroner i 2013, jf. tabell 6.5.

Eit elektronisk system for innrapportering av særavgiftsoppgåver via Altinn vart innført hausten 2011. Ved utgangen av 2014 nytta 1 507 av til saman 1 855 særavgiftspliktige verksemder dette systemet, og målet er at alle registrerte særavgiftspliktige skal nytte det. Særavgiftsoppgåvene som kjem elektronisk, held høgare kvalitet enn dei papirbaserte.

Den økonomiske kontrollen som etaten utøver, er viktig for å motverke økonomisk kriminalitet og for å sikre rett betaling av toll og avgifter. Etaten sitt resultat ved økonomisk kontroll dei tre siste åra er samanfatta i tabellen nedanfor.

Tabell 6.5 Tolletaten – resultat for økonomisk kontroll – korrigert til føremon for staten

År	(i mill. kroner)		
	2012	2013	2014
Rekneskapskontrollar	745	443	812
Deklarasjonskontrollar ¹	520	570	455
Kontroll med særavgiftsoppgåver	11	3,5	10
Valutakontroll	46	51	51
Piratvarekontroll	16	18	31
Kontroll av lågverdisendingar		10	13
Kontroll av varer med høg skatt		90	92
Sum	1 338	1 185	1 464

¹ Inkluderer kontroll med mellombels tolldeklarasjonar (i mill. kroner 2012: 92, 2013: 102, 2014: 121) og transitterte varer (i mill. kroner 2012: 102, 2013: 79, 2014: 110).

Dei økonomiske kontrollane til etaten avdekte 229 alvorlege lovbrøt i 2014, mot 185 i 2013 og 183 i 2012. 29 av sakene vart melde til politiet, mot 28 i 2013 og 30 i 2012.

Kontroll med forfalska merkevarer og andre krenkingar av immaterielle rettar (IPR-varer) førte til at 281 varesendingar vart haldne att i 2014, mot 147 i 2013 og 281 i 2012. Om lag 69 000 einingar vart haldne att i 2014, mot 53 000 i 2013 og 279 000 i 2012. Nedgangen fram til 2013 kjem

truleg av ei dreining mot meir privat import som ikkje er omfatta av dei immaterielle rettane, medan auken i 2014 kjem av betre kontrollar som følgje av etterretning.

Etaten arbeider for at dei immaterielle rettane vert respekterte, til dømes ved å gjere rettshavarar og potensielle kjøparar meir kjende med regelverket.

Til saman avdekte dei økonomiske kontrollane vel 1,4 mrd. kroner i 2014.

Tabell 6.6 Tolletaten – økonomisk kontroll – kontrollstatistikk

År	2012	2013	2014
Tal på innførselsdeklarasjonar	5 231 002	5 536 271	5 794 936
Tal på dokumentkontrollar ved innførsel	154 707	145 922	143 098
Treffprosent i innførselskontrollen	32,7	35,9	36,6
Tal på utførselsdeklarasjonar	1 177 232	1 269 026	1 383 477
Tal på dokumentkontrollar ved utførsel	22 379	23 405	20 689
Treffprosent i utførselskontrollen	36,9	38,2	39,7
Tal på oppgåvekontrollar av registrerte særavgiftspliktige	557	558	529
Tal på kontrollar av verksemder ¹	1 319	1 270	1 279
Tal på avdekte alvorlege lovbrøt	183	185	229

¹ I tillegg utfører etaten årleg 150–250 kontrollar for tollstyresmakter i andre land.

Hovudmål 3: Rettidig innbetaling av avgifter og toll
Etaten har arbeidd målretta med å utvikle innkrevjinga og kan dei seinare åra syne til gode resultat på dette området.

I 2014 vart det innbetalt 219,2 mrd. kroner til etaten, jf. tabell 6.7. Dette er ein auke på 7 mrd. kroner (3 pst.) frå 2013. Hovudårsaka er at inntek-

tene frå meirverdiavgifta ved innførsel auka med 6,9 mrd. kroner (6 pst.). Inntektsutviklinga er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*.

Etaten har stabilt låge restansar. I 2014 vart 99,88 pst. av alle beløp med forfall i 2014 betalt. Tilsvarende tal for 2013 og 2012 var 99,87 pst. og 99,86 pst.

Tabell 6.7 Tolletaten – inntekter og restansar

År	2012	2013	2014
	(mill. kroner)		
Inntekter: ¹	210 077	212 205	219 224
– tollinntekter ²	2 877	2 882	2 980
– meirverdiavgift ved innførsel ³	120 071	121 900	128 774
– avgift på motorvogner ⁴	33 213	32 309	30 773
– andre særavgifter ⁴	53 916	55 114	56 697
Akkumulerte restansar ⁵	661	633	600
Nye restansar i året ⁵	345	326	308

¹ Ei meir detaljert oversikt finst i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*.

² Unnateke sal av tollkvotar.

³ For meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande gjev den meirverdiavgifta som vert kravd inn ved innførsel, rett til frådrag i meirverdiavgiftsoppgjeret mellom dei og skattekontora, jf. fotnote til tabell 6.2 og under kap. 1618 *Skatteetaten*.

⁴ Motorvognavgifter omfattar kapittel/post: 5536/71 Eingongsavgift, 5536/72 Årsavgift, 5536/73 Vektårsavgift, 5536/75 Omregistreringsavgift.

⁵ Medrekna kontrollkrav.

Hovudmål 4: Yte god service til brukarane

Tolletaten arbeider kontinuerleg med å yte betre service til brukarane. Etaten har som mål at nettstaden *toll.no* skal vere den informasjonskanalen brukarane går til fyrst. I 2014 var det om lag 4,3 mill. besøk på nettstaden. Det er om lag 10 pst. meir enn i 2013. Særleg populære tenester er kalkulatoren for innførsel av køyretøy og ordninga for at køyretøyeigarar sjølve kan hente KID-nummeret dei treng for å betale årsavgifta.

Dei regionale informasjonssentera fekk om lag 102 000 spørsmål i 2014, mot 107 000 i 2013 og 116 000 i 2012. Om lag 80 pst. av spørsmåla kjem per telefon, resten hovudsakleg per e-post.

Etaten har som mål at tida for saksbehandling skal vere kort, samtidig som kvaliteten skal betrast. Nokre søknadstypar frå næringslivet er høgt prioritert, til dømes søknader om tollkreditt. Behandlingstida per søknad var i 2014 under to veker i 98,2 pst. av tilfella, medan talet for 2013 var 98,9 pst.

Etaten skal ha høg kvalitet på behandlinga av klagesaker, og tida for behandling skal vere kort. For 2014 var målet at minst 60 pst. av alle særavgiftsklagene skulle vere behandla innan seks månader. I 2014 behandla direktoratet 72,6 pst. innan fristen. Tilsvarende tal for 2013 var 65 pst. Direktoratet har lenge arbeidd målretta for å betre saksbehandlinga i tollregionane. Dette arbeidet held fram i 2015.

I 2014 vart det utvikla ein ny styringsparameter for å måle kvaliteten i saksbehandlinga i tollregionane. Styringsparameteren stiller krav til kor mange prosent av etaten sine vedtak som skal oppfylle standardiserte retningslinjer for god saksbehandling. Resultatmålet for 2014 var sett til 90 pst., medan resultatet vart 89,7 pst.

I 2015 vil etaten halde fram med målingar for å sjå om arbeidet med å betre kvaliteten på saksbehandling i tollregionane vil gje ytterlegare framgang.

Samla resultatvurdering

Ut ifrå hovudmåla som er sette for etaten i 2014 vurderer Finansdepartementet driftsresultata i 2014 samla sett som gode. Etaten har dei siste åra hatt jamt gode resultat. Etaten kan syne til gode resultat i grensekontrollen. Beslaget av øl og brennevin har gått noko opp, medan talet på nar-kotikabeslag er om lag på sama nivå som for 2013. Finansdepartementet er nøgd med resultatata på fastsetjingsområdet i 2014, med mellom anna gode resultat for talet på avdekte alvorlege lov-

brot. Restansane held seg låge. Departementet vurderer servicen overfor brukarane som gjennomgåande god, og etaten når dei fastsette måla for saksbehandlingstid.

Sentrale utfordringar og tiltak

Flytting av oppgåver til Skatteetaten

Forvaltninga av innførselsmeirverdiavgift og særavgifter skal overførast frå Tolletaten til Skatteetaten. Dette vil skje med verknad frå 1. januar 2016 for særavgifter og for registrerte verksemder og motorvognavgifter. Regjeringa foreslår som følgje av dette å redusere løyvinga til Tolletaten med 286,3 mill. kroner og auke løyvinga til Skatteetaten tilsvarende. Forvaltninga av meirverdiavgift ved innførsel og særavgifter for ikkje-registrerte avgiftspliktige vert overført frå 1. januar 2017. Sjå omtale i del I kap. 2.2 om overføringa av oppgåver til Skatteetaten. Det er avsett 20,8 mill. kroner til eingongskostnader i 2016 ved flyttinga av oppgåver.

Tidleg i 2015 vart det for den nye Tolletaten etablert eit organisasjonsutviklingsprosjekt (OU) som i fase 1 fekk i oppgåve å tryggje at det frå 1. januar 2016 vart etablert ein organisasjon med effektive og gode tenester. Fase 2 i OU-prosjektet startar i 2016 og rettar seg mot dei langsiktige og strategiske behova for utvikling i Tolletaten.

Styrkt grensekontroll

Eit av hovudmåla med flyttinga av oppgåver frå Tolletaten til Skatteetaten er å leggje til rette for ein betre grensekontroll. Regjeringa vil reindyrke Tolletatens strategiske posisjon på grensa. Etaten skal drive god og effektiv grense- og varekontroll, samt leggje til rette for lovleg innførsel og utførsel av varer for næringslivet og reisande.

Dagens trugselbilette i Tolletatens grensekontroll ber preg av meir organisert kriminalitet, med aktørar som vert meir profesjonelle og kyniske. Sterk trafikkvekst dei siste åra gjev lågare kontrolldekning ved grenseovergangane. Auka legal handel krev òg fleire ressursar i grensekontrollen. Samstundes gjev meir profesjonelle smuglarar auka utfordringar for etaten, mellom anna fordi smuglingsforsøk oftare skjer der smuglarane trur kontrolldekninga er lågast. Det vert òg meir og meir vanleg at smuglarar er organiserte i nettverk og bruker kontraspaning, følgjebilar og sambandsutstyr for ikkje å verte stansa. Beslagsstatistikken syner at særleg smugling over ubemanna grenseovergangar aukar. I 2014 vart det anslått at drygt 9,6 mill. køyretøy kryssa grensene inn til

Noreg over ein av dei elleve bemanna eller 62 ubemanna grenseovergangane.

Regjeringa foreslår at Tolletaten sin grensekontroll skal styrkjast gjennom tre satsingsområde: elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar, auka bemanning, inkludert døgnbemanning på to av dei største landevegs grenseovergangane, og styrkt etterretnings- og analysekapasitet. For 2016 foreslår regjeringa å løyve 91,5 mill. kroner til styrkinga av Tolletaten sin grensekontroll. Forslaget betyr at etaten får fleire tollarar på grensa, betre utstyr og fleire verkemiddel.

Elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar

Etaten har sidan 2012 nytta elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning på nokre utvalde grenseovergangar i Østfold og sør-Hedmark. Systemet varslar når køyretøy mistenkt for smugling, passerer ein grenseovergang. Systemet er eit særleg godt verktøy ved dei mange ubemanna grenseovergangane. Regjeringa vil etablere elektronisk nærvær ved alle landevegs grenseovergangar og ferjeterminalar med utanlandstrafikk. Etableringa vil skje løpande fram til 2019. Det vil verte oppretta elektronisk skiltattkjenning for både inn- og utgåande trafikk. For at etaten fullt ut kan nytte seg av det nye systemet vert bemanninga styrkt med om lag 45 årsverk. Auken i bemanning skal mellom anna nyttast til fleire mobile kontrollininger som kan kontrollere køyretøy fanga opp av systemet.

Styrkt bemanning – døgnbemanning på to av dei største landevegs grenseovergangane

Uansett bruk av teknologiske hjelpemiddel vil kapasiteten i grensekontrollen vere avhengig av tilstrekkeleg mange tenestemenn på jobb. I tillegg til årsverka som skal nyttast saman med det elektroniske nærværet, vil regjeringa auke etaten sin kontrollkapasitet på dei største grenseovergangane. Styrkinga av bemanninga i den operative grensekontrollen vil mellom anna gje døgnbemanna grensekontroll på Svinesund (E6) og Ørje (E18), to av dei største og mest trafikkerte grenseovergangane.

Utanlandstrafikken med fly er nesten dubla dei siste ti åra. Tolletaten har behov for å styrkje bemanninga på fleire lufthamner med mange utanlandsreisande. Dette gjeld lufthamnene i Bergen, Trondheim, Tromsø, Sandefjord og Kristiansand som alle har fått meir internasjonal trafikk. Kapasiteten ved Gardermoen er venta å betrast

med innføringa av prøveprosjektet for forenkla prosedyrar ved flybytte (transfer), der passasjerane vil fordelast på to tollfilter, med enda fleire tolltenestemenn til kontroll. Effekten av dette må vurderast før det kan seiast noko meir om eit ev. ytterlegare behov ved Gardermoen.

Desse tiltaka inneber at etaten si bemanning vert styrkt med om lag 50 årsverk.

Styrkt etterretnings- og analysekapasitet

Auka vareførsel aukar behovet for å styrkje analysearbeidet. Dermed kan ein målrette kontrollinnsatsen betre og bruke ressursane der det er sannsynleg at smuglinga er størst. Kontrollen er òg avhengig av god etterretningsinformasjon, gode risikoanalysar og gode mogelegheiter til å analysere resultatane. Ein meir målretta kontroll vil samstundes kunne minske belastninga for den lovlydige delen av næringslivet som vert mindre forseinka av meir tilfeldige og generelle kontrollar. Regjeringa vil at etterretnings- og analysekapasiteten i Tolletaten skal verte betre og foreslår difor å opprette eit nasjonalt kompetansesenter for analyse og etterretning. Dette skal støtte den operative kontrollen i heile landet. Senteret vil leggje til rette for meir koordinert kontrollinnsats på tvers av regionane og sikre gjenbruk av etterretningsinformasjon. Det har dei siste åra vore ein stor auke i smugling av syntetiske narkotiske stoff over internett. Som ein del av kompetansesenteret skal det opprettast ei eining med internettilknytt smugling som spesialområde. Denne eininga skal rettast mot den stadig aukande mengda syntetisk narkotika som vert bestilt på internett og sendt direkte i posten. Bemanninga på tolllaboratoriet skal òg styrkast. I tillegg kjem investeringar i mellom anna deteksjonsutstyr og anna laboratorieutstyr. Desse tiltaka betyr at bemanning i etaten vert styrkt med om lag 28 årsverk. Det vil vere behov for ulik kompetanse til dette arbeidet utover den tollfaglege kompetansen som allereie er i etaten, til dømes IKT-, etterretnings- og analysekompetanse.

Anna arbeid i grensekontrollen

Samarbeid med andre instansar, mellom anna Skatteetaten, politiet og Nav, er viktig for arbeidet med etterretningar og innsamling av informasjon for å betre kontrollane. Overføring av oppgåver til Skatteetaten i 2016 og 2017 aukar Tolletaten sitt behov for samarbeid med Skatteetaten.

Etaten skal halde fram arbeidet mot innførsel av forfalska varer (IPR-varer). Denne handelen

kan ha band til svart økonomi. Nokre IPR-varer er utrygge eller farlege. Arbeidet mot slike varer tener forbrukarane og fremjar like konkurransevilkår i næringslivet. Staten skal vere særleg merksam på forfalskingar som trugar helse, miljø og tryggleik.

Etaten arbeider kontinuerleg for å gjere kontrollane mot valutasmugling meir treffsikre. Brot på plikta til å deklarerer valuta og andre betalingsmiddel er i dag eit internasjonalt problem. Staten har hundar som er spesialtrena til å lukte seg fram til pengesetlar. Dei har vist seg å vere eit nyttig hjelpemiddel for å finne valuta som er forsøkt smugla.

Eit prøveprosjekt med forenkla prosedyrar ved flybytte (transfer) kjem i gang ved Oslo lufthamn, Gardermoen, i september 2015. Dette gjev passasjerar som kjem frå utlandet og skal vidare med innanlandsfly, ei enklare og raskare reise. Prøveprosjektet skal vare i tre år. Regjeringa vil under prøveprosjektet vurdere om ordninga skal gjerast permanent. Prøveprosjektet inneheld ei rekkje tiltak for tollkontrollen. Målet er at tollkontrollen ikkje skal svekkjast som følgje av dei nye og forenkla prosedyrane. Det er mellom anna sett i stand eit nytt «tollfilter» for kontroll av passasjerane som reiser med forenkla transfer. Tolletatens kostnader til prøveprosjektet i 2016 vart rekna til 26,9 mill. kroner. Kostnadene er noko usikre. Avinor AS skal dekkje alle kostnader for Tolletaten i samband med prøveprosjektet.

Utrykingsstatus – blålys

Tolletaten har gjennomført eit prøveprosjekt med bruk av utrykkingskøyretøy og blålys, jf. Prop. 1 S (2013–2014).

Prøveprosjektet er vurdert. Resultata er særleg positive når det gjeld å vere synleg i trafikken. Dette er viktig for tryggleiken for både eigne tenestemenn og alle andre vegfarande. Vurderinga synte at bruk av utrykkingskøyretøy og gjorde kontrollane meir effektive. Dette førte til at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett for 2015 gav grønt lys for at dette vert ei varig ordning og kan takast i bruk i alle tollregionane. Arbeidet, som omfattar både opplæring av tenestemenn, utrusting av bilar og godkjenningsprosesser, er godt i gang.

Tiltak mot ulovleg vareførsel og økonomisk kriminalitet

Dei siste åra har etaten styrkt arbeidet med risikovurderingar og analyse med betre arbeidsmetodar

og grunnlagsmateriale. Dette arbeidet skal halde fram. Internasjonale tollstrategiar, fastsette av EU og WCO (World Customs Organization), legg òg auka vekt på bruk av risikovurderingar av vareendingar og aktørar. Som følgje av flytting av oppgaver frå Tolletaten til Skatteetaten, skal både etatane tilpasse sine kontrollar til nye oppgåvefordelingar.

Kontroll med vareførsel er samordna med grensekontrollen og omfattar ikkje berre økonomiske forhold, men òg restriksjonar og høve som kan true tryggleiken i samfunnet.

Den økonomiske kriminaliteten vert meir samansett og innfløkt, og stadig fleire varer kryssar grensene. Flyten av informasjon er i stor grad elektronisk, og informasjonen om varestraumen aukar. Dei siste åra har det vore ein kraftig auke i handelen på Internett. Mange freistar å unndra avgifter ved å setje verdien på varen lågare enn reell verdi. I tillegg vert òg varer som det er knytt restriksjonar eller forbod til, tekne inn via postsendingar. Desse utviklingstrekk set store krav til analysekompetansen i Tolletaten og bruk av ny teknologi i kontrollverksemda.

Noregs geografiske nærleik til EU og forskjellen i tollsatsar utgjer òg ein risiko innan vareførsel. EU er Noregs største handelspartner, og EU-statane har ei rekkje varer der dei ynskjer å verne om eigen produksjon. Desse varene har difor høgare toll. Som ein følgje av EØS-avtalen nyt norske varer godt av enten fritak frå toll eller lågare toll. Ved fleire høve er det avdekt at Noreg vert forsøkt nytta som kvitvasningsland, der varene opphavleg kjem frå land som har høg tollsats inn til EU. Varene vert fyrst førte inn til Noreg og deretter førte til EU med feil opphav eller, i nokre høve, smugla inn i EU. Staten vil difor fortsetje det tette samarbeidet med EU for å motverke at Noreg vert nytta som transittland.

Kontrollen med vareførselen skal utviklast vidare. Etaten skal betre metodane på utvalde risikoområde innanfor deklarasjonskontrollen. Røynsler frå kontrollresultat skal brukast meir systematisk, og informasjon frå eigne og eksterne kjelder skal utnyttast betre.

I kampen mot skatte- og avgiftsunndraging skal etaten samarbeide med andre etatar som Skatteetaten, politiet, Økokrim og Fiskeridirektoratet. Samarbeidet omfattar utveksling av informasjon og sams kontrollar. Etaten skal framleis vere ein aktiv deltakar i Fiskeriforvaltninga sitt analysenettverk (FFA), som arbeider mot ulovleg, ikkje-rapportert og uregulert fiske.

Utvikling av inn- og utførselsprosessar

I 2014 oppretta Tolletaten ei ny utviklingseining for å styrkje arbeidet med å utvikle og modernisere prosedyrar for vareførsel, regelverk og teknologiske løysingar.

Utviklingseininga skal medverke til at dei viktigaste forbetringstiltaka i prosjektet «Forbedring av tollvesenets inn- og utførselsprosessar», jf. Prop. 1 S (2011–2012), vert gjennomførte.

I 2015 arbeider utviklingseininga med tre ulike prosjekt som skal føre til at prosessane for vareførsel vert meir effektive. Det vert mellom anna utvikla ein «Toll-applikasjon» som reisande kan bruke for å fortolle alkohol og tobakksvarer. Andre prosjekt tek for seg «Fordeling og behandling av deklarasjonar» og «Ekspressfortolling på landevei». I det sistnemnde prosjektet er målet at Tolletaten skal ha tilgang til informasjon om varer og transportmiddel før dei kjem til grensa. Dette vil gjere det mogleg å behandle deklarasjonane og vurdere risiko før varene kjem over grensa. Føremålet er å få til betre og meir målretta kontrollar, og at vara vert stilt til rådvelde for mottakar ved passering av grensa. Vidare ynskjer Tolletaten at tollbehandlinga i størst mogleg grad skal vere tilpassa internasjonale standardar.

Endringar i prosedyrane må mellom anna vere i samsvar med internasjonalt regelverk, folkerettslege forpliktingar og praksis i andre land. Fleire spørsmål må avklarast nærare før det er mogleg å setje endringar i verk.

Auka sjølvbetening og publikumsservice på toll.no

Nettstaden toll.no er ein viktig kommunikasjonskanal for Tolletaten. Den er ein del av den naudsynte opplæringa og opplysninga for brukarane, og er ein svært viktig del av det førebyggjande arbeidet. Det er difor avgjerande at nettstaden dekkjer brukarane sitt informasjonsbehov på ein god måte. Etaten vil difor òg i 2016 arbeide for å få på plass løysingar som forenkler og digitaliserer kommunikasjonen.

Internasjonalt samarbeid

Oppgåvene til Tolletaten vert meir og meir prega av den internasjonale utviklinga. Etaten må difor prioritere oppgåvene sine etter det.

Størstedelen av norsk handel med utlandet er med andre europeiske land. Difor er det viktig at regelverk, prosedyrar og kontrollmetodar er godt avstemde med dei europeiske handelspartnarane

våre. Etaten følgjer med på og freistar å påverke standardane og regelverket som vert utvikla gjennom Verdas handelsorganisasjon (World Trade Organization, WTO), Verdas tollorganisasjon (World Customs Organization, WCO) og gjennom frihandels- og samarbeidsavtalar som Noreg forhandlar om.

Tolletaten hjelper òg WCO og WTO med tollfagleg ekspertise i ein del utviklingsland. Målet er å innføre internasjonalt godkjende reglar som legg til rette for ein effektiv verdshandel. Tolletaten arbeider òg for å setje utviklingsland i betre stand til å bruke handelsavtalane og dei tollpreferansane som desse avtalane gjev. WTO vedtok i ministermøtet på Bali i desember 2013 ein ny avtale om tilrettelegging av prosedyrane for internasjonal handel (Agreement on Trade Facilitation). Prosessane med å få godkjent avtalen i medlemslanda er i gang, og avtalen vil ta til å gjelde når to tredjedelar av medlemmane har slutta seg til avtalen. Noreg tek sikte på å slutte seg til avtalen på ministermøtet i Nairobi i desember 2015, sjå også omtale i Prop. 1 LS (2015–2016), kap. 9. Noreg deltek aktivt i frihandelsforhandlingane i regi av EFTA. Tolletaten skal støtte Finansdepartementet og andre departement, særleg Nærings- og fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet, i dette arbeidet. Tiltak for å lette varepasseringa over grensene er òg eit viktig tema i multilaterale forhandlingar om frihandelsavtalar. Tolldirektoratet skal saman med Finansdepartementet og Utanriksdepartementet ta del i forhandlingar og setje i verk frihandelsavtalar.

Noreg tek òg del i det såkalla Pan-Euro-Med-samarbeidet med EU, Middelhavslanda, Balkan, Færøyene og EFTA om gjennomføringa av opphavsreglane i frihandelsavtalane.

Noreg har inngått ei rekkje tollsamarbeidsavtalar om gjensidig administrativ støtte. Det er viktig at Tolldirektoratet følgjer opp avtalane. Det er òg viktig at etaten kontinuerleg vurderer behovet for nye avtalar og gjev tilråding til Finansdepartementet der ein av tollfaglege grunnar bør få starte forhandlingar eller endre inngåtte avtalar.

Tolldirektoratet vil oppretthalde det aktive kontrollsamarbeidet med Europol, Baltic Sea og Politi-Toll-Norden (PTN). I desse fora er føremålet å kjempe mot kriminalitet gjennom utveksling av informasjon, risikovurderingar og gjennom felles kontrolltiltak. Dei nordiske tollmyndigheitene har òg eit samarbeid på tvers.

Tolletaten har òg sambandsmenn (liaisonar) i Malmö, Berlin og Europol for å ivareta utveksling av informasjon og samarbeid.

Mål og budsjett 2016

Finansdepartementet har fastsett desse hovudmåla for Tolletaten for 2016:

- Leggjje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer
- Beskytte samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer
- Bidra til forenkling, harmonisering og innovasjon på etaten sine anvarsområde

Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgd for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tole.

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Tolletaten i samband med utforminga av tildelingsbrevet frå departementet til etaten. Prosessen med overføring av oppgåver til Skatteetaten er krevjande. Av røynsle er det då risiko for at slike prosessar i ein overgangsperiode kan påverke oppgåveløysinga. Ein kan ikkje fullt ut gardere seg mot noko svakare resultat for ei tid og på ein-skilde område.

Tolletaten arbeider jamt og trutt med å løyse oppgåvene sine betre. Heilt feilfri saksbehandling er likevel eit urealistisk mål. I praksis må etaten vege kvalitet mot effektivitet.

Departementet føreslår å setje utgiftsramma for Tolletaten til 1 370,6 mill. kroner. Dette er 13,4 pst. lågare enn saldert budsjett 2015. Hovudgrunnen er flyttinga av oppgåver til Skatteetaten.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og er budsjettert til 1 292,6 mill. kroner. Det er ein reduksjon med 16,2 pst. frå saldert budsjett 2015. Dei største endringane gjeld

- flytting av 286,3 mill. kroner til Skatteetatens budsjett i samband med overføringa av oppgåver.
- avsetning av 20,8 mill. kroner til eingongskostnader i 2016 i samband med oppgåveoverføringa til Skatteetaten.
- styrking av Tolletatens grensek kontroll med 55,6 mill. kroner – i tillegg kjem ei styrking på post 45 Større utstyrs kjøp og vedlikehald

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskrida løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for tolltenester* og 04 *Ymse refusjonar*, jf. nærare omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrs kjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp av utstyr til grensek kontrollen og IT-føremål. Posten er budsjettert med 78 mill. kroner. Det er ein auke på 90,2 pst. frå saldert budsjett 2015. Auken skal gå til utstyrs kjøp i samband med styrkinga av grensek kontrollen.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å tinge for meir enn det som er løyvt. Departementet ber difor om ei tingingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Kap. 4610 Tolletaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Særskilt vederlag for tolltenester	7 903	6 394	6 600
02	Andre inntekter	2 135	2 597	1 700
03	Refunderte pante- og tinglysingsgebyr	1 710	2 000	
04	Diverse refusjonar	3 621	3 297	2 500
05	Refusjon frå Avinor AS		36 400	26 900
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	18 630	18 880	
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	108		
16	Refusjon av foreldrepenge	13 139		
17	Refusjon lærlingar	44		
18	Refusjon av sjukepenge	24 422		
85	Gebyr for regelbrot – valutadeklarering	7 893	6 500	7 000
	Sum kap. 4610	79 605	76 068	44 700

Postane 03 Refunderte pante- og tinglysingsgebyr og 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar fell bort når Skatteetaten tek over særavgiftsforvaltninga.

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrevirert tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for utført tollforretning utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadene som denne behandlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Satsane for privatrevirert tollbehandling skal som i 2015 vere 400 kroner for 50 pst. overtid og 540 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjonsgebyret skal vere på 200 kroner per påbyrja halvtime.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typar inntekter, som til dømes gebyr for avskilting, inntekter frå auksjonssal av overleggjande inndregne varer, innkravde sakskostnader og agio. Gebyret for avskilting på

900 kroner er noko høgare enn det kostnadene til etaten tilseier, slik at det òg skal verke preventivt.

Tolletaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunngjeringar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes tepper og smykke. Slike utgifter er med på å gje høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet føreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (nettoposterast), jf. framlegg til romartalsvedtak IX.1.

Post 04 Diverse refusjonar

Posten vert brukt til inntekter som er ei direkte følge av og av same slag som den tilsvarende utgifta. Det gjeld mellom anna tilskot til prosjekt etter oppdrag frå Norad og tilskot frå andre statlege etatar til bestemte prosjekt, kompetansetiltak m.m., inntekter frå kursverksemd for næringslivet og inntekter frå framleige av lokale ved Svinesund tollstad til spedisjonsføretak. Lågare inntekter i 2016 enn tidlegare heng saman med at avtaler om innkrevjing av miljøgebyr fell bort.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610,

post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 05 Refusjonar frå Avinor AS

Avinor AS skal dekkje Tolletatens meirkostnader i samband med eit prøveprosjekt med forenkla prosedyrar ved flybytte (transfer) ved Oslo lufthamn, Gardermoen, jf. omtale foran under Grensekontrollen. Refusjonar frå Avinor AS skal førast på denne posten. Fordi meirkostnadene og dermed òg refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 05

Refusjonar frå Avinor AS, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 85 Gebyr for regelbrot – valutadeklarering

Posten omfattar inntekter frå gebyr som vert ilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta. Valuta og andre betalingsmiddel med ein verdi på meir enn 25 000 kroner skal meldast og leggjast fram for Tolletaten ved inn- og utførsel i samsvar med tollova med forskrifter. Når det er konstatert brot på deklareringsplikta, kan det illeggjast eit gebyr, eventuelt kan tilhøvet meldast til politiet. Gebyret kan utgjere opp til 20 pst. av det ikkje-deklarererte beløpet.

Kap. 1618 Skatteetaten

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	4 738 977	4 872 776	5 544 800
21	Spesielle driftsutgifter	176 332	157 700	185 100
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	306 911	323 600	302 300
23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga			83 100
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	112 536	104 600	107 400
70	Tilskot	3 000	3 100	3 200
	Sum kap. 1618	5 337 756	5 461 776	6 225 900

Statens innkrevjingssentral (SI) er ikkje med i tala for rekneskap 2014. Resultatrapporteringa for 2014 for SI står under programkategori 23.40 Andre føremål.

Føremål, hovudoppgåver og organisering

Skatteetaten skal sjå til at skattar, avgifter og andre krav vert rett fastsette og innbetalte, syte for eit oppdatert folkeregister og yte god service. Hovudoppgåvene til etaten er å:

- skrive ut forskotsskatt
- sikre skatte- og avgiftsprovenyet, mellom anna ved å kontrollere grunnlaget for oppgåvene frå skatte- og avgiftspliktige og tredjepart
- fastsetje og kontrollere folketrygdavgifter og skatt på formue og inntekt
- fastsetje, kontrollere og krevje inn meirverdiavgift og særavgifter

- kontrollere og føre tilsyn med korleis dei kommunale skatteoppkrevjarane krev inn direkte skattar og arbeidsgjevaravgift
- forvalte folkeregisteret
- forvalte regelverk, som òg inneber å informere og rettleie publikum
- krevje inn straffekrav som er utferda av justisstyresmaktene, og avgifter, gebyr og mislegaldne krav for andre statlege verksemder

Skatteetaten består i 2015 av eit sentralt direktorat, fem skatteregionar (Skatt nord, Skatt Midt-Noreg, Skatt vest, Skatt sør og Skatt aust), Statens innkrevjingssentral, Sentralskattekontoret for storbedrifter, Oljeskattekontoret og Skatteopplysninga. Skatteregionane hadde per 31. desember 2014 til saman 110 skattekontoreiningar. I tillegg har Skatteetaten 50 serviceavtalar med andre offentlege kontor. Etaten hadde per

31. desember 2014 ei bemanning tilsvarende 5 671 årsverk.

Regjeringa gjennomfører i sitt arbeid med ei betre skatte- og avgiftsforvaltning endringar i oppgåvefordelinga mellom etatane som handterer skatt, avgift, toll og innkrevjing. Frå 1. januar 2015 vart Statens innkrevjingssentral (SI) innlemma i Skatteetaten. Oppgåver knytt til innkrevjing av toll, meirverdiavgift ved innførsel og særavgifter vert overført frå Tolletaten til Skatteetaten frå 1. januar 2016. Samstundes får fyrstnemnde nytt namn – Tolletaten. Frå same tidspunkt vert òg forvaltninga av særavgifter for registrerte verksemdar og motorvognavgiftene overført frå Tolletaten til Skatteetaten. Overføring av forvaltninga av særavgifter for ikkje-registrerte avgiftspliktige og meirverdiavgift ved innførsel er planlagt gjennomført frå 1. januar 2017. Regjeringa gjer framlegg om at ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført frå kommunane til Skatteetaten. Endringane er nærare omtalte i del I kap. 2.2 og i avsnittet «Sentrale utfordringar og tiltak» under.

Mål og resultat 2014

Driftsresultatet til Skatteetaten vert vurdert ut frå fire fastsette hovudmål, jf. nedanfor. Måla er

dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgde for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tole.

Hovudmål 1: Skattane skal vere fastsette rett og til rett tid

I 2014 vart det fastsett 946,6 mrd. kroner i direkte og indirekte skattar på ansvarsområdet til etaten. Det var 22,6 mrd. kroner mindre enn i 2013, jf. tabell 6.8. Trygdeavgifta og arbeidsgjevaravgifta auka med høvesvis 5,7 og 7,5 mrd. kroner. Meirverdiavgifta auka med til saman 9,3 mrd. kroner frå 2013. Meirverdiavgifta på import, fastsett av Tolletaten, auka med 7,3 mrd. kroner, og meirverdiavgifta fastsett av Skatteetaten auka med 2 mrd. kroner. Det vart utlikna 1,5 mrd. kroner i arveavgift i 2014. Årsaka til nedgangen i samla proveny er at fastsett petroleumsskatt vart 48,1 mrd. kroner lågare i 2014 enn i 2013.

Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016*.

Tabell 6.8 Fastsette skatter og avgifter – oversikt

	(mill. kroner)		
	2012	2013	2014
Skatt på inntekt og formue	353 500	374 600	385 600
Trygdeavgift	103 500	109 900	115 600
Petroleumsskatt	226 200	230 000	181 900
Sum fastsett ved likningsbehandlinga	683 200	714 500	683 100
Arbeidsgjevaravgift, unnteke sentralt utrekna arbeidsgjevaravgift	130 900	140 400	147 900
Meirverdiavgift ¹	220 900	235 800	245 100
Arveavgift	1 700	2 200	1 500
Sum fastsette skattar og avgifter	1 036 700	1 092 900	1 077 600
Sum fastsette skattar og avgifter unnteke meirverdiavgift fastsett av Tolletaten	917 100	969 200	946 600

¹ Beløpet omfattar meirverdiavgift som Tolletaten krev inn ved innførsel. Det utgjer 131,0 mrd. kroner for 2014 og 123,7 mrd. kroner for 2013. For meirverdiavgiftspliktige næringsdrivande gjev meirverdiavgifta som vert kravd inn ved innførsel, rett til frådrag i meirverdiavgiftsoppgjret mellom dei og skattekontora, jf. fotnote 3 i tabell 6.2 under kap. 1610 Tolletaten.

Arbeidet med likninga kan delast inn i fire hovudbolkar: Utskriving og endring av skattekort (grunnlaget for skattetrekk), innhenting av grunnlagsdata, produksjon og behandling av sjølvmeldingar og utsending av skatteoppgjær.

Utskriving og endring av skattekort for inntektsåret 2014

For inntektsåret 2014 vart det i desember 2013 skrive ut vel 3,75 mill. skattekort. Av desse vart 7,7 pst. endra i desember 2013 og januar 2014. Dette er ein nedgang på 0,5 prosentpoeng frå året før. 2014 var fyrste året der alle arbeidsgjevarar kunne hente skattehorta elektronisk (eSkattekort) for alle sine arbeidstakarar. Alle arbeidstakarar fekk skattetrekksmelding, informasjon om skattekortet og berekningsgrunnlag i staden for eit skattekort slik dei har vore vane med i mange år. Innføringa av ordninga med eSkattekort var vellukka.

Likning for inntektsåret 2013

I 2014 behandla Skatteetaten sjølvmeldingar for inntektsåret 2013 frå om lag 3,7 mill. lønstakarar og pensjonistar, 372 000 personleg næringsdrivande og 269 000 selskap, jf. tabell 6.9.

Innhenting av omfattande grunnlagsdata, som vert førehandsutfylte i sjølvmeldinga, gjev høgare kvalitet på meldinga enn om skattyteren sjølv skulle ha fylt ut. Grunnlagsdata er tredjepartsopplysningar som Skatteetaten får frå til dømes bankar, arbeidsgjevarar og frå offentleg forvaltning. Betre og fleire grunnlagsdata gjer det lettare å fastsette skattane rett. Skatteetaten fekk inn 66,8 mill. oppgåver med grunnlagsdata til likningsarbeidet i 2014. Det er 8,4 mill. fleire enn i 2013. 97,7 pst. av oppgåvene vart mottekne innan produksjonsstarten for sjølvmeldinga. Det er ei minking på 1,8 prosentpoeng frå 2013. Kvaliteten på grunnlagsdataa vert mellom anna målt ved kor stor del dei ikkje identifiserte grunnlagsdataoppgåvene utgjorde. For 2014 var målet til etaten at den skulle vere mindre enn 1,5 pst. Resultatet vart 0,7 pst.

Tabell 6.9 Tal på behandla sjølvmeldingar m.m.

	2012	2013	2014
Sjølvmelding lønstakarar og pensjonistar	3 556 000	3 624 500	3 678 000
Sjølvmelding personleg næringsdrivande	373 000	373 000	372 000
Sjølvmelding etterskotspliktige selskap	241 000	256 800	269 000
Grunnlagsdata (løns- og trekkoppgåver, bankoppgåver m.m.)	57 885 000	58 436 000	66 818 000

Produksjonen og kvaliteten på likninga for inntektsåret 2013 var stort sett god.

Ordninga med leveringsfritak for sjølvmeldinga vart innført frå inntektsåret 2007. I 2009 valde 58,3 pst. av lønstakarane og pensjonistane å nytte seg av fritaket. Talet auka til 72,8 pst. i 2014. Av dei som leverte sjølvmelding, leverte 74,3 pst. elektronisk i 2014, mot 72,1 pst. i 2013.

92,3 pst. av upersonlege skattytarar og personlege skattytarar som driv næring, leverte sjølvmeldinga til rett tid i 2014. I 2013 var prosentdelen 91,1 pst. Målet til etaten er at minst 95 pst. skal levere i tide. Fleire tiltak vert vurderte for å betre situasjonen. Av dei som leverte sjølvmelding, leverte 84,6 pst. elektronisk i 2014, mot 84,5 pst. i 2013.

Likning ved sentralskattekontora

Sentralskattekontoret for storbedrifter (SFS) likner og kontrollerer verksemder med omsetnad over ei viss grense. Kontoret likna i 2014 om lag 4 700 selskap, og det vart fastsett skatt for om lag 23,1 mrd. kroner. Det er ein nedgang på 7 mrd. kroner frå 2013. Talet på likna selskap auka med 56. SFS liknar i tillegg alle kraftverk med yting over 5 500 kVA, til saman 149 kraftproduserande selskap. Frå 1. januar 2014 har SFS òg hatt ansvar for etterkontroll av meirverdiavgift og arbeidsgjevaravgift i verksemder som er tekne med i manntalet til kontoret. SFS ligg direkte inn under Skattedirektoratet og har tre kontoreiningar. Kontoret har frå 1. januar 2015 fått ansvaret for alle konsern med omsetnad over 3 mrd. kroner. Talet på verksemder som høyrer til manntalet til SFS, aukar difor i 2015. Endringane er ei følge av Skatteetaten si auka satsing på arbeidet med storbedrifter.

Sentralskattekontoret for utanlandssaker (SFU), som er underlagt Skatt vest, er oppretta for å ta seg av visse område innanfor skattlegging av utanlandske selskap og arbeidstakarar med melombels tilknytning til landet. Kontoret likna 65 700 lønstakarar og sjømenn i 2014. Det er ein nedgang på 3 000 frå 2013. Ved den ordinære likninga for 2013 vart det fastsett 3,8 mrd. kroner i skatt for forskotspliktige. Det var 222 mill. kroner meir enn ved likninga for 2012. Kontoret likna til saman 844 selskap og om lag 3 300 forskotspliktige næringsdrivande ved ordinær likning i 2014. Fastsett skatt for etterskotspliktige ved ordinær likning for inntektsåret 2013 var 747 mill. kroner. Det er ein auke på 72 mill. kroner frå inntektsåret 2012.

Oljeskattekontoret, som er underlagt Skattedirektoratet, tek seg av skattlegginga av petroleumsværksemda. Kontoret likna 73 selskap i 2014 og fastsett skatt var 181,9 mrd. kroner. Det er ein nedgang på 48,1 mrd. frå 2013, jf. tabell 6.8.

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2013

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2013 vart klart i juni 2014 for 84,1 pst. av lønstakarane og pensjonistane. Året før var talet 81,0 pst. Personleg næringsdrivande kunne få tidlege skatteoppgjær frå august og utover. I 2012 fekk 79 pst. personleg næringsdrivande skatteoppgjeret før oktober. I 2014 auka denne delen til 88 pst. 66 pst. fikk skatteoppgjeret alt i august. Etterskotspliktige skattytarar (selskap m.m.) får alltid skatteoppgjeret i oktober.

I 2014 fekk 16,3 pst. av dei forskotspliktige skattytarane restskatt, mot 18,2 pst. i 2013. Det gjennomsnittlege restskattebeløpet var om lag 25 000 kroner, tre tusen kroner høgare enn i 2013. Talet på skattytarar med beløp til gode var litt høgare enn i 2013. Om lag 3,1 mill. (77 pst.) skattytarar hadde beløp til gode i 2014. Beløp til gode var i gjennomsnitt om lag 13 700 kroner og til saman 43 mrd. kroner. Det er ein auke på 4,4 mrd. kroner frå 2013.

Fastsetjing av meirverdiavgift

Ved utgangen av 2014 var det registrert om lag 351 500 verksemder i meirverdiavgiftsmanntalet, og det vart behandla i overkant av 1,6 mill. omsetningsoppgåver i 2014. 91,4 pst. av oppgåvene vart leverte til rett tid. Det er ein auke på 0,5 prosentpoeng frå 2013. Om lag 93 pst. av skjønnsfastsetjingane skjedde innan 80 dagar. Det er ei betring på om lag 0,9 prosentpoeng frå 2013. Målet til etaten er 90 pst. Dei siste åra har resultatata i arbeidet med fastsetjing av meirverdiavgift vorte betre.

I 2012 vart det innført pliktig elektronisk levering av meirverdioppgåva, med dispensasjonsordning for dei som ikkje kan levere elektronisk. I 2014 vart 99,2 pst. av oppgåvene levert elektronisk, mot 98,8 pst. i 2013.

Kontroll av skattytarar og næringsdrivande

Ein stor del av Skatteetatens kontroll av næringslivet vert utført i samband med den årlege likningsbehandlinga og ved behandlinga av omsetningsoppgåver. I tillegg gjennomfører Skatteetaten og dei kommunale skatteoppkrevjarane ei rekkje kontrollaktivitetar, mellom anna etterkontrollar (avdekkingskontrollar m.m.).

Skatteetaten har innført kontrollstrategiar der ulike kontrolltypar og andre verkemiddel vert vurderte i samanheng med sikte på eit best mogleg resultat og auka etterleving. Etaten arbeider dessutan førebyggjande gjennom målretta informasjon og rettleiing, for å oppnå mest mogleg korrekt skatte- og avgiftsbereking. Etaten skal informere om resultatata av kontrollane, slik at opplevd fare for å verte oppdaga aukar. Dei siste åra har Skatteetaten flytta ressursar frå likningsarbeid til utvida kontrollar av næringsdrivande og selskap. Skatteetaten vurderer løpande utvikling av nye parametarar og forklaringsvariablar som kan måle effektar av etaten sitt arbeid.

Skatteetaten legg vekt på å kontrollere mest på dei områda der faren for medvitne feil og unndraging er størst. Utveljinga av saker har vorte betre. Det har ført til avdekking av store, samansette saker med medvitne skatte- og avgiftsunndragingar. Gjennomsnittleg avdekt beløp per avdekkingskontroll for inntekt og meirverdiavgift og oppgåvekontroll auka i 2014.

Med god samansetjing av kontrollane skal etaten dekkje både dei store, tunge sakene og dei meir typiske kontrollaksjonane der synlegging av kontrollarbeidet er eit av måla. Skatteetaten måler mellom anna kontrollarbeidet opp mot opplevd oppdagingsrisiko hos eit utval verksemder. Opplevd oppdagingsrisiko har mykje å seie for kor mykje skattar og avgifter som vert unndrege. I 2014 var det 26 pst. som opplevde liten eller svært liten risiko for å verte oppdaga. Dette er ein auke frå 21 pst. i 2013. Samstundes har delen som opplever stor eller svært stor risiko for å verte oppdaga, auka frå om lag 60 pst. i perioden 2007–2011 til rundt 70 pst. i målingane dei siste tre åra.

Sjå elles omtale nedanfor av arbeidet etaten gjer for å motverke skattekriminalitet.

Hovudmål 2: Skattane skal betalast til rett tid

Innkrevjing av inntekts- og formuesskatt og avgifter til folketrygda (trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift) er lagt til dei kommunale skatteoppkrevjarane, med Skatteetaten som fagleg overordna styresmakt. Skatteetaten er eineansvarleg for innkrevjing av innanlands meirverdiavgift, petroleumsskatt og arveavgift. Skatteetaten har òg ansvar for innkrevjinga som gjeld kommune 2312 (utanlandske selskap og arbeidstakarar utlikna ved Sentralskattekontoret for utanlandsaker).

Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift

Per 31. desember 2014 utgjorde samla innbetalingar i forskotsordninga 99,9 pst. av dei fastsette

krava for inntektsåret 2013, jf. tabell 6.10. (Forskotsordninga er summen av forskotstrekk og forskotsskatt for personar.) Såkalla friviljuge innbetalingar utgjer 99,3 pst. av forskotsordninga. Innbetalinga av restskatt frå personar for inntektsåret 2012 var litt betre enn for inntektsåret 2011. Tvangsinnkrevd restskatt for personlege skattytarar av sum krav til innkrevjing var 64,6 pst. Resultatmålet for skatteoppkrevjarane på 67 pst. vart ikkje nådd. Sjølv om kravtypane ikkje er direkte samanliknbare, har differansen mellom 2014-resultata for tvangsinnkrevjing av restskatt og Skatteetatens tvangsinnkrevjing av meirverdiavgift (75,3 pst. av sum krav til tvangsinnkrevjing) auka, samanlikna med 2012. Skatteetaten følgjer opp den svake utviklinga for skatteoppkrevjarane særskilt.

Tabell 6.10 Skatt og arbeidsgjevaravgift for inntektsåra 2011–2013¹

		(mill. kroner)		
Inntektsår ²		2011	2012	2013
Forskotstrekk ³	Sum krav	358 556	382 665	407 957
	Innbetalt	99,9 pst.	99,9 pst.	99,9 pst.
	Ikkje innbetalt	198	218	231
Forskotsskatt (personar) ³	Sum krav	29 331	31 136	32 329
	Innbetalt	99,2 pst.	99,2 pst.	99,2 pst.
	Ikkje innbetalt	244	258	258
Forskotsskatt (upersonlege skattytarar) ³	Sum krav	54 863	54 239	57 654
	Innbetalt	99,9 pst.	99,9 pst.	99,9 pst.
	Ikkje innbetalt	41	37	39
Restskatt (upersonlege skattytarar) ⁴	Sum krav	18 094	20 039	
	Innbetalt	97,2 pst.	97,5 pst.	
	Ikkje innbetalt	501	496	
Restskatt (personar) ⁴	Sum krav	16 674	16 494	
	Innbetalt	94,0 pst.	94,1 pst.	
	Ikkje innbetalt	999	977	
Arbeidsgjevaravgift ³	Sum krav	130 876	140 438	147 948
	Innbetalt	99,8 pst.	99,8 pst.	99,8 pst.
	Ikkje innbetalt	244	252	265

¹ Rapporteringsmåten er endra samanlikna med Prop. 1 S (2014–2015). Dette gjeld òg tala for 2011 og 2012.

² Inntektsåret kjem eitt år før likningsåret.

³ Målt per 31. desember – 1 år etter inntektsåret.

⁴ Målt per 31. desember – 2 år etter inntektsåret.

Innkrevjing av meirverdiavgift

Per 31. desember 2014 var 99,4 pst. av meirverdiavgifta som var fastsett for avgiftsåret 2013, innbetalt. Resultatet var det same året før. Resultatet for tvangsinnkrevjing – 75,3 pst. – var 1,1 prosent-

poeng betre enn året før. Etaten har nådd resultatmålet sitt. Det har vore ei jamn resultatforbetring for tvangsinnkrevjing av meirverdiavgift dei tre siste åra. Departementet er nøgd med denne utviklinga.

Tabell 6.11 Meirverdiavgift for avgiftsåra 2011–2013

Avgiftsår	(mill. kroner)		
	2011	2012	2013
Sum krav ¹	208 462	218 476	231 074
Innbetalt ¹	99,4 pst.	99,4 pst.	99,4 pst.
Aktiv restanse ²	453	441	402

¹ Målt per 31. desember – 1 år etter avgiftsåret.

² Med aktiv restanse er meint restanse unnateke krav i konkursbu, utsette krav og krav knytte til gjeldsforhandlingar. Restansen gjeld berre avgiftsåret.

Samla restanse – skatt og meirverdiavgift

Samla akkumulert restanse var 28,2 mrd. kroner per 31. desember 2014, om lag 1,9 mrd. kroner mindre enn året før, jf. tabell 6.12.

Tabell 6.12 Skatteetaten – samla restanse

	(mill. kroner)		
	2012	2013	2014
Skatt og arbeidsgjevaravgift	20 974	23 789	21 927
Meirverdiavgift ¹	5 945	5 890	5 876
Arveavgift	517	477	430
Samla restanse	27 435	30 156	28 234

¹ Omfattar ikkje innførselsmeirverdiavgift som er fastsett av Tolletaten, eller krav på tilbakebetaling av meirverdiavgift.

Skatteoppkrevjarfunksjonen for kommune 2312 – Skatteoppkrevjar utland

Sentralskattekontoret for utanlandssaker er likningsstyresmakt for sokkelkommunen (kommune 2312), medan skatteinnkrevjinga vert utført av Skatteoppkrevjar utland. Både kontora er underlagde Skatt vest. Arbeidstakarar og oppdragsgjevarar som har mellombels opphald eller oppdrag på land eller sokkel i Noreg, og som ikkje har tilknytning til andre kommunar, vert knytte til kommune 2312.

Arbeidsoppgåvene til Skatteoppkrevjar utland er særleg krevjande fordi skyldnarane er så kort

tid i Noreg. Kontoret nådde resultatmåla for innkrevjing, og resultata vart noko betre enn i 2013. Samla restanse ved Skatteoppkrevjar utland syner ein nedgang på om lag 122 mill. kroner i 2014. Hovudårsaka til nedgangen er eit målretta oppryddingsarbeid i gamle restskattar.

Kontrollen av skatterekneskapan og den faglege oppfølginga av skatteoppkrevjarane

Kontroll av skatterekneskapan vert utført av regionale kontrolleringar ved skattekontora. I 2014 vart det gjennomført stadleg kontroll av 80 pst. av skatteoppkrevjarkontora. Dette er ein liten ned-

gang frå 2013 (82 pst.), men betre enn etaten sitt resultatmål på 75 pst.

Hovudmål 3: Folkeregisteret skal ha høg kvalitet

I 2014 vart det registrert om lag 230 000 nye personar i folkeregisteret. Av desse er 60 000 fødte i Noreg, 70 000 er innvandra og 100 500 fekk d-nummer.

Eit oppdatert folkeregister er avgjerande for ei rekkje sentrale samfunnsfunksjonar. Eit godt folkeregister føreset at Skatteetaten får inn korrekte opplysningar frå borgarane og andre instansar, og at endringar vert melde raskt. I 2014 vart resultatmåla til etaten for saksbehandlinga nådde for seks av åtte styringsparametrar.

Tabell 6.13 Behandla meldingar i Skatteetaten – resultat

	2012	2013	2014
Innflytting og flytting innanfor kommunen – innan 4 dagar	70,3 pst.	77,8 pst.	77,2 pst.
Innvandring – innan 9 dagar ¹	51,6 pst.	69,6 pst.	70,6 pst.
Utvandring – innan 9 dagar ¹	51,6 pst.	69,6 pst.	74,5 pst.
Skilsmål, separasjon, vigsel og dødsmelding – innan 9 dagar	69,3 pst.	64,7 pst.	67,3 pst.
Fødsel – innan 20 dagar	97,9 pst.	98,1 pst.	98,0 pst.
Fyrstegongs namnesaker – innan 4 dagar	93,2 pst.	93,4 pst.	94,7 pst.
Prøving av ekteskapsvilkår – innan 14 dagar	87,5 pst.	84,5 pst.	80,6 pst.

¹ Saksbehandlingstid for innvandring og utvandring ble i 2012 og 2013 rapportert samla.

Registrering i det norske folkeregisteret er attraktivt for mange, og det er ein fare for at nokon skal tileigna seg fødsels- eller d-nummer på gale grunnlag. Ein god id-kontroll ved melding om innvandring og rekvirering av d-nummer er difor viktig. Sjå òg eigen omtale av identitetsforvaltning og modernisering av folkeregisteret under.

Hovudmål 4: Brukarane skal få god service

Skatteetaten legg stor vekt på å yte god service og gje god informasjon til dei skattepliktige, mellom anna for å sikre høg tillit til skattesystemet og etaten. Etaten har dei siste åra styrkt rettleiinga og servicen overfor skattytarane og er opptatt av korleis ein kan kommunisere på ein god og forståeleg måte med publikum. Dette gjeld både personleg via telefon, i skranken og i dei elektroniske kontaktflatene. Dei siste åra har Skatteetaten prioritert å ruste opp *skatteetaten.no*, som er etatens viktigaste kanal for informasjon til brukarane.

Brukargranskingar

Skatteetaten gjennomfører jamleg brukargranskingar blant privatpersonar og hos næringslivet. Ei brukargransking frå 2014 syner at publikum stort sett er nøgd med servicen frå Skatteopplys-

ninga (Skatteetatens telefoneneste). 81 pst. av skattytarane som har hatt kontakt med Skatteetaten, synast servicen er god.

Skatteopplysninga gjennomførte i 2013 ei kvalitetsundersøking av tenesta for rettleiing. Undersøkinga synte ein gjennomsnittleg feilprosent på 12,5 pst. på skattespørsmål frå privatpersonar og 14,5 pst. på spørsmål som gjeld folkeregisteret. Departementet er ikkje nøgd med desse resultatane. Tilsvarande undersøking vart ikkje gjennomført i 2014, men Skatteetaten har sett i gang tiltak for å betre kvaliteten i fyrstelinetenesta.

Fyrstelinetenesta

Skatteopplysninga fekk i 2014 om lag 1,9 mill. oppringingar, ein reduksjon på rundt 13 pst. frå året før. Frå 2013 til 2014 gjekk gjennomsnittleg ventetid ned frå 6 til 4 minutt. Svarprosenten i 2014 var 84 pst. Det er same resultat som i 2013. Skatteetaten arbeider systematisk og målretta med å vere tilgjengeleg for brukarane.

Servicesenter for utanlandske arbeidstakarar (SUA)

SUA er etablert i Oslo, Stavanger, Kirkenes og Bergen. Ved SUA kan både arbeidstakarar frå land utanfor Norden og arbeidsgjevarar få rettleiing og

behandling av søknader. Nordiske borgarar må vitje dei ordinære kontora til Skatteetaten, politiet, Utlendingsdirektoratet og Arbeidstilsynet. I 2014 vitja om lag 111 000 brukarar SUA, mot om lag 116 000 i 2013.

Skattehjelpa

Skattytarane har rett til informasjon og rettleiing, men behovet for slik hjelp varierer. Skattehjelpa er eit tiltak som er retta mot skattytarar som av ulike årsaker ikkje har vore i stand til å oppfylle sine plikter og vareta sine rettar overfor skattestyresmaktene.

Skattehjelpa arbeider førebyggjande gjennom informasjon og rettleiing og vurderer saker som kan føre til endring av tidlegare fastsetjing, mellom anna heil eller delvis ettergjeving av krav. Skattehjelpa skal særleg prioritere saker med skjønnsfastsette krav (manglande eigendeklarering). Samarbeid med andre styresmakter innan til dømes helsesektoren, rusmiddelomsorga, kriminalomsorga og Nav si rettleiingsteneste er viktig for å treffe den rette målgruppa. I fleire tilfelle kontaktar Skattehjelpa òg skattytar sjølve. Det er etablert særskilde einingar i skatteregionane som har ansvar for å koordinere regionen sitt arbeid på området.

I 2014 tok Skattehjelpa 1 278 saker opp til vurdering. Om lag halvparten av sakene førte til endra fastsetjing eller at krav vart ettergitt. Endringane i skattytarane sin favør var til saman på om lag 212 mill. kroner, medan 69 000 kroner var i skattytarane sin disfavn.

Skattehjelpa vart evaluert i 2014. Evalueringa syner at Skattehjelpa har ein viktig funksjon for

personar som har kome i ein vanskeleg situasjon, og at ordninga bør halde fram. Det vart òg peika på behov for enkelte forbetringar i samband med til den interne oppfølginga av ordninga i Skatteetaten. Skattedirektoratet følgjer opp evalueringa.

Behandling av klager på skatte- og arveavgiftsvedtak

Tabell 6.14 syner talet på klagesaker som er behandla ved skattekontora og i nemndene.

Talet på klager som vart behandla ved skattekontora i 2014, minka med over 6 000 frå 2013. I 2014 vart om lag 90,4 pst. av klagenes på likningsbehandlinga behandla innan 3 månader etter at klaga vart motteken. Dette er over etatens sitt resultatmålet på 90 pst. og om lag same resultat som i 2013. Saksbehandlingstida ved skatteklagenemndene betra seg mykje i 2014. Talet på saker som vart behandla i nemndene i 2014, er om lag som i 2013.

Saksbehandlingstida i Klagenemnda for meirverdiavgift har gjennom fleire år utvikla seg positivt. Ved utgangen av 2014 var 87,1 pst. av sakene behandla innan 6 månader. Dette er 2,2 prosentpoeng betre enn i 2013, men framleis under etaten sitt resultatmål på 90 pst.

Regjeringa føreslo i Prop. 1 LS (2014–2015) ei ny klagenemndsordning for skatteområdet. Stortinget slutta seg til framlegget til Regjeringa, jf. Innst. 4 L (2014–2015). Regjeringa tek sikte på at lovendingane skal gjelde frå 1. januar 2016 og at den nye Skatteklagenemnda vert etablert 1. juli 2016. Sjå eigen omtale under Sentrale utfordringar og tiltak.

Tabell 6.14 Tal på behandla klager på skattevedtak

	2012	2013	2014
Behandla av skattekontoret sjølv i 1. instans ¹	92 408	81 960	75 546
Behandla i dei regionale skatteklagenemndene	3 941	3 722	3 909
Behandla i Riksskattenemnda	4	5	7
Behandla i Klagenemnda for petroleumsskatt	23	20	25
Behandla i Klagenemnda for meirverdiavgift	281	390	369

¹ Talet omfattar både saker som er omgjorde etter klage og etter eige initiativ.

Skatteetaten har i 2014 nådd sitt resultatmål for saksbehandlingstid for klager på arveavgiftsvedtak. 87,7 pst. av klagenes vart behandla innan 3 månader, mot høvesvis 77 pst. og 83,9 pst. i 2012 og 2013.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet er nøgd med resultatata på fastsetjingsområdet. Etaten har gode resultat for kvalitet på grunnlagsdata, noko som mellom anna

har si årsak i etablering av nye og meir omfattande grunnlagsdataordningar. Dei store produksjonane er gjennomførte til rett tid og med tilfredsstillande kvalitet. Resultata er litt betre enn i 2013. Likevel er det framleis litt for få av dei upersonlege skattytarane og personlege skattytarane som driv næring, som leverer sjølvmeldinga til rett tid.

Departementet er stort sett nøgd med resultat til etaten på kontrollområdet. Gjennomsnittleg avdekt beløp for avdekkingskontrollar og oppgåvekontrollar var i 2014 høgare enn i 2013. Dette syner at etatens arbeid med kontrollar har vorte meir målretta. Det er viktig å ha ein god balanse mellom dei ulike kontrolltypene og mellom kvalitet og kvantitet i kontrollarbeidet. Departementet er òg nøgd med at etaten prioriterer arbeidet mot skatte- og avgiftskriminalitet, og at etaten har sett i gang ei rekkje tiltak på dette området.

Resultata på innkrevjingsområdet er gode og på same nivå som i 2013 eller betre for dei fleste styringsparametrane. Departementet er nøgd med Skatteetaten sine gode resultat for tvangsinnkrevjing av meirverdiavgift, men registrerer at skatteoppkrevjarane sine resultat på tvangsinnkrevjing av restskatt ikkje har same gode utvikling.

Finansdepartementet er nøgd med at den positive resultatutviklinga for saksbehandlingstider på folkeregisterområdet held fram i 2014.

Brukargranskingar syner at publikum gjennomgåande er godt nøgd med rettleiinga frå Skatteopplysninga, og at skattytarane er nøgde med servicen til etaten. Skatteetaten må likevel følgje opp at den faglege kvaliteten i fyrstelinetenesta er god.

Departementet vurderer resultat til Skatteetaten for 2014 som gode sett under eitt.

Sentrale utfordringar og tiltak

Overføring av oppgåver til Skatteetaten

Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for ei meir heilskapleg og effektiv skatte- og avgiftsforvaltning. Sjå meir omtale i del I kap. 2.2.

Skatteetaten vil frå 1. januar 2016 ta over oppgåver knytt til innkrevjing av toll, meirverdiavgift ved innførsel og særavgifter frå Tolletaten, jf. omtale i Prop. 120 LS (2014–2015) *Skatt, avgifter og toll 2015*. På grunn av overføringa er løyvsframlegget for Skatteetaten auka med 286,3 mill. kroner og redusert tilsvarende for Tolletaten.

Regjeringa gjer framlegg om at ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen vert overført frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2016, jf. omtale i Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatt, avgifter og*

toll 2016. Overføringa inneber at Skatteetaten må styrkast med om lag 950 årsverk. Til saman skal Skatteetaten nytte 1 015 årsverk på skatteoppkrevjinga. Inkludert i desse tala er ei styrking av arbeidsgjevarkontrollen med 50 årsverk samanlikna med ressursbruken i kommunane i dag. Som følgje av overføringa må budsjettet til Skatteetaten styrkast med 422,5 mill. kroner i 2016. Ramma til kommunane vert redusert med til saman 630 mill. kroner. Gevinsten av overføringa i 2016 vert då 207,5 mill. kroner. Med heilårsverknad vert gevinsten 356 mill. kroner årleg.

I 2016-budsjettet er det sett av 27,7 mill. kroner til å dekkje ein del av Skatteetatens eingongs meirkostnader i samband med endringane i skatte- og avgiftsforvaltninga. Meirkostnadane gjeld mellom anna eigedom, kontorutstyr og mindre tilpassing av IKT-system.

Tiltak mot skatte- og avgiftsunndraging

Skatte- og avgiftsunndragingar er økonomisk kriminalitet som råkar fellesskapen og svekkjer grunnlaget for velferdsstaten. Det er grunn til å tru at omfattande skatte- og avgiftsunndraging og svart arbeid i eit samfunn er med på å svekke den allmenne lojaliteten til skattesystemet.

Sakene som Skatteetaten arbeider med, vert større og meir innfløkte. Dette har samanheng med kompliserte selskapsstrukturar, auka aktivitet over landegrensene, arbeidsinnvandring, fleirnasjonale konsern, nett-tenester, meir avanserte svindelmetodar og bruk av spesialtilpassa teknologi. Skatte- og avgiftsunndragingane vert vanskelegare å spore, avdekkje og hindre.

Skatteetaten må i arbeidet mot skatte- og avgiftsunndraging stadig betre si evne til å arbeide kunnskapsbasert og få fram eit heilskapleg trugselbilette i samarbeide med politi og andre kontrollatar. Basert på analysar vil Skatteetaten framover ha særskilt tilpassa tiltak for å avdekkje skatte- og avgiftsunndraging i bransjar med høg risiko. Skatteetaten har i tillegg til etaten sitt eige analysemiljø òg eit nært samarbeid med eksterne forskingsmiljø. Senter for skatteforskning ved Noregs Handelshøgskole får finansiering frå mellom anna Skatteetaten.

Saman med Politidirektoratet vil Skattedirektoratet i 2016 etablere eit nasjonalt analyse- og etterretningssenter mot økonomisk kriminalitet. Senteret skal mellom anna leggje betre til rette for at politiet og kontrollatane kan nytte etterretningsinformasjon samla i eit meir effektivt, slagkraftig og treffsikkert arbeid mot økonomisk kriminalitet.

Det er òg viktig at Skatteetaten melder den grovaste skatte- og avgiftskriminaliteten til politiet, og at politiet behandlar sakene i straffesporet. Skatteetaten har ei landsdekkjande ordning med revisorar som hjelper politiet i behandlinga av slike saker. Revisorane skal medverke til effektiv etterforskning i melde skatte- og avgiftssaker. Det operative samarbeidet med politiet bør utviklast vidare.

Skatteetaten kan ta utbytet frå dei skatte- og avgiftskriminelle gjennom å avdekkje, skattleggje og ileggje tilleggsskatt og -avgift. Her er det òg viktig at verdiar vert sikra tidleg, og at Skatteetaten gjennomfører naudsynte innkrevjingstiltak.

Skatteetaten er òg ein viktig part i arbeidet mot kvitvasking og korrupsjon, både som samarbeidspart for politiet og andre kontrollatar og gjennom eiga kontrollverksemd.

Skatteetaten samarbeider med ei rekkje arbeidslivs- og bransjeorganisasjonar, mellom anna gjennom alliansen «Samarbeid mot svart økonomi». Dette fremjar seriøsiteten i næringslivet og får fleire til å følgje reglane. Samarbeidet held fram i 2016. Det same gjeld samarbeidet med Regnskap Norge og Den norske Revisorforening.

Tiltak mot arbeidslivskriminalitet

Ein del av skatte- og avgiftskriminaliteten inngår i meir omfattande og organisert kriminell verksemd. Kriminelle bakmenn og nettverk organiserer ulike former for utnytting av arbeidstakarar. Dette kan vere alt frå svart omsetnad, svart arbeid og grove brot på arbeidsmiljølova til fiktiv fakturering i organiserte nettverk, tvangsarbeid og menneskehandel. I nokre miljø har Skatteetaten avdekt utstrakt bruk av falske identitetar. Dei falske identitetane vert nytta til å ta arbeidstakarar ulovleg inn i landet og for å kvitvaske pengar. Arbeidslivskriminalitet har i dag eit omfang som trugar individ, næringsliv, lovverk, etablerte skatte- og avgiftsordningar og velferdsgode.

Skatteetaten arbeider med å redusere arbeidslivskriminalitet innan bransjar med særleg høg risiko. Etaten kontrollerer og sanksjonerer dei som unnlèt å følgje reglane, mellom anna ved å ta frå dei utbyte frå kriminelle handlingar. Etaten arbeider òg saman med seriøse aktørar for å redusere handlingsrommet til dei useriøse og for å setje innkjøpar og forbrukar i stand til å handle kvitt. Regelverket skal vidareutviklast for å hindre arbeidslivskriminalitet.

Arbeidslivskriminaliteten råker ansvarsområda til fleire etatar. Difor må tilnærminga vere sams og samordna. Den kunnskapen og dei tiltak som kvar

etat, næring og foreining rår over, må nyttast under ein sams strategi. Dømer på dette er regjeringas «Strategi mot arbeidslivskriminalitet» og «Felles handlingsplan – 2015 mellom Arbeidstilsynet, Nav, politiet og Skatteetaten for styrkt innsats mot arbeidslivskriminalitet». Det er òg etablert tverretatlege einingar i Oslo, Stavanger og Bergen der Skatteetaten, Nav, Arbeidstilsynet og politiet arbeider saman mot slik kriminalitet.

Betre identitetsforvaltning

Kriminelle nyttar falske identitetar for mellom anna ulovleg arbeidsinnvandring og til kvitvasking. Det er difor naudsynt å gjere identitetsforvaltninga i Noreg betre for å tryggje samfunnet mot identitetskriminalitet og annan relatert kriminalitet. Personopplysningane i folkeregisteret vert nytta når andre etatar skal utstede legitimasjonsdokument som pass, bankkort og førarkort. Det kan vere vanskeleg å avdekkje om ein identitet er falsk eller fiktiv når den fyrst er registrert i folkeregisteret. Med det følgjer risiko for at legitimasjonsdokument vert gjevne på feil grunnlag. Skatteetaten arbeider for å gjere synleg i folkeregisteret på kva grunnlag ein identitet er registrert. Det bør kome fram av registreringa om personen sin identitet er kontrollert eller ikkje. Slik kan brukarar av folkeregisteret avgjere om identiteten er trygg nok for deira bruk. Skatteetaten skal førebu teknisk, juridisk og administrativ innføring av slik synleggjering. Skatteetaten skal halde fram dialogen med Politidirektoratet, Utlendingsdirektoratet (UDI) og Datatilsynet med sikte på å hindre at falske eller fiktive identitetar vert registrert i folkeregisteret.

Internasjonalt samarbeid

Skatte- og avgiftsunndragingane vert vanskelegare å spore, avdekkje og hindre. Kontrollar har synt at stadig fleire unndragingar er knytte til utlandet. Skatteetaten legg difor stor vekt på samarbeid med andre skatteadministrasjonar. Dei nordiske skatteadministrasjonane samarbeider godt, og etaten tek òg aktivt del i arbeidet i OECD og Samarbeidsorganisasjon for europeiske skatteadministrasjonar (IOTA).

For å førebyggje og avdekkje skatte-, avgifts- og tollunndraging følgjer Skatteetaten, saman med Tolletaten, straumen av pengar, varer og tenester inn og ut av landet.

Dei seinare åra er det teke store steg mot større openheit og utveksling av opplysningar mellom skatteadministrasjonane. Det er gjort eit

omfattande arbeid med skatteavtalar og avtalar om informasjonsutveksling for at Skatteetaten skal få innsyn i internasjonale transaksjonar og disposisjonar som er viktige for norsk skattlegging. Noreg har per i dag skatteavtalar med 87 land og 36 avtalar om informasjonsutveksling med andre jurisdiksjonar. I tillegg har etaten administrativt skattesamarbeid med fleire land, ein nordisk bistandsavtale og ein multilateral avtale som er utarbeidd av OECD og Europarådet. Målet er å inngå slike avtalar med alle jurisdiksjonar der norske skattytarar kan gøyme midlar utan å skatte av dei. Avtalane verkar førebyggjande og vil vere til nytte for å hente inn relevante opplysningar i einskildsaker.

Dei siste åra er det òg teke store steg internasjonalt for auka automatisk utveksling av opplysningar om finansielle kontoar, sjå omtale under.

Under programma Olje for utvikling og Skatt for utvikling som ligg under Utanriksdepartementet, hjelper Skatteetaten skatteadministrasjonar i fleire utviklingsland i arbeidet med å betre etterlevinga blant skattytarane sine, særleg multinasjonale selskap.

Trygge skattegrunnlaget ved internasjonale transaksjonar

Skatteetaten samarbeider med skattestyresmaktene i mange land om utveksling av kontrollopplysningar om formue og inntekt og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav. Internasjonale transaksjonar er ein risiko for skattefundamentet, særleg ved skjulte økonomiske interesser i utlandet og ved internprising i multinasjonale konsern. Skatteflukt ved grenseoverskridande, konserninterne transaksjonar har betydeleg provenypotensial. Skatteetaten skal prioritere arbeidet med internprising.

For å motverke unndraging har det vore ei rivande utvikling internasjonalt for å utforme standardar og avtalar for utveksling av skatteopplysningar både ved automatisk utveksling og etter konkrete førespurnader. I 2013 skreiv Noreg under på ein avtale med USA om standardisert og automatisk utveksling av opplysningar på det finansielle området (FATCA). FATCA-avtalen gjeld frå 30. juni 2014, og fyrste rapportering frå finansnæringa til Skatteetaten var i mai 2015. Plikta til å rapportere aukar for inntektsåret 2015. Finansnæringa og Skatteetaten må tilpasse seg dette.

I kjølvatnet av FATCA har OECD utarbeidd ein ny internasjonal standard for automatisk utveksling av opplysningar, «Common Reporting Standard» (CRS). CRS er ein standardisert data-

utveksling av finansopplysningar mellom avtalepartane og eit viktig verkty for å oppdage utlandsk formue og inntekter som er lurt unna skattlegging. Noreg og 93 andre jurisdiksjonar har meldt at dei vil ta i bruk CRS for utveksling av skatteopplysningar frå inntektsåret 2016 eller 2017. CRS inneber at finansielle institusjonar skal rapportere finansielle kontoar til skattestyresmaktene, som sender opplysningane vidare til heimlandet til kontohavarane. I september 2014 underskreiv Noreg ein kompetent myndigheitsavtale for å gjennomføre slik automatisk datautveksling under OECD/Europarådet sin multilaterale konvensjon om administrativ bistand i skattesaker. Avtalen er førebels underskriven av 61 jurisdiksjonar. Ein tek sikte på å utveksle dei fyrste CRS-opplysningane i 2017. Skatteetaten og organisasjonane i finansbransjen må samarbeide for at bransjen skal greie å fylle CRS-krava om å identifisere rapporteringspliktige kontoar og å rapportere riktig informasjon. Både FATCA og CRS vil gje Skatteetaten gode kontrollopplysningar som er viktige for å førebyggje og avdekke skjulte inntekter og formue i utlandet. Det er difor viktig for Skatteetaten og Finanstilsynet å medverke til at belastninga på næringa kan minskast gjennom informasjon til næringa, klåre reglar og gode prosessar. EU sitt sparedirektiv er planlagt erstatta av direktivet om administrativ bistand (DAC II), som òg omfattar CRS. CRS og sparedirektivet har sams føremål. Skatteetaten begynte i 2011 å utvikle eit system for å rapportere i samsvar med sparedirektivet, jf. Prop. 1 S (2010–2011). Ved innføringa av CRS vil Skatteetaten vidareutvikle dette systemet. Skatteetaten vil difor nytte den resterande løyvinga frå arbeidet med sparedirektivet, 19,7 mill. kroner, til å førebu og innføre CRS i Noreg i 2016.

Avtalane som Noreg inngår om utveksling av opplysningar, vil utvide grunnlaget for eit systematisk arbeid for å avdekke manglande etterleving. Risikoen for å verte oppdaga aukar. Ein forventar at denne informasjonsutvekslinga vil føre til at skattereglane i større grad vert følgde, at nye unndragingar vert forhindra og at talet på friviljuge rettingar av skjulte formuar og inntekter i utlandet aukar.

Skatteetaten må planleggje og utvikle IT-løysingar og prosessar som effektivt kan nytte denne informasjonen. Skatteetaten må òg etablere metodar for å hindre unndragingar via land eller middel som ikkje er knytt til eller omfatta av standarden. Førespurnader om bistand frå utlandet skal nyttast aktivt for å få ytterlegare opplysningar i den einskilde saka.

Kvalitet på register og data i Skatteetaten

Betre og fleire grunnlagsdata gjer det lettare å fastsetje skattane rett. Skatteprovenyet vert meir rett og rettstryggleiken til skattytarar aukar. Meir førehandsutfylling av sjølvmeldinga gjer arbeidet lettare for skattytarane, og fleire kan nytte leveringsfritak. Gode register, både etaten sine egne og dei som andre forvaltar, er heilt avgjerande for å få gode resultat på skatte-, avgifts- og folkeregisterområda. Mellom anna er kvaliteten på meirverdiavgiftsregisteret svært viktig. Registeret skal berre innehalde reelle verksemder og ha oppdaterte opplysningar. Risikoen for registrering av fiktive firma og falske identitetar er stor. Skatteetaten arbeider aktivt for å auke registerkvaliteten, mellom anna gjennom målretta tiltak mot arbeidslivskriminalitet, endra kontrollkrav ved registrering og kontrollar av om verksemder som søker registrering er reelle og om registrerte verksemder er i drift.

Skatteetaten skal følgje opp innhenting av data frå dei finansielle institusjonane og sørgje for å utvikle både system og prosessar slik at desse kan nyttast på ein effektiv måte. Skatteetaten skal òg sørgje for god kvalitet på dei finansielle data som Noreg sender til utlandet. Sjå òg omtale av FATCA og CRS over.

Skatteetaten vil halde fram med å heve kvaliteten på egne register og data.

Ny klagenemndsordning på skatteområdet – Skatteklagenemnda

Regjeringa føreslo i Prop. 1 LS (2014–2015) ei samla klagenemndsordning for skatt og meirverdiavgift. Stortinget slutta seg til framlegget, jf. Innst. 4 L (2014–2015).

Den nye klagenemndsordninga vert ein landsdekkjande klagenemnd for skatt og meirverdiavgift. Skatteklagenemnda skal erstatte dei fem regionale skatteklagenemndene, skatteklagenemnda ved Sentralskattekontoret for storbedrifter, skatteklagenemnda ved Sentralskattekontoret for utanlandssaker, Klagenemnda for meirverdiavgift og Riksskattenemnda.

Skatteklagenemnda skal vere uavhengig og skal ikkje kunne instruerast av departementet eller Skatteetaten. Nemnda skal vere organisert i avdelingar, med fleire avdelingar som består av tre medlemmar (alminneleg avdeling) og minst ei avdeling som består av fem medlemmar (stor avdeling). Nemnda skal ha ein leiar og ein nestleiar. Det skal opprettast eit eget landsdekkjande

sekretariat som skal førebu sakene for nemnda. Sekretariatet skal administrativt ligge under Skattedirektoratet, men skal ikkje kunne instruerast i faglege spørsmål. Føremålet med den nye skatteklagenemnda er å styrkje klageordninga på skatteområdet, betre rettstryggleiken og styrkje dei skatte- og avgiftspliktige si tillit til at klagesakene vert behandla på ein tilfredsstillande måte. Sjå Prop. 1 LS (2014–2015) for ein nærare omtale av den nye ordninga.

Av Prop. 1 LS (2014–2015) går det fram at det ikkje er teke stilling til når den nye klagenemndsordninga skal ta til å gjelde, men at dette tidlegast vil kunne skje frå 1. januar 2016. Kongen er gjeve fullmakt til å bestemme når lovendingane skal ta til å gjelde.

For å få ein god overgang frå gamal til ny nemndsordning er det naudsynt med ein del førebuande aktivitetar før den nye nemnda kan tre i funksjon, mellom anna etablering av sekretariatsfunksjonen til nemnda. Sekretariatet skal ha om lag 40 tilsette og vert lokalisert til Stavanger. Regjeringa tek sikte på at lovendingane skal gjelde frå 1. januar 2016 og at den nye Skatteklagenemnda vert etablert 1. juli 2016.

For 2016 er det sett av 30,1 mill. kroner til etablering og drift av den nye klagenemndsordninga. Varig heilårsverknad av tiltaket er rekna til 39,7 mill. kroner.

Uførereforma

I samband med uførereforma ga departementet overgangsreglar for utvalde grupper, jf. omtale i Prop. 1 LS (2014–2015) *Skatter, avgifter og toll 2015*. Ordninga vart i 2014–2015 innarbeidd i forskotsystemet for 2015, og i 2016 skal ordninga innarbeiddast i likningssystemet. Truleg vil det òg i 2016 verte pågang frå skattytarar som ynskjer informasjon om overgangsreglane og moglege konsekvensar for eiga likning. Det er for 2016 sett av 10,2 mill. kroner til mellom anna naudsynte systemendingar.

Servicesenter for utanlandske arbeidstakarar

I Trondheim vert det i 2016 etablert eit nytt servicesenter for utanlandske arbeidstakarar (SUA). Senteret er eit samarbeid mellom Skatteetaten, politiet, Utlendingsdirektoratet og Arbeidstilsynet. Det er for 2016 sett av 3,2 mill. kroner til Skatteetatens del av utgiftene til etablering og drift av senteret.

Modernisering av grunnlagsdata (MAG)

Dei mange grunnlagsdatasystema i Skatteetaten skal byttast ut med eitt sams grunnlagsdatasystem, jf. Prop. 1 S (2011–2012). Grunnlagsdata er tredjepartsopplysningar som Skatteetaten får frå offentleg forvaltning og næringslivet, til dømes bankar og arbeidsgjevarar. Å leggje til rette for at grunnlagsdata er fullstendige og av god kvalitet er ei stadig større og viktigare oppgåve for Skatteetaten. MAG vert grunnstamma i løysingar for å hente inn elektronisk informasjon frå næringslivet og forvaltninga.

Den fyrste ordninga i MAG vart sett i drift 2013. I 2016 set prosjektet i gang til saman 12 nye innrapporteringar. Prosjektet skal følgje opp oppgåvegjevarar og handtere produksjonen av grunnlagsdata for dei nye ordningane, mellom anna FATCA. Sjå òg omtale i avsnittet «Sikre skattegrunnlaget ved internasjonale transaksjonar».

For 2016 er det sett av 8,7 mill. kroner til prosjektet. Risikobilete for prosjektet har holdt seg stabilt lågt. Løyvinga til prosjektet er difor redusert med 15,1 mill. kroner, jf. Prop. 119 S (2014–2015) og Innst. 360 S (2014–2015). Den prisjusterte og no lågare kostnadsramma for prosjektet i perioden 2012–2016 er 203,6 mill. kroner (219,3 mill. kroner inkl. mva.).

A-ordninga

1. januar 2015 vart det innført ei ny sams ordning for rapportering frå arbeidsgjevarar av tilsetjings- og inntektstilhøve m.m. til Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten (Nav) og Statistisk sentralbyrå (SSB), den såkalla a-ordninga. Ordninga skal forenkla rapporteringa til det offentlege og bidra med eit oppdatert, sams grunnlag for skatt, ytingar og statistikk. Sjå tidlegare omtaler av ordninga i Prop. 1 S (2014–2015) og dokument vist til der.

Ordninga er utvikla og innført av EDAG hovudprosjekt, eit samarbeidsprosjekt mellom SSB, Nav og Skatteetaten. I 2015 forvalta prosjektet ordninga, samtidig som den nye eininga, Etatenes felles forvaltning (EFF), vart etablert som ei eiga avdeling i Skattedirektoratet. Prosjektet vert avslutta 31. desember 2015.

Fyrste innsending av a-meldinga var i januar 2015. Bruken av den nye meldinga vart større enn venta, talet på feil lågare enn frykta og behovet for støtte og rettleiing mindre enn anslått. Attståande risiko i prosjektet er difor redusert. Det er òg vedteke at eit mindre element i prosjektet ikkje skal gjennomførast. Samla gjer dette at løyvinga til pro-

sjektet er redusert med 35,8 mill. kroner, jf. Prop. 119 S (2014–2015) og Innst. 360 S (2014–2015).

Frå 2016 skal EFF ivareta interessene til dei tre samarbeidande etatane og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltninga og utviklinga av ordninga. 83,1 mill. kroner er sett av til forvaltninga av a-ordninga for 2016. EFF vert frå 2016 eigen tenesteeigar i Altinn.

Ny systemløysing for avgiftsforvaltninga (SAFIR)

Som følgje av overføringa av forvaltninga av særavgifter frå Tolletaten til Skatteetaten vil òg ansvaret for fornyinga av IKT-systema verte overført til Skatteetaten.

Hovudmålet med SAFIR er å sikre at staten får eit nytt, velfungerande IT-system for å forvalte særavgifter når dagens teknologiske plattform frå 2018 ikkje lenger har ei forsvarleg teknisk støtte. SAFIR-systemet skal handtere fastsetjing og innkrevjing av alle særavgifter og av meirverdiavgift ved innførsel, og dessutan innkrevjing av alle pengestraumar som gjeld import. Fornyinga skal òg gjere det mogleg å utvikle systemet vidare, i tråd med regjeringa sitt mål for ei betre skatte- og avgiftsforvaltning.

SAFIR-løysinga skal berre erstatte avgiftsdelen av Tolletaten sine TVIST-system (systema for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av særavgifter). Innføringa av SAFIR er ikkje avhengig av modernisering av den resterande TVIST-porteføljen. I 2015-budsjettet ligg det inne midlar til Tolletatens systemtilpassingar for naudsynt utveksling av informasjon mellom Tolletaten og Skatteetaten.

Prosjektet legg opp til fleire moglege gevinstar, mellom anna forenklingar av arbeidsprosessar, elektronisk betaling og enklare samhandling med næringsliv og innbyggjarar. I tillegg vil systemet styrkje arbeidet mot svart økonomi gjennom breiare tilfang av informasjon og ei betre analyseplattform. I 2016 vil prosjektet arbeide med å utvikle IKT-løysinga slik at den fyrste løysinga kan takast i bruk i 2017.

Stortinget har samtykt i at SAFIR-prosjektet vert vidareført innanfor ei samla kostnadsramme på 605,8 mill. kroner (728 mill. kroner inkl. mva.), jf. Prop. 119 S (2014–2015) og Innst. 360 S (2014–2015). For 2016 er det sett av 148,5 mill. kroner til prosjektet.

Modernisering av folkeregisteret

Folkeregisteret gjev oversikt over kven som er busett i Noreg og andre personar som har ei tilknytning til landet (til dømes utanlandske arbeidrarar eller studentar). Folkeregisteret skal òg syne

kven som har innvandra og utvandra. Ei korrekt oppføring i folkeregisteret er ein viktig føresetnad for dei rettane og pliktane den einskilde borgar har i samfunnet. Det vert stilt andre krav til innhald og registerkvalitet no enn den gong folke-registeret vart oppretta.

Regjeringa gjer framlegg om at Skatteetaten i 2016 startar ei modernisering av folkeregisteret. Moderniseringa er eit viktig tiltak for å oppnå auka digitalisering og effektivisering av offentleg sektor. Moderniseringa skal bidra til at samfunnet betre kan møte utfordringar i samband med aukande migrasjon og identitetskriminalitet. Vidare skal moderniseringa stette krav om meir effektiv saksbehandling og samhandling innanfor offentleg sektor og med private verksemder. Eit modernisert folkeregister er òg ein føresetnad for ny personidentifikator, sjå under. Arbeidet vert organisert som eit prosjekt og skal vere ferdig 1. januar 2020. Arbeidet inneber utskifting av dagens systemløysing og automatisering av mange prosessar. Ein tek sikte på å setje enkeltløysingar i drift i prosjektperioden. Det nye folkeregisteret skal gje eit godt grunnlag for offentleg og privat tenesteyting, forskning og samfunnsplanlegging. Registeret skal òg bidra til effektiv ressursnyting for brukarane og eit betre personvern.

I 2016 startar prosjektet arbeidet med å utvikle løysingar for identitetsforvaltning, arkivering, journalføring, mottak, register og sikkerheit.

Kostnadsramma for prosjektet er 536 mill. kroner. På post 22 *Større IT-prosjekt* er det for 2016 sett av 101 mill. kroner til modernisering av folkeregisteret. Av dette vil til saman 5 mill. kroner nyttast til arbeid i helsesektoren, Utlendingsdirektoratet, Arbeids- og velferdsetaten og Posten.

Skattedirektoratet har sidan 2011 òg arbeidd med ny personidentifikator i folkeregisteret. Ekstern kvalitetssikring (KS1) vert avslutta i 2015. Direktoratet fortsetter arbeidet i 2016.

Gjeldande modell for prising og distribusjon av opplysningar i folkeregisteret inneber, med nokre unntak, full brukarbetaling. Frå 1. januar 2016 vil standardtenester i folkeregisteret verte gratis for offentlege og private brukarar. Standardtenester omfattar mellom anna oppslag på nett, vask og vedlikehald av register, og dei fleste former for uttrekk frå databasen. Tenester som ikkje er standardtenester, vert vidareførte som betalingstenester.

Modernisering av systema for forskotutskrivning og skatteutrekning (SOFUS)

Skatteetaten starta i 2014 arbeidet med å modernisere prosessen og systema for forskotutskri-

ving og skatteutrekning. Desse systema er gamle, med høgare fare for feil og auka forvaltningskostnader.

Moderniseringa skal sikre løpande skattebe- rekning og syne skattytarane dei skattemessige følgjene av endring i inntekt, frådrag og formue. Dette vil kunne styrkje rettstryggleiken og dialo- gen med skattytar både ved berekning av forskot og ved skatteoppgjeret. Moderniseringa av sys- temløysingane skal tryggje løpande produksjon, betre endringsevna og gje redusert vekst i forvalt- ningskostnadene.

I november 2016 skal prosjektet starte inn- føringa av modernisert løysing for forskot og skatteutrekning for inntektsåret 2017.

Kostnadsramma i perioden 2014–2017 for pro- sjektet er 254 mill. kroner (296,3 mill. kroner inkl. mva.), jf. Prop. 1 S (2013–2014). Prosjektet vil òg ha nokre aktivitetar i 2018, men dette vil ikkje påverke den samla kostnadsramma. Det er i 2016 sett av 43,1 mill. kroner til arbeidet (51,8 mill. kro- ner inkl. mva.). Det vert òg foreslått at SAFIR-pro- sjektet skal handtere forenklingar og forbetringar i kontraktsregisteret til Skatteetaten. Dette ligg utanfor kostnadsramma for prosjektet, og det er difor sette av 12 mill. kroner ekstra til dette arbei- det.

Forenkla sjølvmelding for næringsdrivande med enkle skatteforhold

Skatteetaten lanserer i 2016 ei ny, forenkla sjølv- melding for næringsdrivande med enkle skattefor- hold, jf. omtale i Prop. 1 S (2013–2014). Det er rekna med at om lag 200 000, eller ein tredel av alle næringsdrivande, kan nytte ei slik sjølvmel- ding. Om lag 110 000 av desse nyttar i dag papir eller portalløysinga til Altinn, og er hovudmål- gruppa for den nye løysinga. Mange av dei som i dag nyttar årsoppgjersprogram eller rekneskaps- system til rapporteringa, vil òg ha nytte av ei enklare sjølvmelding.

Det er grunn til å tru at næringsdrivande som kan nytte den forenkla sjølvmeldinga, kan få monaleg lågare administrative kostnader. Ei forenkla sjølvmelding vil gje færre feil, raskare behandling og etter kvart truleg redusert ressurs- behov i likningsbehandlninga.

Drift, vidareutvikling og support på økonomisystema til politiet (PLØS)

Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral (SI) leverer i dag drift, vidareutvikling og support på økonomisystema til politiet (PLØS). SI sin leve-

ring av økonomisystemtenester til politiet skal fastast ut. SI vil halde fram som leverandør av økonomisystemtenester fram til rekneskap for politiet for 2017 er ferdig. Overføringa skal etter planen skje så snart rekneskapen er avslutta, seinast 1. mars 2018.

Mål og budsjett 2016

Finansdepartementet har fastsett desse hovudmåla for Skatteetaten for 2016:

- Skattane skal fastsetjast rett og til rett tid
- Skattar og andre krav skal betalast til rett tid og innkrevjast effektivt
- Folkeregisteret skal ha høg kvalitet
- Brukarane skal få god service

Skatteetatens arbeid med særavgifter og meirverdiavgift ved innførsel, jf. overføringa frå Tolletaten, er dekte av hovudmåla.

Måla er dels skrivne som visjonar for arbeidet. I den praktiske oppfølginga av etaten tek ein høgde for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tole.

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Skatteetaten i samband med utforminga av tildelingsbrev til etaten for 2016. På bakgrunn av overføringa av nye oppgåver til Skatteetaten og samordninga av desse, skal etaten i 2016 arbeide vidare med å utvikle målstrukturen. Dei nye oppgåvene er gjort greie for i del I, pkt. 2.2.

Prosessen med overføring av oppgåver til Skatteetaten er krevjande. Av røymsle er det då risiko for at slike prosessar i ein overgangsperiode kan påverke oppgåveløysinga. Ein kan ikkje fullt ut gardere seg mot noko svakare resultat for ei tid og på einskilde område. Det er sannsynleg at Skatteetaten treng noko tid for å hente ut alle gevinstane.

Resultata i 2016 skal jamt over vere minst like gode som resultata i 2014, jf. omtalen ovanfor, der det mellom anna går fram kva som er satsingsområde og område som kan betrast.

Skatteetaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. Heilt feilfri saksbehandling er likevel eit urealistisk mål. I praksis må etaten vege kvalitet mot effektivitet.

Budsjettramma for Skatteetaten er sett til 6 221,3 mill. kroner i 2016. Det er ein auke på 13,9 pst. frå saldert budsjett 2015. Auken kjem særleg av overføring av oppgåver frå Tolletaten og den kommunale skatteoppkrevjinga.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr m.m. Posten omfattar òg utgifter til rekneskapsføring, innkrevjing og kontroll av skatt frå oppdrags- og arbeidstakarar som er skattepliktige i Noreg, men som ikkje har tilknytning til nokon kommune. Posten dekkjer mellom anna drift og forvaltning av IT-systema til etaten, tiltak mot svart økonomi og skattekriminalitet og arbeid med utanlandske arbeidstakarar. For 2016 er det gjort framlegg om å løyve 5 540,2 mill. kroner under post 01. Dette er ein auke på 13,7 pst. frå 2015. Auken kjem særleg av ei styrking med 286,3 mill. kroner i samband med overtaking av oppgåver med særavgifter frå Tolletaten og med 422,5 mill. kroner som følgje av framlegget om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten. Samstundes er post 01 redusert ein del som følgje av at utgiftene til Etatenes fellesforvaltning av a-ordninga (EFF) vert løyva over ein eigen post, jf. omtale under post 23.

Skatteetaten har nokre inntekter frå sal av tenester til andre statsinstitusjonar og kommunar, og ein del andre inntekter. Fordi det er uvisst kor store inntektene vil vere, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4618, post 03 Andre inntekter, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Statens innkrevjingsentral har utgifter til tenester for eksterne oppdragsgjevarar. Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 Driftsutgifter, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4618, post 02 Andre refusjonar, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Skatteetaten framleiger ein del lokale. På grunn av den nære samanhengen som det her er mellom utgifter og inntekter, vil nettoføring gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre refusjonane som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.2.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar Skatteetaten sine utgifter til innkrevjing av meirverdiavgift og særavgifter m.m., Skatteetatens del av dei kommunale skatteoppkrevjarane sine utgifter til innkrevjing av arbeids-

gjevaravgift, skatt og trygdeavgift, og kostnader med tvangsforretning, tinglysing og garantistilling. For 2016 er det gjort framlegg om å løyve 185,1 mill. kroner under post 21. Posten omfattar òg Skatteetatens sakskostnader i rettssaker som gjeld meirverdiavgift og sakskostnadar der Oljeskattekontoret er part. Overføringa av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten vil påverke dei samla utgiftene på posten.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til etaten sitt arbeid med utvikling av sams grunnlagsdatasystem (MAG), modernisering av systema for forskotsutskrivning og skatteutrekning (SOFUS), ny systemløysing for avgiftsforvaltninga (SAFIR) og modernisering av folkeregisteret. Prosjekta er nærare omtalte ovanfor. For 2016 er det gjort framlegg om å løyve 302,3 mill. kroner under post 22.

For desse investeringsprosjekta kan det trenge avtalar som går utover budsjettåret. Departementet ber difor om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V.2.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga

Frå 2016 skal Etatenes fellesforvaltning (EFF) ivareta interessene til dei tre samarbeidande etatane (Skatteetaten, Nav og SSB) og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltninga og utviklinga av a-ordninga. EFF er etablert som ei eiga avdeling i Skattedirektoratet. For 2016 er det gjort framlegg

om å løyve 83,1 mill. kroner til forvaltninga av a-ordninga.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar ei avsetning til IT-føremål, medrekna utgifter til større IT-utskiftingar i etaten. Posten kan òg brukast til vedlikehald av programvara til etaten. For 2016 er det gjort framlegg om å løyve 107,4 mill. kroner under post 45.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å tinge for meir enn det som er løyvt. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 35 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Skatteetaten samarbeider med nokre andre offentlege institusjonar om somme IT-investeringar. Eit døme er utskriftssamarbeidet med Arbeids- og velferdsetaten der denne etaten betaler ein del av utgiftene til høg volumskrivar og konvolutteringsmaskin. Nettoføring vil her gje det beste uttrykket for dei økonomiske realitetane. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å nettoføre slike refusjonar som utgiftsreduksjon under kap. 1618 *Skatteetaten*, post 45 *Større utstyrskjøp og vedlikehald*, jf. framlegg til romartalsvedtak IX.3.

Post 70 Tilskot

Posten omfattar tilskot til Norsk senter for skatteforskning ved Noregs Handelshøgskole i Bergen, jf. omtale ovanfor. For 2016 er det gjort framlegg om å løyve 3,2 mill. kroner under post 70.

Kap. 4618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	60 228	67 000	69 000
02	Andre refusjonar		42 433	43 400
03	Andre inntekter	48 375	45 000	46 400
05	Gebyr for utleggsforretningar	41 369	40 000	44 000
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	1 634	2 000	2 400
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar			18 400
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	1 766		
16	Refusjon av foreldrepengear	33 280		
17	Refusjon lærlingar	170		
18	Refusjon av sjukepengear	82 674		
85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning		240 000	240 000
86	Bøter, inndragingar m.m.		1 300 000	1 311 800
87	Trafikantsanksjonar		70 000	70 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret		200 000	248 000
89	Gebyr for regelbrot	10 832	2 500	4 400
	Sum kap. 4618	280 328	2 008 933	2 097 800

Postane 02, 85, 86, 87 og 88 var til og med 2014 på kap. 4634 Statens innkrevjingssentral. Inntektene på desse postane er jamt over vanskelege å budsjettere. Hovudgrunnen er at krava vert ilagde av andre. Særleg har straffekrav frå politi og domstolar variert mykje frå år til år. Post 11 var tidlegare på kap. 4610 Tolletaten. På postane 01, 03 og 05 ligg det inne nokre mindre beløp som følgje av overføring frå Tolletaten av ansvar for særavgifter.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som vert utførte av dei alminnelege namsmennene, og staten sin del av dei refusjonane som skatteoppkrevjarane får inn frå debitorane, jf. kap. 1618, post 21.

Post 02 Andre refusjonar

Posten omfattar refusjonar for utgifter verksemda ved Statens innkrevjingssentral har til tenester for oppdragsgjevarane. Det gjeld fyrst og fremst innkrevjing av misleghalden kringkastingsavgift.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar mellom anna refusjonar for datatenester som er utførte for andre statlege verksemder, gebyr for folkeregisteropplysningar og nokre andre refusjonar. Inntekter frå framleige av lokale og refusjonar frå samarbeidande institusjonar ved somme IT-investeringar, er det ynskjeleg å føre netto, jf. nærare omtale under høvesvis post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald.

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som skattekontora utfører sjølve.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skattedirektoratet og skattekontora.

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grensepasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt, slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga, vil han få eit gebyr på 100 kroner. Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadene som Skatteetaten har med tollkredittordninga.

Post 85 Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning

Posten omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnader.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfattar inntekter frå trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr, utferda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr ilagde av Rekneskapsregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan illeggjast arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste.

Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følgje opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeidet vart det for 2014 gjeve fullmakt til å gje nye, vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner. Ved utgangen av 2014 låg det føre slike tilsegner for vel 6,1 mill. kroner. Tilsegningsfullmakta er knytt til kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter. Vidare har skatteoppkrevjarane etter § 4-6 i skatteoppkrevjarinstruksen høve til å gje tilsegn om opp til 0,5 G til dekking av utgifter til vidare bubehandling. Tilsegna kan utvidast til opp til 1 G etter godkjenning frå skattekontoret. Når det er ein skatteoppkrevjar som gjev tilsegna, vert utbetalinga skuldskriven skatterekneskapskapen. Tilsegner frå skatteoppkrevjarane er ikkje omfatta av rapporteringa her.

Vanlegvis vert det gjeve tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bere risikoen for kostnadene. I særlege tilfelle er tilsegna grunngeven med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer tilhøvet privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga og motverkar økonomisk tapping av verksemder.

Føremålet med tilsegningsordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdiar som gjev betre dekning av skatte- og avgiftskrav som er melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og avgiftskreditorane får ei meirdekning i konkursbu der det er gjeve tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegningsordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvar for å gje nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet (til og med 2015 òg til Tolletaten). Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga i 2016 ved å gje Skattedirektoratet fullmakt til å gje nye vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 21,3 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak VIII.

Tabell 6.15 Tilsegsordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2014 ¹	6 102
Nye tilsegner i 2014	3 399
Tilsegsreduksjonar som følgje av utbetalingar i avslutta bu	– 785
Tilsegsreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje avslutta bu	– 60
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	– 3 366
Samla ansvar per 31. desember 2014	5 290
Fullmakt til nye tilsegner i 2015	8 000
Framlegg til fullmakt til nye tilsegner i 2016	8 000
Framlegg til samla fullmakt i 2016 for nye og gamle tilsegner	21 290

¹ Ved ein feil vart talet 7 863 nytta i budsjettframlegget for 2015.

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1620	Statistisk sentralbyrå	772 062	742 267	743 400	0,2
	Sum kategori 23.30	772 062	742 267	743 400	0,2

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	542 603	522 975	505 500
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	208 382	210 692	216 100
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	21 077	8 600	21 800
	Sum kap. 1620	772 062	742 267	743 400

Føremål, hovudoppgåver og organisering

Statistisk sentralbyrå (SSB) har hovudansvaret for å dekkje behovet for offisiell statistikk om det norske samfunnet. Offisiell statistikk gjev viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, korleis det verkar og korleis det utviklar seg. Offisiell statistikk er eit felles gode, og statistikkar og analyser skal kome heile samfunnet til gode. Den er òg eit viktig grunnlag for planlegging og styring. SSB har dessutan ei omfattande forskingsverksemd. Oppgåvene til SSB er regulerte i statistikklova.

SSB arbeider systematisk med å utvikle og forbetre produkta sine. Hovudmåla er:

- SSB skal vere samfunnet sin leiande faktaleverandør.
- Statistikken skal møte behova til brukarane.
- Relevant forskning og analyse skal gje meirverdi til statistikken.
- SSB skal delta i internasjonalt samarbeid om statistikk.

- SSB skal ha god tilgang til datakjelder.
- SSB skal vere ein effektiv og kunnskapsbasert organisasjon.

Statistikklova slår fast at SSB er ein fagleg uavhengig institusjon som administrativt er underlagd Finansdepartementet. Sjølvstendet i høve til styresmakter og interessegrupper er avgjerande for den tillita og autoriteten offisiell statistikk må ha. Høg kvalitet i statistikken er ein berebjelke i omdømet til SSB. Kvalitet, datatryggleik og personvern er avgjerande føresetnader for tillit hos oppgåvegjevarane og intervjuobjekta, og dermed for heile verksemda.

Noreg deltar i internasjonalt statistisk samarbeid, og det legg sentrale føringar på SSB. Deltakinga er med på å heve kvaliteten på norsk statistikk og gjer han lettare å samanlikne med internasjonalt statistikk. Den europeiske statistikklova, som inneheld retningslinjer for å utvikle, produsere og formidle europeisk statistikk, er gjort gjeldande i norsk rett. Saman med FN sine grunnleg-

gjande prinsipp for offisiell statistikk, utgjer desse retningslinene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til SSB.

SSB prioriterer arbeid som gjev meir effektiv drift av verksemda og betre statistikk. Talet på årsverk er redusert med 22 frå 2013 til 2014, etter nedgang dei føregåande tre åra òg. Samstundes har SSB oppretthaldt produksjonen på om lag same nivå som åra før. Ved utgangen av 2014 hadde etaten ei bemanning på 836 årsverk. I tillegg utgjorde intervjuarar 59 årsverk. Om lag 60 pst. av dei tilsette arbeidde i 2014 i Oslo og 40 pst. på Kongsvinger.

Flyttinga til nye lokale i Oslo i 2014 vart gjennomført etter planane, utan at statistikkproduksjon eller andre kjerneoppgåver vart påverka negativt.

Effektivisering er naudsynt for at SSB òg i tida framover skal kunne løyse sine oppgåver på ein god måte, mellom anna slik at omfanget og kvaliteten av den samla produksjonen av statistikk kan auke innafør strammare rammer for statsoppdraget. Standardisering av statistikkproduksjonen og fleire IKT-satsingar dei siste åra gjev grunnlag for effektiviseringsgevinstar. Departementet legg til grunn at verksemda brukar dei moglegheitene som ligg føre for ei god måloppfylling.

Med heimel i statistikklova peiker Finansdepartementet ut styret for SSB for periodar av fire år. Styret omfattar leiar, nestleiar og fem ordinære medlemmar, mellom anna ein representant for dei tilsette. I tillegg har styret tre varamedlemmar.

Styret fører tilsyn med utviklinga i offisiell statistikk og med verksemda til SSB. Styret behandlar og godkjenner strategiar, årsrapportering og budsjettframlegg for verksemda etter framlegg frå

administrerende direktør. Styret skal òg sjå til at verksemda har tilfredsstillande internkontroll.

Statistikkrådet er eit rådgjevande organ for SSB og andre produsentar av offisiell statistikk i Noreg. Rådet medverkar til samordning av produksjon og formidling av offisiell statistikk. Administrerende direktør i SSB leiar Statistikkrådet. I 2016 vil SSB gjere ei ny vurdering av samansetjinga av Statistikkrådet, som no har representantar frå 25 statistikkprodusentar og registereigarar.

SSB har tett dialog med representantar for brukarar og oppgåvegjevarar. Det er etablert rådgjevande utval for ulike statistikkområde der deltakarane mellom anna gjev råd om mål og prioriteringar.

Rapport 2014

Nedanfor følgjer ein nærare omtale av resultatata i sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2014.

Aktualitet

Som mål på aktualitet til statistikken nyttar ein talet på veker frå referanseperioden går ut til statistikken vert publisert. Produksjonstida for månadsstatistikkane vart klart betra frå 2013 til 2014. Aktualiteten for kvartalsstatistikkane vart òg betra, medan aktualiteten var noko lågare for årsstatistikkane. SSB nådde måla som var sette for aktualitet i månads- og årsstatistikkane, medan det var eit lite avvik frå målet for kvartalsstatistikkane.

Tabell 6.16 Aktualiteten til statistikken – talet på veker frå utgangen av referanseperioden til publisering¹

	2010	2011	2012	2013	2014
Månadsstatistikk	4,4	4,3	4,3	4,4	3,9
Kvartalsstatistikk	8,7	8,7	9,0	9,0	8,8
Årsstatistikk	37,2	38,9	35,4	34,0	35,5

¹ Ei endring i talgrunnet frå 2011 inneber at tala før og etter 2011 ikkje er direkte samanliknbare.

Punktleg publisering av statistikk

SSB skal annonsere tidspunkta for publisering på førehand. Det vert gjort i ein kalender på nettsida *ssb.no*. I 2014 vart 87 pst. av statistikkane publisert

på det varsla tidspunktet. Av statistikkane med avvik kom ein tredel tidlegare enn varsla og to tredelar seinare. Målet var at andelen av statistikken som vart publisert på anna tidspunkt enn varsla, ikkje skulle overstige ti prosent.

Tabell 6.17 Publisering av statistikk – avvik frå varsla tidspunkt

	2010	2011	2012 ¹	2013	2014
Avvik frå varsla tidspunkt (i pst.)	11	12	13	11	13

¹ Frå 2013 vart det teke i bruk nye, automatiske metodar for å registrere punktleg publisering. Det inneber at tala for 2013 ikkje er heilt samanliknbare med 2013-tal.

Svarprosentar

For at statistikken skal halde høg kvalitet, er det viktig at flest mogleg av intervjuobjekta svarar på undersøkingane. Statistikklova gjev SSB heimel til å bruke oppgåveplikt og eventuelt tvangsmulkt ved innsamling av data. Andelen som responderar på SSB sine undersøkingar med oppgåveplikt ligg høgt og stabilt, sjå tabell 6.18.

Av dei som vert vald ut til å delta i dei friviljuge undersøkingane, svara ein større del i 2014 enn i 2013. Utviklinga dei siste åra tyder likevel på at svarprosentane for slike undersøkingar har falt og stabilisert seg på eit lågare nivå. Dette er ei utvikling som òg statistikkbyrå i fleire andre land har erfart. SSB arbeider målretta for å auke talet på dei som svarar, og for å betre kvaliteten på tala også der utvala er små.

Tabell 6.18 Svarprosentar i undersøkingar frå SSB

Undersøkingar:	2010	2011	2012	2013	2014
Med oppgåveplikt	96	94	94	94	94
Friviljuge	67	61	63	61	64

Oppgåvebør

Det er eit viktig mål for regjeringa å redusere oppgåvebøra. Berekningar frå Oppgåveregisteret i Brønnøysundregistra syner at arbeidet med rap-

portering til SSB svarer til om lag 3 pst. av den samla oppgåvebøra for næringslivet i 2014. Oppgåvebøra har, som tabell 6.19 syner, gått klårt ned dei siste åra. For næringslivet fortsette nedgangen i fjor.

Tabell 6.19 Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Målt i årsverk

	2010	2011	2012	2013	2014
Samla	137	126	123	108	110
- Næringslivet i alt	100	86	79	85	82
- Andre (personar og institusjonar)	37	40	44	23	28

14 pst. av alle føretak i privat sektor vart bedne om å rapportere til SSB i ei eller fleire undersøkingar i 2014, mot 15 pst. året før. Dei minste føretaka skal belastast mindre enn dei store. Av føretak i privat sektor med færre enn 10 tilsette, fekk 10 pst. skjema frå SSB. Tilsvarende var det 65 pst. av

føretak med 10–19 tilsette som fekk skjema, og 89 pst. av føretak med 20–49 tilsette.

Føretak med fleire enn 50 tilsette utgjer om lag 1 pst. av populasjonen. I denne gruppa deltok 99 pst. i minst ei undersøking i 2014.

Elektronisk rapportering frå næringslivet

Auka tilrettelegging for elektronisk rapportering gjer mellom anna at ein som hovudregel ikkje sender papirskjema til verksemdar og føretak. Opp-

slutninga om dei elektroniske løysingane aukar framleis, jf. tabell 6.20. I 2014 vart i alt 90 pst. av skjema frå næringslivet til SSB leverte elektronisk.

Tabell 6.20 Prosentdel av oppgåvegjevarane som rapporterer elektronisk

	2010	2011	2012	2013	2014
Elektronisk rapportering	65	77	84	87	90

Statistikkpubliseringar

I 2014 vart det publisert 957 statistikkar frå SSB. Det var 20 færre enn året før, jf. tabell 6.21. Ned-

gangen kom delvis av at nokre statistikkar er slåtte saman for å effektivisere formidlinga og gjere det enklare for brukarane å finne fram på nettstaden.

Tabell 6.21 Statistikkpubliseringar

	2010	2011	2012	2013	2014
Frigjevne statistikkar	951	980	967	977	957

Feil i statistikken

Dei siste åra har SSB systematisk registrert feil i publiseringane av statistikk og rettingar av publisert statistikk. I 2014 registrerte SSB feil i 6,6 pst. av publiseringane. Det var ein nedgang frå 9,2 pst. i 2013. Feila vert òg vurderte etter kor alvorlege dei er. I fjor vart to av feila vurderte som alvorlege, det vil seie at 0,2 pst. av publiseringane var råka, mot 1 pst. i 2013.

sen har SSB frigjort ressursar gjennom å redusere bemanninga slik at ein kan investere i kompetanseheving og IT-modernisering. Målet med omstillinga er at brukarane i enda større grad får den statistikken, analysane og forskinga som dei har behov for, innafor stramme budsjett. Ein må òg sjå omstillinga i samanheng med arbeidet med å konsentrere og definere kjerneoppgåvene for verksemda. Arbeidet med å auke produktiviteten vil halde fram i 2016. I 2015 vert det gjennomført ei omstilling i verksemda.

Sentrale prioriteringar

Prioriteringane for SSB tek utgangspunkt i hovudmåla og i dei internasjonale krava til statistikkproduksjonen, særleg EØS-forordningar. Hovudmåla syner korleis SSB forvaltar sin faglege fridom, mellom anna korleis verksemda prioriterer mellom ulike statistikkområde, kva som skal publisert og korleis det skal gjerast. Merksemda skal i hovudsak liggje på kjerneoppgåvene. Desse vil verte definerte og avgrensa nærare i tida framover.

SSB skal nytte eigne ressursar på ein mest mogleg effektiv måte. Verksemda arbeider kontinuerleg med å effektivisere arbeidsprosessane og auke produktiviteten. Alle avdelingar har vore gjennom eller sett i gang eigne prosjekt der ein skal forbetre interne prosessar og verksemda si effektivitet og evne til omstilling. I denne proses-

Brukarvennleg formidling av statistikk og analyse

Nettstaden *ssb.no* er SSB sin viktigaste formidlingskanal. Den vart overført til ny plattform i 2013. Dei tekniske systema for nettstaden har vore driftssikre med få alvorlege feil i 2014. Det er no mogleg for brukarar å gje direkte tilbakemeldingar på delar av innhaldet, og SSB har utvikla betre web-rapportering. Den årlege brukarundersøkinga vart gjennomført tidleg i 2015. Delen tilfredse brukarar er stabil og låg på 87 pst. i 2014. SSB vedtok ei ny kommunikasjonsstrategi i 2014. I tråd med denne vil SSB i 2016 vurdere brukarbehov og åtferd ytterlegare for å betre statistikkformidlinga på temaside, statistiksider og i publikasjonar. Høg kunnskap om SSB er viktig for at statistikk og analysar vert brukte, og at oppgåvepliktige og andre respon-

dentar forstår kor viktig det er at dei bidreg til undersøkingane.

Statistikkbanken er SSBs sentrale system for publisering av tabellar og datasett og vert stadig utvida med fleire tall og tabellar. Statistikkbanken er laga på ein gammal teknologi og vert oppfatta som lite brukarvennleg. SSB har difor starta eit arbeid for å overføre statistikkbanken til ei meir moderne plattform.

Internasjonalt samarbeid

Det internasjonale arbeidet på statistikkområdet har auka over tid. Samarbeidet inneber at det vert sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. Internasjonale prioriteringar samsvarer ofte, men ikkje alltid, med SSB sine eigne prioriteringar.

EØS-avtalen gjer at Noreg får delta i alle saksførebuaende komitear og ekspertgrupper i regi av statistikkbyrået i EU (Eurostat). SSB deltok på ei rekkje slike møte i 2014.

Relevante statistikkrettsakter som er vedtekne av EU, vert tekne inn i vedlegg XXI om statistikk i EØS-avtalen og deretter innarbeidde i norsk rett. Ved utgangen av 2014 inneheldt vedlegget om lag 370 rettsaktar. 21 av dei var nye i 2014.

SSB og det norske statistikkssystemet vart vurdert av europeiske fagfeller i ein såkalla peer review i 2014. Retningslinjer for europeisk statistikk (The European Statistics Code of Practice) danna grunnlaget for vurderinga. Vurderinga stadfesta at statistikken vert produsert i tråd med europeiske tilrådingar om kvalitet. Samstundes vart det gjeve tilrådingar om mellom anna å styrkje SSB si rolle som nasjonal koordinator for europeisk statistikk og å vurdere statistikken tettare opp mot brukaranes behov.

Arbeidet med hovudrevisjon av nasjonalrekneskapen, utanriksrekneskapen og statistikken for direkteinvesteringar vart avslutta i november 2014. Revisjonen innebar mellom anna at brutto nasjonalprodukt (BNP) vart justert noko opp, medan nasjonalinntekta og sparinga for Noreg vart justerte svakt ned, samanlikna med tidlegare tal. Statistikken er no tilpassa dei nye retningslinjene for føring av nasjonalrekneskap frå FN og Eurostat, EU si forordning om utanriksrekneskap og malen for direkteinvesteringsstatistikk frå OECD.

Nye internasjonale retningslinjer krev endringar i næringsstatistikken. SSB har følgd opp arbeidet med den nye forordninga for næringsstatistikk FRIBS (Framework Regulation for Integrating Business Statistics). Arbeidet med å førebu FRIBS held fram i 2016.

Auka internasjonalisering av næringslivet påverkar statistikkane som ein nyttar i nasjonalrekneskapen. Det er naudsynt å kartleggje store verksemdar som handlar med utlandet, eig verksemdar i utlandet eller er eigde frå utlandet. Det vil auke kvaliteten på tala for eksport og import av varer og tenester, og for finansielle transaksjonar til og frå utlandet. Arbeidet er tidkrevjande og vil halde fram i 2016. Det inneber mellom anna oversikt over og innsamling av data frå store, globale føretak. SSB har allereie teke del i eit internasjonalt prosjekt som ser nærare på organiseringa av multinasjonale føretak i operasjonell og juridisk inndeling.

Ei EU-forordning krev etablering av ein nasjonal statistikk over arbeidsulykker. SSB vil samarbeide med dei aktuelle verksemdene for å etablere ein slik statistikk med rapportering frå 2016.

Den europeiske helseundersøkinga (EHIS) skal gje sams europeisk statistikk om helse, helse-tenester og levevanar. Undersøkinga erstattar og utvidar undersøkinga om levekår. SSB skal rapportere til Eurostat og publisere resultatane frå undersøkinga i 2016.

Fleire av sosialstatistikkane vil ha store leveransar i 2016. Det krev omfattande intervjuverksemd og tilpassing av systema for å samle inn, leggje til rette og publisere statistikken. Dette gjeld mellom anna statistikk om helse, vaksenopp- læring, yrkesopp- læring og levekår.

Eurostat har vedteke ei forordning for miljørekneskapar som gjev ei rekkje føringar og tilføyningar til eksisterande statistikk for energirekneskapar og miljøvernkostnader. I tillegg er det vedteke ei forordning om rapporteringar av statistikk over miljørelaterte varer og tenester frå 2017. Dette er eit omfattande statistikkområde det ikkje produserast statistikk for no.

Internasjonalt utviklingssamarbeid

I tråd med målsetjingar i norsk utanriks- og bistandspolitikk er hovudmålet for SSB sitt utviklingssamarbeid å støtte opp om demokratiutvikling og arbeid mot fattigdom. Det er brei semje om at ein treng statistikk og uavhengige nasjonale statistikkbyrå for å stø opp om utviklingsretta politikk.

SSB bidreg med teknisk rådgjeving i samband med utvikling og iverksetjing av nasjonale strategiar for statistikk- og kapasitetsutvikling i samarbeidslanda sine eigne statistikkbyrå. Arbeidet vert for det meste organisert gjennom institusjonssamarbeid med systerorganisasjonar i utvalde land. I 2014 nytta SSB om lag 19 årsverk til internasjonalt

utviklingssamarbeid. Etaten har arbeidsgjevaransvar for dei som driv med dette. Dei internasjonale aktivitetane er utelukkande finansierte gjennom oppdragsinntekter.

Forskning og analyse

SSBs forskingsverksemd skal gje statistikken meirverdi gjennom relevant forskning og analyse, og gje ny kunnskap om økonomisk åtferd og verknader av ulike hendingar, mellom anna politiske tiltak. Forskinga skal òg verke tilbake på statistikken, og slik gjere statistikkproduktet betre. Forskingsverksemda og tenestane overfor forvaltninga og partia på Stortinget vil halde fram.

Arbeidet med konjunkturanalysar, utvikling og vedlikehald av makromodellar og modelloppgåver for forvaltninga og Stortinget vart vidareført i 2014. SSB skal styrkje den makroøkonomiske forskinga. Konjunkturanalysane held fram, og ein vil analysere samanhengar mellom demografi, statsfinansar og økonomisk utvikling. Makromodellane vil verte utvikla vidare i dialog med brukarar. SSB har mellom anna utvikla ein ny likevektsmodell. Nye befolkningsframskrivingar vart publisert i 2014, og drivkraftane bak innvandringa vart analysert og resultatane nytta i framskrivingane. SSB skal leggje fram nye befolkningsframskrivingar i 2016. I arbeidet vil ein mellom anna nytte analysar av kor mange innvandrarar det er truleg at vandrar ut att og analysar av utviklinga i fruktbarheit. Geografiske data vil i større grad verte nytta til analysar framover, mellom anna av flyttemønstre, sysselsetjingsmønstre og familieforhold.

I analysane av åtferda til verksemdar, individ og hushald vert det lagt vekt på metodar og tema som er eigna til å kaste lys over konsekvensar av aktuelle tiltak. Prioriterte tema er mellom anna næringspolitikk, innovasjon, entreprenørskap og produktivitet, bedriftsskattar, val av utdanning, pensjon og faktorar som påverkar tilstrøyminga til trygdesystemet. Ein har mellom anna nytta ein ny mikrosimuleringsmodell for trygdeytningar og modellane for skatt i desse analysane.

SSB skal oppdatere og utvikle vidare skatte- og pensjonsanalysane. Fordelingsanalysar vil verte vidareutvikla med vekt på fordeling av inntekt og formue og verknadar av offentlege velferdsordningar. I tillegg vil analysar av utdanningsrelaterte høve vere sentralt, til dømes framskrivingar av tilbod og etterspørsel etter arbeidskraft med ulik kompetanse og effektstudiar av tiltak som skal fremje læring eller motverke fråfall.

Studiar av internasjonale energimarknader og av norsk og europeisk energi-, klima- og miljøpoli-

tikk nytter i stor grad modellar av norsk, europeisk og global økonomi. Desse analyseverktøya skal ein utvikle vidare for nye problemstillingar, til dømes knytte til samspelet mellom energi- og miljøpolitikk, utviklinga i energimarknadene og teknologisk utvikling og omstillingsbehova i norsk økonomi.

Omfanget av publiseringar har i 2014 halde seg på om lag same nivået som gjennomsnittet dei siste åra. I 2014 vart det publisert 51 artiklar i internasjonale tidsskrift og 21 artiklar i norske tidsskrift. I tillegg vart det gjeve ut om lag 50 publikasjonar i SSB sine eigne seriar. Forskingsavdelinga har òg vore aktiv i samfunnsdebatten, med 95 avisartiklar og over 150 faglege foredrag.

Informasjonstryggleik

Finansdepartementet legg stor vekt på informasjonstryggleiken i dei underliggjande etatane. Informasjonstryggleik er naudsynt for at brukarar og oppgåvegjevarar har visshet om at opplysingar vert forsvarleg behandla. Spørsmål som gjeld informasjonstryggleik er eit fast tema i styringsmøta som departementet har med SSB gjennom året.

SSB avslutta i 2014 eit prosjekt som har skild mikrodata og sensitive persondata som er naudsynte til statistikkproduksjonen, til ei eige sone for produksjonssystem. Ekstern kommunikasjon frå SSBs system skjer ikkje lenger frå denne sona.

SSB har styrkt arbeidet med internkontroll og beredskapsplanverk. Mellom anna er det laga ein ny IKT-strategi og ny tryggleikshandbok for verksemda som vil bidra til å redusere risikoen på området.

SSB vil arbeide vidare med å utvikle IT-tryggleiken i 2016, mellom anna ved å gjennomgå og forbetre prosedyrar for tilgangskontroll og auke graden av automatisert kontroll.

Standardisere og modernisere datafangst og statistikkproduksjon

Etterspurnaden etter statistikk og analysar er stor, og statistikkane må tilpassast endringar i brukarbehova, utan at kvaliteten eller aktualiteten vert redusert. På ei rekkje område må statistikken produserast i samsvar med internasjonale krav og retningsliner, og SSB må i størst mogleg grad sjå desse i samheng med eigne statistikkprioriteringar. Det er eit mål å nytte aktuelle datakjelder og utvikle effektive metodar som gjer god tilgang til naudsynte data for statistikkproduksjon. Sam-

stundes skal oppgåvebøra for personar og føretak vere låg. Bruk av offentlege register og elektronisk rapportering er viktig for å nå desse måla, og dette kan òg medverke til å effektivisere vidare.

SSB skal utvikle og nytte standardiserte system for alle delar av produksjonsprosessane. Mindre, spesialtilpassa system må mellom anna erstattast med system som kan dekkje fleire produksjonsprosessar og statistikkområde der det er mogleg. Dermed vert det enklare å tilpasse systema til samfunnsutviklinga, og utgiftene til vedlikehald vil etter kvart gå ned. Standardiserte løysingar vil òg betre moglegheiten for å kvalitets sikre prosessar og statistikkprodukt.

Elektronisk samhandling gjennom nye rapporteringsløysingar, elektronisk meldingsteneste og meir effektive utval er viktige verkemiddel for å halde oppgåvebøra for næringslivet låg. Arbeidet med å etablere nye datafangstløysingar i Altinn som erstatning for SSBs eigenutvikla portalløysing for rapportering frå næringslivet (IDUN), fortsetter. Moderniseringa av datafangsten i SSB har resultert i meir effektive arbeidsprosessar og betre kvalitet på statistikken. Dette arbeidet held fram. SSB førebur ein overgang til full digital korespondanse med næringsliv og privatpersonar. Prosjekta omfattar mellom anna ny løysing for masseutsendingar. Arbeidet baserer seg på Altinns infrastruktur og Difi si plattform for sikker digital postteneste samt deira kontakt- og reservasjonsregister.

SSB samarbeider med andre offentlege verksemder om bruk av registre og administrative system for rapportering til produksjon av statistikk. Vidare utvikling av sams datamottak til mellom anna registerinformasjon vil òg gje meir standardisering og forenkle statistikkproduksjonen. 1. januar 2015 vart det innført ei ny sams ordning for rapportering frå arbeidsgjevarar av tilsetjings- og inntektstilhøve m.m. til Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten (Nav) og SSB, den såkalla a-ordninga. Ordninga har forenkla rapporteringa til det offentlege og vil bidra med eit oppdatert, sams grunnlag for skatt, ytingar og statistikk. Det gjer òg grunnlag for å utvikle sysselsetjings- og lønsstatistikken vidare.

SSB har teke del i eit prosjekt i regi av Brønnøysundregistra for samordning av rekneskapsinnrapportering. Oppfølging av tiltak vil ligge inne i planane frå 2016.

SSB skal vidareutvikle eit metadatasystem for å beskrive SSBs data betre. Det vil forenkle bruken for analyser og forskning. Dette vert utvikla mellom anna i samarbeid med Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) er ein sentral del av informasjonssystemet for kommunane. Statistikken er etablert på ei gammal plattform og heile KOSTRA-systemet må moderniserast. Eit nytt system må ta omsyn til at ein kan få ein ny kommunestruktur. Arbeidet med å utvikla KOSTRA vidare startar i 2016 og vil gå over fleire år.

Klarspråk

SSB skal gjennomføre eit klarspråkprosjekt i 2016 der arbeidet med å betre språket vert satt i system.

Budsjett 2016

Departementet gjer framlegg om ei budsjettamme for SSB i 2016 på 743,4 mill. kroner. Framlegget er 0,2 pst. høgare enn saldert budsjett for 2015 og inneber difor ein reell reduksjon.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. Departementet føreslår å redusera løyvinga med til saman 17,5 mill. kroner frå 2015. Det må sjåast i samband med at prosjektet for hovudrevisjon av nasjonalrekneskapen er ferdigstilt og at EDAG-prosjektet er sluttført. Løyvinga er også redusert som følge av ei forventta innsparing i 2016 ved innføringa av a-meldinga. Den lågare løyvinga på post 01 lyt ein dessutan sjå i sambheng med auken på post 45 til investeringar i betre og meir effektive IT-verktøy.

For 2016 gjer departementet framlegg om ei løyving på 505,5 mill. kroner under post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For 2016 gjer departementet framlegg om ei løyving på 216,1 mill. kroner som reelt er om lag som for 2015. Ved brukarfinansierte oppdrag vert utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekkje utgiftene og vert postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter*.

SSB kan overskride løyvinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*,

med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. framlegg til romertalsvedtak II.2.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Det meste av løyvinga skal brukast til utvikling av systema for statistikkproduksjon, datatryggleik og SSBs teknologiske plattform elles. Det er lagt inn ein monaleg auke frå 2015, særleg knytt til fornying av KOSTRA-systemet, jf. nærare omtale under sentrale prioriteringar.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Salsinntekter	523	300	
02	Oppdragsinntekter	224 026	213 892	219 400
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	458		
16	Refusjon av foreldrepengar	3 741		
18	Refusjon av sjukepengar	9 676		
85	Tvangsmulkt	23 656	10 000	15 000
	Sum kap. 4620	262 080	224 192	234 400

Post 01 Salsinntekter

Departementet føreslår å avvikle posten fordi etaten ikkje lenger sel publikasjonar.

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 01.

Post 85 Tvangsmulkt

SSB har med heimel i statistikklova høve til å ilegge tvangsmulkt. Talet på tvangsmulkt har auka dei seinaste åra, og i 2016 vil òg mulktsatsane auke.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40, fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	20 268 493	22 020 000	22 240 000	1,0
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		5 150 000	5 500 000	6,8
1634	Statens innkrevjingsssentral	324 167			
1645	Statens finansfond	1 322			
	Sum kategori 23.40	20 593 982	27 170 000	27 740 000	2,1

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	18 505 442	20 200 000	20 350 000	
72	Tilskot til private og ideelle verksemdar, <i>overslagsløyving</i>	1 763 051	1 820 000	1 890 000	
	Sum kap. 1632	20 268 493	22 020 000	22 240 000	

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2004 vart det innført ei allmenn ordning der kommunar og fylkeskommunar vert kompenserte for meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg mon skal påverke avgjerdene som kommunane tek om anten å produsere avgiftspliktige tenester med eigne tilsette eller å kjøpa dei frå private. Ordninga vart finansiert med ein reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Den allmenne kompensasjonsordninga kom i staden for ei avgrensa kompensasjonsordning som vart innført i 1995.

I saldert budsjett for 2015 vart det lagt til grunn ei utgift på 20 200 mill. kroner i momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar. Løyvinga i 2015 vart redusert til 19 500 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015.

Samla momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar i 2016 er rekna til 20 350 mill. kroner. Forslag til løyving i 2016 er medrekna regjeringa sitt forslag om å auke lav momssats frå 8 til 10 prosent, som mellom anna påverkar momsrefusjon knytt til persontransport og overnatting.

Kommunane sender inn oppgåver over meirverdiavgiftskompensasjon til avgiftsstyresmakterne annankvar månad slik som i det ordinære meirverdiavgiftssystemet, men det er òg mogleg å levere årsoppgåver. Utbetalingane skjer etter

kvart og innan tre veker etter innsending. Dokumentasjonskrava i samband med innsending av kompensasjonskrav er forenkla ved at krava berre skal ha stadfesting frå revisor. Kompensasjonskrav frå private tenesteprodusentar kan sendast direkte til avgiftsstyresmaktene. Det er ei minstegrense på 20 000 kroner for kompensasjonsbeløp per år for at verksemder skal kome inn under ordninga. Ordninga gjeld nokre private og ideelle verksemder òg. Det er ein eigen tilskotspost for desse – sjå post 72 nedanfor.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemder, overslagsløyving

For ikkje å medverke til konkurransevriding mellom kommunal og privat produksjon av sen-

trale velferdstenester er private og ideelle verksemder òg omfatta av ordninga. Det gjeld private og ideelle verksemder som utfører slike sosiale tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre. Det er på desse områda ein reknar med at kompensasjonsordninga i størst mon vil kunne gje kommunane ein konkurranseføremon framfor private verksemder utan avgiftsplikt. Dei private og ideelle verksemdene som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

I saldert budsjett for 2015 vart det lagt til grunn ei utgift på 1 820 mill. kroner på denne posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 890 mill. kroner under denne posten for 2016.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		5 150 000	5 500 000
	Sum kap. 1633		5 150 000	5 500 000

Nøytral meirverdiavgift for statsforvaltninga

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2015 vart det innført ei ordning med nettoføring av meirverdiavgift i ordinære statlege forvaltningsorgan. Nettoføringsordninga inneber at forvaltningsorgana som vert inkluderte i ordninga, ikkje vert belasta meir-

verdiavgift for utgifter på postane 01-49 i budsjetta og rekneskapane sine, men kan føre utgiftene til meirverdiavgift på eit sentralt kapittel for meirverdiavgift under Finansdepartementet (kap. 1633, post 01). Det vil vere uvisse om løyvingsbehovet på kap. 1633, post 01, i 2016. Regjeringa foreslår ei løyving på 5 500 mill. kroner for 2016.

Kap. 1634 Statens innkrevjingsentral

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	304 142		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	20 025		
	Sum kap. 1634	324 167		

Statens innkrevjingsentral er innlemma i Skatteetaten frå 1. januar 2015 og er difor inkludert i Skatteetatens budsjett for 2015 og framover.

Føremål, hovudoppgåver og organisering

Frå 1. januar 2015 er Statens innkrevjingsssentral (SI) innlemma i Skatteetaten, jf. omtale i del I kap. 2.2. Statens innkrevjingsssentral er organisatorisk plassert i Skatteetaten på line med skatteregionane og Skatteopplysninga. Budsjett og mål for SI frå og med 2015 vil difor vere ein del av omtala under kap. 1618 Skatteetaten.

SI skal syte for effektiv og rett innkrevjing på vegne av oppdragsgjevarane og yte god service. SI har som hovudoppgåve å krevje inn straffekrav som er utferda av justisstyresmaktene, og avgifter, gebyr og misleghaldne krav for andre statlege verksemder. Verksemda skal òg drifte og vidareutvikle eit sams saksbehandlarsystem for SI og dei alminnelege namsmennene (SIAN), forvalte ein database for samordning av utleggstrekk og levere økonomitenester til politi- og lensmannsetaten (PLØS).

Verksemda ligg i Mo i Rana og hadde per 31. desember 2014 ei bemanning tilsvarande 344 årsverk. Per 1. januar 2014 hadde SI 35 statlege opp-

dragsgjevarar og 191 ulike slags krav til innkrevjing.

Mål og resultat 2014

Driftsresultata til SI vart i 2014 vurderte etter fire hovudmål for verksemda, jf. nedanfor. Av budsjettframlegget gjekk det fram at måla dels var skrivne som visjonar for arbeidet, men slik at ein i den praktiske oppfølginga av verksemda likevel må ta høgd for at det er operasjonelle risikoar som det kan vere for dyrt å gardere seg fullt ut imot. Ein må likevel vere medviten om kor store feil og manglar ein kan tole.

Hovudmål 1: Innkrevjinga skal vere effektiv

SI skal syte for ein høg innkrevjingsgrad for både straffekrav utferda av justisstyresmaktene, og for avgifter, gebyr og misleghaldne krav frå andre statlege verksemder. SI skal òg ha god ressursutnytting.

Tabell 6.22 Statens innkrevjingsssentral – registrerte krav og innkravd beløp per år

	2012	2013	2014
Talet på registrerte krav (i heile 1 000)	1 207	1 196	1 232
– Straffekrav	317	305	308
– Andre slags krav	890	891	924
Samla innkravd beløp (i mill. kroner)	3 779	3 769	4 466
– Straffekrav	1 321	1 341	1 735
– Andre slags krav	2 458	2 428	2 731

Tabell 6.22 syner ein auke i talet på registrerte krav frå 2013 til 2014. Talet på registrerte straffekrav har minka med 3 000, medan talet på andre slags krav har auka med 33 000. Det innkravde beløpet auka med 697 mill. kr.

Utleggsdatabasen, som SI drifter, inneheld sidan 2013 utleggsforretningar frå alle særnamsmenn i Noreg. Alle utleggsforretningar, så nær som utleggsforretningar haldne av SI med resultatet «inkje til utlegg» og utleggsforretningar haldne av skatteoppkrevjarane for kommunale krav, vert no overførte frå utleggsdatabasen til Lausøyreregisteret, slik at registeret vert eit godt

verktøy for kredittvurderingar. Utleggsdatabasen medverkar til korrekt innkrevjing for SI, men er òg med på å sikre rettstryggleiken for skyldnarar ved at det ikkje vert lagt ned trekk det ikkje er rom for i skyldnaren sin økonomi.

Føremålseffektivitet

For å kunne vurdere kor føremålseffektiv verksemda er, er det sett mål for kor stor del av kvar kravgruppe som er innbetalt (innbetalingsprosent) i perioden, både på nye krav og eldre aktive krav.

Tabell 6.23 Statens innkrevjingsentral – innkrevjingseffektivitet (innbetalingsprosent¹)

Kravtype	Innbetalingsprosent nye krav			Innbetalingsprosent eldre aktive krav		
	Resultat 2013	Resultat 2014	Resultat-mål 2014	Resultat 2013	Resultat 2014	Resultat-mål 2014
Bøter og andre straffekrav	46,5	52,2	51,7	23,8	22,0	21,7
Gebyr	64,9	69,0	65,9	45,4	45,8	29,8
Avgifter	53,5	54,1	53,7	37,9	40,2	39,7
Overførte studielån	1,1	1,4	1,0	9,6	12,3	10,0

¹ Del av beløp til innkrevjing som er innbetalt per kravtype i perioden.

Resultata i 2014 er høgare enn dei fastsette måla. SI opplyser at den viktigaste årsaken til dette er at SI-lova gav større effektar enn antatt då måla vart sett. Eldre krav er generelt vanskelegare å krevje inn enn nyare krav, og dette viser seg i innbetalingsprosenten for eldre krav. Departementet vurderer føremåleffektiviteten i innkrevjinga ved SI som god.

Kostnadseffektivitet

For 2014 vart det brukt to produktivetsindikatorar for å kaste lys over kostnadseffektiviteten til verksemda, jf. tabell 6.24. Hovudmålet er at produktiviteten skal auke.

Tabell 6.24 Statens innkrevjingsentral – produktivetsutvikling

Indikator	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat 2014
Innkravd beløp per årsverk (i mill. kroner)	12,8	12,7	14,8
Kostnad per innkravde 1 000 kr	62,4	66,9 ¹	61,4

¹ SI har sidan 2012 vidareutvikla modellen og kvalitetssikra tala. Resultatet for 2013 avvik difor noko frå det som vert rapportert i Prop. 1 S (2014–2015).

Innkravd beløp per årsverk auka med 16,5 pst. frå 2013 til 2014. Kostnad per innkravd 1000 kroner vart redusert med 8,2 pst. frå 2013 til 2014. Departementet meiner resultata tyder på at drifta i 2014 har vore kostnadseffektiv.

Hovudmål 2: Innkrevjingsarbeidet skal ha god kvalitet

SI skal leggje vekt på rettstryggleik og lik behandling i innkrevjingsarbeidet.

Tabell 6.25 Rett saksbehandling

Indikator	2012	2013	2014
Minst 99 pst. av saksbehandlinga ved friviljug innkrevjing skal vere feilfri	94,4	99,4	99,0
Minst 99 pst. av saksbehandlinga ved tvangsinnkrevjing skal vere feilfri	98,5	99,1	98,3
Minst 96 pst. av saksbehandlinga ved annan innfordring skal vere feilfri ¹		99,7	99,2

¹ Indikatoren var ny i 2013

Resultata er basert på stikkprøver. Måla for kvalitet i friviljung innkrevjing og annan innfordring vart nådde, medan målet for feilfri tvangsinnkrevjing ikkje heilt vart nådd. Departementet er likevel nøgd med kvaliteten på arbeidet til SI.

Hovudmål 3: Verksemda skal vere serviceorientert

SI skal i saksbehandlinga vege omsynet til oppdragsgjevaren mot omsynet til skyldnaren. Verksemda skal yte god service i innkrevjingsarbeidet.

Tabell 6.26 Statens innkrevjingsssentral – servicegrad

Kategori	Resultatmål	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat 2014
Telefon, fyrsteline	Minst 70 pst. av oppringingane skal svarast på innan 1 minutt	68 pst.	72 pst.	64 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader i friviljug innkrevjing ¹	Minst 50 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar		71 pst.	62 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader ved tvangsinnkrevjing ¹	Minst 80 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar		84 pst.	66 pst.
Saksbehandlingstid skriftlege førespurnader ved annan innfordring ¹	Minst 50 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar		76 pst.	64 pst.
Saksbehandlingstid for klagar på tvangsinnkrevjing ¹	Minst 65 pst. av svara skal leverast innan 10 dagar		81 pst.	76 pst.

¹ Måla for indikatoren var nye i 2013

Dei fleste måla for saksbehandlingstid og ventetid på telefon er nådde. Enkelte av resultata vart påverka av stor pågang på telefon og brev ved innføring av skattemotrekning på krav frå SI og innføring av forseinkingsrente på studielån.

I 2014 vart det innført eit nytt styringsparameter for sjølvbeteningsgrad. Målet var at både sjølvbeteningsgraden og tenesteutvikling av elektroniske tenester skulle auke med 10 pst. Resultatet for bae parametrene vart 3 pst. SI opplyser at måltalla vart satt noko høgt samanlikna med kva som var realistisk å oppnå.

Det vart òg innført eit nytt styringsparameter for kundetilfredsheit, med mål om å oppnå ein score på 4,5 av 6 moglege. Resultatet vart 4,8.

Departementet er alt i alt nøgd med resultata på dette området.

Hovudmål 4: Driftssentralfunksjonane skal ha god kvalitet

SI skal arbeide for at økonomitenestene som verksemda leverer til politi- og lensmannsetaten, held god kvalitet. Dette gjeld politiets økonomisystem (PLØS), systemet for rekneskapsføring av ikkje-statlege midlar (RIM), systemet for elektronisk fakturabehandling (CI), saksbehandlarløysinga

for SI og dei alminnelege namsmennene (SIAN) og forvaltninga av utleggsdatabasen (UB).

Dei fastsette måla for fagleg utøving av denne delen av verksemda i 2014 vart nådde. Svarprosenten på telefonoppringingar til PLØS har i gjennomsnitt vore 97. Svarprosenten på telefonoppringingar til SIAN og UB var 96. Av registrerte saker vart høvesvis 95 pst. (PLØS) og 94 pst. (SIAN og UB) løyste innan ei veke. Det vart gjennomført brukargranskingar i 2014 for både PLØS og SIAN. Desse granskingane syntte at brukarane stort sett var nøgde med tenestene.

Samla resultatvurdering

Departementet vurderer driftsresultata i 2014 samla sett som gode. Føremåleffektiviteten i innkrevjingsarbeidet var høgare i 2014 enn i 2013. Departementet vurderer drifta av SI i 2014 som kostnadseffektiv. Kvaliteten på saksbehandlinga og lovbruken er høg. Departementet er nøgd med SI sin service overfor skyldnarane. Alle mål er nådde for svarprosentar og for servicegrad for økonomisystemtenestene til politiet og lensmannsetaten, saksbehandlingsløysinga for dei alminnelege namsmennene og utleggsdatabasen.

Kap. 4634 Statens innkrevjingsentral

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
02	Refusjonar	45 886		
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	5		
16	Refusjon av foreldrepengar	2 617		
18	Refusjon av sjukepengar	7 729		
85	Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning	306 998		
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 695 581		
87	Trafikantsanksjonar	67 264		
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	255 482		
	Sum kap. 4634	2 381 562		

Kap. 1645 Statens finansfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
70	Tilskot til drift	1 322		
	Sum kap. 1645	1 322		

Rapport

Ved kongeleg resolusjon av 14. februar 2014 vart det bestemt å avvikle Statens finansfond ved utlø-

pet av fyrste kvartal 2014. I Meld. St. 22 (2014–2015) *Finansmarknadsmeldinga 2014* er det i kap. 9 gjort greie for verksemda i fondet fram til avviklinga.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.**Programkategori 24.1 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.**

Utgifter under programkategori 24.10, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1650	Statsgjeld, renter m.m.	11 148 249	12 912 367	10 740 900	-16,8
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyising	17 206 000	61 419 000		-100,0
	Sum kategori 24.10	28 354 249	74 331 367	10 740 900	-85,5

Det oljekorrigererte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, vert finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Finansieringsbehovet i statsbudsjettet, m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskot til statsbankane, vert dekt med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på staten si kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands. Av omsyn til statspapirmarknaden vert det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den langsiktige opplåninga over fleire år. Den kortsiktige

opplåninga er mellom anna for å fange opp behovet i marknaden for kortsiktige papirer. Finansdepartementets fullmakt til å låne i marknaden har tidlegare vorte fastsett av Stortinget på grunnlag av ein årleg stortingsproposisjon om lånefullmakter. For 2016 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2015–2016) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2016* (Gul bok).

Tabell 6.27 syner den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2014, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 6.27 Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2014

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	343 656
Statskassevekslar	84 000
Kortsiktige kontolån	57 797
Kontolån frå ordinære fond ¹	115 925
Sum	601 378

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktane.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
01	Driftsutgifter	30 824	40 367	42 900
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	11 117 425	12 872 000	10 698 000
	Sum kap. 1650	11 148 249	12 912 367	10 740 900

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter som staten har i samband med gjelds- og likviditetsforvaltning. Det gjeld m.a. utgifter til informasjons- og analysesystem, utgifter som Noregs Bank og Verdipapirsentralen (VPS) har i samband med behandlinga av staten sine lån, og utgifter knytte til ratingbyråa si vurdering av Noreg. Posten dekkjer òg betaling til Noregs Bank for dei tenestene som banken yter Finansdepartementet i forvaltninga av gjelda og likviditeten til staten, og drift og forvaltning av statens kontoar i Noregs Bank.

I Prop. 24 S (2013–2014) *Fullmakt til å ta opp statslån o.a.*, varsla Finansdepartementet at ein vil sjå nærare på arbeidsdelinga med banken «med

sikte på å reindyrke si rolle som overordna, styrande eining og Noregs Banks rolle som utøvande eining innafor ramma av eit mandat.» Banken har frå 2015 fått utvida operative oppgåver i samband med forvaltninga av statsgjelda. Banken har no fullmakt til å ta opp lån og inngå derivatkontraktar på vegner av staten, innanfor rammer gitt av Finansdepartementet.

Post 88 Renter og provisjon m.m. på utanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Det siste utanlandslånet forfall i 2004. Departementet har ikkje bedt om fullmakt til å ta opp nye lån i utanlandsk valuta, og det er difor ikkje budsjettert med rentebetalingar på denne posten.

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostens betegnelse	Rekneskap 2014 ¹	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
89.11	Faste lån	9 341	8 106	7 894
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	-3 085	-2 583	-3 220
89.13	Kontolån	183	172	156
89.14	Kontolån frå ordinære fond	2 707	3 980	4 049
89.15	Statskassevekslar	1 972	1 046	757
89.17	Nye faste lån		2 150	1 062
	Sum kap. 1650, post 89	11 117	12 872	10 698

¹ I rekneskapen vert faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behovet for låneopptak i 2015 og 2016. Renteutgiftene vert påverka av omfanget

av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i statens portefølje av rentebyteavtalar. Renteutgiftene vert òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten vert det budsjettert renteutgifter på obligasjonslån som er tekne opp før 1. januar 2015. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrenta på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet, oppstå ein over- eller underkurs. For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege finansieringskostnadene for staten, vert ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på post 89.11 over den løpetida som står att for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2016 kjem dermed fram som kupongrenta, justert for den delen av over- eller underkursen som vert inntekts- eller utgiftsført i 2016.

Renteutgiftene på faste lån er anslått til 7 894 mill. kroner i 2015.

Underpost 89.12 Gjenkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar dels renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjenkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlånsperioden. I tillegg vert nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. Staten har for tida ei netto inntekt frå desse avtalane. Staten mottok ei fast langsiktig rente og betaler ei kortsiktig pengemarknadsrente i rentebyteavtalane. Ettersom ein ventar framleis låge pengemarknadsrenter framover, reknar ein med ei nettoinntekt på denne posten på 3 220 mill. kroner i 2016.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler staten rente. Kontolånplasseringar som kjem frå overskotslikviditet i samband med skatte- og avgiftsbetalingar, vert ikkje forrenta. Renteutgiftene på kontolån er anslått til 156 mill. kroner i 2016.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Inneståande kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2014 på 115,9 mrd. kroner (medrekna kapitaliserte renter). For 2016 vert rentene på kontolån frå ordinære fond anslått til 4 049 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar. Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følgjer av underkursen som papira vert lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kursen som staten oppnår i auksjonane.

Dei samla renteutgiftene til staten under denne posten er anslått til 757 mill. kroner i 2016.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdragsterminar tekne opp etter 1. januar 2015. Over- eller underkurs er budsjettert som omtalt under post 89.11. For 2016 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 1 062 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyising

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2014	budsjett 2015	
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	17 206 000	61 419 000	
	Sum kap. 1651	17 206 000	61 419 000	

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån. I 2016 er det ikkje forfall av langsiktige obligasjonslån. Det kan vere aktuelt i 2016 å kjøpe tilbake lån som har ordinært forfall i 2017. Det er

ikkje mogleg å gje noko godt overslag over omfanget av slike eventuelle tilbakekjøp og førtidige innfriingar, og ein har difor ikkje innarbeidd dette i budsjettet. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med talfesta overslag, sidan det kan gje staten mindre handlefridom i marknaden.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Utgifter under programkategori 24.20, fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016	Pst. endr. 15/16
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken		20 000	20 000	0,0
	Sum kategori 24.20		20 000	20 000	0,0

Kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
50	Tapsfond for miljølåneordninga		20 000	20 000
	Sum kap. 1670		20 000	20 000

Den nordiske investeringsbanken (NIB)

Den nordiske investeringsbanken (NIB) vart skipa i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Avtalen er seinare revidert etter semje 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemmar av banken. NIB har hovudkontor i Helsingfors i Finland.

Nærare om låne- og garantiordningane i NIB

Hovudtyngda av verksemda til banken er vanlege investeringsutlån og garantiar. Dei vanlege utlåna vert finansierte med grunnkapitalen til banken. Utanom vanlege utlån og garantiar yter banken lån til prosjektinvesteringar utanfor Norden (PIL) og miljølån til prosjekt i nærområda til medlemslanda (MIL).

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Noregs garantiskyldnad overfor NIB er 1 243 659 651 euro. Finansdepartementet tilrår at Stortinget gjev Finans-

departementet fullmakt til å gje garantiar i 2016 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt innbetalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 243 659 651 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.1.

Prosjektinvesteringslån (PIL)

Gjennom PIL gjev banken lån til finansiering av prosjekt i land med relativt god betalingsevne, fyrst og fremst i Asia, Sentral- og Aust-Europa, Latin-Amerika og Afrika. NIB rapporterer jamleg om engasjementa under PIL. NIB gjev dessutan lån til bedriftsinvesteringar innanfor OECD-området.

Utlånsramma for prosjektlåneordninga (PIL) er 4 000 mill. euro. Garantiansvaret til medlemslanda er avgrensa til 90 pst. av kredittrisikoen ved kvart lån innanfor eit samla beløp på 1 800 mill. euro. Styret i NIB har vedteke at banken skal dekke eventuelle tap under PIL opp til ein viss sum som er avsett i eit eige fond. Fondet er bygt opp gradvis. I tillegg har Noreg sett av 16 mill. kroner til tapsfond for PIL.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget for 2016 gjev departementet fullmakt til å gje garan-

tiar for lån frå NIB i samband med PIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 329 309 000 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.2.

Miljølåneordninga (MIL)

Gjennom MIL gjev NIB lån til miljøprosjekt i nær-områda i Øst-Europa. Føremålet er å minke miljøbøra som nærområda skaper for medlemslanda. Ordninga vert garantert 100 pst. av medlemslanda. Noregs garantiansvar fram til utgangen av 2014 var 61 324 000 euro. I åra 1998 til 2004 vart det løyvt til saman 45 mill. kroner til eit tapsfond for denne låneordninga.

Eit utlån under MIL på til saman 40 mill. USD er misleghalde i perioden 2013 til 2015. NIB har til no kravt innløysing av garantiansvaret som medlemslanda har for den del av utlånet som vart misleghalde i 2013. Noregs del var 5 372 651 USD. Av dette var 262 273 USD misleghald av rentar. Beløpet vart betalt 2. juli 2014 med 33 143 888 kroner og belasta tapsfondet. Noregs garantiansvar under MIL vart dermed redusert til 57 354 136 euro.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget gjev departementet fullmakt til å gje garantiar i 2016 for lån frå NIB under MIL innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 57 354 136 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.3.

NIB har hatt ytterlegare tap under miljølåneordninga på 10 mill. USD 17. desember 2014 og 5 mill. USD 17. juni 2015. Av dette er Noregs del til saman om lag 3 mill. USD eller 24,4 mill. kroner,

basert på valutakursane per 1. juni 2015. I tillegg vil banken krevje å få dekt misleghald av renter. Banken har vedteke å vente med å krevje innløysing av desse tapa til våren 2016. Når NIB gjer dette, vil Noregs garantiansvar under MIL verte redusert tilsvarande.

På grunn av innløysinga av garantiansvar i 2014 vart tapsfondet minska frå 45 mill. kroner til under 11,9 mill. kroner. I 2015 er det på kap. 1670 Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken, post 50 Tapsfond for miljølåneordninga, løyvd 20 mill. kroner som eit fyrste steg for å byggje opp fondet igjen. Fondet var med dette på snautt 31,9 mill. kroner ved inngangen til 2015 og utgjorde då nærare 7 pst. av Noregs garantiansvar. Finansdepartementet tek sikte på å auke tapsfondet etter kvart slik at det igjen kjem opp til omkring 10 pst. av Noregs garantiansvar. For 2016 tilrår departementet ei løyving på 20 mill. kroner til tapsfondet.

Den nordiske investeringsbanken er eit sams nordisk-baltisk tiltak. Reglar for økonomiforvaltninga i den norske statsforvaltninga kan difor ikkje utan vidare gjerast gjeldande. Forvaltninga av Noreg sine garantiskyldnader under PIL-ordninga og MIL-ordninga oppfyller ikkje føresegnene i økonomireglementet om forvaltning av statlege garantiar. Dette gjeld reglane om at garantiordninga skal vera sjølvfinansierande og at staten skal stille som enkel kausjonist, og dessutan krava om lineær nedtrapping av garantiansvaret, pro rata risikofordeling og valutaslag.

I tabell 6.28 er det gjeve ei samla oversikt over garantiordningane for Den nordiske investeringsbanken.

Tabell 6.28 Garantiordningar for Den nordiske investeringsbanken

	Utbetalt pga. tap i 2014	Samla garantiansvar 31.12.2014 ¹	Samla fullmakt i 2015 for nye og gamle garantiar ²	Samla fullmakt i 2016 for nye og gamle garantiar ²
1. Grunnkapital fråtrekt innbetalt kapital frå Den nordiske investeringsbanken	-	11 238 330	10 827 923	10 827 923
2. Prosjektinvesteringsslån gjennom Den nordiske investeringsbanken	-	2 975 801	2 867 128	2 867 128
3. Miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken	33 144	518 281	499 344	499 354
Sum garantiar under Finansdepartementet	-	14 732 412	14 194 405	14 194 405

¹ Omrekna frå euro 31. desember 2014 (kurs 9,0364)

² Omregna frå euro 1. juni 2015 (kurs 8,7065)

Kap. 5341 Avdrag på utestående fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	Saldert budsjett 2015	
91	Vanlege fordringar	404		
95	Avdrag på lån til andre statar	282	300	300
98	Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar		8 000 000	
	Sum kap. 5341	686	8 000 300	300

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten vert det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

I 1983 vart det gjeve lån til Jugoslavia på 40 mill. norske kroner, jf. St.prp. nr. 92 (1982–83) og Innst. S. nr. 262 (1982–83). Lånet var eit avdragslån med endeleg forfall i august 1999. Det vart betalt avdrag til og med terminen 1. februar 1991 og renter til og med terminen som forfall 1. februar 1992.

Etter oppløysinga av Jugoslavia vart lånet fordelt på dei enkelte republikkane. Låneskyldna-

dene for Kroatia, Slovenia og Bosnia-Hercegovina er gjort opp. Etter ein avtale i Paris-klubben fekk Serbia og Montenegro sletta 51 pst. av gjelda i 2002 og tok til å betale renter i 2003. Etter den same avtalen vart 30 pst. til av gjelda sletta i byrjinga av 2006. Det fyrste avdraget på lånet vart betalt i 2008. For 2016 er avdraga rekna til 0,3 mill. kroner.

Post 98 Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar

Posten omfattar avdrag som staten får innbetalt på eigenbeholdning av statsobligasjonar som vert nytta til marknadspleie. I 2016 er det ikkje forfall av langsiktige statsobligasjonslån.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	Saldert budsjett 2015	
85	Overføring		3 000 000	14 800 000
	Sum kap. 5351		3 000 000	14 800 000

Etter retningslinene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjør ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjas av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjer skal eit beløp svarande til ein tredel av innestående beløp i overføringsfondet overførast til statskassa.

Basert på vurderingar av risikoen for svingningar i resultatet til Noregs Bank i åra framover, er

storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst. av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens beholdning av innanlandske verdipapir. Retningslinene er nærare omtalte i St.prp. nr. 40 (2002–2003). Kursreguleringsfondet var i fleire år lågare enn minstekravet i retningslinene, og det vart difor ikkje sett av middel til overføringsfondet. Ved utgangen av 2014 var kursreguleringsfondet på 184,6 mrd. kroner, og det vart sett av 31,2 mrd. kroner til overføringsfondet. Det vart difor satt av 10,4 mrd. kroner for overføring til statskassen i 2015. Avkastning av valutaresservane fyrste halvår 2015 tyder på at det også i 2015

vert sett av midlar i overføringsfondet, og ein reknar med at det vil vere grunnlag for overføringar til staten i 2016 på 14,8 mrd. kroner. Endeleg

beløp vert fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2015.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	10	435 000	236 800
81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	320	200	200
82	Av innanlandske verdipapir	1 545 482	1 760 400	1 719 300
83	Av alminnelege fordringar	37 675	25 000	25 000
84	Av driftskreditt til statsverksemdar	213 585	253 400	138 200
85	Renteinntekter frå byteavtalar m.m.	790 316		
86	Renter av lån til andre statar	216	100	100
87	Renteinntekter m.m. frå Statens finansfond	7 357		
89	Garantiprovisjon	23 478		
	Sum kap. 5605	2 618 439	2 474 100	2 119 600

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2014 var staten si kontantbeholdning i Noregs Bank om lag 116 mrd. kroner, mot 89 mrd. kroner ved utgangen av 2013.

Alle betalningar til og frå staten vert avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følgje av skatteinnbetalningar og overføringar til Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uvisst.

Renta av det inneståande på foliokontoen vert rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav. For 2016 er dei samla renteinntektene under denne posten anslått til 237 mill. kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på staten sine bankinnskot til bruk på utanriksstasjonane. For 2016 er renteinntektene under denne posten anslått til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som vert nytta til marknadspleieføremål.

For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, vert over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under kap. 1650, post 89. For 2016 er renteinntektene under denne posten anslått til 1 719 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskot frå statens rekneskapsførarar i bankar utanom konsernkontoordninga, utlån som vert forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseia. På usikkert grunnlag er det for 2016 ført opp inntekter på 25 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemder

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptrekkperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitaliserast og leggjast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptrekkrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83 og kap. 732, post 91. Post 84 her er den motsvarande inntektsposten. Etter opptrekkperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

I 2009 vart dei regionale helseføretaka sine driftskredittar i private bankar omgjorde til driftskredittar i staten, jf. kap. 732, post 86 under Helse- og omsorgsdepartementet. Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene vert òg inntektsførte under post 84.

For 2016 er renteinntektene under denne posten anslått til 138,2 mill. kroner.

Post 85 Renteinntekter frå byteavtalar m.m.

Dei siste avtalane under ordninga med byte av statspapir mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) hadde forfall i 2014.

Post 86 Renter av lån til andre statar

Renteinntekter av lån til Serbia og Montenegro, jf. kap. 5341, post 95, vert førte under denne posten. For 2016 er renteinntektene anslått til 0,1 mill. kroner.

Post 87 Renteinntekter m.m. frå Statens finansfond

Statens finansfond vart avvikla i 2014.

Post 89 Garantiprovisjon

I 2009 fekk den islandske sentralbanken lån frå Noregs Bank med garanti frå den islandske og den norske staten. Staten fekk ein garantiprovisjon på 2,5 pst. per år av utståande lånebeløp. I 2014 var heile lånet betalt tilbake.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2014	budsjett 2015	
85	Utbyte	82 270	82 700	88 300
	Sum kap. 5692	82 270	82 700	88 300

Den nordiske investeringsbanken betaler utbyte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbytet vert vedteken av styret i banken på grunnlag av resultatet av verksemda året før. For 2014 har banken i 2015 betalt utbyte

til den norske stat med 10,14 mill. euro eller 88,6 mill. kroner. Basert på same utbyte i 2016 som i 2015 og valutakursen per 1. juni 2015 gjer departementet framlegg om å føra opp eit utbyte på 88,3 mill. kroner for 2016.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2014	Saldert budsjett 2015	Forslag 2016
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	1 160	1 500	1 400
	Sum kap. 5693	1 160	1 500	1 400

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for *Finansdepartementet*. I tråd med dette er det for

2015 fastsett eit utbytekrav på 1,36 mill. kroner. Utbytekravet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2016 er det difor budsjettert med eit utbyte på 1,4 mill. kroner.

Del III
Andre saker

7 Likestilling og mangfold

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfold på Finansdepartementets område, jf. likestillingslova § 1 bokstav a. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar og programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg teken med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld for det aller meste administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løyvingane har lite å seie for kjønns- og likestillings-tilhøve. Departementets arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken til departementet og dei underliggjande etatane.

7.1 Finansdepartementet

Personalpolitikken til Finansdepartementet byggjer på prinsippet om likeverd og like høve for alle uavhengig av kjønn, alder og etnisk tilhøyrse.

56 pst. av medarbeidarane i departementet er i aldersgruppa 30–49 år. 25 pst. er i gruppa 50–59 år, 9 pst. er under 30 år og 10 pst. er over 60 år. 2

pst. av mennene og 11 pst. av kvinnene arbeider deltid.

Kvinner utgjorde 45 pst. av dei tilsette per 1. oktober 2014. Blant leiarane var talet 26 pst. og på mellomleiarnivå 30 pst. Av seniorsaksbehandlarane var 38 pst. kvinner, og av juniorsaksbehandlarane var 77 pst. kvinner. 49 pst. av juristane og 38 pst. av økonomane var kvinner.

Finansdepartementet legg til rette for at tilsette med varig eller mellombels redusert funksjonsevne kan bruke kompetansen sin og røynslasi. Dette går òg fram av tilsettingspolitikken.

Ved utgangen av 2014 hadde om lag 3 pst. av dei tilsette innvandrarbakgrunn. Talet på søkjarar med innvandrarbakgrunn var 20 pst. i 2014, dvs. noko høgare enn gjennomsnittet på 14 pst. for dei siste fem åra.

7.2 Etatane under Finansdepartementet

Tabell 7.1 gjev ei oversikt over prosentdelen kvinner og prosentdelen kvinnelege leiarar per 1. oktober 2014 i verksemdene som ligg under Finansdepartementet.

Tabell 7.1 Likestilling og mangfald i etatane under Finansdepartementet

	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
Tilsette	6 080 (6 156)	1 920 (1 935)	909 (931)	371 (359)	360 (364)	273 (269)
<i>Prosentdelar:</i>						
Kvinner i etaten	62 (62)	48 (48)	51 (52)	61 (61)	70 (70)	53 (53)
Kvinnelege leiarar, heile etaten	52 (51)	35 (37)	47 (49)	59 (58)	77 (70)	52 (48)
Kvinnelege toppleiarar	36 (38)	27 (20)	36 (36)	50 (43)	60 (57)	50 (50)
Kvinnelege mellomleiarar	52 (54)	36 (47)	50 (52)	61 (63)	81 (75)	53 (47)

Tabellen under viser at med nokre unntak hadde kvinnene i gjennomsnitt lågare løn enn sine mannlege kollegaer.

Tabell 7.2 Kvinner sin del av løna til menn i eit utval kodar

	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
<i>Prosentdelar:</i>						
Leiar nivå 2 kode 1477 og 1062	100 (101,5 ¹)	99,9 (100,5 ¹)				98,3 (98,3)
Leiar nivå 2 kode 1060	97,8 (97,0)	100,9 (102,4)		94,1 (95,5)	100 (103,7)	
Leiar nivå 2 kode 1538			99,4 (99,4)			
Leiar nivå 3 kode 1280		98,8 (99,1 ¹)				
Leiar nivå 3 kode 1211 og 1059	96,7 (98,7)	109,3 (107,8)	101,2 (98,6)	100,4 (97,2)	91,1 (91,3)	93,4 (94,3)
Leiar nivå 4 kode 1059 og 1054	98,2 (98,6)	94,4 (97,7)				
Seniorrådgjevar kode 1364	98,3 (98,6)	95,3 (95,0)	97,2 (95,7)	95,6 (96,5)	89,9 (90,0)	94,1 (96,7)
Rådgjevar kode 1434	99,1 (98,0)	96,7 (97,9)	100,1 (99,7)	98,2 (96,0)	102,2 (95,5)	98,7 (100,1)

¹ Berre på regionnivå.

Nokre leiarar kan vere plasserte i andre kodar, og det kan òg skje at kodane inkluderer medarbeidarar utan leiaransvar.

I Finansdepartementet tener ein kvinneleg avdelingsdirektør 99,7 pst. av det ein mannleg

avdelingsdirektør tener. Kvinnelege seniorrådgjevarar har 97,2 pst. og kvinnelege rådgjevarar har 96,9 pst. av den løna som menn har.

Tabell 7.3 Tilsette med innvandrarbakgrunn

	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet	Heile dep.omr.	Statleg tariff- område
Tilsette med innvandrarbakgrunn	7,1 (6,6)	5,4 (5,2)	11,2 (11,1)	9,6 (8,2)	4,4 (3,3)	6,4 (6,6)	7,1 (6,7)	9,6 (9,0)
Landgruppe 1 ¹	2,6 (2,3)	2,4 (2,1)	4,0 (3,8)	3,4 (2,2)	0,5 (0,5)	2,1 (2,1)	2,6 (2,3)	4,8 (4,6)
Landgruppe 2 ²	4,5 (4,3)	3,0 (3,1)	7,2 (7,3)	6,3 (6,0)	3,8 (2,7)	4,3 (4,5)	4,5 (4,4)	4,6 (4,4)

¹ EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia, New Zealand

² Resten av verda.

Skatteetaten

Om lag halvparten av leiarane i Skatteetaten er kvinner. Det er ei overvekt av menn på dei to høgaste leiarnivåa, medan dei to lågaste leiarnivå har ei overvekt av kvinner. På dei høgare nivåa er det flest menn, medan det på dei lågare er flest kvinner. Tabell 7.2 viser at mannlege leiarar tener meir enn kvinnelege leiarar på alle nivå utanom det høgaste (regiondirektørar). Mannlege seniorrådgjevarar og rådgjevarar tener òg meir enn dei kvinnelege, men skilnadene er ikkje store.

Etaten har m.a. som mål at del av innvandrarar av tilsette skal vise det same bilete som befolkningssamansetjinga i landet. Av dei som vart rekrutterte i 2014 hadde 4,4 pst. innvandrarbakgrunn.

Om lag 7 pst. av medarbeidarane i etaten opplyste at dei har nedsett funksjonsevne. Etaten har som mål at 5 pst. av dei nyttilsette kvart år skal vere personar med nedsett funksjonsevne. Tiltaka omfattar m.a. deltaking i traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne, IA-plassar eller praksisplassar, kurs i mangfaldsrekruttering og profileringstiltak.

Tolletaten (namn fram til 1.1.2016: Toll- og avgiftsetaten)

Det har vorte fleire kvinnelege leiarar i dei siste tre åra. Auken har skjedd blant førstelinjeleiarane

i direktoratet. Drygt ein tredel av leiarane i etaten er kvinner. I mangfaldsstrategien til etaten er det m.a. mål om balansert kjønns- og alderssamansetnad og om å få fleire medarbeidarar med fleirkulturell bakgrunn og/eller nedsett funksjonsevne. Det vert nytta målretta stillingsutlysingar, og kvinnelege leiarandidatar vert prioriterte til leiarutviklingsprogram.

Kandidatar med innvandrarbakgrunn vert prioriterte til leiaropplæringsprogram og ved opptak av tollaspirantar. Nokre regionar har som mål å innkalle minst to med innvandrarbakgrunn. Det er utarbeidd ein rekrutteringsrettleiar og eit leiaropplæringsprogram der mangfald er med som eige tema. Etaten er òg med i det statlege nettverket for mangfald som består av sju statlege verksemdar, i tillegg til Likestillings- og diskrimineringsombudet.

Det er svært få søkjarar som opplyser om funksjonsnedsetting. Enda færre er kvalifisert. Etaten har i stor grad klart å behalde tilsette som både får og har nedsett funksjonsevne.

Statistisk sentralbyrå (SSB)

Knapt halvparten av leiarane i SSB er kvinner, og på mellomleiarnivå er det no fleire kvinner enn menn. Verksemda har gjennom mange år rekruttert tilsette med innvandrarbakgrunn som har høgare utdanning, og denne medarbeidargruppa har ståande tilbod om norskundervisning. Statistisk sentralbyrå har via Arbeids- og velferdsetaten

motteke og lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Arbeids- og velferdsetaten motteke og lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

Direktoratet for økonomistyring (DFØ)

Vel halvparten av leiarane og knapt to tredelar av mellomleiarane i verksemda er kvinner. Verksemda prøver å tilsetje medarbeidarar med nedsett funksjonsevne når kvalifikasjonane til søkjarane elles er like. Målet er at det alltid skal vere tilsette med nedsett funksjonsevne i sentraleininga og ved kvar kontorstad.

Finanstilsynet (FT)

Om lag halvparten av leiarane i verksemda er kvinner. Kvinner sin del av løna til menn har auka dei siste åra, frå 85,9 pst. i 2010 til 90,9 pst. ved slutten av 2013.

Statens innkrevjingsentral (SI)

Kjønnsfordelinga på leiarnivå er om lag som fordelinga i heile verksemda. Innkrevjingsentralen ynskjer jamnare kjønnsfordeling mellom kvinner og menn og vil ta i bruk verkemidla i likestillingsregelverket. Innkrevjingsentralen har via

7.3 Legemeldt sjukefråvær i Finansdepartementet og dei underliggjande etatane

Legemeldt sjukefråvær

Tabellane nedanfor syner tal for legemeldt sjukefråvær i perioden 2010–2014 for statlig tariffområde, sjølvve Finansdepartementet (FIN) og etatane som ligg under departementet.

Tabell 7.4 Legemeldt sjukefråvær – i alt

	(pst.)								
	Staten	FIN	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet	
2010	4,4	2,0	4,9	4,8	4,2	4,4	5,1	2,2	
2011	4,6	2,4	5,4	4,7	3,7	4,7	5,8	2,3	
2012	4,4	2,5	5,1	4,2	4,0	5,0	7,2	2,4	
2013	4,3	1,9	4,7	4,8	4,1	4,8	6,2	2,3	
2014	4,3	2,6	4,8	4,6	3,7	3,8	7,0	3,1	

Tabellen over syner at det legemeldte sjukefråværet er under nivået for statleg tariffområde i Finansdepartementet, Finanstilsynet, Statistisk sentralbyrå og Direktoratet for økonomistyring. I sistnemnde har det òg gått ned to år på rad. Sta-

tens innkrevjingsentral har framleis eit høgt legemeldt sjukefråvær, medan Skatteetaten og Toll-etaten ligg noko over nivået for statleg tariffområde.

Tabell 7.5 Legemeldt sjukefråvær – kvinner

	(pst.)								
	Staten	FIN	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet	
2010	6,3	3,2	6,2	6,4	6,0	6,1	6,3	3,1	
2011	6,4	4,6	6,7	6,3	4,8	7,0	6,8	2,8	
2012	6,3	3,9	6,4	6,1	6,1	6,5	8,0	3,7	
2013	6,0	3,1	5,9	6,2	5,8	6,0	7,8	2,8	
2014	6,0	4,7	5,9	6,1	4,7	4,9	8,5	3,7	

Det legemelde sjukefråværet blant kvinner var framleis klårt høgast i Statens innkrevjingsssentral og lågast i Finanstilsynet i 2014.

Det legemeldte sjukefråværet blant kvinner er på veg nedover (eller stabilt) i alle etatane under Finansdepartementet unntatt i Statens innkrevjingsssentral og Finanstilsynet.

Tabell 7.6 Legemeldt sjukefråvær – menn

	(pst.)							
	Staten	FIN	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
2010	2,9	1,1	2,8	3,4	2,2	2,2	2,1	1,4
2011	3,1	0,8	3,4	3,3	2,6	1,5	3,5	1,9
2012	2,9	1,4	3,3	2,5	1,8	2,8	5,1	1,2
2013	2,9	0,9	2,9	3,6	2,1	3,0	2,6	1,7
2014	2,8	1,0	3,1	3,4	2,6	2,1	3,8	2,5

Tabellen over syner at det legemeldte sjukefråværet blant menn har gått opp i alle etatar unntatt i Tolletaten og Direktoratet for økonomistyring.

Det har gått opp mykje i Statens innkrevjingsssentral, men meir moderat i dei andre etatane.

Tabell 7.7 Legemeldt sjukefråvær i 2014 – etter aldersgrupper (tal for 2013 i parentes)

	(pst.)						
	FIN	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	SI	Finans- tilsynet
21–29 år	4,6 (2,9)	3,6 (3,7)	3,6 (2,6)	3,2 (2,4)	3,4 (5,5)	6,4 (6,5)	3,3 (0,9)
30–39 år	2,4 (1,8)	4,7 (4,8)	3,7 (5,3)	3,1 (2,6)	4,1 (5,9)	9,2 (8,5)	2,7 (1,8)
40–49 år	3,0 (1,7)	4,6 (4,2)	5,2 (4,8)	2,5 (3,9)	2,0 (3,4)	5,8 (5,5)	2,6 (2,0)
50–59 år	1,6 (1,9)	4,8 (5,2)	4,8 (5,1)	4,3 (4,3)	4,9 (5,4)	6,7 (6,0)	2,5 (2,4)
60–69 år	2,6 (1,8)	5,6 (6,7)	5,9 (5,2)	5,0 (5,9)	6,7 (5,9)	11,0 (5,9)	6,9 (5,1)

Tabellen viser ingen klare utviklingstrekk eller andre forskjellar mellom etatane enn dei som går fram av tabellane ovanfor. Med nokre unntak har kvinner høgare legemeldt sjukefråvær enn menn i alle aldersgrupper i alle etatar. I dei yngre aldersgruppene er svangerskap med på å forklare fråværet, medan årsakene er meir samansette i dei eldre aldersgruppene.

tikken. Kontoret legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling.

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 1. oktober 2014. For at det ikkje skal vere mogleg å identifisere enkeltmedarbeidarar, er opplysningar om deltid, bruk av mellombels tilsette og foreldrepermisjon ikkje spesifisert i stillingskategoriar.

7.4 Programkategori 00.30 Regjeringa

Statsministerens kontor

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpoli-

	Fordeling tilsette i %		Kvinner sin del av løna til menn i %
	Menn	Kvinner	
Alle tilsette	56	44	96 (103)
Toppleiing	50	50	113 (105)
Adm. leiargruppe	75	25	106 (103)
Seniorrådgjevarar	67	33	93 (88)
Andre saksbehandlarar o.a.	30	70	93 (99)
Sjåførar	89	11	97 (98)

Målet er å halde på den jamne kjønnsfordelinga blant dei tilsette ved kontoret. Fordelinga kan verte betre i enkelte grupper, som sjåførgruppa og gruppa andre saksbehandlarar og støttefunksjonar. I sekretærgruppa var det 11 kvinner og ein mann, og i sjåførgruppa var det 17 menn og tre kvinner.

På leiarnivå har kvinner noko høgare gjennomsnittsløn enn menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierer, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidserfaring.

3,8 pst. av de tilsette arbeider deltid etter eige ynskje. Ingen av desse er menn.

Det var to tilsette vikarar i 2014; båe var kvinner. Tre kvinner og ein mann tok ut foreldrepermisjon i 2014. 1,2 pst. av det samla talet på permisjonsdagar vart brukt av mannen og 98,7 pst. av kvinnene.

I 2014 hadde kontoret fem tilsette over 62 år – tre kvinner og to menn.

Legemeldt sjukefråvær i pst. av moglege dagsverk	SMK	Kvinner	Menn
2010	1,4	2,4	0,6
2011	4,8	6,3	3,5
2012	2,3	2,8	1,8
2013	2,0	4,1	0,8
2014	0,5	0,7	0,4

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Ved utlysing av stillingar i grupper med skeiv kjønnsfordeling vert det underrepresenterte kjønet oppmoda til å søkje. Målet er at ein på sikt kan få til ei betre kjønnsfordeling i alle gruppene.

Funksjonshemma og personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte søkjarar med innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne, vert minst ein søkjar kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er IA-verksemnd. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging,

for eksempel på grunn av graviditet eller omsorgsoppgåver.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. I IA-avtalen er det teke inn fleire tiltak for å førebyggje tidleg avgang frå arbeidslivet. Dette omfattar både haldningsskapande arbeid og andre generelle seniorpolitiske tiltak. Desse tiltaka er dei same for menn og kvinner. For tilsette over 60 år vert det gitt tilbod om ein seniorsamtale for å kartleggje eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrkje moglegheita for å stå lengjer i stillinga enn fyrste moglege pensjonsalder.

Arbeidsmiljøutvalet har ein årleg gjennomgang av likestillingssituasjonen i dei ulike stillingsgruppene ved kontoret.

Det vert med jamne mellomrom gjennomført undersøkingar av arbeidsmiljøet.

Eigne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold ved kontoret inneheld òg forhold som diskriminering.

Regjeringsadvokaten

Regjeringsadvokaten har ein likestillingsplan med mål som skal hindre forskjellsbehandling på grunn av kjønn innanfor område som bemanning, leing, faglege utfordringar, løn, tilrettelegging for omsorgsplikter m.m. Embetet legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit for utvikling gjennom oppgåver og kompetansetiltak.

Tilstandsrapport kjønn

Alle tal i tilstandsrapporten er frå 1. oktober 2014. Tre av sju medlemmer i leiargruppa var kvinner. Kvinnene utgjorde 39,4 pst. av advokatane ved embetet og heile 78 pst. av dei administrativt tilsette. Alle advokatane arbeidde i 100 pst. stilling. Fire kvinneleg tilsette på administrativ side arbeidde deltid. Ingen mannleg tilsette arbeidde i redusert stilling.

Gjennomsnittsløna for kvinnelege advokatar (inkludert leiarar og vikarar) er marginalt lågare enn for mannlege advokatar (inkludert leiarar og vikarar), tilsvarande 87,5 pst. av løna til menn. Differansen er tilfeldig og heng saman med den aldersmessige samansetjinga av kjønnsgruppene. Hos Regjeringsadvokaten får advokatane eit betydeleg lønshopp når dei får møterett for Høgsterett. Tildeling av prøvesaker for Høgsterett følgjer i stor grad ansienniteten og vil såleis alltid skje på kjønnsnøytrale premiss.

Eitt av måla i likestillingsplanen er at «det skal vere akseptabelt og rosverdig at fedrar tek like stor del i omsorgsoppgåvene som mødrer». Også i 2014 tok fleire av dei mannlege advokatane som var i omsorgspermisjon, noko lengre permisjon enn dei lovmessige vekene som er sette av for far.

Det samla legemelde sjukefråveret i 2014 var 3,4 pst. for embetet. Sjukefråveret for menn var 0,1 pst. og 6,1 pst. for kvinner.

I 2014 hadde Regjeringsadvokaten fem tilsette over 60 år – tre kvinner og to menn, og den eine kvinna var 73 år.

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Ved utlysing av stillingar i dei gruppene der det er skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønn oppmoda til å søkje. Målet er at ein på sikt kan få til ei betre kjønnsfordeling i alle gruppene. I alle kunngjeringsar som gjeld administrative stillingar, er det gitt uttrykk for målet om å rekruttere fleire med innvandrarakgrunn. Regjeringsadvokaten kallar som hovudregel inn minst ein søkjar, som regel fleire, med innvandrarakgrunn til intervju. Tilsvarande gjeld dersom det er kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringsadvokaten er ei IA-verksemd, og legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr og arbeidsoppgåver for medarbeidarane. Embetet tilbyr arbeidsplassvurdering til alle tilsette og gir moglegheit til trening. Kvar veke er det Mensendieck-trening for dei tilsette for å førebyggja belastningsskadar. I tillegg vert det tilbode eiga oppfølging for gravide arbeidstakarar gjennom tilrettelegging av arbeidsplass og oppgåver. Det vert også gjeve tilbod om gratis bistand frå bedriftshelsetenesta ved livskriser.

For dei som har minimum fem år til fyrste moglege avgangstidspunkt, vert det lagt opp til ein seniorsamtale. Formålet er å diskutere framtidssikter og kva moglegheiter arbeidsgjevar har til å føreslå utfordrande oppgåver og kompetansehevande tiltak som kan gjera det attraktivt å stå lengre i stillinga. For at dei eldre skal stå lengre i stillinga har embetet innført betre ordningar for seniorar, til dømes full lønskompensasjon ved uttak av seniordagar. Individuelle ordningar vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Arbeidsmiljøutvalet hos Regjeringsadvokaten har ein årleg gjennomgang av likestillingssituasjonen i dei ulike stillingsgruppene ved kontoret. Embetet har regelmessige undersøkingar av arbeidsmiljøet. Det er utarbeidd eigne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold ved kontoret.

8 Omtale av klima- og miljørelevante saker

8.1 Finansdepartementet

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle sektorar i samfunnet har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla. Styresmaktene i kvar sektor har ansvar for å gjennomføre dei tiltaka på eigne område som trengst for å kunne nå måla i klima- og miljøpolitikken. I Prop. 1 S (2015–2016) for *Klima- og miljødepartementet* finst ei samla omtale av klima- og miljørelevante saker for regjeringa.

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv ressursforvaltning. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Saman med omsetjelege utsleppskvotar og direkte reguleringar, er avgifter dei mest aktuelle verkemidla styresmaktene har mot miljøproblema. Rett utforma miljøavgifter gjev tildriv til å minka utsleppa der det er billegast, og sikrar at forureinarane betaler. Difor vert det lagt stor vekt på miljørelaterede avgifter.

Det har vore ei klar dreining i retning av grønne skattar. Miljø- og energirelaterede avgifter er auka med nærare 2,7 mrd. kroner frå 2013 til 2015. Mellom anna er CO₂-avgifta på mineralolje til innanriks luftfart, gass og autodiesel auka til same nivå som bensin.

I tråd med Sundvolden-erklæringa har regjeringa sett ned ein ny grøn skattekommissjon som fram til 1. desember 2015 skal vurdere om og korleis ei grøn skatteomlegging kan bidra til betre ressursbruk og til å oppfylle måla i klimaforliket. Det er viktig å sjå bruken av virkemiddel samla.

I budsjettet for 2016 foreslår regjeringa mellom anna å innføre vegbruksavgift på naturgass og LPG. Ei vegbruksavgift på mineralsk gass vil prise dei eksterne kostnadene ved bruk av slik gass på veg. Endringa vil i tillegg gje insentiv til bruk av biogass i vegtransport. Utforminga av eingongsavgifta motiverer kraftig til val av bilar med låge utslipp. Det er ein av grunnane til at CO₂-utsleppa frå nye personbilar har gått kraftig ned. CO₂-utsleppa frå nye personbilar har gått ned frå 177 g/km i 2006 til 99 g/km i dei fyrste åtte månadane av 2015. Økt elbilsal er hovudårsaka til nedgangen i utslipp frå nye personbilar dei siste åra. Elbilsalet utgjorde 18 pst. av samla sal av nye personbilar i dei fyrste åtte månadane av 2015, opp frå knapt 3 pst. i 2012. Regjeringa varsla i den helheitlege gjennomgangen av bilavgiftene i Revidert nasjonalbudsjett 2015 ei retning for ein framtidig politikk for bilavgiftene. Målet er ein nyare, sikrere og meir miljøvenleg bilpark.

8.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over utsleppa av klimagassar er mellom anna knytt til oppfølginga av Kyoto-protokollen og til ei ny forordning om miljørekneskapar i Eurostat. Statistikken over langtransportert forureining er mest knytt til oppfølginga av Göteborg-protokollen. I tillegg til dei krava som Kyoto-protokollen set, vert det no teke med tal for utslepp frå internasjonal luft- og sjøfart og opptak av CO₂ i skog. Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram.

Statistikk over avfall og attvinning skal dekkje både rapporteringskrav frå EU og nasjonale behov. Statistikken over reinsing og utslepp av kommunalt avløpsvatn vert utvikla vidare. Statistisk sentralbyrå (SSB) skal òg følgje opp statistikkforordninga om materialrekneskapar.

SSB skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og andre meir analyseprega temastatistikkar om areal. Ein tek sikte på å etablere gode formid-

lingskanalar for arealrekneskap og endringar i denne.

SSB skal vidareføre viktige statistikkar, basert på rapportering i KOSTRA, over kommunal og fylkeskommunal miljøforvaltning. Dessutan kjem SSB til å arbeide vidare med statistikk over støvforureining og kjemikaliebruk.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande. Frå 2013 vart ei ny EU-forordning for miljørekneskapar sett i kraft, og tal for næringsfordelte utslepp etter nasjonalrekneskapsstandarden (NAMEA), miljørelaterte skattar og rekneskapar for materialstraumar (EW-MFA) vert rapporterte. Nye internasjonale rapporteringar til Eurostat over miljøvernutfgifter (EPEA), miljørelaterte varer og tenester (miljønæringar – EGSS) og næringsfordelt energibruk etter standarden for nasjonalrekneskap som følgjer av NAMEA, skal skje frå 2017.

Innafor forskingsverksemda i SSB på miljø- og klimafeltet er fleire store analyseprosjekt sett i gang det siste året knytt til energimarknadstrender, klimapolitisk utvikling og utnytting av naturressursar. I desse nyttar ein økonomiske analyse-

modeller av norsk, europeisk og global økonomi. I prosjekt om økosystemtenester og naturressursverdiar bidrar forskinga til statistikkarbeidet på feltet. Forskarane arrangerer og deltar i aktivitetar overfor norske brukarar i forvaltninga, nærings- og organisasjonslivet, allmenta, samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnare, mellom anna gjennom det samfunnsfaglege sentret for energiforskning, CREE, som miljø- og energiforskarane i SSB er ein del av.

8.3 Avsetning til tapsfond for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken

Sida 1997 har Finansdepartementet hatt fullmakt til å gje garanti for miljølåneordninga i Den nordiske investeringsbanken. I åra 1998–2004 vart det gjennom løyvingar på statsbudsjettet bygt opp eit tapsfond på 45 mill. kroner til dekking av eventuelle tap. Som følgje av tap i 2014 og varsla, ytterlegare tap, er det for 2015 løyvd til tapsfondet. Også for 2016 vert det gjort framlegg om 20 mill. kroner til fondet.

Finansdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2015–2016) om statsbudsjettet for år 2016 vert dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet vert i Prop. 1 S (2015–2016) statsbudsjettet for budsjettåret 2016 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 20–51 og 1600–1670, 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5580, 5351, 5605 og 5692–5693

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
20	Statsministerens kontor		
	01 Driftsutgifter	100 300 000	100 300 000
21	Statsrådet		
	01 Driftsutgifter	159 600 000	159 600 000
24	Regjeringsadvokaten		
	01 Driftsutgifter	63 000 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	21 600 000	84 600 000
	Sum Regjeringa		344 500 000
Stortinget og underliggjande institusjonar			
41	Stortinget		
	01 Driftsutgifter	935 800 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 000 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	565 000 000	
	70 Tilskot til partigruppene	178 000 000	
	72 Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500 000	
	73 Kontingentar, internasjonale delegasjonar	14 000 000	
	74 Reisetilskot til skular	3 500 000	1 712 800 000
42	Ombodsmannsnemnda for Forsvaret		
	01 Driftsutgifter	7 000 000	7 000 000
43	Stortingets ombodsmann for forvaltninga		
	01 Driftsutgifter	74 100 000	74 100 000
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste		
	01 Driftsutgifter	14 300 000	14 300 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
45	Nasjonal institusjon for menneskerettar		
	01 Driftsutgifter	9 700 000	9 700 000
51	Riksrevisjonen		
	01 Driftsutgifter	486 200 000	
	75 Internasjonale organisasjonar og nettverk	21 900 000	508 100 000
	Sum Stortinget og underliggjande institusjonar		2 326 000 000
	Finansdepartementet Finansadministrasjon		
1600	Finansdepartementet		
	01 Driftsutgifter	332 900 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	61 600 000	
	70 Forsking på og allmennopplysning om finansmarknaden	13 400 000	407 900 000
1602	Finanstilsynet		
	01 Driftsutgifter	333 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	18 500 000	351 600 000
1605	Direktoratet for økonomistyring		
	01 Driftsutgifter	326 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	24 700 000	350 800 000
1608	Tiltak for å styrkje statleg økonomi- og prosjektstyring		
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 700 000	15 700 000
	Sum Finansdepartementet Finansadministrasjon		1 126 000 000
	Skatte- og avgiftsadministrasjon		
1610	Tolletaten		
	01 Driftsutgifter	1 292 600 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	78 000 000	1 370 600 000
1618	Skatteetaten		
	01 Driftsutgifter	5 540 200 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	185 100 000	
	22 Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	302 300 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	83 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	107 400 000	
	70 Tilskot	3 200 000	6 221 300 000
	Sum Skatte- og avgiftsadministrasjon		7 591 900 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Offisiell statistikk			
1620	Statistisk sentralbyrå		
	01 Driftsutgifter	505 500 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	216 100 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	21 800 000	743 400 000
	Sum Offisiell statistikk		743 400 000
Andre føremål			
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	20 350 000 000	
	72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, <i>overslagsløyving</i>	1 890 000 000	22 240 000 000
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	5 500 000 000	5 500 000 000
	Sum Andre føremål		27 740 000 000
Statsgjeld, renter og avdrag m.m.			
1650	Statsgjeld, renter m.m.		
	01 Driftsutgifter	42 900 000	
	89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 698 000 000	10 740 900 000
	Sum Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		10 740 900 000
Statlege krav, avsetningar m.m.			
1670	Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken		
	50 Tapsfond for miljølåneordninga	20 000 000	20 000 000
	Sum Statlege krav, avsetningar m.m.		20 000 000
Sum departementets utgifter			50 632 700 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
3024	Regjeringsadvokaten		
	01 Vederlag for utgifter i rettssaker	14 800 000	14 800 000
	Sum Regjeringa		14 800 000
Stortinget og underliggjande institusjonar			
3041	Stortinget		
	01 Salsinntekter	6 500 000	
	03 Leigeinntekter	900 000	7 400 000
3051	Riksrevisjonen		
	01 Refusjon innland	1 800 000	
	02 Refusjon utland	600 000	2 400 000
	Sum Stortinget og underliggjande institusjonar		9 800 000
Finansdepartementet			
4600	Finansdepartementet		
	02 Diverse refusjonar	700 000	700 000
4602	Finanstilsynet		
	03 Prospektkontrollgebyr	10 200 000	
	86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	500 000	10 700 000
4605	Direktoratet for økonomistyring		
	01 Økonomitenester	41 900 000	41 900 000
4610	Tolletaten		
	01 Særskilt vederlag for tolltenester	6 600 000	
	02 Andre inntekter	1 700 000	
	04 Diverse refusjonar	2 500 000	
	05 Refusjon frå Avinor AS	26 900 000	
	85 Gebyr for regelbrot – valutadeklarering	7 000 000	44 700 000
4618	Skatteetaten		
	01 Refundererte utleggs- og tinglysingsgebyr	69 000 000	
	02 Andre refusjonar	43 400 000	
	03 Andre inntekter	46 400 000	
	05 Gebyr for utleggsforretningar	44 000 000	
	07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner	2 400 000	
	11 Gebyr på kredittdeklarasjonar	18 400 000	
	85 Misleghaldne lån i Statens lånekasse for utdanning	240 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	86	Bøter, inndragingar m.m.	1 311 800 000	
	87	Trafikantsanksjonar	70 000 000	
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	248 000 000	
	89	Gebyr for regelbrot	4 400 000	2 097 800 000
4620		Statistisk sentralbyrå		
	02	Oppdragsinntekter	219 400 000	
	85	Tvangsmulkt	15 000 000	234 400 000
		Sum Finansdepartementet		2 430 200 000
		Ymse inntekter		
5341		Avdrag på uteståande fordringar		
	95	Avdrag på lån til andre statar	300 000	300 000
		Sum Ymse inntekter		300 000
		Skatter og avgifter		
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet		
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	341 000 000	341 000 000
		Sum Skatter og avgifter		341 000 000
		Renter og utbyte m.m.		
5351		Overføring frå Noregs Bank		
	85	Overføring	14 800 000 000	14 800 000 000
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar		
	80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	236 800 000	
	81	Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta	200 000	
	82	Av innanlandske verdipapir	1 719 300 000	
	83	Av alminnelege fordringar	25 000 000	
	84	Av driftskreditt til statsverksemder	138 200 000	
	86	Renter av lån til andre statar	100 000	2 119 600 000
5692		Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken		
	85	Utbyte	88 300 000	88 300 000
5693		Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.		
	85	Utbyte frå Folketrygdfondet	1 400 000	1 400 000
		Sum Renter og utbyte m.m.		17 009 300 000
		Sum departementets inntekter		19 805 400 000

Fullmakt til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2016 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1600 post 01	kap. 4600 post 02
kap. 1600 post 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postane 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 02
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskriddinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved berekninga av overføring av unytta løyving til neste år.

2. overskride løyvinga til oppdragsverksemd på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesielle driftsutgifter, med eit beløp som svarer til alle meirinntektene på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter.

Unytta meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved utrekning av overførbart beløp på posten.

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskriddinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Statsministerens kontor i 2016 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 Driftsutgifter, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover løyvingane

IV

Tingingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2016 kan gjere tingingar utover det som er løyvt, men slik at den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar ikkje overstig desse summane:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1602		Finanstilsynet	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	10 mill. kroner
1610		Tolletaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	40 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

V

Fullmakt til å gjere avtalar om investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at:

- ein i 2016 kan inngå avtalar for oppgåver som vert avslutta i 2016 og seinare under kap. 41 Stortinget, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, innanfor den kostnadsramma som er nemnd i Prop. 1 S (2015–2016).
- Finansdepartementet i 2016 kan inngå avtalar om gjennomføring av dei investeringsprosjekta som er omtalte i Prop. 1 S (2015–2016) under kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne der.

VI

Garantifullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2016 kan gje garantiar for:

- grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 243 659 651 euro.

- lån frå Den nordiske investeringsbanken som gjeld ordninga med prosjektinvesteringsslån innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 329 309 000 euro.
- miljølån gjennom Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt garantiansvar på 57 354 136 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare bubehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet for 2016 under ordninga med oppfølging av staten sine krav i konkursbu kan pådra staten skyldnader utover løyvingane, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 21,3 mill. kroner. Utbetalingar vert dekte av løyvinga under kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Andre fullmakter

VIII

Fullmakt til å rette opp uoppklåra differansar og feilposteringar i statsrekneskapar for tidlegare år

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2016 i einskildsaker kan rette opp uoppklåra differansar i rekneskapane og feilposteringar i statsrekneskapen som gjeld rekneskapar for tidlegare år. Dette må gjerast ved å postere over kontoen for forskuvingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for det inneverande året. Fullmakta gjeld opp til 1 mill. kroner.

IX

Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2016 kan:

1. trekkje direkte utgifter i samband med auk-sjonssal frå salsinntektene før det overskytande vert ført som inntekter under kap. 4610 Tolletaten, post 02 Andre inntekter.
2. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 01 Driftsutgifter, refu-sjonar av fellesutgifter og liknande der Skatte-etaten framleiger lokale.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 1618 Skatteetaten, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, refusjonar frå andre offentlege institusjonar for investeringar Skatteetaten gjer i samarbeid med desse.

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak

1 Noregs Bank

Sentralbanksjefen er tilsett i eit seks års åremål frå 1. januar 2011 til 31. desember 2016. Sentralbanksjefen leier hovudstyret i Noregs Bank.

Løna til sentralbanksjefen utgjorde 2 131 355 kroner i 2014. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 146 157 kroner. Sentralbanksjefen er medlem av Noregs Banks pensjonskasse med dei vilkåra som til kvar tid gjeld for den.

2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet. I 2014 utgjorde løna til administrerande direktør 2 930 000 kroner, pensjonsutgiftene 532 000 kro-

ner og anna godtgjersle 56 000 kroner. Løns- og pensjonsvilkåra vert fastsette av styret.

Folketrygdfondet er medlem av Statens pensjonskasse. I tillegg har administrerande direktør ein avtale med Folketrygdfondet som inneber at ho ved fylte 60 år vil ha pensjonsrettigheter tilsvarende full opptening i Statens pensjonskasse. Utgiftene dekkes av Folketrygdfondet.

Den vanlege oppseiingstida er seks månader. Den administrerande direktøren har rett til etterløn tilsvarende 12 månaders pensjonsgjevande løn rekna frå utgangen av oppseiingstida dersom ho vert oppsagd eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Etterløna vert fastsett til 18 månaders pensjonsgjevande løn rekna frå utgangen av oppseiingstida dersom oppseiingstida går ut etter fylte 62 år.

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2015

